

**Den 29. amerikanske kongress
og handsaminga av oregonspørsmålet
(1845-1846)**

Ein studie i lovgjevande maktutøving

Nina Maria Rud

**Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, konservering og historie
Universitetet i Oslo
Våren 2010**

Takk

Fyrst av alt rettar eg mi varmaste takksemd til Helge Øystein Pharo, hovudvegleiar, og Hallvard Notaker, bivegleiar, for at de begge to er slike utømmelege kjelder av kunnskap og fulle av historiefagleg glød. Det har vore ei glede å bli rettleidd av dykk. Ein fagleg takk rettast også til Erling Sandmo, som med si førelesingsrekke fyrste semester av masterlaupet gjorde mitt møte med historiefagets historiografi til eit fyrverkeri av ei oppleving.

Takk til Statens Lånekasses, Studentsamskipnaden i Oslo, Universitetsbiblioteket i Oslo og Library of Congress, institusjonar som gjer det mogleg å vie år til studien av Den amerikanske kongress i Oslo i Noreg.

Takk til mine medstudentar for galskapen, fagskapen og venskapen som har gjort masterstudiet til ei oppleving for livet. Ein særleg takk til Hilde, Marthe, Amar og Ingvild for fine nattestunder i innspurten. Ein uendeleg varm takk til Anna Sara Hexeberg Romøren, lingvistikkens prins, for verdas beste morgonkaffi og imponerande korrekturlesing. Takk også til mamma, Kirsten Bell, og mormor, Bjørg Gunvor Dahl, for tolmod og telefonsamtalar; no skal me snart spele kroken og kort.

Blindern, 13. mai, 2010,

Nina Maria Rud

Innhald

Forkortingar	vii
---------------------	-----

Kapittel 1

Introduksjon	1
Saka	1
Problemområdet	2
Undersøkingas innfallsvinklar	2
Kjeldemateriale: presentasjon og kritiske merknader	3
Tidlegare forskning	7
Undersøkingas oppbygging	9

Kapittel 2

Oregonterritoriets skiftande meiningsinnhald	13
Oregon som geografi og topografi	13
Fjell	13
Mellom fjella	14
Elver	15
Kven har retten til Oregon?	16
Tidleg busetnadsmønster	16
Tidleg europeisk nærver	17
Utviding av europeisk nærver og aktivitet	18
Ein ny aktør	19
Spania og Russland sine krav fell bort	22
Nye Anglo-Amerikanske forhandlingar	22
Hudson Bay Company og britiske interesser	23
Amerikansk oregonentusiasme - misjonærane og pioneranes inntog	25
Fastlåst diplomati og aukande engasjement i Kongressen	29
Polk vert president	34

Kapittel 3

Den 29. amerikanske kongress	37
Karakteristika ved kongressens medlemsmasse	38
Amerikansk partipolitisk tradisjon	41

Andre del

Handsaminga av oregonspørsmålet: kronologi og forlaup	47
--	----

Kapittel 4

Fyrste periode i handsaminga av oregonspørsmålet	49
National Defence-debatten: eit forvarsel	50
Å stele tid	55

Å tøyne reglementet	63
Oppsummering	69

Kapittel 5

Den andre periode i handsaminga av oregonspørsmålet	73
Regulær debatt i Representantanes Hus	73
Avstemningsdagen i Huset.....	75
Regulær debatt i Senatet.....	79
Avstemningsdagen i Senatet	82
Mot ein felles resolusjon	85
Oppsummering	86

Tredje del

Kapittel 6

<i>E pluribus unum</i>	89
Innleiing	89
Polks rapport	91
Oppsummering	99

Kapittel 7

<i>E pluribus plures?</i>	101
Innleiing	101
Å gjere greie for seg sjølv som moralsk handlande amerikanar	104
Joshua Reed Giddings: eit ugjenkjenneleg subjekt	111
Vald avlar vald og eit behov for å ta ordet	116
Oppsummering og konklusjon	120
Etikkens vald avlar etikkens vald.....	120
Dei lykkelege og sameinte amerikanske statane slår sprekker	121

Kapittel 8

Avslutting	123
Oppsummerande og konkluderande merknader.....	123
Fellesskapet fangar	128
Undersøkingas plassering i høve til eksisterande forskning og forslag til vegen vidare	129

Kjelder og litteratur	133
------------------------------------	-----

Forkortingar

Komitear:

CoMA: Committee on Military Affairs

CotT: Committee on the Territories

CoFA: Committee on Foreign Affairs

CoFR: Committee on Foreign Relations

CoIA: Committee on Indian Affairs

CotWotSotU: Committee of the Whole on the State of the Union

CoNA: Committee on Naval Affairs

CoM: Committee on Militia

CotPOanPR: Committee on the Post Office and Post Roads

CoWaM: Committee on Ways and Means

Parti- og delstatstilhøyre:

D: Demokrat

W: Whig

A: Dei innfødde amerikanaranes parti

DR: Det demokratiske republikanske parti

Ala.: Alabama

Ark.: Arkansas

Conn.: Connecticut

Fla.: Florida

Del.: Delaware

Ga.: Georgia

Ill.: Illinois

Ind.: Indiana

La.: Louisiana

Mass.: Massachusetts

Mo.: Missouri

Miss.: Mississippi

----: Maine

Mich.: Michigan

N.C.: North Carolina

N.H.: New Hampshire

N.J.: New Jersey

N.Y.: New York

----: Ohio

S.C.: South Carolina

----: Texas

Md.: Maryland

R.I.: Rhode Island

Ky.: Kentucky

Vt.: Vermont

Tenn.: Tennessee

La.: Louisiana

Pa.: Pennsylvania

Va.: Virginia

Dokumentsamlinger:

Congressional Globe: CG

Appendix to the Congressional Globe: ACG

Journal of the House of Representatives: JHR

Journal of the Senate: JS

Resolusjons- og lovforslag:

H.R.: House Resolution (H.R.5.= House Resolution no. 5)

S.: Senate (S.1.= Senate Resolution no. 1)

Kart:

Kart over oregonterritoret: siste side

Kapittel 1

Introduksjon

Saka

The question which I am now about to discuss, in some of its most interesting and important relations, is one which deeply concerns the well-being of our political and social system. Though apparently confined to an extensive region of country on our western border, it spreads far beyond where human vision can penetrate, and rises above all physical considerations. To understand it adequately in all its bearings, and enable ourselves to judge of it dispassionately according to its great merits, it is necessary we should trace back the pathway of civilization, and learn something of the actions and motives of those connected with its earliest history[...]¹

Orda ovanfor vart ytra i Den 29. amerikanske kongress av senator Daniel Stephens Dickinson frå New York, 24. februar 1846. Spørsmålet han viste til vart i hans samtid omtala som oregonspørsmålet og dreidde seg om avsluttinga av ein nær 30 år gamal avtale mellom Storbritannia og Dei sameinte statane om samokkupasjon av eit landeområde som ein då refererte til som oregonterritoriet. Den eksisterande ordninga vart tilskipa i 1818 då representantar frå begge partars myndigheiter møttes i London for å avklare uløyste forhold frå krigen som hadde funne stad mellom dei to i 1812-14. Kvar grensa skulle gå mellom britisk og amerikansk territorium i den nordvestre delen av Det nordamerikanske kontinent lukkast det dei imidlertid ikkje å einast om. Løysinga vart å opprette ei midlertidig ordning som i utgangspunktet skulle vare i ti år, men som i 1827 vart fornya og erklært for å vere gjeldande på ubestemt tid. Ordninga gjekk i hovudtrekk ut på at begge partar fritt kunne hente ut ressursar frå området, samt nytte seg av området hamner, elver og trasear som dei ville, fram til ei endeleg løysing på grensespørsmålet vart oppdriven. Skulle framtidige forhandlingar ikkje føre fram, kunne ein av partane likevel avslutte samokkupasjonsavtalen ved å sende eit notat som varsla at denne innan tolv månadar rekna samokkupasjonen for avslutta. 2. desember 1845, meddelte president James Knox Polk i sin årlege rapport over rikets tilstand til Den amerikanske kongress at han rekna forhandlingane rundt grensespørsmålet i nordvest for å ha utspelt si rolle. Han anbefalte no Kongressens medlemmer å nytte seg av den avtaleavsluttande klausulen i avtalen, og at det dermed ved lov vart vedteke at eit notat som varsla samokkupasjonens ende skulle sendast britiske myndigheiter og at det såleis endeleg vart sett slutt punkt i oregonsaka.

¹ *Appendix to the Congressional Globe* (heretter ACG), 24. feb., 1846, s.321.

Problemområdet

Det overordna problemområdet for denne oppgåva er demokratiet som prosess og praksis i form av lovgjevande maktutøving. Målsetjinga for oppgåva er å skildre og å peike på ulike forhold og praksisar som ligg til grunn for, og verkar inn på, sakshandsaminga og slutningstakinga som finn stad i ei lovgjevande forsamling. Gjenstandsområdet som skal utforskast for at målsetjinga skal verte nådd er Den 29. amerikanske kongress og dette lovgjevande organets handsaming av oregonspørsmålet i perioden 2. desember 1845, til 23. april 1846.

Undersøkingas innfallsvinklar

Me skal tilnærme oss Den 29. amerikanske kongress som sakshandsamande og slutningstakande lovgjevande organ med utgangspunkt i to innfallsvinklar. Skotta som skil desse to er ikkje vasstette, men me skal likevel forhalde oss til dei i ei todeling. Den fyrste innfallsvinkelen spring ut or tanken om at lovgjevande maktutøving kan sjåast på som ein praktisk syssel viss gjennomføring beror på ei rekkje praktiske forhold som saman gjer fremjing, handsaming og vedtak av lovforslag operasjonelt mogleg. Med andre ord: lovgjevande maktutøving er organisatorisk praksis. Den andre innfallsvinkelen har sitt utspring i tanken om at lovgjevande maktutøving er ein sannings- og røyndomsrefererande syssel viss gjennomføring beror på forhold og praksisar som gjer det mogleg å knyta mening til kvart einskilde lovforslag. Med andre ord: lovgjevande maktutøving er diskursiv praksis.

På eitt plan skal såleis Den 29. amerikanske kongress si handsaming og slutning i høve til oregonspørsmålet undersøkjast og sjåast i lys av tanken om lovgjevande maktutøving som ein praktisk og logistisk syssel. Her vert reglementet for Kongressens organisering og prosedyre, på den eine sida, og kongressmedlemmenes nyttegjersle av dette, på den andre, eit viktig omdreingspunkt. Rammene reglementet for prosedyre og organisasjon legg rundt den lovgjevande maktutøvinga kan i og for seg sjåast på som konkrete, førande og avgrensande. Samstundes viser dei same rammene seg for å inneha eit stor monn av plastisitet, og i visse høve også tilkortkommenheit, når reglementet skal omsetjast frå skrift til operasjonell praksis. Frå dette skal ei av oppgåvas to grunnleggjande tesar leggjast fram i påstanden om at plastisiteten i reglementet, og dets ufullendte form og rekkevidde, særleg vil kunne gje seg til kjenne i høva der dei folkevaldes grad av kjennskap til, og forståing for, prosedyren og organisasjonen vert ein utslagsgjevande faktor i fremjing eller eventuelt også hemming av eit lovforslags saksgang.

På eit anna plan skal den same kongressens sakshandsaming og slutningstaking sjåast på i lys av tanken om at lovgjevande maktutøving finn stad som diskursiv praksis. Her skal kongressmedlemmenes ytringar kring oregonspørsmålet og dei diskursive felte desse ytringane resonnerte i, og samstundes vart ein konstituerande del av, vere eit viktig omdreingspunkt. Eitt diskursivt felt som i denne undersøkinga særleg skal viast merksemd er det viss artikulasjonsområde konstituerer Dei sameinte statane, det amerikanske folket og det amerikanske *per se*. Med dette meinast dei ytringane som i sitt meiningsinnhald er av nasjonskonstituerande art: ytringar som *fortel* Dei sameinte statane og såleis gjerne viser og refererer til det me kan kalle ei *grunnforteljing* om Dei sameinte statane som nasjon. Med grunnforteljing meinast her ei form for forteljing som berer i seg nasjonens fortid i *mytologiens* drakt. I mytologiens drakt får dei utallige einskildhendingane som utgjør nasjonens fortid, eller nasjonens historie, form og mening ved at dei vert sortert og brakt saman til ein heilskapleg komposisjon, *ei* forteljing, ”reducing centuries of experience into a constellation of compelling methaphors.”²

Denne form for meiningskonstellasjon berer i seg stort røyndomsforklarande potensiale og kan såleis med lettheit implementerast i samtida, likeins som samtida let seg implementere i den. Ut frå dette skal oppgåvas andre grunntese formulerast i påstanden om at oregonsaka, som eit utanrikspolitisk spørsmål og eit nasjonalt anliggende, vart gjeve mening og innhald som del og ledd i eit heilskapleg narrativ; ein del av forteljinga, eller diskursen, som konstituerte Dei sameinte statane og det amerikanske folket.

Kjeldemateriale: presentasjon og kritiske merknader

Eg skal i all hovudsak freiste å kaste lys over denne oppgåvas problemområde ved å nytte meg av kjelder som på ulikt vis dokumenterer og gjev innsyn i Dei sameinte statanes kongress sitt daglege verke. I dei følgjande avsnitta skal eg presentere dokumentsamlingane eg har valt ut, samt rette fokus mot det utvalde materialets sterke og svake punkt.

I fyrste artikkel, femte seksjon, av Dei sameinte statanes grunnlov vert det stadfesta at kvart av kammera i Kongressen skal føre ein journal over møteverksemda si, ”and from time to time publish the same, excepting such parts as may in their judgment require secrecy.”³ I tråd med denne fråsegna har Kongressens to kammer ført journalar over sitt daglege verke

² Richard Slotkin, *Regeneration Through Violence: The Mythology of the American Frontier, 1600-1800*, Wesleyan University Press: Middeltown, Connecticut, 1974, s.6.

³ Dei sameinte statane si Grunnlov, fyrste artikkel, femte seksjon. For Grunnlova i full tekst, sjå: http://avalon.law.yale.edu/18th_century/declare.asp (nedlastingsdato: 1. mai, 2010).

sidan 1789 og publisert desse ved slutten av kvar sesjon.⁴ Journal of the House of Representatives, Journal of the Senate og Journal of the Executive Proceedings of the Senate byr imidlertid ikkje på verbatim transkripsjonar av kongressens debattar. Dei to fyrste inneheld konsise og korte samandrag og referat frå kvar ein skilde dags møteverksemd, samt oversikt over resolusjonane som vart presenterte og korleis stemmene fall over desse. Den sistnemnte journalen er forbeholden dei sakene som rører ved Senatets maktutøvande funksjonar: stadfestinga av presidentnominasjonar og godkjenninga av internasjonale avtalar. Desse journalane har for meg fyrst og fremst vore til hjelp i høve til å få oversikt over oregondebattens forlaup. Med sirleg oppteikning av korleis stemmene har falt over resolusjonar og lovforslag har dei også vore til hjelp i høver der publikasjonen som skal presenterast i det følgjande, har vist seg mangelfull.

Ei fylldigare dekking av den daglege kongressdebatten enn den dei offisielle publikasjonane kunne by på, vart raskt etterspurt av både kongressmedlemmer, deira ansatte og utanforståande. I Representantanes Hus vart ynskje delvis innfridd ved at pressa hadde høve til å oververe debattane frå galleriet frå byrjinga av. Utanforståande og medlemmer som ikkje hadde vore tilstade under debatten, hadde dermed mogleik til å halde seg oppdaterte i høve til kva som gjekk føre seg i kammeret ved å følgje debatten via avisene. Fri pressedekking førte imidlertid også til at representantane ofte vart feilsiterte, sensurerte, kreditterte for feil innlegg og favoriserte av dei ulike avisene.⁵ Då Senatet opna for pressa i 1794 tok det ikkje lang tid før ei misnøye av same type som den som regjerte i Representantanes Hus i høve til pressedekkinga også let seg høyre frå dette kammeret. Eit forslag om å hyre ein uavhengig rapportør med føremål om å få ei partinøytral nedteikning av kongressdebatten vart imidlertid stemt ned på grunn av kostnadane dette ville medføre.⁶

Med sine tre utgåver i veka hadde avisa *The National Intelligencer* langt fylldigare dekking av kammeras debatt enn konkurrentane, som med tida baserte si eiga dekking av Kongressen på *The Intelligencer*. Dette til tross for at redaktøren, Samuel Smith, si politiske støtte til Thomas Jefferson og hans meiningsfeller var vel kjend.⁷ Joseph Gales Jr. og William Seaton tok over avisa og dekkinga av Kongressen då Smith pensjonerte seg i 1810. Desse to vart tildelt faste sitjeplassar i kammera, Gales ved sida av ordstyraren i Representantanes Hus

⁴ Robert C. Byrd, *The Senate 1789-1989: Addresses on the History of the United States Senate*, U.S. Government Printing Office: Washington, 1991, bind II, s.311.

⁵ Byrd, *The Senate: 1789-1989*, bind II, s.313.

⁶ http://www.senate.gov/artandhistory/history/common/briefing/Reporters_Debate_Congressional_Record.htm (nedlastingsdato: 27. april, 2010).

⁷ F.B. Marbut, *News from the Capital: the Story of Washington Reporting*, Southern Illinois University Press: Carbondale, Edwardsville, 1971, s.3ff.

og Seaton ved sida av visepresidenten i Senatet. Dei vart utnemnte som Kongressens offisielle trykkjarar. Overtakinga førte mellom anna til innføringa av ein korrekturpraksis som opna for at kongressmedlemmene kunne sjå over innlegga sine for å korrigere grove feil før dei vart trykte.⁸ Tidleg på 1820-talet utvida Gales og Seaton rapporteringa frå Kongressen ytterlegare ved å gje ut *Register of Debates* (RD), som i tråd med tittelen var ein publikasjon som utelukkande var via til kongressdebatten.

Gales og Seaton mista stillingane sine som offisielle trykkjarar i 1829, då Andrew Jacksons demokratar vann fleirtalet av medlemsmassen. Kongressens val av nye trykkjarar fall på Francis Blair og John Rives som begge støtta Jackson.⁹ Fire år seinare oppretta desse to *Congressional Globe* (CG), ein publikasjon som, på lik linje med RD, utelukkande var via til Kongressens daglege verke. Blair og Rives si tilknytning til Det demokratiske parti gjorde at motstandarar av partiet omtala dei to som "habitual falsifiers of debate" og dei to såg seg tilslutt nødt til å bere våpen for å kunne tryggje seg mot kongressmedlemmer som meinte seg feilsiterte.¹⁰

CG og RD vart dermed rekna for å vere talerøyr for kvar sitt politiske parti, og vart gjevne ut parallelt fram til 1837 då manglande popularitet og interesse førte til ein slutt på RD.¹¹ CG, som vart publisert fram til 1873, står dermed att av dei to som den autoritative kjelda til Dei sameinte statanes 29. kongress sitt daglege verke og er dermed den dokumentsamlinga eg primært skal nytte meg av som kjeldegrunnlag for oppgåvas analyse.

Presentasjonen av historikken kring dekkinga av Kongressen ovanfor gjer det påtrengande å stille spørsmål i høve til kva type publikasjon CG anno 1845-46 eigentleg var. Var ho framleis å rekne for ei avisutgjeving, med korte, partipolitisk avhengige debattreferat, eller hadde ho utvikla seg til å bli noko anna? Eit raskt blick på dei innbundne CG-utgåvene frå Den 24. kongress og utover viser særleg eitt tydeleg utviklingstrekk: bokryggen som bind saman rapportane vert tjukkare og tjukkare med åra. Dette gjeld særleg frå utgåva som dekker vår Kongress, fyrste sesjon av den 29., og utover. CG-utgåva vår skil seg særleg ut frå dei føregåande ved at denne, med sine 1224 sider, er godt over dobbelt så stor som gjennomsnittsutgåva frå dei tidlegare kongressesjonane.¹² Om me opnar dei same utgåvene vil me når me blar opp i utgåva til fyrste sesjon av Den 32. kongress, sjå at ei endring har funne

⁸ Byrd, *The Senate: 1889-1989*, bind II, s.313.

⁹ Donald A. Ritchie, *Press Gallery: Congress and the Washington Correspondents*, Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1991, s.20.

¹⁰ http://www.senate.gov/artandhistory/history/common/briefing/Reporters_Debate_Congressional_Record.htm (nedlastingsdato: 27. april, 2010).

¹¹ <http://memory.loc.gov/ammem/amlaw/lwr.html> (nedlastingsdato: 27. april, 2010).

¹² Dei tidlegare utgåvene hadde eit gjennomsnitt på 550 sider pr. sesjon. CG vart forøvrig trykt i folioformat, noko som vil seie at ei CG-side rommar tekst tilsvarende 6-7 vanlege A4-sider.

stad i tittelbladet. Som tittel og undertittel på utgåvene fram til då har det stått følgjande: "The Congressional Globe, containing *sketches of the debates and proceedings of [...] congress*".¹³ I undertittelen på utgåva som dekkjer Den 32. kongressen er imidlertid orda "sketches of" stroke bort.¹⁴ Begge desse endringane meiner eg er eit resultat av at CG, og då særleg frå 1840-talet og utover, utvikla seg i aukande grad mot å bli ein ordrett nedteikna rapport, fram til den verbatime nedteikningsstandarden endeleg vart eit faktum i 1848.¹⁵

Det neste spørsmålet som melder seg i vår samanheng vert då kor langt denne utviklinga hadde kome i 1845-46. Kor sterkt er vår CG-utgåve prega av den gamle rapporteringstradisjonen, der ein partisympatiserande reporter var tydeleg tilstades i dei samanfattande og korte referata? Ein kikk i vår CG-utgåve vil etter mi meining avdekke at publikasjonen hadde teke eit godt steg bort frå den strengt skisseliknande rapporteringspraksisen som hadde vore norma tidlegare. Det skal i samband med dette seiast at ein god del av rapporten framleis tok form som forkorta og oppsummerande samandrag, der debattantanes innlegg hovudsakleg vart gjengjevne i tredje person. Men, i høver der debattinnlegga vart korta veldig ned eller var vanskeleg å få tak i grunna støy eller lågmælte kongressmedlemmer, vert lesaren informert om at innlegget i sin heilskap vil bli å finne på eit seinare tidspunkt i tilleggspublikasjonen til CG, *The Appendix to the Congressional Globe*.¹⁶ Å la innlegga trykkjast i sin heilskap eller i korrigert form i appendikset var ingen ny praksis, men vår CG-utgåve viser ei endring her også ved at omfanget av denne verksemda i sterk grad har auka dersom ein samanliknar med tidlegare utgåver.¹⁷ Dette gjev oss tilgang på eit rikt tal på debattinnlegg som kjem direkte frå kongressmedlemmene sin penn, noko som etter mi meining i sterk grad er med på å forsvare den rolla eg har tildelt CG som kjeldemateriale i oppgåva.

Når det gjeld reporteranes, samt trykkjarane Blair og Rives, sine partipolitiske preferansar og spørsmålet om desse pregar teksten, vil eg driste meg til å hevde at dette er eit forhold som ikkje skin gjennom rapporteringa i nokon særleg merkbar grad. Noko som støttar oppunder denne påstanden er det faktum at då Senatets medlemmer i 1846 vart tildelt fritt val i abonnement på ein kongressdekkjande publikasjon, valde dei fleste å tinge CG, uavhengig

¹³ Jmf.: CG, Den 29. kongress, fyrste sesjon, s.i (mi utheving). Referansar til CG-utgåva som dekkjer Den 29. kongress sin fyrste sesjon, vil heretter kun først opp som CG, utan spesifisering av kongress- og sesjonsnummer. Der andre CG-utgåver vert referert til, vil kongress- og sesjonsnummer nemnast spesifikt.

¹⁴Jmf.: CG, Den 32. kongress, fyrste sesjon, s.i.

¹⁵ Byrd, *The Senate 1789-1989*, bind II, s.314. Kvifor endringa i tittelbladet ikkje fann stad i 1848, men let vente på seg til 1850, har det ikkje lukkast meg å finne svar på.

¹⁶ For eit typisk døme, sjå mellom anna: CG, 10. jan., 1846, s.175, samt s.179.

¹⁷ Særleg heldig i vår samanheng er det at om lag 750 av appendiksets 1184 sider utelukkande er via til trykking av innlegg frå debatten kring oregonspørsmålet.

om dei hørde til Whigpartiet eller Det demokratiske parti.¹⁸ At reporteren imidlertid kjem tilsyne i teksten no og då, er kanskje vel så interessant som forstyrrende i høve til den bruken eg skal gjere av CG som kjelde. Reporterens tilstadevere vert nemleg særleg tydeleg når det skjer noko utanom det vanlege i kongresskammera som gjer gjengjevinga av debatten vanskeleg. Det ekstraordinære kan vere at kampen om å få tildelt taletid vert ekstra hard¹⁹, at latteren frå galleria er så rungande at han gjer det umogleg å høyre den pågåande debatten²⁰, eller at så mange av kongressens medlemmer har forlete sitjeplassane sine og flokka seg rundt sekretariat og ordstyrar, at reporteren må samanfatte kaoset med kommentaren: "Several voices. No debate."²¹ Desse kommentarane tilfører CG stor rikdom som historisk kjelde ved at lesaren vert introdusert for den atmosfæren og det temperamentet som til tider må ha regjert i kammera. Ein annan styrkje ved at reporteren no og då dukkar opp i teksten er at dette minnar oss på at skriftleggjing av tale utan unnatak inneberer at teksten allereie har vore gjennom eitt fortolkande ledd innan han vert tolka av oss sjølve. Sjølv om dette leddet skulle trå etter å gjengje det som vart uttalt ordrett, slepp me ikkje unna det faktum at dette vert ein vidareformidlande instans som dermed både skil oss og bind oss til det opphavleg uttalte.

Mitt hovudanliggande i høve til utval av kjeldemateriale har vore å finne det materialet som bringer oss nærast stemmene til kongressens medlemmer slik dei kom til uttrykk under debatten kring oregonsaka. Alt i alt meiner eg me kan konkludere med at vår CG-utgåve er publikasjonen som fyller dette kriteriet i sterkast grad; særleg på grunn av at han innhaldsmessig så tydeleg viser at ei utvikling har funne stad i høve til rapporteringspraksisen frå Kongressens verke. Med ein aukande frekvens av fyrstepersons gjengjeving av kongressmedlemmenes innlegg og kommentarar, samt den utbreidde bruken av appendikset som formidlar av dei originale innlegga, står CG anno 1845-46 fram som ein nærast semioffiisiell publikasjon, der dei einskilde kongressmedlemmenes stemmer i høg grad let seg høyre utan for mange forstyrningar.

Tidlegare forskning

Den føreliggjande undersøkingas tema, problem og tilnæringsmåtar skriv seg ikkje som heilskap inn i ein konkret og avklart forskningstradisjon, men hentar heller inspirasjon frå mange historiefaglege hald. Blant dei som har skrive om oregonspørsmålet historie står historikaren Frederick Merk med si utførlege essaysamling, *The Oregon Question: Essays in*

¹⁸ http://www.senate.gov/artandhistory/history/common/briefing/Reporters_Debate_Congressional_Record.htm (nedlastingsdato: 27. april, 2010).

¹⁹ Jmf.: CG, 3. jan., 1846, s.128.

²⁰ Jmf.: mellom anna, CG, 9. feb., 1846, s.347.

²¹ CG, 9. feb., 1846, s.347.

Anglo-American Diplomacy and Politics,²² i ei særstilling. Oregonspørsmålet vert her imidlertid fyrst og fremst deskriptivt handsama som ei sak med nedslagsfelt i britisk og amerikansk diplomati. Oregonspørsmålet som sak og gjenstand for lovgjevnad i Den amerikanske kongressen vert i all hovudsak berre rørt ved i samlingas siste essay ”Presidential fevers”, og då fyrst og fremst som ei sak ein på 1840-talet freista å gjere politisk karriere på. Eit supplement til Merk har vore å finne blant historikarane som har skrivne nært og utfyllande om sentrale skikkelsar i amerikansk politikk fyrste halvdel av 1800-talet. Blant desse gjev særleg Charles Sellers sitt tobindsverk om James Knox Polk²³, Charles M. Wiltse sitt trebindsverk om John C. Calhoun²⁴ og Robert F. Dalzell Jr. sin nærstudie av Daniel Webster²⁵ verdifull innsikt i Kongressen som organ, samt kongressens medlemmer og deira verke.

Historiefagleg handsaminga av oregonspørsmålet er også å finne i rikt og verdifullt monn i den delen av historieskrivinga om Dei sameinte statane som tek føre seg amerikansk ekspansjon både innafor og utanfor Det amerikanske kontinent. Her er tilnæringsmåtene mange og verka ennå fleir.²⁶ Blant dei mange verka som burde nemnast står Albert K. Weinbergs klassikar *Manifest Destiny: A Study of Nationalist Expansionism in American History*²⁷ fram som sær monumental. David M. Pletchers *The Diplomacy of Annexation: Texas, Oregon, and the Mexican War* må også nemnast som eit flott oversiktverk over ekspasjonen som fann stad på 1840-talet.²⁸

Tilnærminga til oregonspørsmålet som del av den amerikanske grunnforteljinga bringer undersøkinga i berøring med studiet av amerikansk identitet, kultur og sjølvforståing, eit forskingsfelt som vert via internasjonal merksemd under nemninga American studies. Frå denne forskingstradisjonen har føreliggjande undersøking særleg funne inspirasjon i Henry

²² Frederick Merk, *The Oregon Question: Essays in Anglo-American Diplomacy and Politics*, The Belknap Press of Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1967.

²³ Charles Sellers, *James Knox Polk: Jacksonian, 1795-1843* og *James Knox Polk: Continentalist, 1843-1846*, Princeton University Press: Princeton, New Jersey, 1957 og 1966.

²⁴ Charles M. Wiltse, *John C. Calhoun: Nationalist, 1782-1828*, *John C. Calhoun: Nullifier, 1829-1839* og *John C. Calhoun: Sectionalist, 1840-1850*, The Bobbs-Merrill Company. INC.: New York, 1944, 1949 og 1951.

²⁵ Robert F. Dalzell, Jr., *Daniel Webster and the Trail of American Nationalism, 1843-1852*, Houghton Miffling Company: Boston, 1973.

²⁶ For ei meir utfyllande historiografisk oversikt over dette feltet, sjå: Michael P. Malone og Rodman W. Paul, red., *Historians and the American West*, University of Nebraska Press: Lincoln, 1983, Daniel Walker Howes bibliografiske essay i: *What Hath God Wrought: The Transformation of America, 1815-1848*, Oxford University Press: New York, 2007 og Thomas G Paterson, red., *Major Problems in the American Foreign Policy: Volum I: To 1914*, D.C. Heath and Company: Lexington, Massachusetts, 1989.

²⁷ Albert K. Weinberg, *Manifest Destiny: A Study of Nationalist Expansionism in American History*, The John Hopkins Press: Gloucester, Massachusetts, 1958 (1935).

²⁸ David M. Pletcher, *The Diplomacy of Annexation: Texas, Oregon, and the Mexican War*, University of Missouri Press: Columbia, 1973.

Nash Smiths *Virgin Land: The American West as Symbol and Myth*²⁹ og Richard Slotkins *Regeneration through Violence: The Mythology of the American Frontier* og *The Fatal Environment: The Myth of the Frontier in the Age of Industrialization*³⁰. Deborah L. Madsens *American Exceptionalism*³¹ må også nemnast i denne samanheng som betydingsfull for val av innfallsvinkel til oppgåvas gjenstandsområde.

Litteratur som omhandlar Den amerikanske kongress som lovgjevande organ i historisk perspektiv har vist seg å vere ei mangelvare. Gode unntak finst imidlertid i George B. Galloways *History of the House of Representatives*³², Richard Bollings *Power in the House*³³ og Robert C. Byrds *The Senate: 1789-1989*. Verk med ankerfeste i statsvitskapleg verksemd som tek føre seg Kongressen som lovgjevande organ i nyare tid er det imidlertid fleire av. Det har imidlertid ikkje lukkast meg å finne desse nyttandes i særleg stor grad i den føreliggjande undersøkinga, mykje på grunn av desse verktypanes noko manglande vektlegging av historisk kontekst i si tilnærming til Kongressen.

Tilnærming til, og analyse av, Kongressens verke som diskursiv praksis førekjem i liten grad i litteraturen som har lete seg oppdrive. Kristin L. Hogansons studie av politisk agitasjon i førekant av den spansk-amerikanske og den fillipinsk-amerikanske krigen i 1898, *Fighting for American Manhood*, er imidlertid eit interessant og inspirerande unntak.³⁴

Undersøkingas oppbygging

Undersøkinga er delt opp i tre deler. Fyrste del inneheld ein introduksjon til undersøkinga og to kapittel som på kvart sitt vis bidreg til å teikne opp bakgrunnen for oppgåvas øvrige analyse. Når det gjeld introduksjonen må det nemnast at denne ikkje inneheld ei separat teoriutgreiing ettersom eg har funne det mest tenleg å integrere og introdusere oppgåvas teoretiske grunnlag seinare i framstillinga. Det fyrste av bakgrunnskapitla, kapittel 2, er eit realhistorisk bakgrunnskapittel som tek føre seg Oregons utvikling og skiftande betyding: frå å vere topografi og geografi, til å bli ei sak for europeisk og amerikansk diplomati, for så å verte ei sak for Den amerikanske kongress. I det andre bakgrunnskapittelet, kapittel 3, skal me

²⁹ Henry Nash Smith, *Virgin Land: The American West as Symbol and Myth*, Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1970.

³⁰ Richard Slotkin, *The Fatal Environment: The Myth of the Frontier in the Age of Industrialization, 1800-1890*, Atheneum: New York, 1985.

³¹ Deborah L. Madsen, *American Exceptionalism*, University Press of Mississippi: Jackson, 1998.

³² George B. Galloway, *History of the House of Representatives*, Thomas Y. Crowell Company: New York, 1976.

³³ Richard Bolling, *Power in the House: A History of the Leadership of the House of Representatives*, Capricorn Books: New York, 1974.

³⁴ Kristin L. Hogansons *Fighting for American Manhood: How Gender Politics Provoked the Spanish-American and Phillipine-American Wars*, Yale University Press: New Haven, 1998, særleg gjeld dette for tredje kapittel: "'Honor Comes First': The Congressional Debate over War".

stifte nærare kjennskap til Den 29. kongress sine medlemmer og såleis få innsikt i generelle trekk ved medlemsmassen når det gjeld partisamansetjing, tal på medlemmer, alder og yrkesbakgrunn. Me skal også ved ei kort historisk oversikt over utviklinga av amerikansk partipolitisk tradisjon gjere oss kjende med oppstoda av partia som var representerte i denne kongressen samt kva politisk plattform desse partia var tufta på.

I undersøkingas andre del, kapittel 4 og 5, skal me gjere oss kjende med forlaupet i handsaminga av oregonsaka. Eg har valt å samanfatte desse to kapitlas introduserande merknadar i ei felles innleiing til oppgåvedelen under eitt, for å i minst mogleg grad stykke opp forlaupsframstillinga. I kapittel 4 skal sakshandsaminga i Kongressen i tida før spørsmålet vart teke opp til regulær debatt, altså frå 2. desember fram til 5. januar, gjerast greie for. Undervegs i utgreinga skal faktorar og høver som kan leggjast til grunn for å forklare kvifor saksgangen arta seg som han gjorde trekkjast fram og undersøkjast nærare i lys av oppgåvas fyrste grunntese samt tanken om at lovgjevande maktutøving er ein praktisk sysse. Me skal også leggje merke til kven som markerte seg som sær aktive debattantar, kva posisjonar i høve til spørsmålet som syntes å bli inntekne og kva tema som markerte seg som sentrale i debatten. Kapittel 5 skal viast til den regulære debatten kring spørsmålet, slik den fann stad frå 5. januar og fram til ein endeleg resolusjon vart vedteken 23. april. Også i dette kapitlet skal me ha tanken om at lovgjevande maktutøving er ein praktisk sysse friskt i minne. Særleg skal me merke oss rammene reglementet for prosedyre la, eller eventuelt ikkje la, rundt ordskiftet kring saka i dei to kammera.

I tredje og siste del av undersøkinga, kapittel 6 og 7, skal innfallsvinkelen til Kongressens handsaming av oregonspørsmålet dreiest mot tanken om at lovgjeving finn stad som diskursiv praksis. Med utgangspunkt i oppgåvas andre grunntese, som var formulert i påstanden om at oregonspørsmålets meining og innhald på eit aller anna nivå måtte artikulera som ledd og del i ei mytologisk forteljing om Dei sameinte statane og det amerikanske folket, skal me innleiingsvis i kvart av desse kapitla nytte noko tid til å trekkje fram og aktualisere formuleringar kring samspelet mellom framsetjinga av ein kollektiv ethos og moral henta frå Judith Butlers moralfilosofiske verk *Giving an Account of Oneself*³⁵. Kapittel 6 skal viast til ein gjennomgang av ei rekkje passasjar knytt til oregonsaka i president Polks rapport over rikets tilstand. Målet er her å merke seg korleis Polk-administrasjonens oregonlinje, ut frå den historiske og samtidige konteksten ho vart gjeve i rapporten, vart framsett for å vere det einaste linjevalet som let seg jamføre med det å velje oregonlinje som

³⁵ Judith Butler, *Giving an Account of Oneself*, Fordham University Press: New York, 2005.

ein patriotisk og gudfryktig amerikanar. I kapittel 7 skal me gjere oss kjende med ytringane og debattinnlegga kring oregonspørsmålet i Kongressen med det som innfallsvinkel at desse på mange måtar fann stad som tilsvar på Polks rapport og at dei dermed måtte artikulera via same diskursive felt. Målsetjinga skal her vere å undersøke korleis sanningane som konstituerte grunnforteljinga om Dei sameinte statane og det amerikanske folket let seg leggje til grunn for å framsetje vidt forskjellige oregonlinjer som patriotiske og gudfryktig amerikanske.

Kapittel 2

Oregonterritoriets skiftande meiningsinnhald

Oregon som geografi og topografi

Landeområdet som i 1845-46 vart referert til som Territory of Oregon, Oregon Country eller Oregon, tilsvarer eit område som var avgrensa i sør av 42. breiddegrad og med ei nordre grense langs 54°40". I aust vart områdets grense trekt langs kontinentalskiljelinja; ei linje frå sør til nord som samsvarar med fjellkjeda The Rocky Mountains, og områdets vestgrense vart danna av Stillehavskysten. I dag samsvarar dette området med det som er den sørlege halvdelen av British Columbia, dei amerikanske statane Washington, Oregon og Idaho i sin heilskap, samt ein triangulær flik av vestre Wyoming og ein rektangulær del av nordvestre Montana. Rundt rekna utgjer dette geografiske utstrekket eit område med eit totalt flateinnhald tilsvarande 1.2 millionar km².

Topografisk sett byr denne delen av Det nordamerikanske kontinentet på eit landskap med store variasjonar og kontrastar i oppbygning og utsjånad. Den vestre kysten av kontinentet har sitt geologiske fundament i ei rekkje jordskorpeplater som alle grenser mot, eller er i nærleik av, Stillehavsplata, ei kontinentalplate i konstant rørsle. Regionens geologiske fundament har dermed gjort området til gjenstand for stadige vulkanutbrot og jordskjelv på grunn av jordskorpeplatenes samanstøyt og frågliding, som alle har vore viktige faktorar i høve til utforminga av områdets unike og varierte landskap.

Fjell

Dersom ein til tross for regionens sterkt varierte topografi skulle finne ein landskapsmessig fellesnemnar verker det naturleg å trekkje fram tre fjellkjeder som på forskjellig vis er dominerande faktorar i dei ulike delane av territoriet. Frå kysten i sørvest i det som i dag er staten Oregon, går strender og klippeformasjonar raskt over i den skogkledte fjellkjeda The Coast Range. Denne kjeda er relativt låg, men dannar likevel ei tydeleg, og ofte bratt og brå, skiljelinje mellom land og hav som strekk seg vidare nordover gjennom det som no er staten Washington. I Washington går denne kjeda over i to høgare fjellgrupper, Willapa Hills i sørvest og the Olympic Mountains i nordvest, ei fjellgruppe som hovudsakleg befinn seg på Olympic Peninsula, ei halvøy som stikk markant ut i statens nordvestre hjørne og skapar eit skilje mellom Stillehavet og Puget Sound. Følgjer ein kysten vidare nordover, langs området som i dag vert omtala som British Columbia, vil skiljet mellom land og hav også gjera seg

gjeldande ved ei fjellkjede som utgjer eit slags framhald av Coast Range: Coastal Mountains. Her vert kysten i tillegg til fjellformasjonane kjenneteikna av eit rikhaldig øylandskap, samt ei rekkje sund og fjordar som skjerer seg innover fastlandet. Særleg framtrekkande er Vancouver Island, ei stor øy i British Columbias sørvestre hjørne med eit flatinnhald på over 32 000 km². Øya ligg tett på fastlandet, men vert skild frå dette av ei rekkje streder; hovudsakleg Strait of Juan de Fuca i sør mot det som i dag er staten Washington, Queen Charlotte Strait i nord og Georgia Strait i aust mot British Columbia; noko som skapar gode tilhøve for innsegling rundt øya.

Dersom me vender tilbake til staten Oregons sørgrense, 160 km lenger inn i landet, vert landskapet på ny dominert av ei fjellkjede, denne gongen Cascade Mountains. På lik linje med den førre, strekk denne seg nordover parallelt med kystlinja, gjennom Washington, British Columbia og opp mot Alaska. Denne kjeda er eit resultat av kontinuerleg vulkansk aktivitet, og dannar eit belte av aktive vulkanar der dei høgaste toppane gjerne tronar i dobbel høgd over resten av kjeda. Den vulkanske aktiviteten gjer imidlertid at kjeda i seg sjølv, og særleg kjedas toppar, brått skiftar framtoning og høgd, ved at vulkanutbrot av kraftig art fjernar store mengder fjellmasse. Den tredje fjellkjeda som gjer seg gjeldande som eit dominerande topografisk element, er også den største av dei tre: Rocky Mountains. Denne kjeda står som ein tydeleg markør av den austre grensa til oregonterritoriet og mykje av den austre delen av ho fell dermed utanfor området geografiske utstrekk. Delane av kjeda som ligg vest for kontinentalskiljelinja og som dermed er ein del av vårt område, ruver høgt i landskapet med spirliknande toppar i det som no er staten Idaho, samt våre mindre delar av Montana og Wyoming. Dei snøkleddde Rocky Mountains spelar også ei aktiv rolle i utforminga av området topografiske karakter, ved at fleire av elvene som renn gjennom regionen har kjeldene sine i smeltevatn frå den massive fjellkjeda.

Mellom fjella

Mellom Coast Range og Cascade Range, strekk eit lågtliggjande dallandskap seg nordover frå sørlege Oregon og opp til Washingtons grense mot British Columbia ved Puget Sound. Dette området er blant anna kjenneteikna av store skogfelt og fruktbare sletter som eignar seg godt for jordbruk, noko som særleg gjeld for tildømes Willamette Valley. Aust for Coastal Mountains i British Columbia dominerer eit skogskleddt ås- og fjellandskap, her og der avbrote av grassletter og innsjøar, som strekk seg vidare mot Rocky Mountains.

Aust for Cascade Range, i det som no er staten Washington, ligg Columbia Plateau; eit tørt, lågtliggjande landeområde som strekk seg aust- og sørover inn i dagens Oregon og Idaho.

Dette plataået vart til på grunn av lavastraumar som rant kontinuerleg i 1.5 millionar år og bestod av så store mengder lava at alle tidlegare topografiske formasjonar vart jamna ut og omdanna til eitt stort og jamt teppe av basaltisk stein. Delar av dette massive plataået sank visse stader saman i mindre tette lommer i jordskorpa og andre delar vart pressa oppover grunna stadige rørsler i platene under plataået. På overflata fikk ein så eit landskap med brå overgangar; det jamne teppet vart skarpt brote opp i ulike fordjupingar og forhøgningar der dei forskjellige partia fekk eit nærast rektangulært utsnitt. Plataået har også vore åstad for unike former for erosjon som har skapt særeigne topografiske formasjonar, mellom anna det som vert kalla *channeled scablands*. Store mengder vatn frå ein innsjø under ein isbre i British Columbia skapte ved demningsbrot monstrøse elver som fløynde over plataået i uvanleg høgt tempo. I motsetnad til vanlege elveleier som vanlegvis vil ha eit v-forma tverrsnitt, etterlot desse elvene seg eit rektangulært leie og fleire stader skapte elvene djupe groper, ofte kalla canyons, eller let det vera att høge søyler og kjegleformasjonar i det elles plane plataået.

Elver

Gjennom Columbia Plateau strøymer Columbia River. Denne elva er å rekne for hovudelva i vårt område og strøymer frå kjelda si, Columbia lake i Britisk Columbia, gjennom sørdelen av same region før ho vender seg sørover gjennom austre del av Washington og til slutt snor seg vestover og dannar grensa mellom dagens Oregon og Washington. Vidare skjerer ho seg gjennom Cascade- og Coast Range og spring ut i Stillehavet ved det som i dag er byen Astoria nordvest i staten Oregon. Ved utspringet til elva møter me ein sandbanke, Columbia Bar, som på grunn av den sterke elvestraumen i møte med dønningane og havstraumane frå Stillehavet, stadig forflyttar seg og veks eller avtar i storleik, noko som aukar vanskaner ved innsegling av elva. Columbia River vert påsprunge av ei mengd sideelver som har sine kjelder i dei høgareliggjande fjellformasjonane i regionen. Vassføringa i elva held seg dermed stort sett på eit høgt og stabilt nivå. Den største av desse sideelvene, Snake River, har kjelda si i ein del av Rocky Mountains som ligg i det som no er staten Wyoming. Ho renn austover gjennom Snake River Plain, eit jamt og avlangt slettelandskap i sørdelen av dagens Idaho. Vidare dannar elva austgrensa til staten Oregon og renn nordover langs Columbia Plateau der ho skapar ei kraftig fure i landskapet som berer namnet Hells Canyon, ei fordjupning som på det djupaste skjerer 2400 meter ned i plataået. Ved grensa til dagens Washington vender ho vestover der ho møter og blir ein del av Columbia River.

Frasier River må også nemnast blant elvene som sett sitt topografiske preg på oregonterritoriet. Denne elva spring ut frå smeltevatn frå dei nordlegaste delane av Rocky Mountains i British Columbia og renn nedover frå fjellkjeda i retning nordvest mot områdets grense mot Alaska. Rett sør for 54° nord tek imidlertid elva ein krapp sving og endrar retning til sørvest. På sin veg sørover vert ho påsprunge av ei rekkje sideelver og har i visse partier så kraftig vassføring at ferdsel på elva vert særst vanskeleg. Frasier River har sitt utlaup i The Strait of Georgia om lag 30 km nord for 49. breiddegrad, som i dag markerer grensa mellom British Columbia og staten Washington.

Kven har retten til Oregon?

Tidleg busetnadsmønster

Stillehavskysten er tenkt å ha vore den primære migrasjonsruta og hovudfartsåra for menneske som for meir enn 30 000 år sidan vandra frå Sibir, via Alaska og vidare sør- og austover for så å busetja dei to amerikanske kontinenta. Vårt område, oregonterritoriet, har som del av denne migrasjonsruta vore åstad for stadig tilførsel av nye grupper på vandring; grupper som anten har passert områda utan å opprette bustad eller etablert seg og dermed ofte pressa allereie etablerte busetnadar lenger sør- og austover. Arkeologiske funn som daterer permanente busetnadar minst 14 000 år tilbake i tid er i nyare tid blitt oppdaga i sentrale delar av dagens Oregon. Ein reknar området for tidleg å ha vore tilhaldstad for fleire titals forskjellige grupper, eller stammer, av det som ein no gjerne omtalar som dei amerikanske urinnvånarane eller indianarane.

Det milde kystklimaet og økosystema som fylgde det tempererte regnskogsbeltet langs Coast Range skapte særst gode forhold for opprettinga av heilårs busetnadar. Kystområda var særst rikhaldige på naturressursar og mengder med fisk, særleg laks, samt eit rikt utval vilt og diverse næringsrike rotfrukter, gjorde oppgåva med å skaffe tilstrekkelig med mat overkommeleg. Stammene som busette seg langs kysten utvikla seg til å bli blant dei mest komplekse jakt- og samlarsamfunna ein kjenner til. Busetnadane deira tok form som større landsbyar der ein velutvikla byggjeskikk, tradert frå generasjon til generasjon, gjorde seg til kjenne ved solide hus bygd i tømmer, samt store, men lett manøvrerbare, kanoar laga av eitt stykke tre, som skulle komme til å vekke sterk beundring og missunring hos seinare

ekspedisjonsutsendingar frå Europa og Dei sameinte statane.³⁶ Overskotet av mat og ressursar frigjorde tid til utvikling av avanserte reiskapar, samt teknikkar for å framstille, og ikkje minst utsmykke, desse. Lenger inn i innlandet gjorde store klimatiske kontrastar mellom årstidene det vanskeleg å bli verande på éin stad gjennom heile året. Områda som låg i regnskuggen av dei høgste fjellformasjonane fekk ikkje nytte godt av dei milde og fuktige luftstraumane frå Stillehavet. Tørre somrar og harde, kalde vintrar gjorde sitt til at stammene som hadde tilhaldstad her, i motsetnad til kyststammene, stadig var på vandring og såg seg nødt til å gjere skifte i det som var deira primære livsgrunnlag i takt med at årstidene, og tilgangen på vilt og andre former for næring, endra seg.

Tidleg europeisk nærver

Dei fyrste europearane som nådde Den amerikanske stillehavskysten var ekspedisjonsdeltakarar under leiing av den spanske oppdagaren, Vasco Núñez de Balboa, som førte mannskapet sitt til vestkysten av Panama i 1513. Her erklærte Balboa Stillehavet, samt alle landeområde som var i kontakt med dette, for å tilhøyre den spanske krona. I kombinasjon med Tordesillasavtalen av 1494 og Pave Alexander VI si bulle av 1493, *Inter Caetera*, medverka Balboa sin ekspedisjon og suverenitetsseremoni til å konsolidere det spanske kravet om einerett til kolonisering av den vestlege halvkula, bortsett frå Brasil.

Etter kvart som det spanske nærveret i form av permanente busetnadar langs dei vestre delane av kontinentet auka, vart ekspedisjonar nordover langs kysten mogleggjort. Med base i blant anna jesuittiske misjonspostar i det som no er kysten av Mexico, tok spanske skip til med å utforske vestkysten. I laupet av ein 30-årsperiode som fylgde etter Balboa sin seremoni på stranda i Panama, vart kysten vidare nordover til det som er Rouge Bay i dagens Oregon utforska. Ekspedisjonen som nådde dette punktet var under leiing av Juan Rodríguez Cabrillo, og hadde som ordre å seile langs kysten av Nord Amerika til dei nådde asiatisk fastland. Dei hadde også som instruks å finne det som vart omtala som Aniánstredet, eller Nordvestpassasjen; eit tenkt stred som foreina Atlanterhavet og Stillehavet. Cabrillo-ekspedisjonen lukkast ikkje å utføre nokon av dei spesifikke oppgåvene dei var tiltenkt, men mannskapet hans var imidlertid dei fyrste europearane som hadde sett det som i dag er vestkysten av Dei sameinte statane og delar av vårt område, oregonterritoret.³⁷

³⁶For ei generell oversikt over tidleg busetnad og innvandring i dei nordvestre delane av Det amerikanske kontinentet sjå: Clyde A. Milner II, Carol A. O'Connor og Martha A. Sandweiss, red., *The Oxford History of the American West*, Oxford University Press: New York, 1994, kap.1 og Dorothy O. Johansen og Charles M. Gates, *Empire on the Columbia: A History of the Pacific Northwest*, Harper & Row, Publishers: New York, 1967.

³⁷ Herbert Eugene Bolton, red., *Spanish Exploration in the Southwest 1542-1706*, Barnes & Noble. INC: New York, 1963, s.5-8.

I 1579 gjekk den britiske eventyraren Sir Francis Drake i land ein ikkje spesifisert stad på vestkysten og erklærte området for å tilhøyre England under namnet New Albion. Den eksakte reiseruta til Drake er aldri blitt fastsett og det eksisterer framleis ulike fortolkingar av kva som skal ha vore Drake sin ekspedisjons nordligaste punkt. Drake etablerte aldri nokon permanent busetnad og journalane hans gjev ikkje tilstrekkelig med informasjon til at ekspedisjonens rute kan spesifiserast, men den mest vanlege fortolkinga av journalane hans peiker i retning av at reisas nordlegaste punkt var Drakes Bay, ei bukt rett nord for dagens San Francisco, sjølv om det også vert hevda at ekspedisjonen hans gjekk i land og utforska kysten så langt nord som dagens British Columbia.³⁸

Utviding av europeisk nærver og aktivitet

Ser ein bort frå Drake si vitjing av vestkysten i 1579 var all kolonisering og utforskinga av den amerikanske vestkysten frå byrjinga av 1500-talet til midt ut i 1700 i regi av den spanske krona. Den spanske aktiviteten strakte seg ikkje langt nordover, men var heller sentrert til dei sørlege partia av kysten i områda som i dag er Baja California. Utover 1700-talet trassa andre europearar i aukande grad det spanske kravet om einerett til vestkysten av Nord Amerika og Stillehavet, særleg gjaldt dette russiske og britiske ekspedisjonsutsendingar og handelsselskap som no trappa opp sin aktivitet i områda. Vitus Bering sin ekspedisjon 1741, som strakk seg frå Sibir og nedover Stillehavskysten av dagens Alaska, markerte for alvor starten på russisk nærver og utnytting av naturressursane i regionen. Russiske handelspostar vart oppretta så lang sør som Bodega Bay, rett nord for dagens San Francisco, og i 1780-åra vart dei fyrste permanente russiske busetnadane langs kysten av Alaska etablerte. Britiske interesser i området vart særleg markerte ved at James Cook nytta midtparten av si tredje jordomsegling til å kartleggje kysten frå California og nordover til Beringstredet i detalj. Ti år seinare oppretta britane den fyrste permanente busetnaden sin i Nootka Sound i dagens British Columbia.

Den spanske reaksjonen på aukande russisk og britisk aktivitet langs nordvestkysten, var å utvide sitt eige engasjement til i større grad også å gjelde dei nordlege områda som dei framleis meinte å ha einerett over. Frå midten av 1700-talet og utover vart så ei rekkje ekspedisjonar sendt nordover med ordre om å konsolidere det spanske kravet på området ved å utføre suverenitetsseremoniar og gje regionen spanske stadnamn. Det vart også oppretta spanske handelspostar som i nokre tilfeller utvikla seg til å verte permanente busetnadar, dette

³⁸ George Pierce Garrison, *Westward Extension 1841-1850*, Haskell House Publishers Ltd.: New York, 1968, s.158.

gjaldt blant anna for den militært forskansa handelsposten ved Nootkasundet som var busett mellom 1789 og 1795. Denne posten vart oppretta fyrst og fremst som ein reaksjon på den britiske posten som hadde blitt oppretta i nærleiken året før; ein post som spanjolane utifrå oppfattinga av sitt eineherredøme over området meinte dei hadde rett til å fjerne. Spanjolane freista i tråd med denne overttydinga å presse britiske handelsmenn bort ved blant anna å erobre og beslaglegge handelsskipa deira. Knivinga om kven som skulle kontrollere handelen i området skapte stadig sterkare splid mellom dei to landa og utløyste tilslutt det som vert omtala som Nootkakrisa i 1790. Krig mellom England og Spania vart imidlertid unngått ved at begge landa skreiv under på tre einskilte avtalar, Nootkakonvensjonane, signert i perioden 1790 til 1794. Spania avstod med signering av desse frå det nesten tre hundre år gamle kravet om einerett til kolonisering og utnyttinga av landeområde knytt til Stillehavet, og erkjende britisk rett til å opprette handelspostar og busetnader i områder som ikkje allereie var busett eller okkupert av spanjolar. Einigheita mellom England og Spania kom særleg det britiske handelsselskapet Hudson Bay Company til gode. Dette selskapet hadde sidan 1670 hatt monopol på handel, og særleg då den særskilte lukrative pelshandelen, med indianarane i den austlege delen av dagens Canada. Med Nootkakonvensjonane vart Hudson Bay Company sin konsesjon utvida og i laupet av dei neste 30 åra spreidde og intensiverte selskapet sin aktivitet i så sterk grad at det kring 1820-åra var å rekne som den dominante aktøren i eit område som strakk seg over heile dagens Canada, frå vestkysten austover til Rocky Mountains og sørover ned til Central Valley i California.

Ein ny aktør

I perioden som fylgde underteikninga av Nootkakonvensjonane melde ein ny aktør for alvor sine interesser når det gjaldt utnyttinga av ressursane og landeområda i nordvesten; nemleg Dei sameinte statane. Britiske ekspedisjonsutsendingar, som James Cook, John Meares og George Vancouver hadde, under ordre om å vurdere kvart eit innslepp og utslepp av vatn for å finne gode hamner, elver og sund som skulle kunne nyttast som ledd i transporten av ressursar utvunne i innlandet, sørgd for produksjon av ei rekkje kart over innseglingsmogleikane langs Stillehavskysten. I 1792 lukkast imidlertid den amerikanske pelshandlaren Robert Gray i å gjere ei innsegling som førte til behovet for ei kraftig revidering av dei eksisterande karta. Gray lukkast, som fyrste kvite mann, i å manøvrere eitt av skipa sine forbi klipper, sandbankar og sterk motstraum opp munningen av det han valde å kalle Columbia River; ei innsegling som samtlege av dei tidlegare nemnte utforskarane hadde vurdert for å vere

umogleg eller ikkje verd bryet. Etter fem dagars seglas oppover elva gjekk Gray i land og erklærte elva og landeområde som rørte ved ho for å vere del av Dei sameinte statane.

Etter kvart som meir kunnskap om elva vart henta inn frå indianarstammene som var busette i området, auka også håpet om at Nordvestpassasjen no endeleg var funnen. I 1804, året etter salet av Louisiana-territoret fann stad mellom Frankrike og Dei sameinte statane, vart ein statleg finansiert ekspedisjon, under leiing av Meriwether Lewis og William Clark, sendt vestover innanlands med klåre instruksar frå president Thomas Jefferson der ekspedisjonens hovudføremål vart presentert slik:

The object of your mission is to explore the Missouri river, and such principal streams of it, as, by its course and communication with the waters of the Pacific ocean[...]may offer the most direct and practicable water-communication across the continent, for the purpose of commerce.³⁹

Ein politikar med Jeffersons fartstid og erfaring var utvilsamt klar over at geografisk kunnskap om eit område var ein forutsetnad av avgjerande betydning for å kunne utnytte eit område økonomisk og eventuelt leggje det under sin jurisdiksjon. Han var også klar over at Dei sameinte statane låg bak dei andre aktørane i Nordvesten når det gjaldt å innhente informasjon om, og kartleggje, området. Lewis og Clark hadde i tråd med dette ordre om å føre journalar der området topografi, jordsmonn, mineralførekomstar, samt dyre- og planteliv skulle skildrast i detalj. Då den tre år lange ekspedisjonsferda gjennom innlandet var fullendt måtte Lewis og Clark skuffe dei som tenkte seg at Columbia River var den avsluttande delen av ei uavbroten vasslinje gjennom kontinentet. Lewis og Clark sin rapport over området avdekkja imidlertid tilhøve som også vakte optimisme hos dei som tenkte seg at områda vest for Rocky Mountains hadde kommersielt potensiale.

Ein av dei som såg mogleiker i Lewis og Clark sin rapport var John Jacob Astor, ein mektig forretningsmann frå New York.⁴⁰ I 1810 grunnla Astor The Pacific Fur Company og året etter oppretta han den fyrste amerikanske handelsposten og busetnaden av betydeleg storleik på Stillehavskysten, nemleg Fort Astoria ved munningen av Columbia River. Aktiviteten som fann stad som følgje av Astor sitt engasjement førte til at ytterlegare kartlegging av området vart ført i pennen av amerikanarar. Det lukkast også mannskapet til Astor å finne ei langt enklare rute frå vest til aust, som etter kvart skulle få namnet The

³⁹ Brev frå Jefferson til Lewis, gjengjeve i Jeffersons innleiande essay: "The life of Captain Lewis" i *History of the Expedition under the Command of Captains Lewis and Clark to the Sources of the Missouri, thence across the Rocky Mountains and down the River Columbia to the Pacific Ocean. Performed during the Years 1804-5-6. Prepared for the Press by Paul Allen, Esquire. In two Volumes*, s.xiv. University Microfilms, INC.: Ann Arbor, 1966 (1814).

⁴⁰ John A. Hawgood, *The American West*, Eyre and Spottiswoode: London, 1967, s.99.

Oregon trail, noko som gjorde transport og kommunikasjon til lands langt enklare enn tidlegare.⁴¹ Då det brøyt ut krig mellom England og Dei sameinte statane i 1812, førte rykte om at delar av den britiske marinen var på veg for å okkupere fortet til at Astor i 1813 selde heile eigedommen til eit britisk handelsselskap som hadde teke opp konkurransen med Hudson Bay Company, nemleg North West Company. Då marineutsendingane nådde fram til fortet fann det likevel stad ein seremoni der det britisk flagget vart heist og fortet erklært for å tilhøyre England, sjølv om det allereie var britisk eigedom. I fredsavtalen som vart inngått mellom dei stridande partane i 1814, Ghent-traktaten, skulle blant anna alle landegrensar frå før krigen gjenopprettast, noko som førte til at Fort Astoria vart tilbakeført som amerikansk eigedom til tross for Astors frivillige sal.

I 1818 tok britiske diplomatar i mot Albert Gallatin og Richard Rush, offisielle talspersonar for amerikanske myndigheiter i høvesvis Frankrike og Storbritannia, for å avklare forhold mellom dei to partane som framleis var uklare etter krigen i 1812. I laupet av forhandlingane dukka spørsmålet om korleis ein skulle kome fram til ei permanent oppdeling av oregonterritoriet opp. Gallatin og Rush føreslo å forlenge den allereie etablerte grensa mellom Louisiana-territoriet og dei britiske områda i nord vestover, slik at grensa mellom dei to landa ville gå langs den 49. breiddegrad. Dei britiske representantane ved forhandlingsbordet føreslo for sin del at grensa skulle leggjast på linje med Columbia River. Innhaldet i dei to forslaga låg såpass langt frå kvarandre at det ikkje lukkast partane å kome fram til ei endeleg løysning. Det vart i staden oppretta ein midlertidig avtale som skulle gjelde i ti år framover. I tredje artikkel i 1818-avtalen heitte det seg dermed at:

It is agreed, that any Country that may be claimed by either Party on the North West Coast of America, Westward of the Stony Mountains, shall, together with it's Harbours, Bays, and Creeks, and the Navigation of all Rivers within the same, be free and open, for the term of ten Years from the date of the Signature of the present Convention, to the Vessels, Citizens, and Subjects of the Two Powers.⁴²

I artikkelen vart det vidare presisert at den midlertidige avtalen på ingen måte tok stilling til kven av partane som egentleg hadde rettmessig krav på området, men at avtalen vart oppretta for å hindre at fleire konfliktfylde situasjonar skulle oppstå mellom dei to.⁴³

⁴¹ Magne Dypedahl, *The Way West: Indian-White Relations on the Oregon Trail through Diverse Sources*, Upublisert hovudfagsoppgåve, UiO, 1991, s.17.

⁴² Artikkel tre, The Anglo-American Convention of 1818, publisert på verdsveven som ein del av Yale Law Schools Avalon Project, tilgjengeleg på nettstaden: http://avalon.law.yale.edu/19th_century/conv1818.asp (nedlastingsdato 1.5.2010) Tilgjengleg som trykksak: Hunter Miler, red., *Treaties and Other International Acts of the United States of America, Vol. 2, Documents 1-40 : 1776-1818*, Government Printing Office: Washington, 1931.

⁴³ Artikkel tre, The Anglo-American Convention of 1818.

Spania og Russland sine krav fell bort

Året etter dei angloamerikanske forhandlingane i 1818 møttes den amerikanske utanriksministeren, John Quincy Adams, og den spanske talspersonen overfor amerikanske myndigheiter, Luis De Onís, til forhandlingar som hadde som mål avspenne eit stadig meir spent forhold mellom Spania og Dei sameinte statane. Kjelda til det pressa forholdet låg mellom anna i det at Spania i aukande grad hadde vanskar med å utøve suverenitet over kolonidømet sitt. Ein av grunnane til dette var at fleire stader i grenseområda mot Dei sameinte statane byrja å få ein høg prosentdel av amerikanske innbyggjarar som ikkje var villige til å erkjenne spansk overmyndigheit. For å unngå ei eskalering av konfliktnivået mellom dei to landa signerte begge partar det som vart omtala som Adams-Onís-avtalen. Her vart mellom anna ei ny grense mellom dei to partane teikna opp som vest for Rocky Mountains var fastlagt til å gå langs 42. breiddegrad. Med fastsetjinga av denne grensa avslutta Spania sitt engasjement i oregonterritoriet og overførte sine 350 år gamle krav på råderett over området til Dei sameinte statane.⁴⁴

I 1824 og 1825 førte forhandlingar mellom russiske og høvesvis amerikanske og britiske diplomatar til at Russland avstod frå å gjere krav på områder sør for ei grense som vart trekt ved 54°40".⁴⁵ Adams-Onís-avtalen, i kombinasjon med traktatane som vart signerte etter forhandlingar med russarane, hadde ført til at kampen om råderetten over oregonterritoriet no berre hadde to deltakarar dersom ein såg på saka med angloamerikanske auge, nemleg Dei sameinte statane og Storbritannia.

Nye Anglo-Amerikanske forhandlingar

Kort tid etter at forhandlingane med Russland var avslutta, gjekk dei to attverande aktørane inn i nye forhandlingar for å finne ei løysing på grensetvisten før 10-årsfristen frå avtalen i 1818 gjekk ut. Gallatin vart igjen sendt til London som talsperson for amerikanske myndigheiter til forhandlingar som pågjekk i over eitt og eit halvt år, i perioden 1826-27.⁴⁶ Gallatin og dei britiske representantane kom seg i mellom fram til eit kompromiss som gjekk ut på å trekkje ei grense mellom Columbia River og 49. breiddegrad, men begge partar vart haldne tilbake av sine overordna som viste til allereie etablerte instruksar som hindra nokon

⁴⁴ For Adams-Onís-avtalen i fulltekst, sjå: http://avalon.law.yale.edu/19th_century/sp1819.asp (nedlastingsdato: 1. mai, 2010).

⁴⁵ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.103.

⁴⁶ Frederick Merk, "Albert Gallatin and the Oregon Problem" i Merk, *The Oregon Question*, s.185.

form for kompromiss. Gallatin og dei britiske diplomatane var såleis tvungne til å fortsetje forhandlingane utifrå forslaga frå 1818.⁴⁷

Mot det amerikanske forslaget om å trekkje grensa langs 49. breiddegrad hadde britane det å innvende at ei slik grense ville dele opp Vancouver Island på ein lite formålstenleg måte, samt stenge av Juan del Fucas stred for britane og dermed innskrenke britiske innseglingsmogleikar drastisk. Gallatin valde å tøyje dei strenge forhandlingsinstruksane han hadde motteke og svarte på denne innvendinga ved å seie at amerikanarane var villige til å avstå frå heile øya. Han tilbydde også britane uavgrensa rett til å nytte Columbia River som kommunikasjonsveg. Gallatin påpeikte at dersom britane sitt krav om ei grense langs Columbia River vart godteke, ville ikkje amerikanarane ha tilgang på andre hamner enn den lunefulle munningen til den viltre elva, noko som ikkje tilfredstilte dei amerikanske behova. Britane møtte denne oppmodinga ved å tilby amerikanarane fleire hamner langs Olympic Peninsula, vel vitande om at dei britiske marinebasane i Puget Sound kunne gjere desse hamnene ubruklege dersom ein krig skulle bryte ut.⁴⁸ Etersom ingen av partane kunne bøye av i tilstrekkelig grad overfor den andre partens behov og forslag, enda forhandlingane i at avtalen om delt okkupasjon frå 1818 vart fornya på ubestemt tid. Det vart imidlertid lagt til eit tillegg til den gamle avtalen som stadfesta at dersom den eine parten ville avslutte samokkupasjonen måtte eit skriftleg notat sendast den andre parten eitt år i førevegen. Eit slikt notat skulle føre til at ein hadde eitt år på å forhandle fram ei løysing som kunne avslutte forholdet på ein måte som begge kunne trivast med.⁴⁹

Hudson Bay Company og britiske interesser

At forhandlingane i 1826-27 ikkje førte fram til eit kompromiss skuldast mellom anna at Hudson Bay Company stadig utvida sin aktivitet i området og difor ikkje var tent med at samokkupasjonen vart avslutta. Selskapet, som var ein betydeleg maktfaktor, la i tråd med dette sterke band på dei britiske representantane ved forhandlingsbordet.⁵⁰ Fornyinga av avtalen frå 1818 sørgde for at Hudson Bay Company sin aktivitet i, og kontroll over, området kunne utvidast i ennå sterkare grad. Selskapet hadde i 1821 slått seg saman med North West Company som hadde utvikla seg til å verte ein sterk konkurrent. Suksessen til North West Company skuldast særleg at selskapet gjennom fleire ekspedisjonar hadde lukkast i å bli ein

⁴⁷ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.104.

⁴⁸ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.105 og Frederick Merk, "Albert Gallatin and the Oregon Problem" i Merk, *The Oregon Question*, s.107-88.

⁴⁹ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.105.

⁵⁰ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.104.

autoritet på området geografi.⁵¹ Alexander MacKenzie, som hadde vore den fyrste kvite til å krysse Det nordamerikanske kontinent til lands, og Simon Fraser, som hadde utforska og kartlagt Fraser River, arbeidde begge for selskapet og hadde gjennom sin utforskningsaktivitet sørja for at selskapet kunne nytte seg av langt meir effektive ruter mellom aust og vest enn det konkurrentane deira kunne.⁵² Med samanslåinga kunne no Hudson Bay Company nytte godt av North West si opparbeiding av eksklusiv kunnskap om oregonterritoriets geografi, som, i tillegg til det sistnemnte selskapets fort og handelspostar i området, førte til ei effektivisering og utviding av Hudson Bays handelsnettverk i åra som kom.

Seint på 20-talet sette Hudson Bay Company i verk ennå eit tiltak som skulle gjere handelsverksemda meir lønsam og effektiv, nemleg ei omfattande jordbruksdrift i området rundt Puget Sound. Tanken var at jordbruksselskapets produksjon skulle gjere handelspostane i nordvesten sjølvforsynte slik at utgiftsposten til mat, og særleg då transportkostnadane, skulle verte reduserte til eit minimum. Selskapet driftssjef, William McLoughlin, sørjde for ein storstilt import av kveg frå California, svin frå Hawaii og sau frå British Columbia, samt omfattande klargjering av jorder som snart vart åstad for kveite- og maisåkrar. McLoughlin sine jordbrukstiltak var så vellukka at produksjonsmengda haldt handelspostane meir enn sjølvforsynte. Mot slutten av 1830-talet vart overskotet frå Hudson Bays jordbruksnæring så stort at eit dotterselskap, Puget Sound Agricultural Company, vart oppretta for å administrere eksporten av overskotsvarene. Den vellukka jordbruksnæringa førte også til ein auke i talet på britiske settlarar som slo seg ned i området og busette seg permanent. Ved starten på 1840-åra reknar ein med at fleire tusen britar hadde slått seg ned som jordbrukarar i området rundt Puget Sound, noko som peiker i retning av at det britiske nærveret i regionen var dominerande.⁵³

I 1842 sank imidlertid den britiske interessa for området på fleire måtar. Avsluttinga av Opiumkrigen hadde ført til opninga av ei rekkje kinesiske hamner, og fleire handelshus som før hadde vore viktige ledd i vidareformidlinga av pelshandelen som Hudson Bay Company var kjernen til, skifta no merksemda si frå Stillehavskysten og Det nordamerikanske kontinent, til handel med Austen. Med mindre aktivitet i handelsnæringa vart oregonterritoriet også eit mindre attraktivt område å busette seg i for britiske settlarar. Nyoppretta britiske

⁵¹ Frederick Merk, "The Gost River Caledonia in the Oregon Negotiation of 1818" i Merk, *The Oregon Question*, s.64.

⁵² Ray Allen Billington, *Westward Expansion: A History of the American Frontier*, 3.utg., The Macmillan Company: New York, 1967, s.510.

⁵³ Billington, *Westward Expansion*, s.512.

koloniar i New Zealand og andre stader førte også til at straumen av settlarar inn oregonterritoriet tidleg på 40-talet stoppa opp og til ein viss grad også snudde om.⁵⁴

Amerikansk oregonentusiasme - misjonærane og pioneranes inntog

Hudson Bay Companys utviding av aktivitet i, og kontroll over, oregonterritoriet, skapte sterk uro blant ei lita gruppe ekspansjonsvenlege amerikanarar. Særleg gjaldt dette for ein av Virginias representantar i Representantanes Hus, Dr. John Floyd. Frå tideleg på 1820-talet nytta Floyd kvart eit høve som kongressmedlem til å ta oregonspørsmålet opp til debatt og klarte på eiga hand å setje i gang eit oppheita ordskifte kring amerikansk ekspansjon som skulle strekkje seg over fleire kongressesjonar.⁵⁵ Floyd lukkast å bli valt som leiar av ein komité som hadde i oppgåve å lage ein rapport over oregonterritoriets busetnads- og handelspotensiale, samt gje ei oversikt over amerikanske busetnadar som allereie var etablerte i området. Rapporten som førelåg i januar 1821, var tydeleg prega av Floyd sin entusiasme overfor Oregon og sette området i eit særskild flatterande lys. Floyd sin rapport vart av Thomas Hart Benton, ein seinare forkjempar for eit amerikansk Oregon, gjeven store delar av æra for at oregonterritoriet sin eksistens og potensiale vart gjort kjend for framtidige amerikanske pionerar.⁵⁶

Andre tidlege oregonentusiastar inkluderte mellom anna Hall Jackson Kelly, ein lærar frå Massachusetts som gjennom 20-åra agiterte sterkt for at myndigheitene skulle støtte opp om oppretting av amerikanske busetnadar i området. Gjennom avisinnlegg, pamflettar, brosjyrar og talar sørge Kelly for ei storstilt spreiding av informasjon om Oregon til innbyggjarane i New England. I 1828 grunnla Kelly emigrasjonsforbundet The Colonization Society, med det mål for augo at medlemsmassen i forbundet skulle transplanterast til Oregon og danne ein koloni med same moral og føremål som den puritanarane hadde oppretta 200 år tidlegare i Massachusetts Bay. Historia skulle med andre ord gjentakast og Oregon skulle tilslutt verte ein amerikansk modellstat.⁵⁷ Sjølv om Kelly skapte stor entusiasme for Oregon i New England, noko som forbundets raskt veksande medlemsmasse var eit teikn på, lukkast han og forbundsfellene hans aldri å kome lenger vest enn til organiseringsfasen av reisa.

Kelly lukkast imidlertid å inspirere andre, som, i motsetnad til han sjølv, faktisk lukkast i å nå fram til oregonterritoriet. Ein av desse var Nathaniel J. Wyeth, ein vellukka forretningsmann frå Cambridge, Massachusetts. Wyeths planar var av ein meir nøktern

⁵⁴ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.105.

⁵⁵ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.104.

⁵⁶ Billington, *Westward Expansion*, s.512.

⁵⁷ Billington, *Westward Expansion*, s.514.

karakter enn Kellys og gjekk i hovudsak ut på å samle kring 50 menn som delte hans tru på ei framtid i Oregon og som skulle vere ”industrious and temperate[...]of good constitutions and peacible[sic] dispositions.”⁵⁸ Dei reisande skulle alle verte deleigarar i eit aksjeselskap som skulle spesialisere seg på den næringsvegen som viste seg å vere mest hensiktsmessig i området dei bestemte seg for å busetje seg i. Wyeth og hans samansvorne slo seg ned og reiste eit fort ved munningen til Willamette River, ikkje så langt frå det dåverande hovudkvarteret til Hudson Bay Company, Fort Vancouver. Å kjempe seg inn i ei næring som allereie var dominert av Hudson Bay Company var inga lett oppgåve, og etter kort tid så Wyeth og hans selskap seg nødt til å selje både eigedom og føretak til det som under leiinga til McLoughlin vart omtala som områdetets venlege, men nådelause kjempe.⁵⁹

Den formidlinga av informasjon om Oregon som Kelly og Wyeth stod for, gjorde territoriet kjent for ei stor mengd amerikanarar som tidlegare ikkje hadde vore merksame på området eksistens. Informasjonsformidlinga til menn som desse to kunne imidlertid på ingen måte måle seg med den som vart setten i gong etter at American Board of Commissioners for Foreign Missions tidleg på 30-talet bestemte seg for å gjere oregonterritoriet til eit satsingsområde for misjonen. Gjennom illustrerte skildringar av indianarane i Oregon sitt ugudlege levevis i ei mengd publikasjonar, vart store folkeskarar overtydd om at ei misjonsverksemd måtte dirigerast vestover for å forhindre tapet av fleire uskuldige sjeler. Særleg fekk eitt brev som vart publisert i *the Christian Advocate and Journal* i 1833 dei finansielle bidraga til støytt for oregonmisjonen til å strøyme inn. Brevet innehaldt ei fabrikkert historie om ei gruppe indianarar som hadde kjent behovet for omvending så sterkt at dei hadde reist tvers over kontinentet og trossa alle dei farane ei slik reise innebar eins ærend for å få kjennskap til den kristne trua. Den sær innflytnadsrike Wilbur Fisk, metodistprest og president for det metodistisk funderte Wesleyan University, gjorde seg til talsperson for mobiliseringa av oregonmisjonen og etterlyste ”men with the spirit of martyrs”⁶⁰ som skulle ta på seg det farefulle oppdraget og spreie Bibelens ord vestover.

Ein slik martyr vart funnen i Pastor Jason Lee som i september 1834, nådde Willamette Valley og oppretta den fyrste amerikanske misjonsposten. Det skulle raskt vise

⁵⁸ Wyeth sitert i: Billington, *Westward Expansion*, s.514.

⁵⁹ Billington, *Westward Expansion*, s.516. Hudson Bay Companys vennlegheit gav seg gjerne til kjenne ved at nykomarar vart hjelpe med det dei mangla av jordbruksutstyr, husdyr og gjerne også føde i byrjinga av etableringsfasen. På den andre sida fann selskapets nådelausheit sitt uttrykk ved at det knebla dei fleste forsøk på næringsstiltak som kom i konflikt med selskapets egne interesser og ettersom mange settlarar allereie stod i økonomisk gjeld, for ikkje å snakke om takksemdegjeld, til selskapet, gjekk denne kneblinga i mange høver nærast av seg sjølv. Sjå mellom anna: Frederick Merk, “The Oregon Pioneers and the Boundary” i Merk, *The Oregon Question*, s.234-254.

⁶⁰ Fisk sitert i: Billington, *Westward Expansion*, s.518.

seg at indianarane i nærleiken av misjonsposten ikkje var like sterkt motiverte for omvending som dei fabrikkerte indianarane i brevet frå *the Christian Advocate*. Dette skuldast nok særleg at ein malariaepidemi herja stammene i nedre del av Columbia River i 1830-åra. I laupet av tiåret skulle denne epidemien føre til at 75 prosent av indianarane i området måtte bøyte med livet. 30-års malariaepidemi var imidlertid berre eitt av mange epidemiutbrot blant indianarane i denne perioden. I kontakt med kvite handelsmenn vart indianarane hyppig utsette for mellom anna koppar, meslingar og influensa, og ei oppteljing av indianarar i 1841 viste at talet på innfødde i området hadde blitt redusert med 92 prosent, frå 14 000 til ca. 1200, sidan Lewis og Clark si fyrste oppteljing i 1805.⁶¹

Epidemiane gjorde misjonsaktivitet blant området sine indianarar særst vanskeleg og misjonærane retta difor snarleg fokus mot dei kvite jordbrukarane i Willamette Vally. Sjansen for at misjonen med tida skulle lukkast blant indianarane, ville verte større dersom den kristne læra allereie hadde eit sterkt fundament blant området sine kvite settlarar. For å auke den kristne andelen av området sine innbyggjarar, byrja dermed Lee ein storstilt kampanje for å vende om området sine kvite, og å auke migrasjonsstaumen vestover. Lee bad stadig the Methodist Board of Mission om å sende forsterkingar i form av fleire misjonærar slik at misjonen skulle få ei større rekkevidde. I tillegg til å auke antal forkynnarar, var Lee også oppteken av å få rettruande menneske med ”nyttige” yrker til å slå seg ned i Willamette Vally. I 1838 reiste så Lee på ein turné for å fremje Oregon, og særleg då Willamette Vally, som emigrasjonsmål, samt for å skaffe sponsorar for vidare misjonsverksemd.

Lee og andre tidlege misjonærutsendingar sine skildringar av misjonsaktiviteten i oregonterritoriet vart publisert og lese i stor skala heime i Dei sameinte statane. Det var imidlertid ikkje misjonens progresjon som vakte størst interesse hos lesarane, men heller dei delane i rapportane som skildra eit mildt og godt klima, fruktbar og lett dyrkeleg jord, samt rikelege førekomstar av laks i elvene og vilt i skogane. Særleg lydhøre for skildringane som samanlikna jordbrukspotensialet i delar av Oregon med Ohio og Michigan, var bøndene i Midtvesten, som vart råka hardt av *the panic of 1837*, ei økonomisk krise som ramma store deler av verda seint på 30-talet.⁶² Eit anna høve ved misjonsrapportane som også vakte oppsikt var at reisa tydelegvis var overkommeleg for kvinner ettersom misjonærane sine koner hadde lukkast i å føreta seg den lange reisa over kontinentet. Fleire stader i Mississippi

⁶¹ William Dietrich, *Northwest Passage: The Great Columbia River*, University of Washington Press: Seattle, 1996, s.161.

⁶² Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.106.

Vally vart det mot slutten av 30-talet danna Oregon Societys der heile familiar planla å utføre reisa vestover saman med andre så snart dei vart mange nok og riktig utstyrte.⁶³

Seint på 30-talet byrja så det me kan kalle den verdslege migrasjonen vestover for alvor å ta form. Gruppene som la ut på den 320 mil lange reisa langs The Oregon Trail⁶⁴ vart stadig større og nøyt godt av ekspertisen til misjonærar som hadde gjort reisa tidlegare og no var villige til å vise veg for andre.⁶⁵ Særleg markerte 1843 eit vendepunkt i migrasjonsrørsla vestover då ei gruppe på over 1000 reisande, i tillegg til over 5000 kveg, kom velberga fram til Willamette. Denne hendinga vart referert til som *the Great Migration*, eit omgrep som også vart nytta om dei engelske puritanaranes fyrste migrasjonsbølgje vestover i perioden 1629-30.⁶⁶ I 1845 nådde så mange som 3000 nye settlarar områda rundt Willamette Vally og talet på amerikanske innbyggjarar vart dermed dobla til 6000 totalt.⁶⁷ Pionerane slo seg i hovudsak ned i det fruktbare dallandskapet mellom Coast Range og Cascade Range, samt i området rundt den nedre delen av Columbia River. Andre busetnadar vart oppretta i nærleiken av dei mange forta og misjons- og handelspostane som ofte låg strategisk plassert i fruktbare områder langs oregonterritoriets mange elver, eller ved områda langs kysten som baud på innseglingmogleikar. I byrjinga var dei fleste settlarane i aller høgste grad avhengige av hjelp frå allereie etablerte innbyggjarar og mange sette seg raskt i gjeld til aktørar som til dømes Hudson Bay Company som kunne forsyne nykommarane med jordbruksutstyr og husdyr.

Etter kvart som emigrantsamfunna vart større og meir komplekse, såg mange eit behov for oppretting av eit lovverk som gjaldt for alle dei residerande i området. I følge samokkupasjonsavtalen var engelske og amerikanske borgarar kun forplikta til å forhalde seg til sin nasjons lovverk og ingen av partane hadde rett til å leggje den andre partens borgarar under sin jurisdiksjon. Dette skapte i aukande grad problem ettersom emigrantar frå begge nasjonane omgjekk kvarandre til dagleg og ofte hamna i konfliktar med kvarandre. Hudson Bay Company hadde fått løyve frå britiske myndigheiter til å opprette ein domstol som kunne avgjere tvistar av mindre alvorleg karakter mellom dei engelske settlarane. Alvorlege konfliktar skulle for britane sin del løysast i Canada. Dei amerikanske settlarane hadde på den andre sida gjentekne gonger oppmoda amerikanske myndigheiter om å innsetje ei form for lovhandhevande organ i området, men hadde ikkje lukkast i å nå igjennom med oppmodinga.

⁶³ Dypedahl, *The Way West*, s.22.

⁶⁴ The Oregon Trail starta i Independence, Missouri, og enda opp ved Fort Vancouver.

⁶⁵ Dietrich, *Northwest Passage*, s.175.

⁶⁶ David H. Fisher, *Albion's Seed: Four British Folkways in America*, Oxford University Press: New York, 1989, s.17.

⁶⁷ Billington, *Westward Expansion*, s.528.

Særleg uroa mange seg over den uvissa som oppstod når ein ikkje hadde ei ordning som anerkjende eigarskap av jord.⁶⁸

I mangel på eit etablert lovhandhevande organ hendte det ved særskilde høve at eit provisorisk midlertidig rettsapparat vart oppretta. Dette skjedde fyrste gong i 1841 etter dødsfallet til Ewing Young, ein av dei mest velhavande settlarane i Willamette Vally. Young etterlot seg ingen arvingar eller testamente, noko som førte til at dei gjenverande settlarane hamna i villreie når det gjaldt å finne ut av kva som skulle gjerast med Young sin eigedom. Det vart i etterkant av gravferda til Young sett saman ein domstol som skulle avgjere saka etter prinsippa som var nedfelde i lovverket som var etablert for staten New York. Ettersom ein ikkje hadde tilgang til dei konkrete lovdokument, vart dommaren gjeven løyve til å rekreere lovverket fritt etter hukommelsen. Forsamlinga nytta høvet til å utnemne ein komité som fekk i oppgåve å utarbeide ei grunnlov for Oregon. Arbeidet vart imidlertid ikkje sett i gang.⁶⁹

I 1843 var busetnadane i Willamette Vally stadig plaga av at bodskapen vart angripen av villdyr og i februar vart det kalla inn til fleire allmøte for å kome fram til ei ordning som kunne trygge dyra. Desse møta, dei såkalla Wolf Meetings, var eit startpunkt for utviklinga av lokale myndigheiter. Under eitt av møta vart det føreslått å utnemne ein komité som skulle vurdere tiltak for å skape trygge rammer for busetnaden både militært og sivilt. Møta haldt fram utover halvåret og i juli vart ein komité som skulle utarbeide ei grunnlov utnemnt. Det vart gjort klart at grunnlova berre skulle gjelde inntil "the United States of America extend their jurisdiction over us."⁷⁰ Med det store inntoget av nykomarar same året måtte dei myndigheitsutøvande organa tilpassast slik at dei vart representative for innbyggjarsamansetjinga, og først i juli 1845, vart ei lovsamling endeleg vedteken av dei stemmeberettiga.⁷¹

Fastlåst diplomati og aukande engasjement i Kongressen

John Floyd introduserte, som nemnt ovanfor, oregonterritoriet og spørsmålet om oppdelinga av dette som sak i Kongressen tidleg på 1820-talet. I 1829 avslutta Floyd sin karriere i Representantanes hus og blesten rundt oregonspørsmålet stilna dermed for ei stund. Frå midten av 30-talet fekk imidlertid debatten kring oregonterritoriet i Kongressen vind i segla att, ettersom senator Lewis F. Linn frå Missouri på mange måtar tok over rolla som Floyd

⁶⁸ Sjå særleg: "The Problem of Law and Order: A Government for the Colony", kapittel tolv i Johansen og Gates, *Empire on the Columbia*.

⁶⁹ Billington, *Westward Expansion*, s.529.

⁷⁰ Frå innleiinga til lovteksten, sitert i: Billington, *Westward Expansion*, s.530.

⁷¹ Billington, *Westward Expansion*, s.531.

hadde hatt på 20-talet. Linn nytta eitt kvart høve, slik Floyd hadde gjort tidlegare, til å legge fram ei rekkje resolusjonar som mellom anna føreslo militær okkupering av Columbia River, utviding av amerikansk jurisdiksjon over heile området, avvikling av avtalen om samokkupasjon og å tilby gratis jord til alle amerikanske settlarar.⁷² Linn hevda at dersom Dei sameinte statane ikkje handla og gjorde krav på det som han meinte var deira land, ville britane snarleg regjere heile området ned til grensa mot California.

Mot slutten av 30-talet vart Linn si oppfatting av at oregonterritoriet tilhøyrdede Dei sameinte statane delt av eit stadig veksande gruppe i Kongressen som blant anna inkluderte Thomas Hart Benton og John C. Calhoun. Det var imidlertid ikkje einigheit blant ekspansjonistane om at amerikanarane hadde krav på området heilt opp til 54°40" eller om ei grense langs 49. breiddegrad var tilfredsstillande.

Den utøvande delen av amerikanske myndigheiter hadde på dette tidspunkt ikkje uforma nokon konsekvent politisk linje i saka. Området vart likevel vist aukande merksemd ettersom talet på amerikanske oregonsettlarar vart høgare og statleg finansierte ekspedisjonar vart sendt vestover for å innhente meir informasjon om området. I 1836 vart W. A. Slacum sendt ut av Jackson-administrasjonen for å kartleggje tilhøva langs kysten. Året etter vart erfaringane til Slacum publiserte i ein rapport som innehaldt særers positive merknader om Oregons potensiale som jordbruksområde. Rapportar som dette, i kombinasjonen med dei særers oregonfeirande misjonsrapportane, auka iveren etter å reise vestover, eit fenomen som mot slutten av 30-talet gjerne vart referert til som "oregonfeber".

I 1839 vart Løytnant Charles Wilkes sendt av garde til Stillehavskysten av Van Buren-administrasjonen. Han kunne etter fleire år med utforsking av kysten og kystområda melde at amerikanarane absolutt burde gjere krav på råderett over heile territoriet opp til 54°40". Å avstå frå å okkupere området i sin heilskap ville vere det same som å "give up what may be considered a storehouse of wealth in its forests, furs and fisheries."⁷³ Demokraten Wilkes sine positive skildringar av området vart imidlertid ikkje gjort offentlege i sin heilskap før 70 år etter reisa. Dette hadde mellom anna si skuld i at Tyler-administrasjonen, som hadde teke over etter William Henry Harrisons dødsfall i 1841, arbeidde for å førebu retningslinjer for forhandlingar med britane som skulle ta til same året. Ein frykta at det lovprisande innhaldet i Wilkes sin rapport kom til å byggje sterkt oppunder argumenta til dei som agiterte for

⁷² Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.106.

⁷³ Charles Wilkes, "Report on the Territory of Oregon", *Quarterly of the Oregon Historical Society*, September 1911, s.269-99, s.293-294.

annektering av heile området, samt skape grobotn for *anglofobia*, noko som ville vengeklippe det nye forhandlingsforsøket.⁷⁴

Representantane som møttest for å avklare uavklarte angloamerikanske forhold denne gongen, møttes i Washington til to forhandlingssesjonar i 1841 og 42 og var den amerikanske utanriksministeren, Daniel Webster, og Alexander Baring, fyrste Baron av Ashburton. Sjølv om dei to utsendingane fekk løyst fleire tvistar som framleis eksisterte mellom dei to landa, lukkast dei ikkje i å kome fram til einigheit i oregonspørsmålet.

Ashburton sine instuksar hadde hastig blitt teikna ned av ein av dei britiske representantane frå forhandlingane i 1826-27 og gjentok kravet om å trekkje grensa langs Columbia River. Dette kravet tvang Webster til å gjenta innvendinga frå 1826 om at ei slik oppdeling ikkje ville tilfredsstille det amerikanske behovet for gode hamner. Ei løysing på problemet med manglande hamner vart etter kvart føreslått frå den amerikanske sida. Denne gjekk ut på at amerikanarane kunne godta ei grense langs Columbia River dersom dei som kompensasjon for dei tapte hamnene ved Puget Sound og Vancouver Island fekk råderett over Mexicos San Francisco Bay.⁷⁵ Ashburton hadde i utgangspunktet ingen innvendingar mot ei slik løysing, men kunne imidlertid ikkje love britisk støtte i arbeidet med å få mexicanske myndigheites samtykke i ei slik ordning. Avgjerda av oregonspørsmålet vart atter ein gong utsett på ubestemt tid.

At Webster-Ashburton-avtalen av 1842 ikkje inkluderte ei avklaring av grensedisputten i Oregon var eit faktum begge partar var særst misnøgde med. I Storbritannia oppmoda ein no Webster om å gje Edward Everett, som var offentleg utsending med fullmakt til å handle på vegne av amerikanske myndigheiter i London, løyve til å ta opp att forhandlingane der. Tyler-administrasjonen sette imidlertid ikkje i gang nye forhandlingar, til tross for den britiske oppmodinga om eit umiddelbart framhald. Då Tyler gav sin årleg tale i Kongressen i 1842, la han at på til skulda for at ingen framgang hadde funne stad i saken på britane, noko som gjorde det ennå vanskelegare for partane som argumenterte for eit kompromiss i saka. Misnøya med Storbritannia vart stadig tydlegare og meir eksplisitt blant ein del av kongressens medlemmer og særleg i visse delar av den amerikanske pressa.

Året etter førebudde imidlertid begge land seg på å starte opp att forhandlingane. For å hindre ei gjentakning av tidlegare forhandlingar vart mykje arbeid lagt ned for å gjere instruksane til forhandlingsutsendingane så fleksible som mogleg. President Tyler og

⁷⁴ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.107.

⁷⁵ Pletcher., *The Diplomacy of Annexation*, s.108 og Frederick Merk, "The Oregon Question in the Webster-Ashburton Negotiations" i Merk, *The Oregon Question*, s.189-215.

utanriksminister Abel P. Upshur, som no hadde teke over ministerposten til Webster, sendte Everett ei ny fråsegn som gjorde greie for amerikanaranes oppfatting av rettane til området i form av ein utbrodert gjennomgang av oregonterritoriets historie. Everett vart også gjeven full forhandlingsrett i spørsmålet.

Britiske myndigheiter hadde på si side førebudd seg på å fortsetje forhandlingane i Washington og hadde peika ut Richard Pakenham som representant for den britiske sida i konflikten. Då Everett gav britiske myndigheiter beskjed om at amerikanarane var klare til å gjenoppta forhandlingane i London att, vart han fortalt at han gjerne måtte leggje fram det amerikanske forslaget, men at britane haldt fast på Washington som åstad for dei neste formelle forhandlingane.⁷⁶ I håp om å kunne påverke instruksane som vart førebudde for Pakenham, engasjerte Everett den britiske utanriksministeren, George Hamilton-Gordon, Jarlen av Aberdeen, i uformelle samtalar månaden før den offisielle britiske fråsegna skulle presenterast. Slike uformelle samtalar skulle få ei viktig rolle i oregonforhandlingane vidare. Ettersom ingen av partane hadde firt på krava i tidlegare forhandlingar vart det no i aukande grad mindre ynskjeleg å vere den av partane som fyrst presenterte eit forslag til løysing som trakk tilbake tidlegare krav. Uoffisiell form for kommunikasjon vart såleis ein viktig del av forhandlingane ettersom slik meiningsutveksling opna opp for at partane kunne fremje forslag utan at dette nødvendigvis medførte tap av ansikt.⁷⁷

I den offisielle instruksen til Pakenham, som var ferdig utarbeidd 28. desember 1843, heitte det seg at britane framleis ville trekkje grensa langs Columbia River, men amerikanarane skulle no innvilgast fri tilgang til hamner i Puget Sound og rundt Vancouver Island. I private samtalar med Aberdeen fekk Pakenham imidlertid beskjed om at dersom amerikanarane ikkje godtok det offisielle forslaget, skulle han freiste å få den amerikanske representanten til å fremje følgjande forslag: ei grense langs 49. breiddegrad og fram til kysten, noko som ville overlate Vancouver Island i sin heilskap til britane, fri tilgang for britane til hamner mellom Columbia River og 49. breiddegrad og fri bruk av Columbia River for begge partane. Sjølv om dette forslaget ikkje var godkjent av det britiske kabinettet, var Aberdeen rimeleg sikker på at det ville verte godteke dersom det kom frå amerikansk hald.⁷⁸

Oregonspørsmålet vakte stadig meir merksemd tidleg på 40-talet og var no eit samtaleemne som engasjerte langt fleire enn medlemmene i dei ulike Oregon societies i Midtvesten. Oppfattinga av at amerikanarane hadde rett til heile territoriet, frå 42. breiddegrad

⁷⁶ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.218.

⁷⁷ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.222.

⁷⁸ Frederick Merk, "Arbitration only at the Cannons Mouth!" i Merk, *The Oregon Question*, s.217.

og opp til 54°40", var ei oppfatning som i aukande grad vart delt av fleire. Ein feira dei tidlegare, for ikkje å snakke om dei heilt nye, oppdagarane som hadde gjeve amerikanarane retten til området som folkeheltar og nasjonsbyggjarar. Pionerane som emigrerte til området vart ofte opphøgde og feira på same måte. I kongressens debattar rundt spørsmålet vart slagord som "the whole of Oregon" vanlege i innlegga.⁷⁹ Demokratar frå Midtvesten allierte seg med ekspansjonsvennlege partifellar frå sørvest og aust, og freista i å gjere ekspansjon vestover, "the western cause", til *deira* sak i åra som kom. Ved Det demokratiske partiets nominasjonsmøte i Baltimore i 1844 stal "the re-occupation of Oregon and the re-annexation of Texas" mykje glans frå andre politiske saker og var sterkt medverkande til at partiets presidentkandidat vart ein markant talsperson for utviding av dei amerikanske grensene: James Knox Polk.⁸⁰

Tyler-administrasjonen syntes, i likskap med store delar av det amerikanske folket, å la seg fange av slagord av typen "the whole of Oregon" og i Tylers årsrapport over rikets tilstand i desember 1843, vart amerikanaranes rett til heile territoriet opp til 54°40" for fyrste gong uttalt frå denne kanten.⁸¹ Tyler plasserte, slik det hadde blitt gjort året før, skulda for at forhandlingane rundt oregonspørsmålet verka å vere så fastlåste på britane. I ein kommentar i forhold til Tyler-administrasjonens nye offisielle stilling til oregonspørsmålet, sa Everett etter samtalar med Aberdeen at eit slik krav kunne føre til at britane oppfatta ei grense langs 49. breiddegrad som eit kompromiss. Men Everett advarte også om at: "Care must be had, not to state our right up to 54.40[sic] so strongly, as to put ourselves in the wrong in receding from it."⁸²

Forhandlingane i 1843-44 var sterkt prega av valkampen i forkant av presidentvalet i Dei sameinte statane. Tyler håpte på å fornye sitt kandidatur for Whigpartiet og såg seg derfor ikkje tent med at oregonspørsmålet vart avgjort ved å fire på offisielt uttalte krav frå administrasjonen hans si side. Forhandlingane vart leia av Pakenham på den britiske sida og John Caldwell Calhoun, som hadde teke over for Upshur om utanriksminister, på den amerikanske sida.⁸³ Dei to møttes til seks konferansar i laupet av august og september i 1844,

⁷⁹ Sjå mellom anna: Robert W. Johannsen, *Stephen A. Douglas*, Oxford University Press: New York, 1973, s.167-171.

⁸⁰ Edward Stanwood, *A History of the Presidency from 1788-189*, Houghton Mifflin Company: Boston and New York, 1926(1892), s.215.

⁸¹ Norman A., Graebner, *Empire on the Pacific: A Study in American Continental Expansion*, ABC-Clio, Inc.: California, 1983 (1955), s.35.

⁸² Everett sitert i: Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.220.

⁸³ Calhoun tok brått over stillinga som utanriksminister i mars 1844, etter Upshur som døydde under ein oppvisningstur med den amerikanske marines nyervervde stoltheit, det dampdrivne og topp moderne krigsskipet "Princeton", ved ein feilslegen demonstrasjon av kanona "Peacemaker". Sjå Charles M. Wiltse, *John C. Calhoun: Sectionalist*, s.159-161.

men heller ikkje denne gongen lukkast det utsendingane å avslutte avtalen om samokkupasjon. Calhoun forhandla, som nemnt ovanfor, med instuksar som på best mogleg vis skulle vere konsistente med dei offisielle utsegnene til administrasjonen, og førte ei heller steil linje i forhandlingane. I Storbritannia skapte ein rapport om amerikansk militær opprustning rundt The Great Lakes sterk misnøye. Den amerikanske opprustinga brøyt med Rush-Bagot-avtalen av 1817 og skapte dermed ikkje nemneverdig vilje i administrasjonen under statsminister Peel, som i denne situasjonen heller ville sende krigsskip til Columbia River enn å inngå eit kompromiss på bekostning av britiske interesser i saka.⁸⁴ Calhouns manglande vilje til å avslutte samokkupasjonen fortast mogleg må også sjåast i kontekst med at han var blant dei som var overtydde om at det amerikanske innbyggjartalet i Oregon snarleg ville vere så høgt at det einaste naturlege var å innlemme regionen som ein amerikansk stat, slik tilhøvet allereie var med Texas. Det mest effektive amerikanarane kunne gjere i oregonspørsmålet var å utvise ”great and masterly inactivity.”⁸⁵ Forhandlingane var dermed relativt låste og samokkupasjonen av oregonterritoriet varte ved.

Polk vert president

Tyler lukkast ikkje i å bli attvald til ein ny periode som Dei sameinte statanes president. Presidentembetet tilfall heller demokratanes kandidat, James Knox Polk, som med knapp margin slo motkandidaten sin, Henry Clay. Polk vart, som nemnt ovanfor, nominert som demokratanes presidentkandidat mykje på grunn av sin vilje til ekspansjon. I det demokratiske valkampprogrammet som låg til grunn for hans nominasjon heitte det blant anna at den amerikanske retten til heile Oregon opp til 54°40”, var ”clear and unquestionable; that no portion of the same should be ceded to England or to any other power.”⁸⁶ Då Polk haldt sin innsetjingstale i mars, 1845, gjorde han det tydeleg at han ikkje hadde gløymt den politiske plattformen hans presidentkandidatur hadde kvilt på. Retten til Oregon vart framleis haldt fram for å vere ”clear and unquestionable” og akkurat desse orda var ramma inn av anførselsteikn, med klår referanse til valkampprogrammet, som for å vise at hans framtidige presidentgjerning skulle kunne tilbakeførast til lovnadane han hadde gjeve i forkant.⁸⁷

President Tyler hadde få dagar før innsetjinga av Polk i mars, skrive under på avtalen som formelt inviterte Texas til å slutte seg til sameininga av amerikanske statar. Innlemming

⁸⁴ Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.221.

⁸⁵ Calhouns syn vart for øvrig delt av Lord Castlereagh som ved eit høve uttalte til ein av dei amerikanske utsendingane at: ”you need not worry about Oregon, you’ll conquer her through your bedchambers”. Sjå Pletcher, *The Diplomacy of Annexation*, s.103.

⁸⁶ Graebner, *Empire on the Pacific*, s.36 og Frederick Merk, ”Presidential Fevers” i Merk, *The Oregon Question*, s.367.

⁸⁷ CG, Den 28. kongress, andre sesjon, 4. mars, 1845, s.400.

av Texas i Dei sameinte statane hadde vore ei viktig og sterkt dominerande sak blant amerikanske ekspansjonsentusiastar. Sjølv om det stod att ein del formalitetar før innlemminga av den nye staten var komplett, vart annekteringa av Texas i aukande grad tenkt på som ei avslutta sak og meir merksemd og spalteplass vart nytta på oregonspørsmålet. I Kongressen vaks det i kjølvatnet av debatten fram ein diskusjon som dreidde seg om den utøvande delen av myndigheitenes kontroll over nasjonens utanrikspolitikk. Eitt moment i denne diskusjonen dreidde seg om dei diplomatiske forhandlingane i regi av administrasjonen hadde utspelt si rolle, eventuelt også gjort skade for den amerikanske sida, i denne saken. Eitt anna moment utfordra presidentens rett til å på eiga hand initiere avgjerder i utanrikspolitiske saker, og haldt fram Kongressens rett til å diskutere og ha innflytelse i desse. I tråd med grunnlova var presidenten bevilga makt til å inngå avtalar med andre land, men desse skulle verte inngått fyrst etter rådslag med Senatet og berre med Senatets samtykke. Senator William Allen frå Ohio, var ein av dei som meinte at Senatets rolle i utanrikspolitiske avgjerder i lang tid hadde blitt oversett og at tyngda som var tillagt presidenten i desse avgjerdene var for stor og skapte ein ubalanse som ikkje harmonerte med grunnlova.⁸⁸ Tre tiår med diplomati hadde ikkje ført til anna enn at amerikanarane gang på gang hadde tilbudt å avstå frå områder som rettmessig tilhørde dei. Dersom heile Oregon skulle tilfalla rett part måtte ein slutte med forhandlingar sjølv om dette i yttarste konsekvens kunne leie til krig.⁸⁹

Då dei partia i president Polks fyrste årsrapport som gjorde greie for progresjonen i oregonforhandlingane vart lesne opp, kunne det virke som om dei diplomatiske forhandlingars tid var omme. Dei pågåande forhandlingane som var starta under Tyler hadde blitt følgt opp og avslutta av Polks administrasjon. Ettersom britane hadde avslått Polk-administrasjonens forslag til kompromiss, var heller ikkje dette tilbudet gjeldande lenger og Polk erklærte amerikanaranes krav på heile territoriet for gjenoppretta. Vidare i rapporten heitte det seg:

All attempts at compromise having failed, it becomes the duty of Congress to consider what measures it may be proper to adopt for the security and protection of our citizens now inhabiting, or who may hereafter inhabit Oregon, and for the maintenance of our just title to that territory. In adopting measures for this purpose, care should be taken that nothing be done to violate the stipulations of the convention of 1827, which is still in force. The faith of treaties, in their letter and spirit, has ever been, and, I trust, will ever be, scrupulously observed by the United States. Under that convention, a year's notice is required to be given by either party or the other, before the joint occupancy shall terminate, and before either can rightfully assert or exercise exclusive jurisdiction over any portion of the territory. This notice it would, in my judgement, be proper to give; and I recommend that provision be made

⁸⁸ Graebner, *Empire on the Pacific*, s.41.

⁸⁹ Graebner, *Empire on the Pacific*, s.40-42.

by law for giving it accordingly, and terminating in this manner the convention of the sixth of August, 1827.⁹⁰

President Polk sette dermed eit punktum for vidare diplomatiske forhandlingar basert på kompromiss og la med dette ansvaret for utforminga av det neste amerikanske steget i grensedisputten i hendene på Kongressen.

⁹⁰ Journal of the House of Representatives (Heretter: JHR), 2. des., 1845, s.23.

Kapittel 3

Den 29. amerikanske kongress

I Dei sameinte statanes 29. kongress trådde 266 kongressmedlemmer frå 27 statar saman til fyrste sesjon, 1. desember, 1845. 212 av desse var representantar i Representantanes Hus, medan dei resterande 54 hadde sine verv i Senatet. I tillegg kom åtte av Husets medlemmer som ikkje hadde rukke fram til Washington i tide, samt to delegatar utan stemmerett, høvesvis frå Wisconsin- og Iowa-territoret. Med innlemminga av Texas som sjølvstendig stat seint i desember 1845, vart det gjort plass til ytterlegare to senatorar frå 21. februar, samt to representantar i Huset frå slutten av mars. Alt i alt var dermed Dei sameinte statanes lovgjevande forsamling samansatt av 280 personar denne kongressesjonen.⁹¹

Kven var så desse nesten tre hundre menneska som saman var gjeve Dei sameinte statane sitt lovgjevande maktdomene? I dei følgjande avsnitta skal me stifte eit nærare kjennskap til Den 29. kongressens medlemmer.⁹² Dei forholda me skal sjå nærare på er i fyrste omgong generelle bakgrunnstrekk ved kongressmedlemmene som heilskapleg gruppe og som delt opp i to kammer. Me skal deretter sjå kva politiske parti, og kva politiske frontar, som støtte mot kvarandre i denne kongressen. I samband med presentasjonen av dei politiske frontane skal eg fyrst trekkje nokre linjer tilbake i tid for å streke under kva partipolitisk tradisjon partia i vår kongress var vidareførarar av.

⁹¹ Fire av dei 224 plassane i Representantanes Hus var ved kongressesjonens start ikkje besette. Dei ubesette verva hadde sine tilhøyre i statane New Hampshire, Massachusetts, Georgia og Tennessee. Jmf.: CG, 1. des., 1846, s.2.

⁹² Dei følgjande statistiske opplysningane har sitt utspring i mine egne utrekningar, basert på informasjon henta frå den til tider mangelfullt dekkande: *Biographical Directory of the United States Congress: 1744 to present*, tilgjengeleg på verdsveven: <http://bioguide.congress.gov/biosearch/biosearch.asp> (nedlastingsdato: 1.5.2010). Det skal i denne samanheng nemnast at tala eg har kome fram til i samband med yrkesfordeling, tidlegare verv i lovgjevande forsamling og tenestegjersle i militærvesenet vert å rekne som minimumstal, ettersom det har vist seg umogleg å innhente informasjon om samtlege av kongressmedlemmene. Når det gjeld tala for kongressmedlemmenes gjennomsnittsalder er desse komne fram til ved summering av den alderen medlemmene var komne opp i i 1845. Her skal det også nemnast at det ikkje har lete seg gjere å finne fram til fødselsdato for sju av medlemmene av Representantanes Hus, og at tala for dette kammeret kan avvike noko frå sanninga. Talet for senatorane er imidlertid basert på eit fullstendig reknestykke.

Karakteristika ved kongressens medlemsmasse

Om me skal gjere eit forsøk på å trekkje fram karakteristika og generelle trekk ved medlemsmassen i Den 29. kongressen, vert eit fyrste trekk som er verd å nemne det faktum at samtlege av medlemmene var menn. Som trekk nummer to og tre kan det nemnast at eit overveldande fleirtal av desse menna hadde passert 40, samt studert jus og praktisert som advokatar før dei vart valde til å representere delstaten sin i Kongressen. Eit fjerde kjenneteikn er at eit stort fleirtal av medlemmene tidlegare hadde hatt verv i ei lovgjevande forsamling, anten på føderalt- eller enkeltstatsnivå. Om me skil kongressens to kammar frå kvarandre og freistar finne fellesnemnarar for kvart einskild kammer, stemmer trekka som er nemnt ovanfor i sterk grad, men bør nyanserast litt.

Gjennomsnittsalderen for kongressmedlemmene som samla gruppe var i 1845 44 år. Når me ser på kvart kammer for seg teiknar det seg imidlertid opp eit skilje i gjennomsnittsalderen mellom dei to på heile åtte år. I Senatet var ungdommen representert ved at sju som framleis befann seg i trettiåra sat plassert ved kvar sin senatorpult. Ved dei resterande pultane fann ein 23 menn i førtiåra, 18 i femtiåra og åtte som hadde passert seksti. Denne klåre dominansen av menn godt over 40, gjorde sitt til at aldersnittet for Senatet låg ein liten desimal under 50. Medlemsmassen i Representantanes Hus stod dermed i samanlikning med senatorane fram som ei ungdommeleg forsamling med sin gjennomsnittsalder på 42. Dei som trakk ned snittet i dette kammeret var fyrst og fremst dei fire av representantane som ennå befann seg i tjuåra, samt dei 83 som framleis var i trettiåra. Resten av plassane i Huset var besett av 91 menn i førtiåra, 39 i femtiåra, seks i sekstiåra og til sist som eldstemann og krona på verket, ein 78-åring, nemleg den tidlegare presidenten og utanriksministaren, John Quincy Adams.

Representantanes Hus skilde seg dermed frå Senatet når det gjaldt alder hovudsakleg på to måtar. For det fyrste var aldersspennet i Huset sin medlemsmasse strekt lenger enn Senatets i begge retningar på aldersaksen, frå 28 til 78 mot Senatets 33 til 69. For det andre befann hovudtyngda av Husets medlemmer seg, 77 prosent, i tretti- og førtiåra, medan hovudtyngda av Senatets medlemmer var plassert ti år lenger opp på aldersaksen og befann seg i førti- og femtiåra. Som konklusjon var medlemsmassen i Huset både yngre og spreidd meir utover aldersaksen enn Senatets.

Når det gjaldt yrkesbakgrunn teikna det seg også opp ein forskjell i likskapane mellom dei to kammera. 51 av Senatets 56 medlemmer hadde før kongressesjonens start avlagt embetseksamen i jus og praktisert som advokatar. Forutan alle juristane hadde ein lege, ein aviseigar, ein tekstilprodusent og ein med føretak innanfor handelsnæringa blitt valde inn i

vårt Senat.⁹³ Også i Representantanes Hus var juristane, om ikkje i så sterk grad som i Senatet, absolutt sterkt representert og talde 163. Dei 52 andre det har lukkast meg å oppdrive bakgrunnsinformasjon om representerte 24 andre yrkesgrupper. Blant desse var elleve på ulikt vis involvert i jordbruksnæringa, seks var legar, ikkje mindre enn fem var sheriffar og tre av dei framømte var anten redaktørar eller eigarar av aviser. Vidare bestod forsamlinga av tre bankierar, to med karriere innanfor det militære, eit par kjøpmenn, oppsynsmannen i Hyde Park i New York og bestyraren av "Illinois state insane asylum". Elles sat ein salmakar og ein salmakerieigar i salen, i tillegg til ein smed, ein garvar, ein akademikar, ein lærar, ein prentar, ein møbelsnekkar og ein skreddar. Ein var ordinert til prest, ein var oppført som særst interessert i produksjonen av "cotton gins" og den siste eg har funne yrkesinformasjon om dreiv med shipping i Texas.

Med desse tala i bakhovudet er det nok ikkje urimeleg å hevde at juristar var ei særst godt representert gruppe i Dei sameinte statanes lovgjevande organ i 1845-46. Juristdominansen, om me kan kalle han det, var imidlertid ikkje like omfattande i Representantanes Hus som i Senatet, kor denne gruppa utgjorde over 90 prosent av medlemsmassen til samanlikning med 75 prosent i Huset. At dei 25 resterande prosentane representerte heile 24 vidt forskjellige yrker gjev medlemsmassen i Huset eit inntrykk av å i større grad vere mangefasettert som gruppe, enn det litt meir einsformige Senatet når det gjeld yrkesbakgrunn. Tek ein juristane som einskildgruppe nærare i augesyn, vil dette avdekke atter ein nyanse som dreg opp eit skilje mellom dei to kammera. Det som ser ut for å ha vore den mest vanlege karrierevegen til juristane i Kongressen, er at dei har teke fatt på jusstudia meir eller mindre rett etter opphald på universitet eller høgskule. Dette gjeld imidlertid ikkje alle. Godt over ein femtedel av desse juristane hadde nemleg livnært seg av eit anna yrke før dei tok fatt på jusstudia. Dette gjaldt for 38 av Husets 162 juristar⁹⁴, altså nær ein firedel, og for åtte av Senatets,⁹⁵ altså under ein femtedel.

Når det gjeld det siste trekket som kan seiast å vere karakteristisk ved kongressmedlemmene som gruppe, nemleg det å ha hatt eit tidlegare verv i lovgjevande forsamling anten på føderalt eller einskildstatsnivå, må det seiast at det også her dreg seg opp eit skilje mellom dei to kammera. I Senatet sat to som ikkje hadde hatt slike verv tidlegare, nemleg Pennsylvanias rikaste mann, Simon Cameron, som vart vald inn som erstattar for

⁹³ Det har diverre ikkje lykkast meg å finne yrkesbakgrunnen den 56. senatoren, Jesse Speight frå Mississippi.

⁹⁴ 15 hadde vore lærarar, fire hadde hatt jobb som sekretærar, tre som avisredaktørar, to som legar, fire hadde hatt arbeid innanfor jordbruksnæringa, fem hadde vore tilknytt militærvesenet over lengre tid, ein hadde vore smed, ein annan møbelsnekkar, ein tredje salmakar, ein fjerde prentar og ein siste hadde vore bankier.

⁹⁵ Fire hadde vore lærarar, ein hadde vore rektor på Fryeberg Academy, ein hadde halde på med handelsverksemd, ein hadde vore ekspeditør i ein uspesifisert type forretning og ein hadde vore skreddarlærling.

James Buchanan då han vart utnemnt til utanriksminister i Polk-administrasjonen, og Chester Ashley, som vart vald inn etter senator William S. Fultons dødsfall. I Representantanes Hus var forholdet mellom dei som hadde og dei som ikkje hadde erfaring frå tidlegare lovgjevande forsamlingar ein smule jamnare, ettersom rundt 30 prosent av medlemmene for fyrste gong prøvde seg i rolla som folkevalde i eit lovgjevande organ. Igjen ser med altså at Huset står fram med ein noko meir mangfaldig medlemsskare i samanlikning med Senatets.

Sjølv om dei fire trekka ovanfor kan seiast å vere karakteristiske for kongressmedlemmene både som heilskapleg gruppe og som oppdelt i sine respektive kammer, såg me også at det teikna seg opp skiljelinjer mellom dei to kammera då dei vart samanlikna i lys av same variablar. Representantanes Hus står fram som eit kammer med noko meir breidde og variasjon i medlemssamansetjinga enn kva som er tilfellet i Senatet. Av dei to er det difor det fyrstnemnde som i høgast grad kan kallast representativt i lys av den sosiokulturelle samansetjinga av det amerikanske folket. At Huset framstod som eit kammer med eit noko meir "folkeleg" preg enn kva Senatet kan seiast å ha, er nok ikkje særleg overraskande⁹⁶ og særleg ikkje når me kjenner til forordninga bak organiseringa av den lovgjevande delen av amerikanske myndigheiter.⁹⁷

⁹⁶ George Washington skal ein gong, på sær s biletframkallande vis, ha sagt at Senatets funksjon som kammer mellom anna kunne tenkjast for å vere som "'a saucer' in which the hot tea of the House would be cooled.", Jmf.: Bolling, *Power in the House*, s.26.

⁹⁷ Elles kan det også nemnast at tokammerløysinga delegatane i 1787-konvensjonen kom fram til i høve til organiseringa av den lovgjevande delen av amerikanske myndigheiter, var eit kompromiss mellom dei som kun ynskte eitt kammer med lik representasjon for kvar einskild stat uavhengig av storleik og innbyggjartal, og dei som ynskte ei tokammerordning der det lågaste kammeret vart vald direkte av folket og det øvste av det lågaste. Kompromissløysinga gjekk ut på at medlemmene av Representantanes Hus skulle velgast direkte annakvart år av eit elektorat bestående av samtlege med stemmerett i kvar einskild stat, medan Senatet skulle bestå av to representantar frå kvar stat, uavhengig av statens innbyggjartal og storleik. Senatorane skulle veljast av einskildstatane sine lovgjevande forsamlingar, for seks år av gongen. Ei valordning delte dei fyrstevalde senatorane inn i tre klassar: senatorar av fyrste klasse skulle stille til omval etter to år, senatorar av andre klasse etter fire og senatorar av tredje klasse etter seks. Denne ordninga la til rette for et ein tredel av senatorane kunne skiftast ut annakvart år og skulle sørge for at Senatets medlemsmasse ikkje skulle fryse fast i seks år av gongen. Representantanes Hus skulle vere ei forsamling med medlemsmasse i proporsjonal storleik med innbyggjarmassen forøvrig, (det vart imidlertid streka under i grunnlovas fyrste artikkel, tredje seksjon, punkt nummer tre, at talet på medlemmer ikkje måtte overskride éin pr. 30 000 innbyggjarar), det vart med andre ord eit langt meir talrikt kammer enn Senatet. Husets medlemsmasse kunne potensielt skiftast ut i sin heilskap anna kvart år og gjennomtrekken av medlemmer var større der enn i nabokammeret. Senatet skulle dermed, slik 1787-konvensjones delegatar hadde tenkt, fungere som ei stabiliserande motvekt i høve til det stadig skiftande Huset.

Tidleg i Den amerikanske kongressens historie teikna det seg opp ein tendens til at medlemmene i *begge* kammera var høgt utdanna, hadde synlege posisjonar i samfunnet og gjerne også at dei hadde vore involverte i hendingar (ofte i samband med krigføring) som på ulikt vis hadde gjort dei namngjetne. Medlemsmassen i Huset har likevel i kraft av medlemstal og valordning hatt ein langt meir mangefasettert og bredt samansett medlemsmasse. Huset har også hatt ord på seg for å føre langt meir livlege debattar enn det meir høgtidsstemte Senatet, og har dermed vorte hyppigare rapportert frå av amerikansk presse. At senatorvervet tidsmessig var sett til å vare i seks år, medverka nok til å skape ei gjengs oppfatning av at dette vervet hang høgare enn eit plass i Huset og at det burde tilfalle prominente borgarar, noko som kan vere med på å forklare eit manglande "folkeleg" tilsnitt. At Senatorane ikkje var valde direkte av folket, kan nok også forklare dette fenomenet. For meir dekkjande informasjon om kongressens to kammer, sjå dei innleiande delane av mellom

Amerikansk partipolitisk tradisjon

Eksistensen av ein politisk opposisjon og politiske parti har ikkje alltid vorte oppfatta som ein sjølvstøtt eller naturleg del av det demokratiske styresettet.⁹⁸ Utviklinga og danninga av politiske frontar og parti vart tvert om av Sameiningas grunnleggjarar, the founding fathers, sett på som eit vonde som burde motverkast.⁹⁹ Det grunnleggjarane frykta var at partipolitisk usemje og "sectional jealousies" skulle kome i vegen for konsolideringa av den nye nasjonen og dermed hindre etableringa av eit levedyktig samfunn og styresett.¹⁰⁰ Åtvaring mot indre splid og "the fury of party spirit" var så i måte eit sentralt tema i George Washington sin legendariske avskjedstale i 1796.¹⁰¹

Ueinigheit og danninga av politiske frontar let seg imidlertid ikkje stanse eller viske bort, og kongressens to kammer fann seg til stadigheit oppdelt i to. Desse to fraksjonane kom meir til syne i visse saker enn dei gjorde i andre, og oppdelinga var tydlegast når kongressmedlemmene handsama saker som på eit eller anna vis rørte ved finansielle spørsmål. Særleg gjaldt dette i høve til spørsmål som knytte seg til einskildstatanes autonomi versus føderale myndigheites suverenitet.¹⁰² I desse sakane markerte Føderalistane seg som den eine fronten. Denne gruppa var tilhengjar av ei sterk, føderal sentralmakt og støtta oppunder den fyrste amerikanske finansministeren, Alexander Hamilton, sitt økonomiske program.¹⁰³ Hamiltons umiddelbare mål som finansminister var å skaffe til vegs midlar som kunne refinansiere, og helst betale ned, den nye sameininga si gjeld.¹⁰⁴

anna: Galloway, *History of the House of Representatives*, Robert Byrd, *The Senate 1789-1989* og Woodrow Wilson, *Congressional Government: A study in American politics*, Meridian Books: New York, 1956 (1885).

⁹⁸ Sjå gjerne innleiinga i Quentin Skinner, *Politik og historie: en tekstsamling*, (Frank Beck Lassen og Mikkel Torup, red.), Hans Reitzels Forlag: København, 2009, for dømer frå andre demokrati i oppstartsfasen der antipartiisme var det gjeldande idealet. Sjå også: Richard Hofstadter, *The Idea of a Party System: The Rise of Legitimate Opposition in the United States*, University of California Press: Los Angeles, 1969, for ei grundig innføring i amerikanske tilhøve. Når det gjeld antipartiismens innhald som ideal vart dette uttrykt særst presis av John W. Davis (D-Ind.) då han vart valt som ordstyrar i Representantanes Hus i vår Kongress. I takketalen kom han med lovnaden om at han etter beste evne skulle utføre sine plikter som ordstyrar "knowing no party but the people and no locality but the country". CG, 1. des., 1845, s.2.

⁹⁹ Hofstadter, *The Idea of a Party System*, s.2-3.

¹⁰⁰ Sjå mellom anna: Michael F. Holt, *The Rise and Fall of the American Whig Party: Jacksonian Politics and the Onset of the Civil War*, Oxford University Press, Oxford, 1999, s.31.

¹⁰¹ Felix Gilbert, *To the Farewell Address: Ideas of early American Foreign Policy*, Princeton University Press: Princeton, New Jersey, 1970 (1961), kapittel fem: "Washington's Political Testament: The Farewell Address", s.115-136.

¹⁰² Byrd, *The Senate 1789-1989*, bind I, s.21-25.

¹⁰³ George C. Herring, *From Colony to Superpower: U.S. Foreign Relations since 1776*, Oxford University Press: Oxford, 2008, s.65.

¹⁰⁴ Gamle obligasjonspapir og gjeldsbrev som Sameininga stod som garantist for, skulle mellom anna vekslast inn. Som veksler for dei gamle skulle nye obligasjonar skrivast ut basert på dei fyrstnemndes nominelle verdi. Det føderale finansammeret skulle ta over som garantist for obligasjonane som vart selde i samband med revolusjonskrigen, og i samband med dette tiltaket skulle ein nasjonal bank opprettast. Heile tre firedelar av denne bankens kapitalhald skulle bestå av nyutskrivne føderale obligasjonar og resten i reell mynt. Papiersystemet, som denne ordninga i ettertid vart kalla, kvilte på føderale myndigheites mogleik til å påleggje

Sjølv om det var brei semje om at den nasjonale gjelda måtte betalast attende, var det ikkje semje om at Hamilton si løysing var den beste. Dei som ville nyte godt av programmet til Hamilton syntes fyrst og fremst å vere dei som var involvert i industrielle føretak og handleverksemd generelt; næringsvegar som fyrst og fremst var dominerande i statane i nord. Dei som hadde det til felles at dei ikkje såg seg tente med sterke føderale myndigheiter og den hamiltonske løysinga, vart gjerne referert til som Antiføderalistane og utgjorde den andre delen av dei to politiske fraksjonane. I denne grupperinga var menn frå statar i sør med tilknytning til jordbruksnæringa sterkt representerte.¹⁰⁵ Desse meinte programmet til Hamilton ville minske graden av demokrati ved at einskildstaten vart overstyrt av føderale myndigheiter. Dei meinte også at ein proteksjonistisk økonomisk politikk ikkje ville komme jordbruksnæringa til gode, men heller tvert om, noko dei også meinte om føderale skattar.¹⁰⁶

Motstandarane av Føderalistpartiet gjekk frå å kun vere laust funderte som Antiføderalistar til å eine seg på tampen av 1700-talet under namnet Det demokratiske republikanske partiet, leidd av Thomas Jefferson og James Madison.¹⁰⁷ Då Jefferson tok over presidentvervet i 1801 var Føderalistpartiet i ferd med å miste maktposisjon sin. Ved presidentvalet i 1820, fekk ikkje presidentkandidaten til partiet ei einaste av elektoratets stemmer.¹⁰⁸ Tanken om eit utvida demokrati representert ved Det demokratiske republikanske partiet hadde i denne omgong vunne kampen mot Føderalistpartiets tanke om ei sameining styrt og underlagt sentraliserte, føderale myndigheiter.

På si ferd mot å bli Sameiningas einaste fungerande parti, hadde Det demokratiske republikanske partiet gradvis vorte mindre dominert av medlemmer frå sør- og veststatane. Med innslag av medlemmer frå heile Sameininga, var partiet på veg til å bli eit nasjonalt parti. Ettersom partiet no ikkje stod under press utanfrå, og behovet for å stå samla mot ein felles motstandar var forsvinnande lite, kom splid og stridigheiter innanfor partiet etter kvart tilsyne. Særleg opna presidentvalet i 1824 for at motsetjingane blant partiets medlemmer kom til

skattar og avgifter, og kritikarar av det hamiltonske programmet meinte det ville samle Sameiningas økonomiske og maktpolitiske tyngd hos dei sentrale, føderale myndigheitene på bekostning av einskildstatanes autonomi. Sjå mellom anna: Charles A. Beard og Mary R. Beard, *The Rise of American Civilization*, i to bind, The Macmillan Company: New York, 1945 (1927), bind I, s.341-346, for ei god skildring av Hamiltons økonomiske system.

¹⁰⁵ Herring, *From Colony to Superpower*, s.64.

¹⁰⁶ Richard Hofstadter, *The American Political Tradition and the Men Who Made It*, Alfred A. Knopf: New York, 1957, s.32.

¹⁰⁷ Valet av partinamnet hang tett saman med denne politiske grupperingas tru på det utvida demokratiet og innehaldt ein klår brodd mot føderalistpartiet si antidemokratiske halding. Byrd, *The Senate: 1789-1989*, bind I, s.24.

¹⁰⁸ James Monroe var i dette valet nær på å bli vald av eit einstemmig Senat, hadde det ikkje vore for William Plumer (D-R-NY) som meinte at det berre burde vere George Washington forunt å verte einstemmig vald og som dermed gav stemma si til John Quincy Adams. Byrd, *The Senate: 1789-1989*, bind I, s.76-77.

overflata,¹⁰⁹ noko som kulminerte i ei utkrystallisering av grupperinga som støtta oppom Andrew Jacksons presidentkandidatur. Denne grupperinga vart fyrst kalla Jacksonske demokratar og gjekk frå tidleg på 30-talet under nemninga Det demokratiske parti.

Sjølv om det ikkje lukkast Jackson å vinne presidentvervet i fyrste omgong, vann han vervet klårt i 1828, og sat som president i dei følgjande åra, 1829-37. Under Jackson fann det stad ei styrking av presidentembetet og den utøvande delen av dei amerikanske myndigheitene, på bekostning av den lovgjevande delen.¹¹⁰ Ei gruppering innanfor partiet sette seg sterkt i mot denne utviklinga og markante politikarar som Daniel Webster og Henry Clay brøyt ut or partiet og tok namnet Det nasjonale republikanske parti,¹¹¹ eit namn dei tidleg på 30-talet byte om til Whigpartiet.¹¹² Med danninga av Whigpartiet vart amerikansk politikk på ny dominert av to parti, og ein ny periode med det amerikanske topartisystemet var dermed innleidd.¹¹³

Når det gjeld dei politiske skiljelinjene som eksisterte mellom dei to dominerande partia, kom desse gjerne til syne, om enn på ein anna måte, i same type saker som hadde forårsaka framvoksteren av det fyrste partisystemet. Framleis teikna dei politiske skiljelinjene seg opp i saker der spørsmålet om maktfordeling kom i fokus. No var det imidlertid ikkje fyrst og fremst einskildstaten sin sjølvråderett, satt opp mot ei overstyrande føderal makt, som var hovudbrekkstanga mellom dei politiske partia. Også spørsmålet om maktfordelinga mellom lovgjevande versus utøvande myndigheiter hadde no blitt ein kime til politisk frontdanning, og hadde vore sjølve årsaka til opprettinga av Whigpartiet.¹¹⁴

Medlemmene i Whigpartiet var samde om at maktforskyvinga som hadde funne stad under Jackson måtte bremsast opp og reverserast. Ut over dette var partiet i starten prega av at

¹⁰⁹ Eittersom kandidatane John Quincy Adams og Andrew Jackson stod likt kunne Henry Clay, ved å støtte oppom ein av dei to, avgjere heile valet. Clay valde Adams og fekk i ettertid tildelt vervet som utanriksminister. Dei som støtta Jackson meinte dette var ei hending som vitna om korrupte forhold og saka skapte stor uro innanfor partiet. Jmf.: Holt, *The Rise and Fall of the American Whig Party*, s.7.

¹¹⁰ Denne forskyvinga i maktfordeling kom særleg tilsyne i måten Jackson nytta seg av vetoretten tillagt presidentembetet på. Ved å stadig legge ned veto mot lovforslag som allereie hadde vorte vedteke i begge kammera bremsa Jackson ned handlekrafta til den lovgjevande delen av myndigheitene. I tillegg vakte Jacksons iverksetjing av uttak og forflytting av Nasjonalbanken sine innskot utan samtykke frå Kongressen stor harme.

¹¹¹ Dei tok dermed den delen av det gamle partinamnet som Jackson hadde forlete.

¹¹² Whignamnet tok dei med referanse til Whigpartiet i Storbritannia som var kjende som antiroyalistane i britisk partipolitikk. Ved adopsjonen av dette namnet vart det mange whigar meinte var Jacksons forsøk på å regjere utavhengig av den lovgjevande forsamlinga, stadig streka under. Jmf.: Holt, *The Rise and Fall of the American Whig Party*, s.26-28.

¹¹³ Sjå mellom anna Daniel Walker Howe, *What Hath God Wrought: The Transformation of America, 1815-1848*, Oxford University Press: New York, 2007, s.390. Den førre perioden med topartisystem, representert av Føderalistpartiet som det eine og Det demokratiske republikanske parti som det andre, vert gjerne referert til som Det fyrste partisystemet. Med etableringa av Whigpartiet, vart perioden som innanfor amerikansk partipolitisk historie vert referert til som Det andre partisystemet innleidd.

¹¹⁴ Gil Troy, *See How They Ran: the Changing Role of the Presidential Candidate*, The Free Press: New York, 1991, s.15.

medlemmene representerte vidt forskjellige interesser og grupperingar i det amerikanske samfunnet. Det viste seg såleis å vere sær sars utfordrande å lage ei politisk plattform som kunne famne om dei ulike grupperingane. Mot slutten av 1830-åra syntes imidlertid partiet å einast om eit felles program viss fanesaker og politiske løysingar som i sterk grad var samanfallande med det gamle Føderalistpartiets. Whigane målsette seg å verne og støtte opp om amerikansk industri ved å ty til proteksjonisme, ein vekstorientert monetærpolitikk med base i ein ny nasjonalbank og ei rekkje infrastrukturelle utbyggingsprosjekt som skulle finansierast ved hjelp av føderale skattar og sal av offentleg eigd jord. Med lanseringa av Henry Clay sitt ”american system”¹¹⁵ framstod partiet som framstegets parti: eit parti som ville vidareutvikle og modernisere den amerikanske samfunnstrukturen med utviding av banksystem, kommunikasjonsnett, forsvarsinstitusjonen og industrinæringa, innanfor tryggande rammer av høge tollmurar.¹¹⁶ Utdanning, og danning generelt, vart også vektlagde som samfunnsberande element i dette partiet. Dei var i forlenging av dette for ei utviding av det offentlege skuleverket, og argumenterte for ein moralsk oppbyggjande offentleg skule som skulle ha som mål å skape borgarar med eit så høgt dannelsnivå som kravdes for at det amerikanske demokratiske samfunnet skulle kunne ivaretaast og vidareutviklast. Whigpartiets politiske løysingar appellerte særleg til industrieigarskapet, dei med handelsinteresser og dei som dreiv kommersielt innanfor jordbruks- og plantasjenæringa. Vidare hadde partiet også oppslutnad blant dei med yrke som kravde høgare utdanning, som til dømes advokatar, legar og prestar. Geografisk sett hadde partiet størst veljaropplutnad i dei nordaustlege statane, og særleg var oppslutnaden stor i byane, slik det også hadde vore for Føderalistpartiet. Whigpartiet var i motsetning til Føderalistpartiet eit nasjonalt parti, noko som vart gjenspegla ved at partiet hadde representantar frå 23 av dei 28 amerikanske statane i Den 29. kongress.¹¹⁷

Det demokratiske parti bygde på mange måtar sin politiske plattform på tuftene til Thomas Jeffersons politiske filosofi. Jefferson hadde meint at jordbruket i sjølvbergande form og ikkje i kommersiell form, måtte vere grunnpilaren i eit sunt og ekte demokrati. Gjennom jordbruket og sjølvberginga ville nemleg kvar einskild person få tilgang på dei erfaringane og innsiktene,¹¹⁸ som skulle til for å at dei skulle kunne verte eksemplariske deltakarar i eit sunt

¹¹⁵ For meir om Clays amerikanske system, sjå: Merrill D. Peterson, *The Great Triumvirate: Webster, Clay, and Calhoun*, Oxford University Press: New York, 1987, s.68-84.

¹¹⁶ Herring, *From Colony to Superpower*, s.137.

¹¹⁷ Sør Carolina, Texas, Missouri, Mississippi og New Hampshire var i vår kongress såkalla ”whigfrie” statar, med føderalt folkevalde utelukkande frå Det demokratisk parti.

¹¹⁸ Sjølvberging kravde mellom anna tolmod, ansvar, måtehald, framsyntheit, nøyaktigheit, evne til å greie ut om konsekvensar og forståing av naturen som ein organisk heilskap, ei forståing som kunne vidareførast til samfunnet. Dette var eigenskapar som også måtte vere på plass hos den enkelte medborgar dersom eit sunt

demokratisk samfunn. I tråd med desse tankane hadde Jackson lansert sitt demokrati som eit demokrati som skulle kome "the humble members of society", nærare bestemt: "plain farmers and mechanics", til gode.¹¹⁹ Han hadde ikkje mykje til overs for dei han laust definerte som "the rich and powerful", deira nasjonale bank, deira fokus på danning og deira forfina levevis.¹²⁰ Med sine hyppige stikk mot det andre partiets "aristokratiske" program, stod Det demokratiske partiet fram som eit parti som ville verne "folk flest" mot føderale inngrep og skattepåleggingar som ikkje kom dei sjølve til gode. Programmet som skulle tryggje dei som ynskte å leve eit "enkelt" og rettskaffent amerikansk liv hadde mellom anna vestleg ekspansjon, låge skattar og frihandel som fanesaker. Partiet stod særleg sterkt i dei sørlege og vestlege statane, ikkje minst i statane langs grensa i vest som var prega av å vere nybrottsamfunn. Partiet hadde også tildels god oppslutnad i statane i nordaust, sjølv om desse områda gjerne var rekna som Whigstatar.¹²¹

Det demokratiske parti og Whigpartiet skulle komme til å dominere amerikansk politikk fram til 1850-talet og det var også desse to partia som i aller høgste grad dominerte vår kongress. Representantar frå det fyrstnemnte var i fleirtal i begge kammera, høvesvis med 32 plassar i Senatet og 140 i Representantanes Hus. Whigpartiet hadde på si side 24 representantar i Senatet og 79 av deira representantar var på plass i Huset. Eit tredje parti med nemninga Det amerikanske parti¹²² var i tillegg til desse to representert med seks av setene i Huset. Dette siste partiet skulle seinare verte kjent som Know-Nothing-partiet¹²³ og hadde to hovudsaker dei kjempa for: avviklinga av det institusjonaliserte slaveriet og ein full stopp i immigrasjonen frå katolske land.

I kraft av å vere i fleirtal stod medlemmer frå Det demokratiske parti sterkare enn dei resterande partias medlemmer når kongressens ulike leiarverv skulle besettast. Valet av Huset sin ordstyrar fall i tråd med dette på John Wesley Davis (D-Ind.), Senatets president *pro tempore* vart i slutten av desember fastsett til å vere Ambrose Hundly Sevier (D-Ark.) og 24 av dei 25¹²⁴ leiarverva i dei permanente komiteane i Senatet, og 29 av dei 32¹²⁵ leiarverva i

republikansk demokrati skulle late seg etablere. Sjå mellom anna: Merrill D. Peterson, *The Jefferson Image in the American Mind*, Oxford University Press: New York:, 1960, s. 23-24 og s.82-85.

¹¹⁹ Jackson sitert i: Lynn L. Marshall, The Strange Stillbirth of the Whig Party, *The American Historical Review*, Vol. 72, No. 2 (Jan., 1967), s.453.

¹²⁰ Jackson sitert i Beard, *The Rise of American Civilization*, bind I, s.572.

¹²¹ I vår kongress var representantar frå tre av statane utelukkande medlemmer av Whigpartiet. Dette gjaldt dei nordaustlege statane: Massachusetts, Delaware og Rhode Island.

¹²² Denne politiske grupperinga var også visse stadar kjent under nemninga Dei innfødte amerikanaranes parti.

¹²³ Partinamnet Know-Nothing viste til at medlemmene hadde blitt instruert til å svare nettopp dette når dei vart stilte spørsmål som rørte ved partiets organisasjon.

¹²⁴ Det 25. leiarvervet, leiarvervet i Committee on Pensions tilfall William Upham, ein whig frå Vermont.

Huset tilfall medlemmer av det same partiet. Demokratane var altså representert med fleirtalet i begge kammera og hadde representantar frå sitt parti i alle viktige leiarverv. Det verka dermed som om alt låg til rette for ei avgjerd i oregonspørsmålet som ville harmonere med presidentplattforma som vart vedteken då Polk vart peikt ut som demokratane sin kandidat i 1844.

¹²⁵ Dei tre leiarverva som tilfall Whig-medlemmer i Huset var følgjande: Committee on Claims: Joseph Vance (Ohio), Committee on Manufactures: John Q. Adams (Mass.), Committee on Accounts: Daniel Putnam King (Mass.).

Andre del

Handsaminga av oregonspørsmålet: kronologi og forlaup

I lys av at demokratane ved valet i -44 hadde vunne fleirtalet i både Senatet og Representantanes Hus låg no tilhøva til rette for at Polks forslag til lovgjeving om avsending av det avsluttande notatet skulle verte vedteke relativt snarleg. Tatt forholda i betraktning såg presidenten sjølv føre seg at debatten ville bli kortvarig, og at eit avsluttande notat skulle kunne vere på veg over Atlanteren allereie før desember var omme.¹²⁶ Det skulle imidlertid gå nesten fem månadar frå Polk anbefalte effektivering av ei avtaleavslutting, 2. desember 1845, til Kongressens to kammer fatta det endelege vedtaket om å sende eit avtaleavsluttande notat, 23. april 1846.

I denne delen av oppgåva skal me gjere oss kjende med forlaupet i handsaminga av oregonspørsmålet, frå sesjonens start og fram til vedtaket i saka vart fatta. I takt med at handsaminga vert skildra skal me presenterast for dei av kongressens medlemmer som utmerka seg og vart toneangjevande personar i høve til debattens laup. Me skal også introduserast for dei ulike posisjonane som vart teke til saka, samt ulike problemstillingar og tema som Kongressens medlemmer knyte til ho. Som ei ramme rundt dei komande sidene skal følgjande problemstillingar stillast opp: Kva syntes å liggje til grunn for at oregondebatten i Den 29. kongressen ikkje vart ein månadslang affære slik Polk hadde sett føre seg? Korleis gav dei underliggjande og utløysande årsakene til dette seg til kjenne i sakshandsamingas laup? Forhold som kan kaste lys over desse to spørsmåla skal i tillegg til det ovanfor nemnte trekkjast fram og poengterast undervegs i den kronologiske framstillinga i lys av tanken om at lovgjevande maktutøving er ein praktisk, organisatorisk syssel.

I den følgjande skildringa av forlaupet i Kongressens handsaming av oregonsaka, skal debatten delast inn tidsmessig i tre periodar. Den fyrste perioden strekk seg frå dagen president Polk gjorde sine anbefalte lovforslag i høve til oregonterritoriet kjent 2. desember, og fram til 5. januar, då Committee on Foreign Affairs (CoFA) i Representantanes Hus presenterte resolusjonen (H.R.5.) som føreslo å sende britiske myndigheiter notatet som varsla avslutninga av den eksisterande samokkupasjonen innan tolv månader. Den andre perioden finn stad frå 6. januar til 23. april, eit tidsstrekk som famnar om tida då resolusjonen som føreslo avtaleavslutting var oppe til regulær debatt fyrst, i Representantanes Hus, frå 6. januar

¹²⁶ Frederick Merk, "Presidential Fevers" i Merk, *The Oregon Question*, s.370.

til 9. februar, og deretter, som ekstraordinær sak i Senatet, frå 10. februar til 16. april. I tillegg kjem så tida som passerte mellom 16.- og 23. april, dagane dei to kammera nytta seg av for å finne fram til ein felles resolusjon. Forlaupet i den fyrste perioden skal visast merksemd i kapittel 5, medan andre skal skildrast i kapittel 6.

Kapittel 4

Fyrste periode i handsaminga av oregonspørsmålet

Den fyrste perioden i Kongressens handsaming oregonspørsmålet vart innleidd tysdag, 2. desember 1845, dagen då president Polk la fram sine forslag til lovgjeving i høve til dei mange sidene av oregonsaka i sin årlege rapport over rikets tilstand. Som me såg ovanfor¹²⁷ var det å fatte vedtak som ville effektivere avsendinga av eit avtaleavsluttande notat til britiske myndigheiter blant desse anbefalingane. I tillegg anbefalte også Polk i sin rapport at Kongressen tok stilling til kva lovgjevning som let seg fatte og førebu i høve til oregonterritoriet, utan at den gjeldande avtalen vart broten. I samband med dette presenterte han sju forslag¹²⁸ som deretter vart forklarte og grunngjevne ved at Polk siterte og viste til prinsippfråsegna som i 1823 vart lagt fram i president James Monroes årstale, seinare omtala som Monroedoktrinen.¹²⁹ Same dag som rapporten vart lesen opp i Kongressens to kammer, vart det i Representantanes Hus presentert eit skriv frå innbyggjarane i Oregon. I skrevet vart Kongressen oppmoda om å fatte lover som stort sett samsvara med forslaga til Polk.¹³⁰

¹²⁷ Sjå ovanfor s.36.

¹²⁸ Det fyrste tiltaket Polk føreslo var at Kongressen måtte einast om korleis ein kunne opprette eit førebels lovverk som ikkje brøyt med prinsippa i samokkupasjonsavtalen, men som likevel la trygge juridiske rammer rundt amerikanarane som allereie var busett i territoriet. Han peikte også på naudsyntheita av å utvide verkeområdet til dei delane av det amerikanske lovverket som omhandla retten til handle med indianarar. Desse lovene måtte utvidast til også å gjelde handel med indianarar busett vest for Rocky Mountains. Han viste så til behovet for oppretthaldinga av gode relasjonar til indianarane i området og føreslo at Kongressen burde gje løyve til å opprette eit "indian agency", eller indianarbyrå, med verkeområde vest for Rocky Mountains, samt så mange underavdelingar som var påtrengt for å opprette og oppretthalde gode band til stammene i dette området. Eit fjerde tiltak som skulle tryggje og sikre Oregon som amerikansk område var opprettinga av "blockhouses", eller fort bygd i tømmer med opningar i ytterveggane som gjorde det mogleg å rette skyts mot inntrengjarar frå innsida av fortet, og "stockadehouses", eller hus krinsa av eit forvarsgjerde beståande av vertikalt ståande tømmerstokkar, langs den mest brukte ruta vestover. Eit tilstrekkelig antal "mounted riflemen", eller riflemenn til hest, burde setjast inn med ruta som vaktområde for at tryggleiken til reisande kunne sikrast. Vidare føreslo Polk opprettinga av ei postlinje med korrespondanse kvar månad mellom aust og vest, samt førebuing av lover som mogleggjorde ei raus tildeling av landeområde til "the patriotic pioneers, who, amidst privations and dangers, lead the way through savage tribes[...]and who cultivate and are ever ready to defend the soil". JHR, 2. des., 1845, s.23-24.

¹²⁹ Monroe slo i denne fråsegna fast at styresetta som var gjeldande på Det europeiske kontinentet var fundamentalt forskjellige frå det som var gjeldande på Det amerikanske. Vidare slo han fast at: "We should consider any attempt on their part to expand their [europeiske styremakters] system to any portion of this hemisphere, as dangerous to our peace and safy." Og seinare at: "we could not view any interposition for the purpose of oppressing them[statar på Det amerikanske kontinent som har erklært seg for sjølvstendige], or controlling, in other matter, their destiny, by any European Power, in any other light than as the manifestation of an unfriendly disposition to the United States." Jmf.: JHR, Den 18. kongress, fyrste sesjon, 2. des., 1823, s.22-23 og JHR, 2. des., 1845, s.24-26.

¹³⁰ CG, 2. des., 1845, s.2.

I veka som fylgde etter opplesinga av rapporten nytta Kongressens to kammer mykje tid på å besette verv og utnemne komitear. Forutanom at senator Thomas Hart Benton (D-Mo.) 8. desember, las opp eit skriv signert av leiarane av dei midlertidig oppretta myndigheitene i Oregon, viss innhald freista å streke under det umiddelbare behovet for ei permanent organiseringa av oregonterritoriet under amerikansk lov, var det denne veka stort sett stille rundt Oregon.¹³¹

Tysdag, 9. desember, då dei permanente komiteane var utnemnte og konstituerte i Representantanes Hus, vart dei ulike forslaga til lovgjevning frå rapporten til Polk referert til handsaming i tematisk høvelege komitear.¹³² Same dag i Senatet la Lewis Cass (D-Mich.) fram tre resolusjonar som alle stilte krav til høvesvis Committee on Military Affairs (CoMA), Committee on Militia (CoM) og Committee on Naval Affairs (CoNA) om å setje i gang ei gransking av tilstanden til kvar si forgreining av det amerikanske forsvarsverket i lys av mogleiken for at Dei sameinte statane kunne verte invadert av ei framand makt.¹³³

National Defence-debatten: eit forvarsel

Måndag, 15. desember, vart Cass sine resolusjonar tekne opp til debatt i under rubrikken "National Defence". Cass hadde ordet fyrst og forklarte at slik han forstod det var det ikkje mogleg å ta president Polk sin årsrapport, samt det han kalla "the public sentiment",¹³⁴ innover seg, utan å anerkjenne at det no bygde opp til ei krise mellom Storbritannia og Dei sameinte statane i høve til Oregon.¹³⁵ Begge partar stilte krav til den andre som ikkje kunne imøtekommast, og amerikanske myndigheiter hadde avvist løysing ved valdsgift, som, i følgje Cass, kunne vore siste veg til ei fredleg løysing på spørsmålet.¹³⁶ I høve til oregonspørsmålet var Cass av same meining som presidenten: Oregon var amerikansk eigedom og skulle ikkje delast med andre makter. Som amerikanar måtte ein no stille seg følgjande spørsmål: "Can we recede? Can we stand still; or must we advance?"¹³⁷ Som svar ville ein finne at: "our duty and our destiny is onwards."¹³⁸ Cass las så frå eit referat frå Det britiske parlament som gav til kjenne at britiske myndigheiter framleis meinte at Oregon var deira territorium.¹³⁹ I følgje

¹³¹ CG, 8. des., 1845, s.24.

¹³² CG, 9. des., 1845, s.32.

¹³³ CG, 9. des., 1845, s.30.

¹³⁴ CG, 15. des., 1845, s.45.

¹³⁵ CG, 15. des., 1845, s.45.

¹³⁶ CG, 15. des., 1845, s.45.

¹³⁷ CG, 15. des., 1845, s.45.

¹³⁸ CG, 15. des., 1845, s.46.

¹³⁹ I referatet, som var gjengjeve i *The Morning Chronicle*, var Aberdeen mellom anna sitert på følgjande utsagn: "I can only say that we possess rights, which, in our opinion, are clear and unquestionable, and, by the blessings of

Cass var det dermed stort sannsyn for at Dei sameinte statane tolv månader etter avsendinga av notatet ville "find ourselves involved in a war with Great Britain",¹⁴⁰ og ettersom den gamle generalen frå krigen i 1812 meinte det var betre å kjempe for "the first inch of national territory, than the last", rekna han seg som plikta til å fremje dei føreliggjande resolusjonane.¹⁴¹

Debatten rundt National Defense-resolusjonane til Cass opptok storparten av Senatets tid dei neste to dagane og var i sin heilskap eit førevarsel på korleis oregondebatten kom til å arte seg seinare. I ordvekslinga som fann stad under National Defence-debatten gav nemleg store delar av det som skulle bli oregondebattens tematikk seg til kjenne, samstundes som konturane til dei ulike meiningsfraksjonane og deira posisjonar til spørsmålet teikna seg opp. Når det gjeld dei ulike meiningsfraksjonane som vart danna i høve til oregonspørsmålet, bestod desse i to hovudgrupperingar, nemleg: 54°40"- og 49°-gruppa. I tillegg til desse to teikna det seg også opp ei mindre, "assortert" gruppe, som hadde det til felles at dei sette seg imot avsendinga av notatet, skjønt av vidt forskjellige grunnar.¹⁴²

Den fyrste fraksjonen vart representert i denne ordvekslinga av Cass, William Allen (D-Ohio), Ambrose Hundly Sevier (D-Ark.) og Sidney Breese (D-Ill.). Desse markerte seg som menn med oppfattinga av at heile Oregon var, og skulle for alltid vere, amerikansk jord.

God, and your support, those rights we are fully prepared to maintain", ein påstand som i vart etterfylgt av: "[Loud cheers from all sides.]" Jmf.: CG, 15. des., 1845, s.47.

¹⁴⁰ CG, 15. des., 1845, s.47.

¹⁴¹ CG, 15. des., 1845, s.47.

¹⁴² Det mest hyppige argumentet mot avsendinga av notatet hadde sitt grunnlag i førestillinga av at avsendinga kom til å føre til eit krigsutbrot mellom Dei sameinte statane og Storbritannia. Det var delte meiningar i høve til kvifor eit krigsutbrot var lite ynskjeleg. Somme meinte ein krig mot Storbritannia ville bety undergangen for det frie republikanske styresettet, ettersom ein varig krigstilstand ville opne opp for at regjeringmakta vart forskuvt frå folket og over til det militære, og at ein til slutt ville leve under eit militært despoti (jmf.: merknadane til Robert B. Rhett (D-S.C.) i CG, 5. jan., 1846, s.143). Andre viste til at ein slik krig ville verte av eit slag ingen hadde sett maken til, ettersom begge dei kringande partane var "anglo-saxons", og ikkje "mongrels and halfbreeds". Ein stod i samband med dette overfor utfordringar som kom til å farge snøen rødt i uante tider (jmf.: merknadane til mellom anna John S. Pendelton (W-Va.) i ACG, 26. jan., 1846, s. 143). Ein tredje grunn til å ville unngå krig, og altså avstå frå å sende notatet, var oppfattinga av at å avslutte konflikta ved hjelp av krig var noko som hørde Den gamle verda og den monarkiske styreform til. Dei sameinte statane, var, i kraft av å vere ein republikk, meint å vere eit brot med det gamle og skulle difor oppnå sine triumfar ved fredleg framferd. Å utføre handlingar som ville medføre krigsutbrot vart i lys av dette tenkt på som uforeinleg med prinsippa som låg til grunn for nasjonens eksistens (jmf.: merknadane til senator George Evans (W-Maine) i ACG, 10. mars, 1846, s.578, og Robert Charles Winthrop (W-Mass.) i CG, 3. jan., 1846, s.133). Ein fjerde grunn som vart lagt fram til støtte for at eit krigsutbrot var særst uheldig, bygde på overtvinga om at Dei sameinte statane ikkje hadde middel til å nå målet om å vinne over Storbritannia og dermed også vinne Oregon, men heller kom til å lide store nederlag og tape Oregon (jmf.: merknadane til senator James D. Westcott, Jr., (D-Fla.) i CG, 14. april, 1846, s.667-668 og Caleb B. Smith (W-Ind.) i ACG, 7. jan., 1846, s.106). Eit anna argument mot avsending av notatet var tufta på førestillinga av at det amerikanske styresettet, saman med de amerikanske folket, kom til å spreie seg vestover av seg sjølv, og at det dermed ikkje var tenleg å blande seg inn i denne prosessen, men heller late den gå sin naturlege, og, ifølgje somme, forutbestemte, gang (jmf.: Robert M. Hunter (D-Va.) i ACG, 10. jan., 1846, s.91-92 og William M. Coker (W-Tenn.) i ACG, 15. jan., 1846, s.95). Ytterlegare eit argument mot avsendinga var at det simpelthen ikkje låg innanfor Kongressens maktdomene å avslutte avtalar nasjonen hadde inngått med andre makter (jmf.: merknadane til Garrett Davis (W-Ky.) i ACG, 7. feb., 1846, s.363).

Avtalen om samokkupasjon skulle dermed avsluttast så raskt så mogleg og oregonterritoriet skulle leggjast under amerikansk lov. Å avstå frå delar av dette territoriet var for desse det same som å underkaste seg britiske myndigheites bod og befaling ettersom retten til jorda tilhørde amerikanarar. Å inngå eit kompromiss med britiske myndigheiter ville med andre ord vere einstyddande med å bringe skam og vanære over landet. Skulle oregonspørsmålet vise seg å bli eit spørsmål om krig eller, det desse menna omtala som "unhonourable peace", valte 54°40"-menna heilt klårt det fyrste.¹⁴³

Den andre hovudgrupperinga, representert her ved whigane William Segar Archer (Va.), John Jordan Crittenden (Ky.) og John MacPherson Berrien (Ga.), såg med stor skepsis på 54°40"-gruppas oregonstrategi, som dei meinte med stort sannsyn ville føre landet ut i ein krig med verdas sterkaste militærmakt. Dei la vekt på at oregonspørsmålet måtte handsamast med varsemnd og tolmod om ein ville sikre at utfallet skulle gagne nasjonen på best mogleg vis. Denne grupperinga delte ikkje 54°40"-gruppas syn på at ei kvar form for kompromiss ville bringe skam over nasjonen, men meinte at dersom avtalen skulle avsluttast på dette tidspunktet var ei grense langs 49. breiddegrad ei akseptabel løysing, ettersom det ikkje var klårt kven som hadde retten til området mellom 49° og 54°54" på si side. Det fantes også dei blant 49-arane som meinte at sjølv om ein no sette grensa til 49°, var det ikkje slik at området nordafor aldri kunne bli amerikansk ettersom historia hadde vist at grenser kunne flyttast.¹⁴⁴

Det som skilde dei to hovudgrupperingane frå kvarandre var dermed hovudsakleg korleis dei forholdt seg til tre grunnleggjande problemstillingar. Den fyrste av desse var spørsmålet om heile oregonterritoriet utan tvil kunne seiast å vere rettmessig amerikansk eller ikkje. Den andre krinsa rundt spørsmålet om kva konsekvensar ein kunne vente seg dersom ein heldt retten til heile Oregon i hevd overfor britiske myndigheiter og samstundes gav beskjed om at den gjeldande avtalen skulle avsluttast. Den siste problemstillinga knynte seg til spørsmålet om det potensielle utfallet av å gjere krav på området burde verke inn og vere retningsgjevande for avgjerda amerikanske myndigheiter skulle ta i høve til oregonsaka. Dette var dei tre spørsmåla som danna grunnlaget for tematikken i dei fleste innlegga som på ulikt vis rørte ved Oregon.

19. desember, tre dagar etter eit einstemt Senat hadde vedteke resolusjonsforslaga til Cass,¹⁴⁵ byrja same type oppdeling i meiningsfraksjonar å vise seg i Representantanes Hus

¹⁴³ Jmf.: mellom anna merknadane til Cass (s.45-47), Allen (s.49-50), Breese (s.59-60) og Sevier (s.57) i CG, 15.-16. des., 1845.

¹⁴⁴ Jmf.: mellom anna merknadane til Crittenden (s.55-56), Berrien (s.57-58), Archer (s.50-51) i CG, 15.-16. des., 1845.

¹⁴⁵ CG, 16. des., 1845, s.60.

som hadde vist seg i Senatet under National Defence-debatten. Konturane til desse fraksjonane teikna seg ved at Charles Robert Winthrop (W-Mass.) og Stephen Arnold Douglas (D-Ill.) la fram kvar sine forslag til resolusjonar i høve til oregonspørsmålet.

Winthrop ville gjennom sine fire resolusjonsforslag i første omgang slå fast at grensedisputten mellom Dei sameinte statane og Storbritannia i høve til Oregon framleis var ei sak som skulle løysast ved forhandling. For det andre ynskte Winthrop å slå fast at eit krigsutbrot mellom dei to involverte partane, på grunn av eit spørsmål av så lite presserande karakter, ville bringe skam over tida dei levde i: ei tid kjenneteikna av eit verdsherredømme sett saman av kristne, fredsame og siviliserte menn. Som tredje ledd i resolusjonen føreslo han å slå fast at ein siste utveg or krisa i tråd med kristne prinsipp var løysning ved valdsgift med hjelp av ein tredje part. Som fjerde ledd kom forslaget om å stadfeste at denne tredje parten ikkje trong å ha ei krone på hovudet, men gjerne kunne vere ein samansatt kommisjon bestående av representantar frå begge land eller verda forøvrig.¹⁴⁶

Douglas var deretter raskt på pletten og presenterte eit todelt resolusjonsforslag der det i fyrste del vart stadfesta at ein form for kompromiss som innebar å avstå frå områder sør for 54°40" på ingen måte var aktuelt for amerikanske myndigheiter, og i andre, at avgjerda i høve til kven som hadde retten til oregonterritoriet *ikkje* var ei avgjerd som skulle fattast ved hjelp av valdsgift.¹⁴⁷ Med desse forslaga plasserte Douglas seg i same meiningsfraksjon som Senatets 54°40"-menn, medan Winthrop viste meiningar som samanfall med fraksjonen som fremja moderasjon, fredleg forhandling og tolmod.

Forutan at Allen i Senatet føreslo å referere resolusjonen som føreslo avsendinga av tolv månadersnotatet til britiske myndigheiter vidare til CoFR litle juleaftan¹⁴⁸, og at president Polks anbefalte lovgjevning i tilknytning til oregonterritoriet vart refererte vidare til høvelege komitear i Senatet, tredje juledag¹⁴⁹, vart det stille rundt oregonspørsmålet dei følgjande ti dagane. Denne stilla vart avbroten 29. desember, då senator Edvard Allen Hannegan (D-Ind.) la fram tre resolusjonsforslag som han dagen etter føreslo kalenderført som ekstraordinær sak tredje måndagen i januar. Hannegan føreslo å slå fast at heile Oregon var amerikansk eigedom, at det ikkje låg innanfor amerikanske myndigheitears maktdomene å overføre

¹⁴⁶ CG, 19. des., 1845, s.86.

¹⁴⁷ CG, 19. des., 1845, s.86.

¹⁴⁸ Allen hadde introdusert forslaget for fyrstegangs gjennomlesing 18. desember. Jmf.: CG, 18. des., 1845, s.75-76. I høve til referering vidare viser CG eit svakt punkt ved at dette ikkje står nemnt i rapporten. Kanskje det skuldast at det var litle juleaftan og reporteren allereie hadde glidd inn i feriemodus? I Senatets journal er imidlertid forslaget og refereringa vidare til CoFR protokollført: Journal of the Senate (heretter JS), 23. des., 1845, s.68.

¹⁴⁹ CG, 27. des., 1845, s.96-97.

amerikansk jord, busett av borgarar som svor truskap til Dei sameinte statane, til framande makter og, til slutt, at å gje avkall på deler av Oregon, var det same som å gje avkall på det amerikanske folkets karakter, interesse og ærebarheit.¹⁵⁰ Hannegan viste med desse resolusjonane at 54°40"-fraksjonen i Senatet hadde enda eit medlem.

John Calhoun (D-S.C.), som me vart kjende med ovanfor som mannen som lanserte den "meisterleg inaktive" linja i oregonspørsmålet¹⁵¹, bad i samband med diskusjonen rundt kalenderføringa av Hannegans forslag om å få presentere nokre fråsegner han ville føreslå som tilleggsforslag til Hannegans.¹⁵² Calhoun innleidde presentasjonen med å gjere salen merksam på at sjølv om han i høgste grad sette seg i mot forslaga til Hannegan, var han takksam for at dei hadde blitt lagt fram på slik ein direkte og mannleg måte.¹⁵³ Når stemmene fall over desse resolusjonane ville nemleg ei linje trekke seg opp mellom dei av senatorane som meinte oregonsaka kunne løysast på fredleg vis og dei som meinte saka berre kunne avgjerast ved hjelp av våpenmakt.¹⁵⁴ Ein ville dermed få ei avklaring i høve til korleis oregonspørsmålet kom til å verte løyst.¹⁵⁵ Han sjølv var tilhengjar av ei fredleg løysing og det var med dette som mål han no føreslo som tilleggsforslag til Hannegans resolusjonar å, for det fyrste, stryke alle orda etter "resolved", eller "vedteke", der dette opptredde for fyrste gong, for så å bytte ut Hannegans tre forslag ut med fem som i korte trekk gjekk i mot det som vart implisert i dei utstroktne, og mellom anna slo fast at å føreslå ei grense ved 49. breiddegrad, på ingen måte var ei handling som gav avkall på nasjonens ære, amerikanske interesser eller det amerikanske folkets karakter, men heller var å rekne for ei fredshandling.¹⁵⁶

Etter presentasjonen av Calhouns tilleggsresolusjonar starta ei ordveksling som meir eller mindre opptok resten av dagen i Senatet. Fleire av dei som hadde vore aktive under National Defense-debatten melde seg også no, deriblant Allen som mot slutten tok ordet og oppmoda Hannegan til å trekkje tilbake forslaget om å kalenderføre forslaga som

¹⁵⁰ CG, 30. des., 1845, s.109.

¹⁵¹ Sjå ovanfor, s.34.

¹⁵² Calhoun hadde i utgangspunktet trekt seg tilbake frå offentleg verke ved sin avgang som utanriksminister i 1845. Når han imidlertid vart gjort kjend med brotet i oregonforhandlingane i august, vart han, med tanke på Polk si linje i spørsmålet, overttydd om at han måtte vende tilbake til Washington for å hindre at utfallet av saka vart ein krig med Storbritannia. I september sendte han brev til representant Armistead Burt (D-S.C.) med dei naudsynte instruksane i høve til korleis hans gjeninnsetjing skulle gå føre seg. Burt var dermed sendebodet som sørjde for at senator Daniel Huger (D-S.C.) kort tid etter villeg sa frå seg setet sitt i kammeret, noko som mogleggjorde at elektoratet i South Carolina kunne attvelgje Calhoun til å fylle det tomme setet. Jmf.: Sellers, *James K. Polk: Continentalist*, 1966, s.317. For meir om Calhouns tankar i høve til problematikken knytt til oregonsaka sjå mellom anna: Charles M. Wiltse, *John C. Calhoun: Sectionalist*, s.251-254 og Sellers, *James K. Polk: Continentalist*, s.313-320 og s.363-364.

¹⁵³ CG, 30. des., 1845, s.109.

¹⁵⁴ CG, 30. des., 1845, s.109.

¹⁵⁵ CG, 30. des., 1845, s.109.

¹⁵⁶ CG, 30. des., 1845, s.109.

ekstraordinære, ettersom ei slik kalenderføring ville kunne medverke til å utsetje ein debatt i høve til tolv månadersnotatet.¹⁵⁷ Hannegan tok oppmodinga frå Allen til følge og la forslaga på vent til det skulle dukke opp eit høveleg tidspunkt å ta dei opp att til debatt.¹⁵⁸

Å stele tid

Freitag, 2. januar 1846, hadde det gått ein månad sidan Polk og hans administrasjon lanserte sine anbefalingar i høve til lovgjeving i oregonspørsmålet. Francis Alanson Cunningham (D-Ohio), som tydelegvis var blant dei som hadde delt presidentens tru på at eit avtaleavsluttande notat allereie skulle vore på veg over Atlanterhavet på dette tidspunktet, ivra etter at debatten rundt dei ulike resolusjonane som var knytt til oregonsaka skulle starte. Han freista dermed denne dagen å få gjennom eit lovforslag som stadfesta at det var Kongressens imperative plikt å umiddelbart vedta lover som ville tryggje innbyggjarane og territoriet, ved å gjere det sistenemnte til del av Sameininga.¹⁵⁹ Forslaget til Cunningham vart lagt på vent, men Huset var likevel langt frå ferdig med å diskutere tidspunkt og saksgang rundt forslaga til oregonspørsmålet denne dagen.¹⁶⁰

Til no hadde fire av dei i alt åtte anbefalingane til presidenten vorte ferdighandsama i kvar sin komité og rapportert tilbake til handsaming og debatt i Representantenes Hus.¹⁶¹ Anbefalingane om lovgjevnad som fremja opprettinga av to regiment med riflemenn til hest, lokal og nasjonal postrute samt mogleggjering av overføring og oppkjøp av jordeigedom innafør territoriets grenser var framleis under komitéhandsaming. Dette gjaldt også for det anbefalte forslaget om avsendinga av tolv månadersnotatet som ville effektuere ei oppheving av den eksisterande samokkupasjonsavtalen.

Den regulære debatten rundt resolusjonsforslaga som var refererte tilbake frå komitéhandsaming hadde ikkje starta ennå, men det hadde imidlertid blitt nytta tid til ordveksling i høve til kalenderføring og vidarereferering. Forslaga frå CoMA og CoIA hadde blitt referert vidare til CotWotSotU utan å bli gjevne ein fastsett dato for handsaming, medan

¹⁵⁷ CG, 30. des., 1845, s.111.

¹⁵⁸ CG, 30. des., 1845, s.112.

¹⁵⁹ CG, 2. jan., 1846, s.123.

¹⁶⁰ CG, 2. jan., 1846, s.123.

¹⁶¹ Dette gjaldt anbefalingane som hadde blitt referert vidare til høvesvis Committee on the Territories (CotT), der det ferdige utarbeida resolusjonsforslaget vart presentert 19. desember av komitéleiaren, Stephen Douglas, under tittelen: "A bill to protect the rights of the American settlers in the Territory of Oregon until the termination of the joint occupancy of the same" (H.R.7.), Committee on Military Affairs (CoMA), der det ferdig utarbeida resolusjonsforslaget vart presentert på nyttårsafta, 31. desember, av komitémedlem Jacob Brinkerhoff (D-Ohio), under tittelen: "A bill to establish a line of stockade and blockhouses on the route from the frontier settlements on the Missouri river to the territory of Oregon" (H.R.27.) og Committee on Indian Affairs (CoIA), der det ferdig utarbeida forslaget vart presentert same dag som det førre, av komitémedlem Jacob Thompson (D-Miss.), under tittelen: "A bill to regulate trade and intercourse with the Indian tribes in the Territory of Oregon, and to preserve peace and cultivate friendship with and among the said Indians" (H.R.26.).

forslaget frå CotT skulle opp same stad som ekstraordinær sak, fyrstkomande tysdag, 6. januar. Garrett Davis (D-Ky.) tok ordet etter Cunnigham for å gjere salen merksam på at det eksisterte forskjellige oppfatningar om når forslaget til CotT skulle opp til debatt. Dei fleste syntes å tru at det var *andre* tysdagen som var kalenderdagen for dette forslaget. Etter noko debatt rundt tidspunktet bad Davis om løyve til å introdusere ein resolusjon som føreslo å frita CotWotSotU for handsaminga av forslaget frå CotT og at dette forslaget vart delt opp tematisk og referert tilbake til høvelege komitear.¹⁶² Resolusjonen vart ikkje gjeven introduksjonsløyve og komiteen haldt fram med å diskutere kalenderdag for forslaget for CotT i sin heilskap.¹⁶³ Etter noko debatt vart datoen for handsaming av forslaget utsett ei veke og ført opp som andre tysdagen i månaden, altså 13. januar.¹⁶⁴

Kort tid etter rapporterte formannen i CoMA, Hugh Anderson Haralson (D-Ga.), til Husets medlemmer at komiteen hadde handsama og ferdigstilt forslaget som fremja opprettinga av to regiment med riflemenn med verkeområde i oregonterritoriet. Haralson føreslo å referere forslaget til CotWotSotU og at det vart kalenderført og teke opp som ekstraordinær sak neste tysdag, 6. januar. George Smith Houston (D-Ala.) reiste seg og la fram protest mot at så mange lovforslag vart kalenderført som ekstraordinære. Resultatet av denne praksisen ville vere at Husets kalender ville verte så full av slike saker at det ville verte umogleg å vite kva for ei som skulle handsamast fyrst.¹⁶⁵

Haralson oppgav grunnen til ynskt kalenderføring for å vere knytt til at forslaget frå CotT skulle opp som ekstraordinær sak tysdagen etter og at dette forslaget ikkje kunne debatterast før forslaget til CoMA var på plass.¹⁶⁶ Houston svara at ei slik organisering av rekkefølga tok for gjeve at forslaget til CoMA skulle verte vedteke. Han var sjølv av oppfatninga at forslaga burde takast opp i omvendt rekkefølge, ettersom det berre ville vere aktuelt å kalenderføre forslaget frå CoMA som ekstraordinært dersom forslaget frå CotT vart vedteke.¹⁶⁷ Douglas tok så ordet og haldt det i støtte til Haralsons forslag om tidspunkt for debatt. Mot slutten skaut han inn at det verka som om det eksisterte ein konkurranse eller eit spel i visse delar av forsamlinga som gjekk ut på å fremje innvendingar så snart oregonsaka vart forsøkt diskutert og handsama: "Every little question which could be seized hold of was

¹⁶² CG, 2. jan., 1846, s.124. Davis føreslo nærare bestemt at resolusjonsforslagets andre ledd skulle tilbakerefererast til Committee on the Judiciary (CotJ), det fjerde til Committee on Public Lands (CoPL), det femte til CoIA, det sjette og sjuande til CoMA, det åttende til CotPOatPR, det niande til Committee on Ways and Means (CoWaM) og det tiande til CoFA.

¹⁶³ CG, 2. jan., 1846, s.124.

¹⁶⁴ CG, 2. jan., 1846, s.124.

¹⁶⁵ CG, 2. jan., 1846, s.124.

¹⁶⁶ CG, 2. jan., 1846, s.124-125.

¹⁶⁷ CG, 2. jan., 1846, s.125.

raised to postpone and prevent action in the Oregonquestion.”¹⁶⁸ Han sa også at det verka som om det var noko skremmande ved oregonspørsmålet som fekk visse menn til å vegre seg for å ta stilling til det; menn som merkeleg nok møtte Texas-spørsmålet med rak rygg førre året.¹⁶⁹ Isaac Edward Holmes (D-S.C.) vart så trekt fram av Douglas som eit døme på ein som hadde kjempa patriotisk for Texas og vist stort mot i høve til ein mogleg konfrontasjon med Mexico, men som no såg ut til å snu seg bort frå Oregon fordi han frykta ein konfrontasjon med Storbritannia.¹⁷⁰

Holmes nekta ikkje for at han i høve til oregonspørsmålet, i motsetning til i spørsmålet om innlemminga av Texas, var fylt med både uro og frykt. Ein skulle ikkje ta lett på det å leie landet inn i krig med britane, og krigen ville vere ei uunngåeleg følgje dersom det avtaleavsluttande notatet innebar at britane skulle bortvisast frå områda nord for 49. breiddegrad.¹⁷¹ Eit spørsmål som slo han i denne samanheng var om det ikkje var fånyttas å diskutere opprettinga av militære styrkjer som skulle verke i Oregon *før* ein hadde fatta vedtaket som ville gjere Oregon til amerikansk område.¹⁷²

Fleire bad no om ordet som tilslutt vart tildelt John Quincy Adams (W-Mass.). Han var, som Holmes, av den oppfattinga at å nytte tid på debatt kring forslag viss form og effektivering var avhengig av at det avtaleavsluttande notatet vart vedteke var totalt bortkasta.¹⁷³ Fyrst av alt måtte ein vedta å sende notatet, deretter kunne ein starte ”the real occupation of the whole territory.”¹⁷⁴ Denne kommentaren fekk tilskodarane på galleria og representantar på golvet til å bryte ut i vedvarande applaus. Då det lykkast ordstyraren å stilne jubelen, haldt Adams fram med sine merknader som innehaltdt ein skarp brodd mot CoFA som ennå ikkje hadde ferdighandsama forslaget som måtte på plass for at lovgjevnaden som kunne tryggje amerikanske borgarar i området kunne verte vedteke.¹⁷⁵

Etter ein heil dag med debatt som i hovudsak hadde hatt manglande effektivitet i saksgangen rundt resolusjonsforslaga som rørte ved oregonspørsmålet som tematikk, hadde Representantanes Hus berre lykkast i å ta *ei* avgjerd som paradoksalt nok var å *utsetje* handsaminga av eit av oregonforslaga. På den andre sida hadde to ulike forklaringar på kvifor handsaminga av oregonspørsmålet var slik ein saktegåande affære gjeve seg til kjenne denne dagen; to forklaringar me skal sjå litt nærare på før me går vidare i kronologien.

¹⁶⁸ CG, 2. jan., 1846, s.125.

¹⁶⁹ CG, 2. jan., 1846, s.125.

¹⁷⁰ CG, 2. jan., 1846, s.126.

¹⁷¹ CG, 2. jan., 1846, s.126.

¹⁷² CG, 2. jan., 1846, s.126.

¹⁷³ CG, 2. jan., 1846, s.127.

¹⁷⁴ CG, 2. jan., 1846, s.127.

¹⁷⁵ CG, 2. jan., 1846, s.127.

Den fyrste årsaka som let seg peike på, hadde sin kjerne i måten resolusjonsforslaga som rørte ved oregonspørsmålet vart kalenderførte på. Dette kom særleg til syne i Representantanes Hus. Som me hugsar vart det 9. desember vedteke i Huset at anbefalingane president Polk lanserte i årsrapporten over rikets tilstand skulle refererast vidare til høvelege komitear.¹⁷⁶ Forslaget kom frå Douglas og vart fremja med det som mål at komitéarbeidet skulle kunne starte umiddelbart.¹⁷⁷ Resolusjonsteksten vitna imidlertid om at Douglas, som var ein hengiven 54°40"-mann¹⁷⁸, kan ha hatt det litt vel travelt då han utforma han. Særleg gjaldt dette det fyrste av dei ti ledda, som må seiast å vere utforma særst generelt og som lydde slik:

Resolved, That so much of the annual Message of the President of the United States to the two Houses of Congress at the present session as relates to our foreign affairs, together with the accompanying correspondence in relation thereto, be referred to the Committee on Foreign Affairs.¹⁷⁹

I motsetning til dei resterande ni forslaga vart dei utanrikspolitiske saksforholda som vart nemnt i årsrapporten ikkje spesifiserte og skilde frå kvarandre i det fyrste.¹⁸⁰

Winthrop kom etter opplesinga med ei oppmoding om at heile resolusjonsteksten måtte lesast opp att.¹⁸¹ Dette fordi det var viktig å få klårheit i korleis Douglas hadde skild ut og kategorisert innhaldet i presidentens beskjed. Det var, slik Winthrop såg det, fleire saksforhold i rapporten som kunne vise seg problematiske å kategorisere. Eit problematisk område i så måte var forslaga som rørte ved Texas: skulle desse kategoriserast som forslag av innanriks- eller utanrikspolitisk art?¹⁸² For at innhaldet og kategoriseringa i dei einskilde ledda skulle verte lettare å få med seg, vart samtlege av ledda lesne opp kvar for seg og suksessivt stemt over. Ingen hadde noko å innvende i høve til det fyrste leddets noko generelle form.

¹⁷⁶ Sjå ovanfor s.50.

¹⁷⁷ CG, 9. des., 1845, s.32.

¹⁷⁸ For meir om Douglas sine mildt sagt sterke kjensler i favør av amerikansk ekspansjon vestover, sjå gjerne kapittel to: "'I have become a *Western* man' 1833-1836", og særleg kapittel sju: "'I would make this an *ocean-bound republic*' 1845-1846" i Johannsen, *Stephen A. Douglas*.

¹⁷⁹ CG, 9. des., 1845, s.32.

¹⁸⁰ Til samanlikning med det fyrste framstår til dømes det andre leddet langt meir spesifikt, viss tekst lydde slik: "'2. That so much of the said Message as relates to the condition of the treasury; to the reduction and the modification of the tariff with reference to revenue; to the extension of our revenue laws over the territory of Texas; to the payment of the public debt; and to the establishment of a constitutional treasury and to the separation of the affairs of Government from all banking institutions, be referred to the Committee on Ways and Means.'" CG, 9. des., 1845, s.32.

¹⁸¹ CG, 9. des., 1845, s.32.

¹⁸² CG, 9. des., 1845, s.32.

Eg meiner utforminga av dette fyrste leddet, og mangelen på innvendingar mot det, på eit klårt vis demonstrerer eit svakt punkt ved den organisatoriske praksisen ein fylgde i Den 29. amerikanske kongress. For at eit slutningstakande organ beståande av godt over to hundre einskildpersonar med talerett skal vere eit handlekraftig og effektivt organ, krevst det at reglementet for prosedyre er optimalt tilrettelagt. Eit godt reglement sikrar imidlertid ikkje effektiv sakshandsaming i seg sjølv, ettersom dette er eit instrument viss optimale utnytting til sjuande og sist alltid vil avhenge på dei som gjer bruk av det. Slik eg ser det viste Douglas i dette tilfellet manglande forståing for det faktum at Huset, som slutningstakande organ, i kraft av sin storleik, sine mange bestanddeler og sakshandsamande ledd, hadde behov for ei langt meir konkretisert og handlingsbindande språkføring i resolusjonane som hadde som funksjon å fastleggje kammerets vidare handling, enn den som vart nytta i hans forslag til vidarereferering. Utforminga av resolusjonsforslaga hans viser også ei manglande forståing for avhengigheitsforholdet mellom anbefalingane i Polks beskjed, nemleg at forma og innhaldet i fleire av dei anbefalte vedtaka måtte tilpassast i høve til forma og innhaldet i andre. Særleg gjaldt dette i oregonsaka, der administrasjonens anbefalte lovgjevning av organisatorisk art måtte underordnast avgjerda i høve til om territoriet skulle erklærast for å vere amerikansk eller ikkje. Slik eg ser det medverka denne manglande forståinga til at avgjerda i oregonspørsmålet ikkje let seg effektuere så raskt som Polk og hans meiningsfeller hadde sett føre seg.

Forholda ved Husets praksis som opna for ineffektiv og rotete saksgang kunne etter mi meining vorte motverka dersom nokon på privat initiativ hadde fremja forslag om at komitéarbeidet som vart gjort i høve til oregonsaka vart samkøyrtd, slik at dei einskilde forslaga kunne handsamast i ei teneleg rekkjefølgje. I Senatet kom eit slikt initiativ klårt til syne ved William Allens instendige arbeid for få hjula i gang og vegen rydda klar for ei effektiv handsaming av oregonsaka. Som me såg ovanfor greip han mellom anna direkte inn då Hannegan føreslo å kalenderføre resolusjonane sine som ekstraordinære og åtvare på generell basis mot å fremje resolusjonsforslag som ville medverke til at debatten rundt tolv månadersnotatet vart skuve lenger bak i køen og utsatt meir enn det som naudsynt var.¹⁸³ Allen, som hadde blitt vald som leiar av Committee on Foreign Relations(CoFR), hadde sidan 2. desember ved fleire høver markert seg som ein pådrivar og tilretteleggjar for effektiv, og dermed også administrasjonsvenleg, handsaming av saka.¹⁸⁴ I Huset mangla derimot Det

¹⁸³ CG, 30. des., 1845, s.111-112.

¹⁸⁴ Allens arbeid for å fremje handsaminga av oregonspørsmålet gav seg mellom anna i til kjenne på følgjande måtar: Straks etter beskjeden til Polk hadde blitt lesen opp, 2. desember, føreslo Allen at det i tillegg til antalet

demokratiske parti denne type leiarskikkelse. Douglas hadde i og for seg vist initiativ til å fremje sakshandsaminga då han la fram forslag om vidarereferering av Polks anbefalingar, men i høve til saksgangen til oregonspørsmålet verka manøveren hans meir hemmande enn fremjande. Motstykket til leiaren av Senatets CoFR, var i Representantanes Hus leiaren av CoFA, Charles J. Ingersoll. Dersom nokon skulle vist same type initiativ til å rydde veg for oregonspørsmålet i Huset, som det Allen viste i Senatet, ville Ingersoll vore ein naturleg kandidat slik eg ser det. Med lang og brei politisk erfaring frå ei rekkje tidlegare lovgjevande forsamlingar¹⁸⁵ burde han ha kjennskap til dei potensielle fallgruvane i Husets prosedurale praksis. Som leiar av CoFA, komiteen som handsama resolusjonsforslaget som fremja avsendinga av tolv månadersnotatet, sat han i ein posisjon som tilsa at han var rette personen til å gripe inn og åtvare mot ei lite tenleg kalenderføring av dei andre forslaga som rørte ved Oregon. Åtvaringane hadde imidlertid glimra med sitt fråver fram til dei vart lanserte frå anna hald 2. januar.¹⁸⁶ Resultatet hadde blitt at det fram til dette tidspunktet hadde blitt nytta unaudsamt mykje tid til debatt rundt vidarereferering og kalenderføring av forslag som av reint praktiske grunnar burde blitt lagt på vent, samt at kalenderen vart fylt opp av ekstraordinære saker som potensielt kunne hindre og utsetje debatt rundt tolv månadersnotatet.

Adams viste i sine merknader også direkte til det at CoFA ikkje hadde ferdighandsama og rapportert tilbake forslaget om avsendinga av tolv månadersnotatet, som ein medverkande faktor til at ei avgjerd i oregonspørsmålet såg ut til å vente på seg.¹⁸⁷ Kvifor denne komiteen ikkje hadde lukkast i å finne fram til ei fleirtalsløyising ennå, hadde han ikkje eit sikkert svar på, men etter kvart som tida gjekk vart han i aukande grad meir open for teorien Douglas hadde presentert same dagen, nemleg at eit treneringsspel var i gong i høve til oregonsa.¹⁸⁸ At Adams tykte det var underleg at CoFA framleis ikkje hadde makta å finne eit fleirtalsalternativ er kanskje ikkje rart, ettersom komiteen var sett saman av heile seks

som allereie hadde blitt føreslege trykt opp av presidentens beskjed (3500) og tilhøyrande dokument (1500), vart trykt opp ytterlegare 25 000 eksemplar av beskjeden samt den delen av dei tilhøyrande dokumenta som relaterte til forhandlingane mellom Storbritannia og Dei sameinte statane i høve til oregonterritoriet, til bruk for Senatet (jmf.: CG, 2. des., 1845, s.12). 16. desember varsla han at han dagen etter ville be om løyve til å presentere eit resolusjonsforslag viss innhald anbefalte Dei sameinte statanes president å umiddelbart sende eit notat som varsla britiske myndigheiter om at samokkupasjonen av oregonterritoriet ville avsluttast (jmf.: CG, 16. des., 1845, s.54). 17. desember bad han om løyve til å presentere den nemnte resolusjonen, men løyve vart ikkje innvilga (jmf.: CG, 17. des., 1845, s.66). 18. desember prøvde han seg igjen med betre hell og forslaget hans, S.R.1., vart innvilga ei fyrstegangs gjennomlesing (jmf.: CG, 18. des., 1845, s.75-76). 23. desember, vart forslaget hans lese opp for andre gong og diskutert i CotWotSotU. Eit tilleggssforslag vart tilføyd og på oppmoding frå Allen vart forslaget med tillegg referert vidare til CoFR (jmf.: JS, 23.des., 1845, s.68).

¹⁸⁵ Ingersoll vart vald inn i Den amerikanske kongress fyrste gong i 1813 og hadde sidan då besatt ei rekkje typar verv innanfor dømmende og lovgjevande myndigheiter på både føderalt og einskildstatsnivå (jmf.: "Ingersoll, Charles Jared" i *Biographical Dictionary of the United States Congress: 1744 to present*).

¹⁸⁶ Jmf.: Holmes og Adams sine kommentarar ovanfor, s.57.

¹⁸⁷ CG, 2. jan., 1846, s.127.

¹⁸⁸ CG, 2. jan., 1846, s.127.

demokratar og tre whigar. Sett bort frå Ingersoll, representerte imidlertid samtlege av komiteens demokratar ulike statar i sør¹⁸⁹, noko som tek oss vidare til neste forklaring på kvifor ei avgjerd i saka såg ut til å liggje eit stykke fram i tid.

Som me såg ovanfor, meinte Douglas at det føregjekk eit utsetjingsspel i høve til oregonsaka som mellom anna gav seg til kjenne ved at: "there seemed to be a terror in the Oregon question that made gentlemen shrink from it, who had met the Texas question boldly and without shrinking, last year."¹⁹⁰ Sjølv om Douglas ikkje gav til kjenne kven desse herrane som krympa seg var, kan me relativt trygt gå ut i frå at han særleg viste til sørstatsmedlemmer av sitt eige parti, som til dømes Holmes, som ikkje lenger såg ut til å heilhjarta støtte oppunder det politiske programmet som hadde blitt vedteke av partiet på Baltimore-konvensjonen i 1844, der annekteringa av Texas og Oregon hadde blitt oppført som *ei sak*.¹⁹¹ Det Douglas såg ut til å insinuere i sin teori var at desse herrane som no krympa og vegra seg, i utgangspunktet ikkje hadde sett på annekteringa av Texas og Oregon som *eitt* spørsmål med *eitt* mål: nemleg å innordne det som var amerikansk jord og amerikanske borgarar under amerikansk lov, noko som kom *heile* Den amerikanske sameininga til gode. Å sjå tileigning av jord som eit ubetinga gode for heile nasjonen var eit perspektiv som på mange måtar bygde på Jeffersons tenking rundt jordbruket og den sjølvberga bonden som grunnpilaren i eit sunt, demokratisk samfunn. Å ha tilgang på jord var det same som å ha tilgang på dei verktya som skulle til for at det eininkluderte individet, utan å vere avhengig av andre instansar, kunne oppretthalde livet. Å ha tilgang på jord skapte dermed rammer for eit samfunn samansett av individ som var uavhengige, frie og berga seg sjølv.¹⁹² I lys av eit slikt jeffersonsk tankesett var annekteringa av Texas og Oregon eitt spørsmål som vedkom heile nasjonen, og alle som hegna om det republikanske demokratiet, amerikansk uavhengigheit og einskildindividets fridom.

Innlemminga av Texas og Oregon kunne imidlertid også sjåast på som ei seksjonssak. Som me såg ovanfor¹⁹³, hadde det sidan opprettinga av Dei sameinte statane eksistert eit skilje mellom Sør og Nord sine interesser, noko som mellom anna kom til uttrykk gjennom dei to seksjonanes differensierte økonomiske struktur. Etter kvart som Sameininga hadde flytta

¹⁸⁹ Forutan C.J. Ingersoll (Pa.), bestod komiteen av Robert Barnwell Rhett (S.C.), William Winter Payne (Ala.), Howell Cobb (Ga), Alvan Cullom (Ten.) og Thomas Johns Perry (Md.).

¹⁹⁰ CG, 2. jan., 1846, s.125.

¹⁹¹ Stanwood, *A History of the Presidency from 1788 to 1897*, s.215-216.

¹⁹² Gilbert Chinard, *Thomas Jefferson: The Apostle of Americanism*, Little, Brown, and Company: Boston, 1929, s.327-329.

¹⁹³ Sjå ovanfor s.42.

grensa si vestover, hadde ein i tillegg til eit Nord og eit Sør, også fått danninga av eit Vest, som i kraft av å vere eit nybrottsamfunn i visse saker stod fram med egne interesser.

Etter kvart som tida hadde gått var dei geografiske skiljelinjene i høve til politisk posisjonering blitt viska ut i visse saker, medan linjene framleis var ein avgjerande faktor i andre, deriblant i slaverispørsmålet¹⁹⁴. Dei forskjellige geografiske seksjonane stod dermed på føderalt lovgjevande nivå framleis i konkurranse med kvarandre i saker som kunne kome den eine seksjonen til gode, men til skade for den andre. Douglas hevda altså at det fanst menn i forsamlinga som skilde Texas-Oregon-saka frå kvarandre til to einskildsaker. Ved å tenkje seg at innlemminga av det fyrste området ville kome Sørstatane til gode og svekke Nord og Vest på føderalt nivå, medan det motsette var tilfelle i høve til innlemming av det andre, gjorde desse menna det som opphavleg hadde vore eitt nasjonalt spørsmål om til ei seksjonssak.

Den andre årsaka til at ei avgjerd i oregonspørsmålet let vente på seg må dermed forklarast i to omgongar. I fyrste omgong let avgjerda vente på seg fordi Det demokratiske parti ikkje stod samla bak Texas-Oregon-vedtaket frå konvensjonen i Baltimore, noko Douglas meinte hadde sin årsak i at partimedlemmene frå sør av seksjonalistiske motiv berre såg seg tente med annektering av Texas, og at dei i utgangspunktet aldri hadde vore heilhjarta for innlemminga av begge områda. I andre omgong peika Douglas og Adams på at dette hadde blitt ein langdryg affære fordi motstandarar av innlemming av Oregon, i tillegg til motstandarar av at ei avgjerd i oregonspørsmålet skulle verte teke raskt, aktivt og medvite freista å hindre og utsetje handsaminga av saka.

¹⁹⁴ Motsetnadsforholdet mellom Nord og Sør i høve til slaveriet kom for alvor til syne i Kongressen i 1819 då talet på settlarar i Missouri, ein del av landeområdet som vart amerikansk med oppkjøpet av Louisiana i 1803, hadde vorte tilstrekkeleg høgt til at det som fram til då hadde vore klassifisert som territorium, kunne innvilgast status som stat. Då ein i februar i Representantanes Hus skulle fatte vedtak i resolusjonen som inviterte missouriinnbyggjarane til å danne ei grunnlovsgjevande forsamling på einskildstatsnivå, fremja James Tallmadge, Jr. (DR-N.Y.) eit tilleggsforslag som stadfesta importforbod av slavar til Missouri, og at born født av slavane som allereie var i Missouri skulle verte frie ved fylte 25 år, som vilkår for statsdanninga (jmf.: Howe, *What Hath God Wrought*, s.147). Dette tilleggsforslaget vart startskotet på ein langvarig debatt som til tider skal ha vore så oppheita at ein av talarane svima av under sitt eige innlegg (jmf.: Charles Sellers, *The Market Revolution: Jacksonian America 1815-1846*, Oxford University Press: New York, 1991, s.139). Debatten, som gjekk føre seg i fleire omgongar, fekk fyrst sin ende i 1820 med det ein omtala som "the missouri compromise". Kompromissløyisinga fekk form av at Maine-distriktet skulle skiljast ut or Massachusetts og få status som stat, og slik utjamne Nord-Sør-representasjonen i Kongressen på føderalt nivå, og at slaveriet var forbode, ikkje i den nye staten Missouri, men i det resterande landeområdet i Louisiana nord for 36°30" (jmf.: Charles S. Sydnor, *The Development of Southern Sectionalism, 1819-1848*, Louisiana State University Press (utgjevsstad ikkje oppgjeven), 1948, s.129-132).

Å tøyre reglementet

Dagen etter, laurdag 3. januar, gjorde ordstyraren i Huset medlemmene merksame på at sakene som stod øvst på dagsorden var om forslaget frå CoMA (H.R.38.) skulle refererast til CotWotSotU og om det skulle kalenderførast som ekstraordinært eller ikkje.¹⁹⁵ Charles J. Ingersoll ynskte i samband med dagsorden å minne Huset på at tungtvegande politiske spørsmål tidlegare var blitt avgjort i ordvekslinga som hadde for vane å oppstå når ein diskuterte handsamingsdato og komitéreferering. Denne praksisen tilsa, slik Ingersoll såg det, at alle sidene ved oregonspørsmålet no kunne takast opp til debatt.¹⁹⁶ Winthrop retta spørsmål til ordstyraren om dette var tilfelle, kor på han svara at så lenge ein kunne relatere merknadane sine til behovet for eit forsvar i området, var golvet ope for debatt.¹⁹⁷

Ingersoll hadde framleis ordet og haldt eit innlegg som tok føre seg oregonsaka som heilskap og som innhaldsmessig plasserte Ingersoll i 54°40"-grupperinga.¹⁹⁸ Han vart med dette den som *de facto* innleia debatten kring oregonspørsmålet som heilskap i denne Kongressen. Haralson fekk ordet etterpå og sa at dersom han på førehand hadde visst at forslaga han hadde fremja dagen før ville leie til diskusjonen som no utarta seg, ville han ikkje lagt dei fram. Deretter trakk han tilbake forslaget om å gjere resolusjonsforslaget til CoMA til ekstraordinær sak neste tysdag, og det som då stod att på dagsorden var å bestemme om forslaget skulle refererast til CotWotSotU. Haralson fremja forslag om ei umiddelbar stemmeavgjeving i høve til dette spørsmålet, men forslaget vart stemt ned med 58 mot 53 stemmer.¹⁹⁹ Resten av denne dagen vart via til debatt med utgangspunkt i spørsmålet om vidarereferering. Skjønt, berre éin av dei talande rørte tematiske sett ved forslaget frå CoMA, og ingen fremja meiningar i høve til spørsmålet om forslaget skulle refererast vidare. Samla sett vart denne dagen såleis eit nytt døme på korleis Husets prosedyre kunne invitere til, og opne opp for, ineffektiv saksgang. Dagsorden vart i sterk grad omgått i ordskiftet og taletida vart av dei fleste nytta til ytring om saksforhold som i beste fall kunne seiast å knyte an til spørsmålet som var ført opp på dagsorden sin ytterste periferi.

Ingersoll kasta med sin merknad om saksgangen eit normaliserande lys over denne praksisen. Ved å hevde at det ikkje var noko i vegen for at saker kunne diskuterast, og avgjerast, før dei var oppe til regulær debatt, verka han også å gjere eit forsøk på bortvise påstanden om at forslaget til CoFA om tolv månadersnotatet *måtte* føreliggja før ei konstruktiv

¹⁹⁵ CG, 3. jan., 1846, s.128.

¹⁹⁶ CG, 3. jan., 1846, s.128-129.

¹⁹⁷ CG, 3. jan., 1846, s.129.

¹⁹⁸ CG, 3. jan., 1846, s.129. Ingersoll presiserte at sjølv om han ikkje *ynskte* eit krigsutbrot på grunn av Oregon, ynskte han seg heller ikkje fred "whilst England has an inch of ground on American soil." (Mi utheving).

¹⁹⁹ CG, 3. jan., 1846, s.130.

handsaming av saka som heilskap kunne starte. Ei mogleg forklaring på merknaden til Ingersoll er at han var eit forsøk på å starte debatten om oregonspørsmålet før forslaget om tolv månadersnotatet frå CoFA førelåg. I lys av at Ingersoll både var demokrat og ein av 54°40"-menna, er det nærliggjande å tru at hans ynskje i høve til oregonspørsmålet samanfall med Polk-administrasjonens, nemleg at saka som heilskap skulle avklarast så raskt som mogleg i favør av innlemming av heile området.

Ingersolls invitasjon til det me kan kalle ein prematur debattstart kan i denne samanhengen sjåast på som eit forsøk på å motverke kreftene som såg på utsetjinga av handsaminga av oregonsaka som eit gode, og liknar dermed eit privat initiativ til å få fortgang i saka som me etterlyste ovanfor.²⁰⁰ I denne samanhengen kan det vere verd å merke seg at den praksisen han inviterte til denne dagen *de facto* opna opp for trenering av saka, samt at praksisen i seg sjølv stridde med det gjeldande reglementet for Husets prosedyre.

Når det gjeld reglementet var det nemleg slik at Representantanes Hus fyrste dagen av sesjonen hadde vedteke å følgje same reglement som Den 28. kongress. Adapsjonen av reglementet skapte debatt, noko som skuldast at den førre Kongressen hadde gjort bruk av den noko kontroversielle "the hour rule", eller timesregelen. Denne regelen sette ei øvre grense på taletida som vart innvilga kvar representant til ein time pr. kalenderførte sak. Eit stort fleirtal vedtok at regelen framleis skulle vere gjeldande, til tross for at tidsavgrensinga vakte harme hos ein del av medlemmene som meinte regelen hindra fri debatt og fungerte som ei tvangstrøye for intellektet til debattanten.²⁰¹

Då Ingersoll la fram påstanden om at det ikkje var noko i vegen for å tale om oregonsaka som heilskap på dette tidspunktet i saksgangen, viste han til at ei viktig avgjerd i høve til utforminga av charteret til Dei sameinte statanes nasjonalbank hadde blitt debattert og avgjort "on the mere point of reference".²⁰² Med dette som presedens hevda han no at "the whole subject-matter of this Oregon question was now open for debate".²⁰³ Debatten kring bankecharteret hadde imidlertid funne stad i Den 24. kongressen, ein kongress viss reglement ikkje inkluderte timesregelen²⁰⁴ og som dermed ikkje automatisk kunne nyttast som presedens for prosedyren til Den 29..

²⁰⁰ Sjå ovanfor, s.59.

²⁰¹ Jmf.: merknadane til John Smith Chipman (D-Mich.) i CG, 1. des., 1845, s.3. Regelen vart også gjeve andre kallenamn utover i debatten, og vart mellom anna omtala som "a shackle-bolt on a man lips", i merknadane til John Hoge Ewing (W-Pa.) i ACG, 29. jan., 1846, s.189.

²⁰² CG, 3. jan., 1846, s.128-129.

²⁰³ CG, 3. jan., 1846, s.128-129.

²⁰⁴ Det har ikkje lykkast meg å finne belegg for påstanden om at timesregelen ikkje var i bruk i Den 22. kongress i faglitteraturen om Kongressens prosedyre, ettersom denne regelen ikkje har vore gjenstand for spesifikk handsaming i nokon av verka eg har nytta meg av. Verka eg har funne mest innhaldsrike i høve til vår periode

Å ta eit saksområde opp til debatt i sin heilskap ”on the mere point of reference”, slik Ingersoll inviterte til, var, etter det eg forstår, nøyaktig slikt ein ville unngå ved å innføre timesregelen. Å tale om eit saksområde som heilskap under påskot av å snakke om vidarereferering skapte nemleg rom for å i praksis tale om *ei* sak fleire gonger, noko som både stridde mot det etablerte reglementet i Jeffersons *Manual*²⁰⁵, og den nyleg vedtekne timesregelen, ettersom praksisen skapte rom for at ein kunne nytte éin taletime til saka i sin

har vore Galloways *History of the House of Representatives* og Byrds *The Senate: 1789-1989*. Eg kjenner det som naudsynt i samanheng med dette å gjenta at det har vore ei utfordring å finne litteratur som i det heile tek føre seg Kongressens prosedurale og organisatoriske praksis, og utviklinga av denne, i eit historisk perspektiv. Utgjevingar om Kongressen slik den har fungert dei siste 20-30 åra finst det imidlertid eit rikhaldig utval av. Den litteraturen som faktisk tek føre seg historia til Kongressens verke, ser ut til å, forutan å ofte ha eit innleiande kapittel om utfordringane til dei fyrste kongressane, fyrst og fremst vektleggje utviklinga som fann stad etter Den amerikanske borgarkrig. Til tross for manglande funn i sekundærlitteraturen let påstanden om at regelen ikkje var i bruk i Den 22. kongress seg støtte på Thomas Jeffersons *Manual of Parliamentary Practice* samt funn eg har gjort i JHR.

Jeffersons *Manual*, som i 1846 framleis var ei autorativ kjelde i høve til rettleiing av Kongressens prosedyre, legg nemleg ikkje ei øvre tidsavgrensing på medlemmene i Huset. Det vert imidlertid presisert at kvart medlem berre kan tale ein gong pr. opplesing pr. sak (jmf.: Thomas Jefferson, *Manual of Parliamentary Practice*, seksjon xvii). Det er dermed grunn til å anta at eintimesregelen ikkje var del av det tidlege regelverket for prosedyre i Huset. Ein gjennomgang av JHR frå Den fyrste til Den 29. kongress støttar oppom dette. Fyrste gong ein støyter på timesregelen er i Den 20. kongress. 3. mars, 1828, fremja kongressmedlemmen William Haile (JD-Miss.) forslag om at ei øvre grense for taletid pr. forslag vart sett til ein time. Forslaget vart imidlertid ikkje teke opp til debatt, men ”lagt på bordet” på ubestemt tid (jmf.: JHR, Den 20. kongress, andre sesjon, 3. mars, 1828, s. 370). Neste gong timesregelen vart føreslege innført var i samband med at ein komité vart sett ned for å revidere reglementet til Huset i Den 26. kongress. Forslaget om tidsavgrensinga kom som eit tilleggsforslag til den nedsette komiteens forslag og vart fremja av John C. Clark (W-N.Y.), 14. januar, 1840 (jmf.: CG, Den 26. kongress, fyrste sesjon, 14. jan., 1840, s.121). Forslaget vart ikkje vedteke ettersom ein meinte at han ville hindre fri debatt. Ein medlem av komiteen, Josiah O. Hoffman (W-N.Y.), meinte forøvrig at dersom ein kvitta seg med skriveborda i Husets sal og dermed gjorde det vanskeleg for medlemmene å arbeide med andre saker medan debatten gjekk føre seg, ville reaksjonane frå ein sal som faktisk fylgde med på ein talars innlegg automatisk regulere taletida til det som var sømeleg. Dersom ein debattant brukte for lang tid, eller tala om irrelevante forhold, ville manglande tolmod frå tilhøyrarane setje ein stoppar for vidare sløsing av deira tid. Det var altså ikkje behov for ein regel som avgrensa taletida, det ein trong var ukomfortable sitjeplassar som ikkje baud på fasilitetar som gjorde det mogleg å utføre arbeidsoppgåver som ikkje var knytt til den aktuelle saken som vart handsama (jmf.: CG, Den 26. kongress, fyrste sesjon, 15. jan., 1840, s.122). Medlemmene av den følgjande kongressen, Den 27., meinte det var behov for atter ei revidering av Husets reglement og ein ny komité med dette som føremål vart dermed utpeikt. Særleg skapte regel nr. 21, ”the gag rule”, som slo fast at ingen opprop eller debattinnlegg som fremja avvikling av slaveriet skulle tillatast i Kongressen, mykje debatt (jmf.: CG, Den 27. kongress, fyrste sesjon, 1. juni, 1841, s.8). I samband med fastlegginga av nytt reglement vart det også denne gongen fremja forslag om at taletida skulle tidsavgrensast. Forslaget vart varsla av Lott Warren (W-Ga.) 6. juli, 1841 og vedteke dagen etterpå (jmf.: CG, Den 27. kongress, fyrste sesjon, 6. juli, 1841, s.155 og JHR, 7. juli, 1841, s.226). Då Den 28. kongress skulle vedta sitt reglement vart timesregelen, eller eintimesregelen som han no også vart kalla, forsøkt utstroke. Etter ei avstemming vart han, med 96 mot 92 stemmer, likevel ståande. Cave Johnson (D-Tenn.), som la fram tilleggsforslaget som sørgde for at regelen ikkje vart bortstroke, grunnlav forslaget sitt ved å forklare at han meinte innføringa av denne regelen var noko av det viktigaste og beste arbeidet Den 27. kongressen hadde utført (jmf.: CG, Den 28. kongress, fyrste sesjon, 4. des., 1843, s.4), noko som eg meiner støtter opp om påstanden om at det fyrst var med Den 27. kongressen timesregelen vart teken i bruk.

²⁰⁵ Jmf.: Jefferson, *Manual of Parliamentary Practice*, seksjon xvii. At Kongressen skulle følge ”the rules of parliamentary practice comprised in Jefferson’s Manual[...in all cases to which are applicable” vart forøvrig formelt stadfesta som del av reglementet for praksisen til Representantanes Hus 15. september, 1837. Jmf.: *Constitution of the United States with the Amendments thereto: to which are added Jefferson’s Manual of Parliamentary Practice, the Standing Rules and Orders for Conducting Business in the House of Representatives and Senate of the United States, And Barclay’s Digest*, Government Printing Office: Washington, 1847, s.48.

heilskap i samband med debatten rundt vidarereferering, i tillegg til taletimen ein hadde rett på når forslaget skulle opp til regulær debatt.

Sjølv om Ingersoll mest sannsynleg inviterte til denne praksisen for å få fortgang i handsaminga av saka, la han, med ordstyrarens samtykke, samstundes til rette for at det motsette kunne skje, nemleg ved å leggje til rette for å at Husets medlemmer kunne nytte meir taletid enn kva som var tillete i det vedtekne reglementet. Dette vil altså seie at Ingersolls tiltak for å skape fortgang i saka også kunne nyttast til det motsette, eit høve som streker under påstanden om at den administrasjonsvennlege delen av Det demokratiske parti, leid under mangel på dyktig leiarskap i Huset, eit høve som er til hjelp for å forstå kvifor oregonsaka ikkje let seg handsame raskare.

I innlegga som fylgde etter Haralsons forsøk på å setje strek for debatt, vart tematikk som me allereie er introdusert for, igjen brakt på banen, utbrodert, gjeven ny drakt og sete inn i nye historiske og samtidige kontekstar. To nye moment melde seg imidlertid inn som bestanddelar i oregondebatten. Det fyrste av desse var omgrepet ”manifest destiny”. Med dette omgrepet viste ein til det mange meinte var Dei sameinte statanes gudgjevne, ufråvikelege og openbare lagnad, nemleg å spreie det amerikanske styresettet, det republikanske demokratiet, til stadig nye område under Forsynets velvillige rettleiing. Omgrepet vart introdusert i debatten av Winthrop²⁰⁶ og vart seinare nytta av debattantane i både negativ og positiv valør. Mest sannsynleg henta Winthrop omgrepet frå leiaren i *New York Morning News* 27. desember, der redaktør John L. O’Sullivan, under overskrifta ”Our True Title”, nytta omgrepet for å gjere greie for det han meinte var det mest tungtvegande argumentet for at heile Oregon skulle leggjast innunder Sameininga.²⁰⁷

²⁰⁶ CG, 3. jan., 1846, s.134.

²⁰⁷ Meiningsinnhaldet i dette omgrepet var ikkje nytt, men hadde gjentekne gonger vorte nytta som argument for amerikansk ekspansjon vest- og sørover (sjå mellom anna dei fyrste to kapitla i: Anders Stephanson, *Manifest Destiny: American Expansion and the Empire of Right*, Hill and Wang: New York, 1996). O’Sullivan, som også var redaktør for månadsavisa *The United States Magazine and Democratic Review*, eit magsin kor leiaren som vart trykt i desember i *Morning News* hadde blitt trykt i juli-augustutgåva, hadde i ei rekkje leiarar og artiklar siden 1839 oppmuntra til, og argumentert for, utvidinga av Dei sameinte statanes grenser. Som ein raud tråd gjennom O’Sullivans skrivi, finn ein framstillinga av det republikanske demokratiet, eller det amerikanske styresettet, som ei direkte oversetjing av guddommelege styringsprinsipp i tråd med Guds plan og tanke for menneskets jordiske liv. Det amerikanske folket vert framstilt som iverksetjarane av Guds vilje med det som oppgåve å vere menneskeheitas bolverk mot, og tilslutt også sigerherren over, tyranniets styreformar. Ordet *manifestere*, i tydinga *det som openbarer seg sjølv*, vart ofte knytt til spådommane om det som av O’Sullivan vert sagt å vere det amerikanske folkets skjebne, nemleg å spreie sitt styresett, og dermed også Guds vilje, på jorda. Det var imidlertid fyrst etter leiaren vart trykt i desember at *manifest destiny* vart myntslege som omgrep og fekk rolla som politisk slagord i ordskifte om oregonspørsmålet. For meir om omgrepets opphav sjå: Julius W. Pratt, ”The Origin of ‘Manifest Destiny’”, *The American Historical Review*, Vol.32, Nr.4, 1927, s.795-798

Det andre momentet som vart kasta inn som tema i debatten var atter ein teori om at det gjekk føre seg eit strategisk spel i høve til oregonspørsmålet. Teorien var henta frå leiaren i *London Times* 2. desember, gjengjeve i *New York Courier and Enquirer* 2. januar.²⁰⁸ Leiaren, som vart lesen opp av Thomas King (D-N.Y.), gjorde greie for status i høve til amerikanske myndigheites handsaming av oregonsaka og fortalde lesaren at ein resolusjon som føreslo å oppheve samokkupasjonen innan tolv månader var forventta å bli lagt fram og passere i Huset, for seinare å bli stansa i Senatet, "by the prudence of New England and the reluctance of the South".²⁰⁹ Det forventta scenarioet vart i artikkelen meint å ligge til grunn for Polks offensive linje i spørsmålet. Trua på at Senatet kom til å stoppe notatet, gjorde det mogleg for presidenten å hauste popularitet i vest "by the most daring declarations", ettersom Senatet kom til å redde han frå å måtte handsame konsekvensane fråsegnene kunne få.²¹⁰ Utdraget vart avslutta med ei åtvaring om at spelet presidenten no hadde gjeve seg ut på gjorde det naudsynt for resten av verda å førebu seg på "the most disastrous consequences".²¹¹

Måndag, 5. januar, presenterte Charles J. Ingersoll fleirtalsgrupperinga i CoFA sitt forslag til resolusjon²¹² for vedtak om å sende det avtaleavsluttande notatet til britiske myndigheiter. Forslaget vart lese opp, foreslege vidarereferert til CotWotSotU og teke opp som ekstraordinær sak fyrste måndagen i februar, altså heile fire veker seinare. Den føreslegne kalenderdatoen er etter mi meining atter ein faktor som støtter opp om påstanden om at Ingersoll må ha møtt stor motstand blant sørstatsdemokratane i CoFA i sitt arbeid for å få gjennomført administrasjonen og Det demokratiske parti sin vedtekne oregonpolitikk.²¹³

²⁰⁸ Jmf.:CG, 3. jan., 1846, s.131.

²⁰⁹ CG, 3. jan., 1846, s.131.

²¹⁰ CG, 3. jan., 1846, s.131.

²¹¹ CG, 3. jan., 1846, s.131 (*London Times* si utheving).

²¹² Resolusjonsteksten lydde slik:

JOINT RESOLUTION of notice to Great Britain to "annul and abrogate" the convention between Great Britain and the United States of the sixth of August eighteen hundred and twenty seven relative to the country "on the northwest cost of America, westward of the Stony mountains," commonly called Oregon.

Resolved by The Senate and House of Representatives of the United States of America in Congress assembled, That the President of the United States forthwith cause notice to be given to the government of Great Britain, that the convention between the United States and Great Britain, concerning the Oregon territory, of the sixth of August one thousand eight hundred and twenty-seven, signed at London, shall be annulled and abrogated twelve months after the expiration of the said notice, conformably to the second article of the said convention of the sixth of August one thousand and twenty-seven. Jmf.: CG, 5. jan., 1846, s.138.

²¹³ Påstanden om at Ingersoll må ha hatt vanskar med å finne støtte til eit administrasjonsvenleg resolusjonsforslag blant dei andre komitémedlemmene vert særleg rimeleg med tanke på at Robert B. Rhett (D-S.C.), som på grunn av sin lojalitet til Calhoun vart omtalt som ein av "the Calhounites" (jmf.: Sellers, *James K. Polk: Continentalist*, s.416) og, som på grunn av sin eigenrådige opptreden i høve til Det demokratiske partiet også vart omtalt som ein av "the perennial dissenters from South Carolina" (jmf.: Wiltse: *John C. Calhoun: Sectionalist*, s.282), var blant komitémedlemmene. Jmf.: CG, 5. jan, 1846, s.139.

Frå salen vakte kalenderdatoen reaksjonar og forslag om at H.R.5. vart kalenderført som ekstraordinær sak dagen etter, og ikkje om ein måned, vart ropt ut frå ulikt hald i salen.²¹⁴ Kalenderdatoen vart diskutert ei stund før Joshua R. Giddings (W-Ohio) retta spørsmål til ordstyrar om det no var slik at heile saksområdet i tilknytning til oregonspørsmålet var ope for debatt ettersom ein diskuterte vidarereferering og kalenderføring av eit relatert forslag, slik ein også hadde gjort den førre dagen.²¹⁵ Ordstyraren svara bekreftande og Giddings, som framleis hadde ordet, haldt eit innlegg til støtte for annekteringa av heile området. Under innlegget vart Giddings stadig forsøkt stansa under påskot av merknadane hans var irrelevante i høve til dagsorden og for at han no kasta ein brannfakkell inn i Huset.²¹⁶ Til tross for at han argumenterte for innlemming av heile Oregon let han seg ikkje heilt enkelt plassere inn i 54°40"-grupperinga. Hans argument for innlemming hadde nemleg på ingen måte sitt utspring i at *retten* til territoriet var amerikansk, men heller i tanken om at nye statar i nordvest ville kunne bidra til å gjenopprette maktbalansen mellom dei frie statane i Nord og dei slavehaldande statane i Sør, som med innlemminga av Texas var blitt den dominante politiske blokka på føderalt nivå.²¹⁷

Øvst på dagsordenen for tysdag 6. januar, stod framleis spørsmåla om vidarereferering og kalenderføring av H.R.5., som ikkje hadde blitt avgjorde dagen før. Henry Washington Hilliard (W-Ala.) innleidde dagssesjonen med eit timeslangt innlegg i tilknytning til Oregon, før Jacob Thompson (D-Miss.) reiste seg og bad ordstyrar om ei oppklaring i høve til kvifor dette spørsmålet tok opp meir tid enn morgontimen var innvilga i reglementet.²¹⁸ Ordstyrar svara at ettersom H.R.5. vart introdusert ved at reglementet var tilsidesett²¹⁹ dagen før, stod det ikkje i hans makt å stoppe debatten før ei avgjerd hadde blitt teke i høve til vidarereferering og kalenderføring, altså spørsmåla som vart introduserte i samband med introduksjonen.²²⁰ I samband med dette bad Thompson alle sider i Huset om å ta hans appell om at rapporten og resolusjonen no måtte refererast vidare til følgje. Dette var naudsynt for å frigjere morgontimen slik at andre komitears rapportar skulle kunne verte introduserte for

²¹⁴ CG, 5. jan., 1846, s.139.

²¹⁵ CG, 5. jan., 1846, s.139.

²¹⁶ CG, 5. jan., 1846, s.139.

²¹⁷ ACG, 5. jan., 1846, s.72.

²¹⁸ Thompson viste til, og las opp, regel nr. 27 som lydde som følgjer: "After one hour shall have been devoted for reports from committees and resolutions, it shall be in order, pending the consideration or discussion thereof, to entertain a motion that the House do now proceed to dispose of the business on the Speaker's table, and to the order of the day." Jmf.: CG, 6. jan., 1846, s.150. Denne timen vart omtala som "the morning hour", eller morgontimen.

²¹⁹ Jmf.: CG, 5. jan., 1846, s.138.

²²⁰ CG, 6. jan., 1846, s.150.

kammeret og for at Huset kunne vende tilbake til regulær prosedyre.²²¹ Thompson hevda det var openbart at spørsmålet om avsendinga av tolv månadersnotatet var eit spørsmål som Huset snarleg kom til å måtte ta stilling til. Han meinte difor at tida var inne for at diskusjonen vart flytta til CotWotSotU, ein meir handlings- og slutningsdyktig kammerform enn Husets plenumsforsamling,²²² slik at ein meir formålstenleg debatt kunne finne stad.²²³

Fleire representantar hadde innvendingar mot dette, ettersom ei vidarereferering kunne forårsake at ei avstemming vart pressa fram umiddelbart. Thompson forklarte at han føreslo å la forslaget refererast vidare, men ikkje som ekstraordinær sak. Ved å referere det vidare kunne det handsamast ved at komiteens fleirtal stemte for debatt. Dette gjorde det mogleg å også ta seg av andre plikter samstundes som ein handsama oregonsaka, noko som ikkje ville vere mogleg dersom ho vart ført opp som ekstraordinær sak og dermed fortrenge alle andre saker på kalenderen.²²⁴ Til slutt fekk pådrivarar for oregonsaka pressa fram ei avstemming over forslaget til vidarereferering og kalenderdato. Resultatet vart eit tilstrekkeleg fleirtal for referering vidare til CotWotSotU, medan den seine kalenderdatoen vart stemt ned.²²⁵ Huset reiste seg deretter og tredde saman att som CotWotSotU, eit fleirtal stemte for debatt rundt oregonspørsmålet og resten av dagen vart dermed nytta i komité til regulær drøfting av saka.²²⁶

Oppsummering

Vidarerefereringa av H.R.5. til CotWotSotU markerer slutten på det me her omtalar som fyrste periode i handsaminga av oregonspørsmålet. Denne hendinga har fått status som sluttpunkt ettersom ho innebar at ein regulær debatt, med medfølgjande mogleik for at ei slutting kunne verte fatta i saka, no kunne finne stad. I laupet av denne fyrste perioden gav fleire forhold seg til kjenne som saman resulterte i at handsaminga av lovforslaga som knyte seg til oregonsaka vart ein sær tidkrevjande syssel.

Blant desse gjorde manglande evne i leiarskapet i Det demokratiske parti til å fremje ei ryddig og effektiv handsaming av saka i Representantanes Hus seg gjeldande tidleg i oregondebattens fyrste periode. Dette forholdet gav seg særleg til kjenne gjennom Stephen A.

²²¹ CG, 6. jan., 1846, s.150.

²²² CotWotSotU er ein komitéform viss føremål er å gjere Huset meir effektivt og vedtaksført. Graden av vedtaksførheit vert auka ved at *quorum*, altså talet på representantar som må vere tilstades for at forsamlinga skal reknast for å vere å slutningsdyktig, for CotWotSotU er sett til ein femdel av forsamlinga. Ved å tre saman som CotWotSotU kan ein altså debattere og fremje forslag til tilleggssforslag til tross for at Huset som kammer ikkje er fulltalig. Sjå mellom anna: Galloway, *History of the House of Representatives*, s.384.

²²³ CG, 6. jan., 1846, s.150.

²²⁴ CG, 6. jan., 1846, s.150.

²²⁵ CG, 6. jan., 1846, s.150-151.

²²⁶ CG, 6. jan., 1846, s.151-153.

Douglas sitt framlegg til vidarereferering av dei anbefalte lovforslaga frå presidentens årsrapport, samt Charles J. Ingersoll sin innsats for å starte debatten kring saka prematurt. Det manglande leiarskapet i kombinasjon med det faktum at Huset som kammer var eit tungrodd organ med mange potensielt forseinkande prosedurale fallgruver når det gjeld sakshandsaming, dannar ein bit av forklaringa på kvifor saksgangen vart prega av stillstand. Denne forklaringsbiten finn også gjenklang i førestillingane som vart lagt til grunn for oppgåvas fyrste innfallsvinkel og grunntese i introduksjonen, der lovgjevande maktutøving vart framsett for å vere ein praktisk syssel. Å fremje og få gjennomslag for eit lovforslag er såleis ein geskjeft viss suksess ikkje *utelukkande* avhenger av dei politiske maktforholda innanfor det lovgjevande organet, men også ei rekkje andre forhold, deriblant sakfremjaranes evner til å få organet som sakshandsamande bedrift til å fungere optimalt og til fordel for fremjing av eiga sak. Douglas og Ingersoll viste seg ikkje som saksfremjarar av eit slikt kaliber i denne fyrste perioden av handsaminga av oregonsaka. Deira manøvrar må heller reknast for å ha vore medverkande til at saksgangen vart hemma, snarare enn fremja.

Stadige spørsmål og initiativ til diskusjon kring prosedyre og formalia i tilknytning til saka, gjorde også sitt til at fyrste periode i handsaminga av oregonspørsmålet vart avslutta utan at ei avgjerd i saka såg ut til å være nært føreståande. I lys av dette såg me at pådrivarar for handsaminga av oregonsaka lanserte ein teori om at motstandarar av innlemminga av oregonterritoriet dreiv eit aktivt og medvite treneringsspel i høve til saka; ein teori som fleire episodar i debattens fyrste periode kan takast til inntekt for. Mogleiken til å trenere ei sak, ved å stille dei rette spørsmåla til rett tid, er ytterlegare eit forhold som finn resonans i tanken om lovgjevande maktutøving som ein praktisk og logistisk syssel som let seg bremse ned ved at det lovgjevande organets sakshandsamande tid vart konsumert til andre ting enn sakshandsaming.

Ein annan bit av forklaringa på at lovforslaga som rørte ved Oregon, og då særleg forslaget som fremja avsending av tolv månadersnotatet, ikkje vart handsama resolutt og effektivt, let seg finne ved å sjå nærare på viljen til å fremje saka innanfor Det demokratiske parti. Tidleg i kongressesjonen vart det nemleg tydeleg at partiet ikkje lenger stod, og kanskje aldri hadde stått, samla bak Texas-Oregon-vedtaket frå partikonvensjonen i Baltimore. I følge partimedlemmer frå både nord og vest, syntes sørstatsmedlemmene å vegre seg for å fatte lover som ville føre til innlemminga av heile Oregon, så snart annekteringa av Texas formelt hadde funne stad. I forlenginga av dette vart dei skulda for å la seg styre av seksjonalistiske kjensler i høve til ekspansjon vestover. Nærare bestemt vart dei skulda for å ha planlagt frå starten av å trekkje seg frå den ekspansive linja så snart sørstatane hadde fått

eit nytt medlem og med dette blitt ei sterkare politisk blokk på føderalt nivå. At Det demokratiske parti var i fleirtal i begge kammer vart dermed ikkje ein faktor som fremja rask og administrasjonsvenleg handsaming av oregonsaka, stikk i strid med kva ein skulle tru med tanke på vedtaket som vart fatta i Baltimore.

Kapittel 5

Den andre periode i handsaminga av oregonspørsmålet

Regulær debatt i Representantanes Hus

Den regulære debatten i Huset starta i CotWotSotU 6. januar. I laupet av dei neste ti dagane hadde 21 av Husets medlemmer haldt sine innlegg i debatten.²²⁷ Samtlege av desse innlegga let seg innhaldsmessig plassere i anten 54°40"-grupperinga, eller i Nei til notat-gruppa, med høvesvis 16²²⁸ og fem²²⁹ i kvar kategori. Dei fylgde dermed stort sett same spor som dei ti innlegga som hadde blitt haldne under den premature debatten mellom 3. og 5. januar.²³⁰ 16. januar vart tilhøyrarane i Husets sal introduserte for tre innlegg som alle argumenterte for det avtaleavsluttande notatet, men som samstundes var skeptiske til å hevde at den amerikanske retten til området mellom 49° og 54°40" var udiskutabel. I tråd med dette vart det i desse innlegga hevda at saka kunne løysast ved å inngå eit kompromiss, ved at grensa vart trekt ved 49. breiddegrad.²³¹ Dei argumenterte også mot påstanden om at det ikkje var ærbart å la dei negative konsekvensane som potensielt sett kunne følgje av å halde retten til området i hevd påverke avgjerda ein bestemde seg for å ta.²³² Avtaleavslutting vart dermed for fyrste gong i Husets debatt kring oregonspørsmålet lansert som noko som både kunne og burde einast med eit fredleg kompromiss ved 49. breiddegrad. Dei følgjande ti dagane vart oregonsaka lagt litt tilsides til fordel for debatt rundt gyldigheita ved valet av Floridas representant.²³³ Frå 26. januar av vart oregonspørsmålet igjen saka som dominerte Husets sakshandsamande tid, noko

²²⁷ Jmf.: CG, 6.-16. jan., 1846, s.146-212.

²²⁸ Jmf.: innlegga til: Henry W. Hilliard (W-Ala.), James B. Bowlin (D-Mo.), Howell Cobb (D-Ga.), John A. McClernand (D-Ill.), William F. Giles (D-Md.), Lewis S. Levin (A-Pa.), Andrew Kennedy (D-Ind.), Robert A. Toombs (D-Ga.), Hannibal Hamlin (D-Maine), Frederick P. Stanton (D-Tenn.), Samuel Gordon (D-N.Y.), Jacob Brinkerhoff (D-Ohio), John Wentworth (D-Ill.), John S. Chipman (D-Mich.), Isaac E. Morse (D-La.) og James C. Dobbin (D-N.C.).

²²⁹ Jmf.: innlegga til: William L. Yancey (D-Ala.), Caleb B. Smith (W-Ind.), Robert M. Hunter (D-Va.), William M. Cocke (W-Tenn.) og Henry Bedinger (D-Va.).

²³⁰ Innlegga som vart haldne i den premature debatten omfatta åtte 54°40"-innlegg, haldne av henholdsvis: Charles J. Ingersoll (D-Pa.), Conelius Darragh (W-Pa.), Preston King (D-N.Y.), Robert D. Owen (D-Ind.), Edward D. Baker (W-Ill.), Joshua R. Giddings (W-Ohio), Joseph Jefferson McDowell (D-Ohio) og Leonard Henry Sims (D-Mo.), og to innlegg som argumenterte mot notat, nemleg: Robert Charles Winthrop (W-Mass.) og Robert Barnwell Rhett (D-S.C.), jmf.: CG, 3.-5. jan., 1846, s.128-145.

²³¹ CG, 16. jan., 1846, s.212-216.

²³² Jmf.: innlegga til John A. Rockwell (W-Conn.), James Pollock (W-Pa.) og Charles Goodyear (D-N.Y.).

²³³ CG, særleg 20.-24. jan., 1846, s.222-239.

det haldt fram med å vere fram til 9. februar, då debatten i Huset vart avslutta og ei avstemming over dei ulike resolusjonsframlegga vart halden.

Mange av kammerets medlemmer ynskte å ytre seg i denne saka, og mellom innlegga førte trengselen mellom representantar som freista å vere fyrstemann til å innta golvet til samanstyrt og det mange meinte var uverdige former for oppførsel.²³⁴ Til saman 89 einskilde innlegg hadde blitt lagt fram før kammeret sat sluttstrek for ordskiftet.²³⁵ 60²³⁶ av dei framlagte innlegga hadde innhaldsmessig støtta avtaleavslutting og innlemming av heile området, 17²³⁷ hadde på ulikt grunnlag argumentert mot avsendinga av notatet og tolv innlegg hadde innhaldsmessig fremja ei avtaleavslutting som forutsette kompromiss og at freden mellom dei to partane vart oppretthaldt.²³⁸ Heile to tredeler av innlegga hadde altså argumentert for innlemminga av heile Oregon uavhengig av om dette kunne medføre at eit krigsutbrot ville finne stad mellom Storbritannia og Dei sameinte statane. I tråd med desse tala verka det som om spådomen til *London Times*, om at ein resolusjon som fremja avtaleavslutting innan tolv månader ville passere i Representantanes Hus, med stort sannsyn

²³⁴ Sjå mellom anna dei innleiande merknadane til Frederick P. Stanton (D-Tenn.), CG, 14. jan., 1846, s.199, William W. Wick (D-Ind.), ACG, 30. jan., 1846, s.199, Stephen Strong (D-N.Y.), CG, 3. feb., 1846, s.299, David Wilmot (D-Pa.), ACG, 7. feb., 1846, s.184, Washington Hunt (W-N.Y.), ACG, 6. feb., 1846, s.238, Hugh A. Haralson (D-Ga.), ACG, 9. feb., 1846, s.267 og særleg Charles W. Cathcart (D-Ind.), i CG, 6. feb., 1846, s.322, der kampen om golvet vert omtala slik:

My life has been one of continual struggle, and yet I must be permitted to say, that I have passed through no scene heretofore so strikingly, strongly coloured with serio-comical features as that which we have witnessed in this House during the last few weeks; and I can concieve of nothing so ludicrous[...]as the simultaneous effort of some dozen or two members to obtain the floor, as each more fortunate competitor concluded his hour speech. If our honest constituents could drop in upon us and see and hear the curious devices adopted to obtain your response, Mr. Chairman, I am sure, though they would laugh at the farce, they would pity the actors.

²³⁵ Dette talet omfattar også dei ti innlegga som vart haldne mellom 3.-5. januar.

²³⁶ Forutan innlegga nemnt ovanfor (sjå note 142), omfattar dette talet også innlegga til: Cullen Sawtelle (D-Maine), Martin Grover (D-N.Y.), Stephen A. Douglas (D-Ill.), Robert D. Owen (D-Ind.), Allen G. Thurman (D-Ohio), James Thompson (D-Pa.), Edward D. Baker (W-Ill.), Joseph Hoge (D-Ill.), William W. Wick (D-Ind.), Andrew Johnson (D-Tenn.), Jacob Thompson (D-Miss.), Stephen Strong (D-N.Y.), William Sawyer (D-Ohio), Lucien B. Chase (D-Tenn.), Seaborne Jones (D-Ga.), Columbus Delano (W-Ohio), George S. Houston (D-Ala.), Charles D. Cathcart (D-Ind.), Barclay Martin (D-Tenn.), Orlando B. Ficklin (D-Ill.), Henry S. Clarke (D-N.C.), Isaac Parish (D-Ohio), David A. Starkweather (D-Ohio), George Fries (D-Ohio), David S. Reid (D-N.C.), Robert Smith (D-Ill.), John D. Cummins (D-Ohio), Henry D. Foster (D-Pa.), Archibald Yell (D-Ark.), Augustus C. Dodge (Delegat utan stemmerett, D-iowaterritoriet), David Wilmot (D-Pa.), Archibald Atkinson (D-Va.), John Quincy Adams (W-Mass.), Hugh A. Haralson (D-Ga.), Charles J. Ingersoll (D-Pa.) og Cornelius Darragh (W-Pa.).

²³⁷ Forutan innlegg nemnt ovanfor (sjå note 230), gjaldt dette også for innlegga til: John S. Pendelton (W-Va.), Thomas H. Bayly (D-Va.), Isaac E. Holmes (D-S.C.), Edwin H. Ewing (W-Tenn.), Shelton F. Leake (D-Va.), Meredith P. Gentry (W-Tenn.), Solomon Foot (W-Vt.), Garrett Davis (W-Ky.), Joseph Woodward (D-S.C.) og T.B. King (W-Ga.).

²³⁸ Forutan dei tre innleggja nemnt ovanfor, gjaldt dette også innlegga til: William W. Campell (A-N.Y.), Bradford A. Wood (D-N.Y.), Joshua F. Bell (D-Ky.), Edmund Dargan (D-Ala.), Jefferson Davis (D-Miss.), Washington Hunt (W-N.Y.), Truman Smith (W-Conn.), A.D. Sims (D-S.C.) og Armistead Burt (D-S.C.).

ville vise seg å gå i oppfylling.²³⁹ Det som imidlertid framleis var usikkert var kva ordlyden i Husets resolusjon kom til å bli, samt om han til slutt ville bli stansa i Senatet.

Avstemningsdagen i Huset

Ei rekkje representantar hadde sidan 26. januar forsøkt å fastsetje eit sluttpunkt for debatten og eit klokkeslett for avrøystinga, men forslaga hadde gong på gong møtt motstand frå representantar som meinte at debatten måtte halde fram, og forslaga om avslutting hadde dermed på ulikt vis blitt lagt på vent.²⁴⁰ 5. februar lykkast det likevel Sterling Price (D-Mo.) å få vedteke at debatten skulle avsluttast 9. februar, klokka tre, og at ei avrøysting over resolusjonsforslag i tilknytning til oregonspørsmålet skulle følgje umiddelbart etterpå.²⁴¹ Då klokka slo tre måndagen etter, noterte reporteren, i eit noko dramatisk ordelag, at komitéleiaren gav bordet eit ekstra hardt slag med hammaren, ”indicating that the time for *debating* was passed, and that the hour for *action* had come.”²⁴² Då det lykkast komitéleiaren å få dei av Husets medlemmer som no vrimla rundt og skapte trengsel på golvet, samt blokkerte utsynet for han og sekretariatet, til å setje seg på plassane sine att, starta handsaminga av det fyrste forslaget til resolusjon, H.R.5..

Teksten vart lesen opp og ulike forslag til endring vart presentert. Fyrst kom eit forslag om bortstryking av delar av teksten, deretter ein resolusjonstekst i fire ledd som vart føreslege å erstatte den originale. Så fylgde presentasjonen av eit tilleggsforslag som deretter vart føreslege tillagt med ein femledda resolusjonstekst som skulle erstatte tilleggsforslagets fyrste ledd. Erstattingsforslaget vart føreslege erstatta og det fyrste tilleggsforslaget vart føreslege delt opp i to. Innimellom opplesinga og presentasjonen av dei ulike forslaga fann det stad suksessive avstemmingar, samt diskusjon mellom komitéleiar og forskjellige representantar om kva som etter regleverket var rett praksis i denne fasen av sakshandsaminga. På dette tidspunktet verka det som om mange av kammerets medlemmer hadde mista oversikt over kor

²³⁹ Jmf.: mellom anna *London Times* (sjå ovanfor s.67).

²⁴⁰ Sjå mellom anna: CG, 26. jan., 1846, s.249; 28. jan., 1846, s.268; 2. feb., 1846, s.294; 4. feb., 1846, s.306.

²⁴¹ Dette forslaget vart forøvrig også forsøkt lagt på vent ved at James McKay (D-N.C.) oppmoda og fekk fleirtal for at ”a call of the House”, eller ei innkalling av Husets medlemmer, skulle finne stad. Denne form for innkalling skulle i utgangspunktet nyttast når fråveret av medlemmer var så stort at kammeret ikkje var vedtaksført, men vart også nytta som ein uthalingsteknikk. Innkallinga var ein tidkrevjande prosess som starta med eit opprop av samtlege av Husets medlemmer slik at dei fråverande medlemmene vart kartlagde. Deretter fann det stad ein gjennomgang av annonsert fråver som anten var kjent gyldig eller ugyldig. Husets ”Sergeant-of-arms” vart så sendt for å arrestere og bringe medlemmer utan godkjent fråver tilbake til kammeret. Frå innkallinga starta og fram til det vart stadfesta at eit *quorum* var tilstade, vart sakshandsaming i Huset stansa. Sjå mellom anna: Galloway, *The History of the House of Representatives*, s.385. Innkallinga som fann stad på oppmoding av McKay vart avbroten på halvegen etter forslag frå George W. Jones (D-Tenn.), noko som igjen gjorde det mogleg å stemme over Price sitt forslag. Jmf.: CG, 5. feb., 1846, s. 312.

²⁴² CG, 9. feb., 1846, s.345 (reporteren si utheving).

ein var komen i røysteprosessen.²⁴³ T.B. King opplyste i tråd med dette om at uroa som regjerte i salen gjorde det umogleg å høyre kva som vart sagt.²⁴⁴ George Ashmun (W-Mass.) støtta dette ved å gjere merksam på at i hans ende av salen visste ingen kva forslag som var oppe til avstemming.²⁴⁵ Frå C.J. Ingersoll kom imidlertid kommentaren: ”oh yes, we all know well”, før fleire stemmer stemmer samtykte og ropte ”Yes. We understand it well enough. Go it 54 40.[sic]”²⁴⁶

Forslaget som no skulle stemmast over var tilleggsforslagets andre del, eit forslag som 54°40”-menna sette seg sterkt i mot. Det vart presentert av Edmund S. Dargan (D-Ala.) og stadfesta at oregonspørsmålet *skulle* løysast ved forhandlingar og kompromiss, og at grensa mellom amerikansk og britisk område skulle trekkjast sør for Frasier River, altså langs 49. breiddegrad og vestover ut til kysten.²⁴⁷ Stemmene fall og reporteren noterte seg følgjande: ”If there was one affirmative vote, the reporter did not hear it; the negativ vote came down, in tones loud enough to split the columns, and amidst the heartiest roars of laughter.”²⁴⁸

Eit nytt tilleggsforslag var lagt fram samt eit forslag til erstatting. Det fyrste var stemt ned og kva som skjedde med det andre lykkast det ikkje reporteren å få med seg, ettersom avgjerda drukna i uroa og forvirringa blant dei som var tilstades i salen.²⁴⁹ Rolegare vart det ikkje då Alexander Ramsey (W-Pa.) la fram eit forslag til utstryking av heile den originale teksten for så å erstatte han med ein setning som stadfesta at oregonspørsmålet ikkje skulle løysast ved vidare forhandlingar og inngåing av kompromiss.²⁵⁰ Då oppteljinga fann stad, passerte ti personar oppteljarane²⁵¹ ”amidst shouts of laughter - cries of ”54°40” forever” –

²⁴³ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁴⁴ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁴⁵ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁴⁶ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁴⁷ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁴⁸ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁴⁹ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵⁰ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵¹ Når det gjeld korleis ein avla stemmer i Representantanes Hus i Den 29. kongress er det noko usikkert kva praksis ein fylgte. Det fyrste reglementet for Huset oppgjev, i likskap med Jeffersons *Manual*, ein røystepraktis henta frå det britiske House of Commons, der stemmene vert gjeve til kjenne ved at representantane som ville avleggje positive stemmene gjekk ned på golvet til høgre for ordstyrar, medan dei som ville avleggje negative stemmer, gjekk til venstre. I *Standing Rules of the House of Representatives* (1847), regel nr.4 (sjå også noten som er ført opp til regelen), heitte det seg imidlertid at dette viset å avleggje stemmer på vart funne særst tungvindt og at ein difor allereie i juni 1789, innførte avstemming ved bruk av røysta, samt ved at ja- og nei-sida i eit spørsmål etter tur reiste seg frå sitjeplassane sin for så å bli talde av oppnemnte teljarar. CG-reporteren som dekte avstemminga 9. februar skildrar imidlertid stemmeprosessen ved bruk av frasar som: ”tellers were ordered and ten members passed between them” (s.347) og Douglas, som var ein av teljarane, forklarar det at ein feil kunne ha førekome i oppteljinga ved å vise til at: ”the members having passed through very rapidly.” Det verkar dermed i dette tilfellet som om representantane reiste seg opp frå stolane og let seg telje ved å passere dei oppnemnte teljarane nede på golvet og at Den 29. kongressen gjorde bruk av noko som liknar den opphavlege røystepraktisen i tillegg til dei to andre måtane.

stamping of feet and clapping of hands”.²⁵² Då komitéleiaren lykkast å få ein slutt på klappinga og trampinga, vart stemmene i negativ favør avlagde og talde til saman 146. Forslaget vart dermed avvist.²⁵³

Huset hadde no stemt over litt meir enn halvparten av dei ulike forslaga til resolusjonstekst som kom til å bli lagde fram denne dagen. I denne samanheng skal me særleg merke oss at eit forslag som eksplisitt føreslo ei kompromissgrense langs 49. breiddegrad, samt eit anna forslag som eksplisitt stadfesta at spørsmålet *ikkje* skulle avgjerast ved forhandling og kompromiss, hadde vorte stemt ned med overveldande fleirtal og tilhøyrande støy. Neste forslag som vart stemt over kom frå Robert C. Schenck (W-Ohio) og stadfesta at ueinigheita som eksisterte mellom amerikanske og britiske myndigheiter i høve til oregonterritoriet framleis skulle vere ”the subject of honorable negotiation, and and should by that means be adjusted.”²⁵⁴ Forslaget likna dermed Dargans, forutan at ordet ”kompromiss” var stroke bort og at teksten ikkje oppgav eit konkret forslag til kvar grensa skulle trekkjast. Oppteljinga av stemmene vart, i følgje reporteren, gjort ”amidst very great confusion”²⁵⁵ og etter at resultatet vart korrigert frå fyrst å vere 102 for og 99 mot, til 101 for og 99 mot, vart ei ny oppteljing etterspurd av fleire.²⁵⁶ Douglas, som var den eine av teljarane, meinte at stemmeavgjevinga hadde skjedd særst hurtig og at det var mogleg at ein feil hadde funne stad, sjølv om han var ganske sikker på at sjølve talet var korrekt.²⁵⁷ Komitéleiaren føreskreiv dermed ei ny oppteljing, noko Rhett hadde sterke innvendingar mot ettersom resultatet hadde blitt stadfesta av komitéleiar.²⁵⁸ Deretter fylgde eit langvarig ordskifte kring behovet for, og rettmessigheita ved, ei ny oppteljing, der særleg whigane Ewing og Schenck, samt calhounitten Rhett, ivra for at resultatet vart ståande.²⁵⁹ Medan ordskifte gjekk føre seg noterte reporteren fleire gonger at salen var prega av ”great confusion”, at nokre kommentarar var umoglege å få med seg og at komitéleiaren atter ein gong måtte be kammerets medlemmer om å setje seg ned på plassane sine.²⁶⁰ Ordskiftet enda i ei avstemming der 108 stemte mot ei ny oppteljing og 90 for. Schencks forslag vart dermed ståande og han føreslo rett etter avgjerda vart teken at komiteen reiste seg og rapporterte resolusjonen vidare til Huset.²⁶¹

²⁵² CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵³ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵⁴ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵⁵ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵⁶ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵⁷ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵⁸ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁵⁹ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁶⁰ CG, 9. feb., 1846, s.347.

²⁶¹ CG, 9. feb., 1846, s.348.

Dette let seg ikkje gjere ettersom det framleis låg forslag på vent som ikkje hadde vorte stemt over. Dei ventande tilleggs- og erstatningsforslaga vart lagt fram og stemt over litt etter litt. Stadig vart nye forsøk på å leggje fram tilleggsforslag og erstatningsforslag avvist av komitéleiar, som viste til forskjellige stader i reglementet som mellom anna stadfesta at komiteen ikkje kunne handsame to erstatningsforslag på same tid.²⁶² Linn Boyd (D-Ky.) lykkast likevel i å få lagt fram eit nytt forslag etter å ha forhøyrert seg fleire gonger på forskjellige tidspunkt om det lét seg gjere å leggje fram eit forslag, anten som tillegg til, eller ei erstatning for, det ventande erstatningsforslaget. Forslaget til Boyd vart tilslutt fremja som eit tilleggsforslag til det ventande erstatningsforslaget, og dette føreslo å stryke ut heile teksten og erstatte han med ein toledda resolusjon som i det fyrste leddet stadfesta at det avsluttande notatet skulle sendast og, i det andre, at det skulle vere vedteke at: "Nothing herein contained is intended to interfere with the right and discretion of the proper authorities of the two contracting parties to renew or pursue negotiations for an amicable settlement of the controversy respecting the Oregon territory."²⁶³

Etter opplesinga av Boyds forslag oppstod det ein kort diskusjon i høve til om forslaget kunne seiast å vere eit erstatningsforslag til eit erstatningsforslag og dermed ikkje reglementert.²⁶⁴ Boyd avviste dette ved å vise til at han hadde lagt fram forslaget som eit *tilleggsforslag* til erstatningsforslaget.²⁶⁵ Charles J. Ingersoll lurte så på om det var mogleg å dele forslaget i to og stemme over forslagets to ledd einskildvis, noko komitéleiar meinte ikkje var mogleg ettersom forslaget hadde blitt føreslege som éi heilskapleg erstatning.²⁶⁶ Tillegget vart så vedteke med 110 mot 93 stemmer.²⁶⁷ Fleire forsøk på å fremje tilleggsforslag til tilleggsforslaget vart deretter avvist som ureglementere, det vart så sådd tvil om tilleggsforslaget var reglementert og ei avstemming om tillegget skulle verte ståande vart halden.²⁶⁸ Igjen vart tilleggsforslaget vedteke, denne gongen med 109 stemmer mot 94.²⁶⁹ Fleire representantar hadde tilleggsforslag dei ynskte å fremja, men komitéleiar meinte at komiteen ikkje hadde anna å gjere no enn å reise seg.²⁷⁰ På spørsmålet om kvifor det ikkje

²⁶² CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁶³ CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁶⁴ CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁶⁵ CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁶⁶ CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁶⁷ CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁶⁸ CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁶⁹ CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁷⁰ CG, 9. feb., 1846, s.348.

vart gjeve løyve til å presentere nye tillegg, svara han enkelt og greitt at: "The chair can not enter into a discussion on the reasons why."²⁷¹

Dermed reiste CotWotSotU seg og komitéleiar la fram komiteens avgjerd til Husets som plenumforsamling og etterspurde deretter Husets samtykke.²⁷² Uro og forvirring prega framleis forsamlinga. Fleire ville no gå rett til avstemminga medan andre meinte at det var mange som ennå ikkje hadde blitt høyrde i saka og som no burde få halde innlegga sine.²⁷³ Ein ny diskusjon om det var mogleg å dele resolusjonsforslaget opp i to delar, for så å stemme over einskilddelane fann så stad, før den endelege avstemminga vart avhalden over forslaget som heilskap, slik det hadde blitt ståande etter vedtaket av Boyds tilleggforslag. Då stemmene var ferdig talde viste det seg at 163 hadde stemt for og 54 mot.²⁷⁴ Huset hadde dermed vedteke at følgjande resolusjonstekst skulle setje slutt punkt for oregonsaka:

JOINT RESOLUTION of notice to Great Britain to "annul and abrogate" the convention between Great Britain and the United States of the sixth of August, eighteen hundred and twenty seven, relative to the country "on the northwest cost of America, westward of the Stony mountains," commonly called Oregon.

Resolved by The Senate and House of Representatives of the United States of America in Congress assembled, That the President of the United States cause notice to be given to the Governement of Great Britain, that the convention between the United States of America and Great Britain, conserning the territory on the northwest cost of America west of the Stony or Rocky Mountains, of the sixth day of August eighteen hundred and twenty-seven, signed at London, shall be annulled and abrogated twelve months after giving said notice.

Resolved, That nothing herein contained is intended to interfere with the right and discretion of the proper authorities of the two contracting parties to renew or pursue negotiations for an amicable settlement of the controversy respecting the Oregon territory.²⁷⁵

Regulær debatt i Senatet

10. februar, dagen etter avstemminga hadde funne stad i Huset, starta den regulære debatten kring oregonspørsmålet i Senatet. I alt 29 senatorar la fram sine innlegg før ei avstemming over dei forskjellige resolusjonstekstane vart halden 16. april. I ti²⁷⁶ av innlegga vart det argumentert for avsending av det avtaleavsluttande notatet og innlemming av heile området, 17²⁷⁷ av innlegga innehaldt merknader som støtte oppunder ei avtaleavslutting som tok i vare

²⁷¹ CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁷² CG, 9. feb., 1846, s.348.

²⁷³ CG, 9. feb., 1846, s.349.

²⁷⁴ CG, 9. feb., 1846, s.349.

²⁷⁵ CG, 9. feb., 1846, s.350.

²⁷⁶ Dette gjaldt innlegga til: William Allen (D-Ohio), Edward A. Hannegan (D-Ind.), Daniel S. Dickinson (D-N.Y.), Sidney Breese (D-Ill.), David R. Atchison (D-Mo.), Joseph W. Chalmers (D-Miss.), Ambrose H. Sevier (D-Ark.), Lewis Cass (D-Ind.), Chester Ashly (D-Ark.) og Samuel Houston (D-Tenn.).

²⁷⁷ Dette gjaldt innlegga til: John M. Clayton (W-Del.), Walter T. Colquitt (D-Ga.), John Adams Dix (D-N.Y.), Thomas H. Benton (D-Mo.), William L. Dayton (W-N.J.), William H. Haywood, Jr. (D-N.C.), Reverdy Johnson (W-Md.), John C. Calhoun (D-S.C.), John M. Berrien (W-Ga.), William S. Archer (W-Va.), John M. Niles (D-

begge partars interesser og som dermed var opne for ei kompromissgrense langs 49. breiddegrad, medan to²⁷⁸ av senatorane la fram innlegg viss innhald argumenterte mot avsending av notatet.

Om me samanliknar debattlauget i Senatet med det som fann stad i Huset, trer tidsbruken til det fyrstnemnde fram som oppsiktsvekkjande. Tett opp mot ti veker av Senatets tid vart nytta til regulær debatt rundt oregonsaka, mot Husets fem. Denne forskjellen vert særleg framtrudande i lys av at det i Huset vart halde tre gonger så mange innlegg som i Senatet, på halvparten så lang tid. Som ei fyrste årsak til denne forskjellen kan me trekkje fram det at Senatets ordinære arbeidsveke strakk seg frå måndag til torsdag, medan Husets møteverksemd fann stad frå måndag til fredag, og ofte også på laurdagar.²⁷⁹ I tillegg til at Senatet hadde færre møtedagar, skilde Senatet seg frå Huset når det gjaldt prosedyre for debatt. Den mest markante skilnaden i så måte let seg finne i Senatets manglande reglar for avgrensing når det gjaldt taletid, noko som vil seie at ein senator kunne tale så lenge han måtte ynskje når han fyrst var blitt tildelt ordet. Senatets einaste avgrensing i høve til ordskifte var at kvar einskild senator ikkje kunne tale meir enn to gonger om same sak i laupet av same dag utan fleirtalets løyve.²⁸⁰

Den manglande tidsavgrensinga i Senatet gav seg mellom anna utslag i at senatorane jamt over haldt lengre innlegg enn kva Husets medlemmer hadde mogleik for, under det Chipman ovanfor omtala som eintimesregelens "tvangstrøye".²⁸¹ Ved fleire høve nytta einskilde senatorar seg ikkje berre av ein time, men ein heil møtedag, og, i mange tilfeller, heile to møtedagar,²⁸² til å gjere greie for sitt syn i saka. At dei talande ikkje var under nokon form for tidspress ser også ut til å la seg gjenspegle i at senatorane som la fram innlegg verka å vere meir opne for å svare på spørsmål frå dei andre kammermedlemmene, samt å la andre kommentere diverse påstandar og oppklare eventuelle misforståingar, undervegs i innlegget,

Conn.), Jacob W. Miller (W-N.J.), Alexander Barrow (W-La.), George McDuffie (D-S.C.), Willie P. Mangum (W-N.C.), Jabez W. Huntington (W-Conn.) og John J. Crittenden (W-Ky.).

²⁷⁸ Dette gjaldt innlegga til: George Evans (W-Maine) og James D. Westcott, Jr. (D-Fla.).

²⁷⁹ Ordinær tid for møteverksemd var mellom 12.00-15.00. Skjønt, møta kunne gjerne vare ei god stund etter klokka 15, særleg dersom Senatet tredde saman i Executive session, eller maktutøvande sesjon, etter dei hadde sete saman som lovgjevande forsamling, samt når saker som mange ville ytre seg om var oppe til handsaming.

²⁸⁰ *Standing Rules of the Senate*, s.235 (vedteke 16. april, 1789 - opphevd 25. mars, 1868).

²⁸¹ Sjå ovanfor s.64.

²⁸² Dette gjaldt mellom anna William Allens innlegg som opna den regulære debatten i Senatet 10.-11. februar. Jmf.: ACG, 10.-11. februar, 1846, s. 834-842. For andre dømer på innlegg som strakk seg over meir enn ein møtedag, sjå innlegga til mellom anna: John A. Dix i ACG, 18.-19. februar, 1846, s.312-321, Danial S. Dickinson i ACG, 24.-25. februar, 1846, s.321-327, George Evans i ACG, 9.-10. mars, 1846, s.572-579 og William H. Haywood i ACG, 5.-6. mars, 1846, s.369-378.

enn kva representantane i Huset var.²⁸³ Slike avbrot, som også fann stad i Huset, men under meir restriktive forhold, fekk i Senatet til tider utvikle seg til både kortare og lengre diskusjonar, noko som etter mi meining gav debatten i Senatet eit preg av fridom, men også av langtekkelegheit, som ikkje var tilstades i same grad i Huset.²⁸⁴ Det langsame, omstendelege ved debattformen i Senatet, verkar å kunne jamførast med funksjonen grunnlovsfedrane hadde tiltenkt kammeret: sær s biletleg formulert av George Washington i påstanden om at Senatet skulle fungere som ”’a saucer’ in which the hot tea of the House should be cooled.”²⁸⁵

Ein anna ulikskap som er slående når ein samanliknar debattforløpet i dei to kammera, er forskjellen i fordeling når det gjeld oppslutnaden kring dei einskilde meiningsfraksjonane i saka. Innlegg som argumenterte for avtaleavslutting og som samstundes var opne for kompromiss i grensespørsmålet, var i klårt fleirtal i Senatet, 17 av 29, medan det var desidert færrest av denne typen innlegg i Huset, 13 av 89.²⁸⁶ Innlegg som argumenterte for avtaleavslutting og innlemming av heile territoriet opp til 54°50” utgjorde eit overveldande fleirtal i Huset, 59 av 89, men førekom berre i ti av Senatets 29 innlegg. Innlegg som argumenterte mot avtaleavslutting utgjorde 17 av Husets 89, og to av Senatets 29. Ut i frå desse tala vert det dermed nærliggjande å slutte seg fram til at Kongressen som eitt heile hadde gått bort frå Calhouns meisterlege inaktive linje i spørsmålet, og at det kom til å bli fatta eit avtaleavsluttande vedtak før eller seinare denne våren. Spørsmålet som stod att å få svar på var om det ville vere mogleg for Senatet, som ut i frå dei haldne debattinnlegga syntes av å vere dominert av 49°-grupperinga, og Huset, som syntes å vere dominert av 54°40”-sympatisørar, å einast om ein felles resolusjon. Samt, kven som kom til å få sin posisjon i høve til saka reflektert i den endelege resolusjonsteksten.

Som i Huset, fann det også i Senatet stad forsøk på å få fastsett ein dato som sluttpunkt for debatten, samt eit klokkeslett for avstemming, kring dei ulike resolusjonsforslaga. I motsetning til i Huset, der desse forsøka hadde kome frå fleire hald, kom dei i Senatet frå

²⁸³ I Huset verka dei talande å vere noko meir restriktive i høve til å la andre medlemmer bryte inn medan innlegga vart haldne, noko som kan ha sin årsak i at sanden i timeglaset ikkje stoppa å renne medan kommentarar og spørsmål frå andre vart avlevert. Å sleppe andre til medan ein sjølv hadde ordet, innebar altså at ein sjølv fekk mindre taletid. Sjå mellom anna: CG, 14. jan., 1846, s.206, for eit døme på ein representant som vert åtvare mot å la andre nytte tida hans.

²⁸⁴ Eit døme på ein slik langtekkeleg diskusjon fann til dømes stad onsdag 8. april, mellom Cass, Webster og Dickinson, der Dickinson nytta heile tre timar til å kommentere ein av Webster sine merknadar. Sjå CG, 8. april, 1846, s.628. Sjå også CG, 26. feb., 1846, s.430-437, for eit døme på ein av diskusjonane som fann stad mellom innlegga, som fekk utvikle seg og leggje beslag på ein heil møtedag.

²⁸⁵ Sjå ovanfor, s.40, note 96.

²⁸⁶ Sjå ovanfor s.74.

same mann; nemleg William Allen. Det fyrste forsøket på å fastsetje slutt punkt fann stad 24. mars.²⁸⁷ James T. Moorehead (W-Ky.) gjorde Allen merksam på at det ikkje var i Senatets vane å på førehand planleggje når ein debatt skulle verte avslutta.²⁸⁸ Ein slik praksis var i tillegg særleg upassande i dette tilfellet, ettersom Senatet no handsama eit spørsmål som av dei fleste vart sett på som "the most important question which had attracted the attention of Congress for many years."²⁸⁹ Allen trakk dermed tilbake forslaget sitt.²⁹⁰ To dagar seinare, torsdag 26. mars, prøvde han seg likevel ein gong til, skjønt med like liten suksess, og føreslo 4. april som siste dag.²⁹¹ Allen freista også å framskande ei avgjerd i saka ved å føreslå at møtetida til Senatet skulle utvidast med ein time pr. dag, men forslaget møtte stor motstand og vart stemt ned med stort fleirtal 31. mars.²⁹² To veker seinare, 13. april, la Allen fram eit siste forslag til tilslutt punkt for debatten, nemleg torsdag 16. april, klokka.14.00.²⁹³ Denne gongen ytra fleire seg positivt til at debattens slutt punkt skulle fastsetjast på førehand, så lenge denne handlinga ikkje vart nytta som eit døme til etterfølging.²⁹⁴ Forslaget vart ikkje stemt over,²⁹⁵ men då torsdagen kom og Allen starta på sine avsluttande merknader i høve til debatten, høyrdes ingen innvendingar frå salen.²⁹⁶

Avstemningsdagen i Senatet

Avstemningssesjonen i Senatet arta seg på eit noko anna vis enn den som hadde funne stad i Huset. Sjølv om forsamlinga var prega av "exitement" og "general impatience", og at det difor, i følgje reporteren, kunne vere vanskeleg å få med seg alt som vart sagt til ei kvar tid, var det ingen her, i motsetning til i Huset, som gjentekne gonger måtte be kammermedlemmene om å finne plassane sine. Det ser, av reporterens referat, heller ikkje ut til at "cries of 54°40" forever", tramping, klapping og generell støy førekom i noko særleg forstyrrende grad i Senatets kammer, slik tilfellet hadde vore ti veker tidlegare i Husets.²⁹⁷

Eit anna skilje mellom avstemningssesjonen i Senatet og Huset var at ein i Senatet forholdt seg til langt færre resolusjonsforslag enn ein gjorde i Huset. Allen forklarte i sine debattavsluttande merknader at han som leiar av CoFR ville føreslå å leggje komiteens

²⁸⁷ CG, 24. mars, 1846, s.539.

²⁸⁸ CG, 24. mars, 1846, s.540.

²⁸⁹ CG, 24. mars, 1846, s.540.

²⁹⁰ CG, 24. mars, 1846, s.540.

²⁹¹ CG, 26. mars, 1846, s.553.

²⁹² CG, 31. mars, 1846, s.576.

²⁹³ CG, 13. april, 1846, s.659.

²⁹⁴ CG, 13. april, 1846, s.659.

²⁹⁵ CG, 13. april, 1846, s.659.

²⁹⁶ CG, 16. april, 1846, s.679.

²⁹⁷ Jmf.: CG, 16. april, 1846, s.679-683.

forslag, S.R.1., på vent, slik at det fyrst kunne stemmast over H.R.5., ettersom Senatet i tråd med Grunnlova var plikta til å ta stilling til det andre kammerets avgjerd.²⁹⁸ Reverdy Johnson (W-Md.) fremja så to tillegg til Husets forslag. Det fyrste av desse var eit langt føreord²⁹⁹ som gjorde greie for den eksisterande avtalens vilkår, at freden mellom dei to partane var truga under den gjeldande ordninga og at det dermed var tenleg at begge partars myndigheiter vart ”more earnestly and immediatly directed to renewed efforts for the amicable settlement of all their differences and disputes in respect to the said territory.”³⁰⁰ Det andre tillegget føreslo å stryke ut Husets resolusjon og erstatte den med ei fråsegn om at Dei sameinte statanes president med dette vart ”authorized, at his discretion,”³⁰¹ til å sende det avtaleavsluttande notatet.³⁰² Både Allen og Breese fremja tilleggsforslag til tilleggsforslaga som alle vart stemde ned.³⁰³ Då stemmene fall over Johnsons forslag i sin originale form, viste oppteljinga 30 positive mot 24 negative stemmer.³⁰⁴ Det vart dermed vedteke at tillegget skulle leggjast til Husets resolusjonsforslag. Neste spørsmål som vart fremja var om forslaget med sine tillegg skulle verte vedteke.³⁰⁵ Allen tok no ordet og haldt eit lengre innlegg der han gjorde forsamlinga merksam på at dei no hadde kome fram til ”the main point of the controversy, in

²⁹⁸ CG, 16. april, 1846, s.680.

²⁹⁹ Føreordet lydde i sin fulle lengde slik:

Resolved by the Senate and House of Representatives of the United States of America in Congress assembled, That by the convention concluded the twentieth day of October, eighteen hundred and eighteen, between the United States of America and the King of the United Kingdom of Great Britain and Ireland, for the period of ten years, and afterwards indefinitely extended and continued in force by another convention of the same parties, concluded the sixth day of August, in the year of our Lord one thousand eight hundred and twenty-seven, it was agreed that any country that could be claimed by either party on the North West Cost of America, westward of the Stony or Rocky Mountains, now commonly called the Oregon Territory, should together with its harbors, bays and creeks, and the navigation of all the rivers within the same, be ”free and open” to the vessels, citizens, and subjects of the same Powers, but without prejudice to any claim witch either of the parties might have to any of said Country; and with this the further provision of the second article of the said convention of the sixth of August, eighteen hundred and twenty-seven, that either part might abrogate and annul said convention, on giving due notice of twelve months to the other contracting party, -that it has now become desirable that the respective claims of the United States and Great Britain should be definitely settled; and that said territory may no longer than need be remain subject to the evil consequences of the divide allegiance of its American and British population, and the confusion and conflict of national jurisdictions, dangerous to the cherished peace and good understanding of the two countries. And, therefore that steps be taken for the abrogation of the said convention of sixth of August, eighteen hundred and twenty-seven, in the mode prescribed in the second article, and that the attention of the Governments of both countries be the more earnestly and immediately directed to renewed efforts for the amicable settlement of all their differences and disputes in respect to said territory (jmf.: CG, 16. april, 1846, s.680).

³⁰⁰ CG, 16. april. 1846, s.680.

³⁰¹ Andre del av tillegget lydde i sin fulle lengde slik: ”*And be it further resolved, that the President of the United States be, and he is hereby; authorized, at his discretion, to give to the British Government the notice required by its second article of the said convention of sixth of August, eighteen hundred and twenty-seven.*” CG, 16. april, 1846, s.680.

³⁰² CG, 16. april, 1846, s.680.

³⁰³ CG, 16. april, 1846, s.680.

³⁰⁴ CG, 16. april, 1846, s.680.

³⁰⁵ CG, 16. april, 1846, s.680.

which we are required to do a moral act, and upon which the welfare of the country rests.”³⁰⁶ Han tok så føre seg innhaldet i resolusjonen, slik han no stod med Johnsons tillegg, og nytta mykje tid på å forklare kvifor det å vedta denne var einstyddande med å fråskrive seg alt ansvar i høve til saka, samt å overkøyre folkeviljen, slik denne hadde blitt gjenspegla i dei direkte valde medlemmene av Representantanes Hus si avgjerd.³⁰⁷ Han sjølv skulle av desse grunnane stemme mot resolusjonen, uavhengig om han vart den einaste som gjorde dette: ”upon this question I would stand alone, and die on it alone, rather than pass an act so humiliating to the country.”³⁰⁸

Crittenden tok deretter ordet og ville mellom anna vite kvifor senatoren frå Ohio hadde fått det føre seg det var hans primat å la seg ikkje ”these airs of authority? to assume this predominance? and to lecture us on our official duty as he has now done?”³⁰⁹ Crittenden verka å vere reint forskrekka over Allen sine merknader, som han meinte ikkje berre hadde innehalde skuldingar om veikskap og umoral retta mot dei senatorane som hadde stemt for Johnsons resolusjonsforslag,³¹⁰ men som også hadde blitt framført med så valdsame gestar og så høgt volum at ”the gentleman is not only offensive, but also alarming.”³¹¹ Etter ei rekkje irettesetjande passasjar, råda han så Allen til å gjere seg kjent med sine eigne begrensingar: ”Know thyself! It is the wisest lesson a man can learn.”³¹²

Ordvekslinga mellom dei to haldt fram ei stund til, før Allen erklærte at han på ingen måte hadde meint å fornærme verken Senatet som kammer eller dei einskilde medlemmene, og Crittenden avslutta diskusjonen med å gje den 20 år yngre og langt mindre erfarne Allen eit siste råd, nemleg ”not to speak hereafter till he have some meaning!”³¹³ Johnsons forslag vart deretter føreslege lest opp ein tredje gong, før ei siste avstemming gjorde det klart at resolusjonen vart vedteken med 40 stemmer for, og 14³¹⁴ stemmer mot.³¹⁵

³⁰⁶ CG, 16. april, 1846, s.680.

³⁰⁷ CG, 16. april, 1846, s.681.

³⁰⁸ CG, 16. april, 1846, s.681.

³⁰⁹ CG, 16. april, 1846, s.681.

³¹⁰ Sjøelve resolusjonsteksten i forslaget til Johnson var identisk med eit forslag Crittenden hadde lagt fram 14. januar forutan at ordet ”amicable” no var sett føre ”settlement”, og at eit forbeholdsledd var stroke ut. Sjå mellom anna: CG, 14. jan., 1846, s.198 og 16. april, 1846, s.680-681.

³¹¹ CG, 16. april. 1846, s.682. Det kan i denne samanheng nemnast at Allen gjerne vart referert til som ”the Ohio fog horn” i delar av den amerikanske pressa på grunn av ei særskild kraftfull stemme som han, i følgje Crittenden, tøyde til bristepunktet av kva som var behagleg for tilhøyrarane. For meir rundt Allens karakteristika sjå: Frederick Merk, ”Presidential Fevers” i Merk, *The Oregon Question*, s.373-374 og elles merknadane til Crittenden i CG, 16. april, 1846, s.681-683.

³¹² CG, 16. april, 1846, s.682.

³¹³ CG, 16. april, 1846, s.683.

³¹⁴ Nemleg: William Allen (D-Ohio), David R. Atchison (D-Mo.), Sidney Breese (D-Ill.), Jesse D. Bright (D-Ind.), Lewis Cass (D-Mich.), Thomas Clayton (W-Del.), Daniel Stephens Dickinson (D-N.Y.), George Evans (W-Maine), John Fairfield (D-Maine), Edward A. Hannegan (D-Ind.), Benning W. Jenness (D-N.H.), James Semple (D-Ill.), Daniel Sturgeon (D-Pa.) og James D. Westcott (D-Fla.).

Dei førti positive stemmene omfatta 22 whigstemmer, samt stemmene til 14 sørstatsdemokratar³¹⁶ og fire nordstatsdemokratar³¹⁷. *London Times* hadde dermed ikkje fått heilt rett i at Senatet kom til å stoppe det avtaleavsluttande resolusjonsforslaget og dermed halde på Calhouns inaktive linje. Avisas spådom gjorde seg likevel gjeldande i høve til Senatets avgjerd, ettersom ”the prudence of North England and the reluctance of the South” gav seg til kjenne ved at demokratar frå statar i sør og nordaust hadde medverka til at resolusjonen som vart vedteken ikkje berre vart eit nakent notat som varsla avtaleavslutting, men heller vart gjeve ein vennlegsinna ordlyd som tydeleg inviterte britiske myndigheiter til å inngå eit kompromiss.³¹⁸

Mot ein felles resolusjon

Dagen etter at Senatet hadde kome fram til ei avgjerd, fredag 17. april, mottok Huset beskjed om at Senatet hadde vedteke å endre deira opphavlege forslag ved å stryke ut all tekst og erstatte han med eit eige resolusjonsforslag. I beskjeden vart også Husets samtykke til den føreliggjande resolusjonsteksten førespurd.³¹⁹ Ei avstemming kring Husets samtykke fann stad på laurdagen.³²⁰ Eit fleirtal av medlemmene stemte då for å samtykke i Senatets forslag, slik det stod etter å ha blitt gjenstand for eit nytt tillegg, denne gongen fremja av Robert Dale Owen (D-Ind.). Dei mest substansielle endringane som vart føreslege med Owens tillegg var i fyrste ledd at linja: ”[...]immediatly directed to renewed efforts for the amicable settlement of all their differences[...]”, vart stroke bort og erstatta med: ”[...]immediatly directed to the importance of a speedy adjustment of all their differences[...]”³²¹ Termen ”amicable settlement”, eller ”ei vennskapleg løysing”, vart altså bytta ut med ”a speedy adjustment”, eller ”ei rask avklaring”. Slik eg ser det, medførte dette byttet at Senatets, meir eller mindre, direkte forsikring om at oregonspørsmålet ikkje skulle løysast på eit vis som kunne skape uvenskap mellom dei to partane vart bortestroke, og erstatta med ein meir avventande frase.

³¹⁵ CG, 16. april, 1846, s.683.

³¹⁶ Nemleg: Chester Ashly (D-Ark.), Arthur P. Bagby (D-Ala.), Thomas H. Benton (D-Mo.), John C. Calhoun (D-S.C.), Joseph W. Chalmers (D-Miss.), William H. Haywood (D-N.C.), Samuel Houston (D-Texas), Dixon H. Lewis (D-Ala.), George McDuffie (D-S.C.), Isaac A. Pennybacker (D-Va.), Thomas J. Rusk (D-Texas), Ambrose H. Sevier (D-Ark.), Jessie Speight (D-Miss.), Hopkins L. Turney (D-Tenn.).

³¹⁷ Nemleg Chalres G. Atherton (D-N.H.), Simon Cameron (D-Pa.), John A. Dix (D-N.Y.) og John M. Niles (D-Conn.).

³¹⁸ Jmf.: stemmefordelinga i note 316 og 317 ovanfor.

³¹⁹ CG, 17. april, 1846, s.685.

³²⁰ CG, 18. april, 1846, s.691-692.

³²¹ CG, 18. april, 1846, s.691.

Owen føreslo vidare å stryke bort heile andre ledd³²² og erstatte det med ”*And be it further resolved, That the President[...]*is authorized and requested to give to the Government of Great Britain the notice[...]”³²³ Ved at ”authorized; at his[presidentens] discretion” vart bytta ut med ”authorized and requested”, vart Den amerikanske kongress igjen gjeve ansvar i sluttingstakinga ved at presidenten vart direkte oppfordra til å sende notatet, og ikkje berre gjeve autoritet til å sende det når han fann det for godt.

Dei to forslaga til resolusjon som no førelåg skilde seg berre frå kvarandre på to punkt. Desse to punkta vart imidlertid tillagt så stor betydning at ingen av kammera ville godta det andre kammerets løysing.³²⁴ 21. april vart det dermed oppretta ein Committee of Conference, eller ein Samanfattande Komité, beståande av tre representantar frå kvart kammer,³²⁵ som hadde i oppgåve å utarbeide ein resolusjonstekst som begge kammer kunne einast om.³²⁶ Etter å ha forhandla kring resolusjonen heile torsdagen, la komiteen fram sitt forslag for dei to kammera fredag 23. april. Forslaget var, til mange si overrasking, identisk med Senatets versjon,³²⁷ men vart trass reaksjonar like fullt vedteke i begge kammer denne dagen; i Senatet med 42 mot 10 stemmer³²⁸ og i Huset med 142 mot 46.³²⁹

Oppsummering

I dette kapitlet har me stifta nærare kjennskap til korleis den regulære debatten kring oregonspørsmålet arta seg i Kongressens to kammer, samt sett på nokre av ulikskapane som teikna seg opp mellom dei to kammeras debatt- og avstemmingsform. George Washingtons tidlegare nemnte metaforiske framstilling av Huset som kokande te og Senatet som ein avkjølande ”saucer”³³⁰, er på mange måtar freistande å ty til når eg no skal leggje fram eit par oppsummerande merknader i høve til korleis debatten og slutninga i oregonsaka fann stad i

³²² Teksten i andre ledd, slik han førekom med Senatets tillegg lydde slik: ”*And be it further resolved, That the President of the United States be, and he is hereby; authorized, at his discretion, to give to the British Government the notice[...]*” Jmf.: CG, 16. april, 1846, s.680.

³²³ CG, 18. april, 1846, s.691.

³²⁴ Jmf.: CG, 20. april, 1846, s.693 og s.702.

³²⁵ Frå Huset vart Charles J. Ingersoll (D-Pa), Robert D. Owen (D-Ind.) og Henry W. Hilliard (W-Ala.), samtlege 54°40”-menn, valde, medan John M. Berrien (W-Ga.), William H. Haywood (D-N.C.) og Thomas Corwin (W-Ohio), med høvesvis 30, 29 og 30 stemmer kvar, vart valde som Senatets representantar. I denne samanheng kan det vere interessant å merke seg at leiaren av CoFA og oregonentusiastene, William Allen, berre fekk 15 stemmer då komiteen skulle utpeikast.

³²⁶ For meir om debatten rundt dei to føreliggande forslaga sjå: CG, 20. april, 1846, s.693 og 701-702; CG, 21. april, 1846, s.702-703.

³²⁷ For reaksjonane sjå: CG, 23. april, 1846, s.716 og s.720.

³²⁸ At det no berre stod ti att som stemte mot resolusjonen skyltes at Thomas Clayton (W-Del.) og George Evans (W-Maine) no stemte for, samt at Daniel Sturgen (D-Pa.) og Edward Hannegan (D-Ind.) ikkje avla stemmene sine. Jmf.: CG, 23. april, 1846, s.717.

³²⁹ CG, 23. april, 1846, s.717 og s.721.

³³⁰ Sjå ovanfor, s.81.

Den 29. amerikanske kongress. President Washingtons metafor er imidlertid ikkje heilt treffande dersom han tolkast i retning av at det ikkje bruste varmt i blodet til senatorane under handsaminga av oregonsaka, for, som me såg ovanfor, fann det stad både ”excitement” og ”general impatience” blant dette kammerets medlemmer under både debatt og avstemming. Om ein derimot tenkjer seg at Washingtons utsegn kan takast til inntekt for at sjølv den varmaste te vert kald, eller i alle fall lunken, dersom han får stå i kanna lenge nok, vert denne måten å forstå samspelet mellom dei to kammera særstreffande for vårt vedkommande. Ein annan amerikansk president, Woodrow Wilson, har også skildra same forhold med utsegn: ”The Senate commonly feels with the House, but it does not, so to say, feel so fast. It at least has a chance to be the express image of those judgements of the nation which are slower and more temperate than its feelings.”³³¹ Med sine særstause rammer i høve til reglement for taletid og talerett stod Senatet fram som eit kammer viss regel for prosedyre nærast syntes å vere at ting *skulle* ta tid, noko som vart tydeleg mellom anna då Allen vart arrestert i sine forsøk på å fastsetje eit sluttunkt for debatten. Dette høvet kan vere til hjelp for å forstå korleis det hadde seg at Senatet nytta dobbelt så lang tid på å kome fram til i avgjerd i saka, som det langt meir tungrodd og vanskeleg administrerbare Representantanes Hus.

Når det gjeld avstemminga i Huset bar denne seansen preg av å finne stad i noko kaotiske former og på eit vis som strekar under dei administrative utfordringane som fylgde med dette kammerets form og storleik. Om me ser avstemmingsdagen gjennom Washingtons te-metafor, kunne det verke som om Husets ”te” under stemmegjevinga rett og slett var blitt plassert i ein trykkokar. Som ein kuriositet av praktisk og logistisk art kan det denne samanheng nemnast at salen som Huset møttes i i Capitol hadde ein høg kuppelforma himling under taket. Forsamlinga vart difor plaga av at høge lydar fann sin veg til denne himlingen for så å kome tilbake att i form av eit kraftig og mangefasettert ekko.³³² Å administrere ei ryddig avstemming under desse forholda kan tenkjast å ha vore ei utfordring i seg sjølv, men ho må ha vore desto meir krevjande ”amidst shouts of laughter - cries of ”54°40” forever” – stamping of feet and clapping of hands”. Når ein også tel over talet på resolusjonsforslag, erstatningsforslag, tilleggssforslag, tilleggssforslag til erstatningsforslag og erstatningsforslag til tilleggssforslag, vert den ubegrunna avgjerda til ordstyraren om å beint fram setje ein stopp for fremjing av fleire forslag forståeleg, til tross for sitt opphav i det ureglementere.

³³¹ Wilson, *Congressional Government*, s.155.

³³² William C. Allen, *History of the United States Capitol: A cronicle of design, construction, and politics*, U.S. Government Printing Office: Washington, 2001, s.141-142.

Tredje del

Kapittel 6

E pluribus unum

Innleiing

E pluribus unum: Av mange, éin. Slik lyder inskripsjonen på Dei sameinte statanes rikssegl; eit segl som såleis berer i seg budskapet om at til tross for at innbyggjarane i Dei sameinte statane er like mange som dei er forskjellige, er dei likevel eitt: *eitt* amerikansk folk, eller om du vil: éin amerikansk ethos. I *Giving an Account of Oneself*, Judith Butlers fyrste moralfilosofiske verk, vert dei innleiande sidene nytta til å presentere ei fortolking av nokre av Theodor Adornos tankar kring sambandet mellom postuleringa av ein kollektiv ethos og framsetjinga av ein felles moral; ei fortolking eg tykkjer me med god grunn skal ta oss tid til å gjere oss kjende med før me går vidare.³³³

I Adornos *Problems of Moral Philosophy*³³⁴ finn nemleg Bulter påstanden om at behovet for å fastsetje moralens innhald gjer seg gjeldande når normene for moralsk åtferd ”have ceased to be self-evident and unquestioned in the life of a community.”³³⁵ Med bortsmeltinga av det sjølvsegde og udiskutable i høve til moralsk, eller rett, åtferd i eit samfunn, smeltar imidlertid også grunnlaget for å framsetje samfunnets kollektive ethos bort; i augnblinken ein aktivt må proklamere ein felles moral, vert eksistensen av den kollektive ethosen avkrefta ettersom reell eksistens av denne ville gjort proklameringa av ein felles moral overflødig, om ikkje også umogleg.³³⁶ At grunnlaget for å postulere ein kollektiv ethos ikkje er tilstades, betyr imidlertid ikkje at den kollektive ethosen som postulat forsvinn.³³⁷ Butler meiner Adorno mistenker den kollektive ethosen for å vere eit sjølvkonserverande konsept som har si uuttømmelege kjelde til liv i eit einskapspostulat som ikkje er, og moglegens aldri har vore, reelt.³³⁸ Dette einskapspostulatet har i seg potensialet til å dekkje

³³³ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.1-9.

³³⁴ Theodor Adorno, *Problems of Moral Philosophy*, overs. Rodney Livingstone, Stanford University Press: Stanford, 2001, originalutgåve: *Probleme der Moralphilosophie*, Suhrkamp: Frankfurt am Main, 1997.

³³⁵ Adorno sitert i: Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.3.

³³⁶ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.3-4.

³³⁷ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.4.

³³⁸ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.4.

over og danne grunnlag for å oversjå diskontinuiteten og motsetnadane som vil vere tilstades i utviklinga av eit kvart samfunn.³³⁹ I og med at behovet for proklamasjonen av ein felles moral vert påtrengande når den kollektive ethosen mister fotfeste, leier Butler innleiingsvis ut følgjande påstandar frå Adornos tankar: for det fyrste: "there seems to be a tension between [the collective]ethos and morality, such that a waning of the former is the condition for the waxing of the other,"³⁴⁰ og for det andre:

[...]because the collective ethos, which must now be herded with quotation marks, is no longer shared – it can impose its claim to commonality only through violent means. In this sense, the collective ethos instrumentalizes violence to maintain the appearance of its collectivity. Moreover, this ethos becomes violence only once it has become an anachronism. What is strange historically - and temporally - about this form of *ethical violence* is that although the collective ethos has become anachronistic, it has not yet become past; it insists itself into the present as an anachronism. The ethos refuses to become past, and violence is the way in which it imposes itself upon the present.³⁴¹

Påstanden om at det ligg valdsutøving i postuleringa av ein kollektiv ethos skal dvelast ved ei lita stund til. For, kva meinast med *vald* i denne samanheng?

I *Problems of Moral Philosophy* nyttar Adorno termen *vald* i relasjon til etikk i kontekst av kravet om universalitet, skriv Butler.³⁴² Ein kan såleis finne valdsutøving i postuleringa av det universelle, til dømes i ei framsetjing av ein kollektiv ethos, i og med at kravet om universalitet "fails to be responsive to cultural particularity and fails to undergo a reformulation of itself in response to the social and cultural conditions it includes within its scope of applicability."³⁴³ I postuleringa av det universelle ligg dermed potensialet for ei valdsutøving i form av undertrykking og fornektning, eller beint fram likesæle og oversjåing, av det individuelt særleine og partikulære innanfor gjenstandsområdet det universelle gjev uttrykk for å famne om.³⁴⁴

Butler si fortolking av Adorno skal slå fylgje med oss vidare, og me skal difor stoppe opp for gjere desse meir eller mindre abstrakte tankane nyttandes for vårt kasus ved fyrst å gjere nokre avgrensingar, for så å stille opp nokre spørsmål.

Vidare i dette kapitlet skal me fyrst og fremst stifte nærare kjennskap til president Polks rapport over rikets tilstand. Me skal ikkje ta føre oss rapporten i sin heilskap, men heller konsentrere oss om nokre utvalde passasjar som, etter mi meining, vart utslagsgjevande i høve til korleis oregonsaka vart forstått, fortolka og diskutert i debatten som fylgde i etterkant av

³³⁹ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.4.

³⁴⁰ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.4.

³⁴¹ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.4-5.

³⁴² Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.5.

³⁴³ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.6.

³⁴⁴ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.6-7.

opplesinga av rapporten. Som me skal sjå nedanfor, og som det også skal bli argumentert for i neste kapittel, vart rapporten til Polk av stor tyding for korleis ordskiftet kring saka arta seg i etterkant av opplesinga. Me skal i samband med dette merke oss at historikaren Charles S. Sellers meiner Polks nyttegjersle av den årlege rapporten som instrument til fremjing av eigen administrasjons føretrekte lovgjevning markerte eit brot med tidlegare presidentars praksis, samt at Polks var langt meir vellukka enn dei føregåande.³⁴⁵ Når det gjeld oregonsaka, såg me imidlertid i førre kapittel at innhaldet i den endelege resolusjonen som vart vedteke i Kongressen, ikkje samanfall med administrasjonens føretrekte linje i saka slik denne vart uttrykt i årsrapporten.³⁴⁶ For oss skal dette danne utgangspunkt for ei undersøking av det me skal kalle rapportens diskursive praksisar. Det me særleg skal undersøkje i gjennomgangen av dei utvalde passasjane er på kva måte den kollektive, amerikanske ethos er tilstades og vert postulert i rapporten, og om framsetjinga av denne ethosen stiller adressaten moralsk til veggs, forplikta overfor administrasjonens føreslegne tiltak i tilknytning til oregonsaka. Med andre ord; om Polk i si rapportering til det amerikanske folket vert skuldig i ein diskursiv praksis som kan seiast å samanfalle med utøvinga av det Butler les ut av Adorno som "etichal violence".

Polks rapport

Polk innleia rapporten over rikets tilstand, slik mange presidentar hadde gjort før han, med å dele nokre generelle og overordna merknader i høve til Dei sameinte statanes tilstand. Presidenten starta denne innleiinga med å uttrykke glede over å kunne gratulere sine landsmenn med nasjonens kontinuerlege framskritt.³⁴⁷ Han konstaterte deretter at Sameininga, under Det guddomlege forsynets velsigning, samt dei gunstige følgjene av landets frie

³⁴⁵ Sellers strekar i samband med dette under at politikk i 1840-åra var å rekne for Dei sameinte statanes desidert største tilskodarsport og at ein president som var "in tune with the public" kunne nytte rapportens nyhendeverdi som eit opinionsformande instrument. Ei rekkje nedteikningar i Polks dagbok vitnar om at Polk var seg bevisst det forholdet, og hans fyrste årsrapport var i tråd med dette eit nøye planlagt dokument viss utarbeiding starta allereie i september (jmf.: Milo Milton Quaipe, *The Diary of James Knox Polk During His Presidency, 1845-1849*, Kraus Reprint Co.: New York, 1970 (1910), s.48-50). Polk gjorde også nytte av den teknologiske nyvinninga, telegrafan (1844), i distribusjonen av beskjeden. I førekant av opplesinga sørgde Polk for at eit høgt antal ferdigtrykte eksemplar av beskjeden hans allereie låg klåre til distribusjon. I Washington stod eit damplokomotiv klårt, lasta med bunkar av presidentens beskjed, med ordre om avgang til Baltimore så snart opplesinga av rapporten hadde starta. I Baltimore stod eit anna lokomotiv klårt, dette med ordre om avgang til Philadelphia så snart det kom signal gjennom telegraflinja om at opplesinga var i gang. Klokka 17.25, ein time og tjuefem minutt etter rapporten var ferdig opplesen for Kongressen, var kopiane framme ved postkontoret i Philadelphia. Fem timar seinare vart kopiar lesne i New York, og kvelden etter kunne også innbyggjarane i Portland, Maine, lese presidentens rapport i fulltekst. Denne forma for massedistribusjon av eit politisk dokument hadde ikkje funne stad før (jmf.: Sellers, *James K. Polk: Continentalist*, s.324-326).

³⁴⁶ Sjå ovanfor s.84 og s.86.

³⁴⁷ JHR, 2. des., 1845, s.14.

institusjonar, no stod føre verda som ”a spectacle of national happiness.”³⁴⁸ Polk kunne også slå fast følgjande:

With our unexampled advancement in all the elements of national greatness, the affection of the people is confirmed for our union of States, and for the doctrines of popular liberty, which lie at the foundation of our government. It becomes us, in humility, to make our devout acknowledgements to the supreme Ruler of the Universe, for the inestimable civil and religious blessings with which we are favored.³⁴⁹

Etter å ha stadfesta at Dei sameinte statane, på grunn av sin særeigne posisjon under Forsynets velsignande blick og innbyggjaranes hengivenheit overfor prinsippa som batt Sameininga saman, var lykkeleg konsoliderte som nasjon, var tida komen for å gjere greie for utanrikspolitiske sakstilhøve. Før Polk starta å gjere greie for dei einsklide sakene slo han fast at hans maksime i høve til utøving av utanrikspolitikk skulle vere: ”to ’ask nothing that is not right, and to submit to nothing that is wrong,” med det som mål å oppretthalde fredsame band til alle nasjonar, men også: ”at the same time, to be prepared to resist aggression and maintain all our just rights.”³⁵⁰ At maksima var satt i hermeteikn skyldes at ho opphavleg hadde vorten proklamert som utanrikspolitisk rettesnor 16 år tidlegare av president Andrew Jackson.³⁵¹

Etter å ha plassert seg sjølv som arvtakaren til Jackson i høve til utanrikspolitikk, meddelte presidenten at innbyggjarane i Texas hadde akseptert invitasjonen om å bli innlemma som stat i Sameininga, og at det einaste som stod att i anneksonsprosessen var Kongressens formelle samtykke. Polk uttrykte eit sterkt ynskje om at det samtykkande vedtaket vart fatta raskast mogleg, før han starta på ein lengre passasje som gjorde greie for anneksonsprosessens eigenart.³⁵²

Polk hevda innleiingsvis at annekasjonen, i den forma som han no vart fullbyrda i, var å rekne som ein hyllest til ”the American principle of self-government”.³⁵³ Deretter streka han under det faktum at den territorielle utvidinga hadde vore ”a bloodless achievment” og at sverdet ikkje hadde teke del i sigeren.³⁵⁴ ”We have not sought to extend our territorial possessions by conquest, or our republican institutions over a reluctant people. It[anneksjonen] was the deliberate homage of each people to the great principle of our federative union,”

³⁴⁸ JHR, 2. des., 1845, s.15.

³⁴⁹ JHR, 2. des., 1845, s.15.

³⁵⁰ JHR, 2. des., 1845, s.15.

³⁵¹ Jmf. JHR, Den 21. kongress, fyrste sesjon, 8. des., 1829, s.11.

³⁵² JHR, 2. des., 1845, s.16.

³⁵³ JHR, 2. des., 1845, s.16.

³⁵⁴ JHR, 2. des., 1845, s.16.

konstaterte Polk.³⁵⁵ Med tanke på at utvidinga hadde funne stad, ”springing purely from the choice of the people themselves to share the blessings of our union”, ville det i følge presidenten vere vanskeleg å finne ei tilsvarande hending i verdshistoria.³⁵⁶ Dei sameinte statanes jurisdiksjon, som ved underteikninga av Grunnlova hadde vore avgrensa ved Atlanterhavet av St. Mary’s, hadde passert ”the Capes of Florida” og strakk seg no fredfullt fram til Rio del Norte.³⁵⁷ ”Contemplating the grandeur of this event, it is not to be forgotten that the result was achieved despite the interference of European monarchies.”³⁵⁸ I samband med dette kunne det amerikanske folket glede seg over at:

[...]the tranquil and pervading influence of the American principle of self-government was sufficient to defeat the purposes of British and French interference, and that the almost unanimous voice of the people of Texas has given to that interference a peaceful and effective rebuke. From this example, European governments may learn how vain diplomatic arts and intrigues must ever prove upon this continent, against that system of self-government which seems natural to our soil, and which will ever resist foreign interference.³⁵⁹

To av rapportens 28 sider hadde til no vorte lesne opp og allereie hadde ei rekkje nasjonskonstituerande sanningar om Dei sameinte statane blitt postulerte og nytta politisk legitimerande av presidenten. Me skal difor ta oss tid til å peike på innhald og bruksområde for desse før me går vidare i rapporten.

Om me ser nærare på dei generelle og innleiande merknadane om rikets tilstand let fire nasjonskonstituerande sanningar seg utleie frå desse. Den fyrste av desse bar i seg budskapet om at det amerikanske folket var lykkeleg og sameint som nasjon. Sanning nummer to konstaterte at denne nasjonen var gjenstand for kontinuerleg vekst og framgang, og i ei tredje postulert sanning vart både nasjonens lykke, framgong og samhald uløyseleg knytt til nasjonens styresett og prinsippa som låg til grunn for dette. Deretter, som ei fjerde og overordna sanning, vart det stadfesta at ingen av nasjonens goder eksisterte uavhengige av ”the supreme Ruler of the Universe” sitt velsignande og velvillige blikk.

Med Det sameinte, framgangsrike og lykkelege amerika friskt i minnet, skal me så gå vidare til Polks merknader kring anneksjonen av Texas. Som me såg ovanfor, meinte Polk at anneksjonen, i den forma som han no vart fullbyrda i, var å rekne for ein hyllest til prinsippet som låg til grunn for den amerikanske føderasjonen, samt ei hending det ville vere vanskeleg å finne maken til i verdshistoria. Kva dette innebar vart deretter forklart ved å vise til at

³⁵⁵ JHR, 2. des., 1845, s.16.

³⁵⁶ JHR, 2. des., 1845, s.16.

³⁵⁷ JHR, 2. des., 1845, s.16.

³⁵⁸ JHR, 2. des., 1845, s.16.

³⁵⁹ JHR, 2. des., 1845, s.16.

anneksjonen hadde funne stad utan at nokon form for utøving av makt, vald eller tvang hadde vore del av prosessen. Tileigninga av det nye området vart heller forklart ved å vise til at texanarane ut or eigen fri vilje no valde å leve liva sine innanfor rammene av det amerikanske styresettet. Polk syntes dermed her å forklare anneksjonen som eit resultat av texanaranes nyttegjersle av det som i den amerikanske uavhengigheitsfråsegna vart stadfesta som gudgjevne og ”unalienable rights”, som mellom anna inkluderte retten til liv, fridom og høve til å trå etter lykka, og, til sjølv å velje kva styresett ein meinte tok i vare desse rettane.³⁶⁰ Anneksjonen hadde altså funne stad i same and og med utgangspunkt i same prinsipp som i si tid hadde ført til sjølve opprettinga av Dei sameinte statane.

Ved deretter å gje anneksjonen av Texas rolla som eksemplifiserande ledd i forteljinga om dei siste 56 åras utviding av amerikansk jurisdiksjons verkeområde, vart eit halvt hundreår med ekspansjon frårøva sine enkelhendings eigenart og måla over med eitt universaliserande penseldrag, beståande av sanningane som Polk postulerte i si framstilling av anneksjonen av Texas. Som krona på verket vart også europeiske monarkars fånyttets forsøk på å intervenere i ekspansjonen vist til, noko som dermed utgjorde ein kraftig smaksgjevande remulade på toppen av smørbrøddlista av faktorar som i sum jamførte årsaksgrunnet for utvidinga av amerikansk jurisdiksjon og styresett med årsaksgrunnet som opphavleg hadde ført til opprettinga av Dei sameinte statane.

Lat oss så rykke fire sider fram i rapporten og sjå nærare på Polk si framstilling av oregonsaka. Etter å ha greidd ut om sakas forhistorie, den gjeldande avtalen og sin eigen administrasjons forsøk på å finne fram til eit kompromiss med britiske myndigheiter, kom Polk med følgjande konklusjon: ”The extraordinary and wholly inadmissible demands of the British government[...]afford satisfactory evidence that no compromise which the United States ought to accept can be effected.”³⁶¹ For den siviliserte verda ville det, slik presidenten såg det, vere opplagt kven som var å skulde for at forsøka på å nå ei løysing stadig feila.³⁶² Dette var, som me hugsar frå ovanfor, utgangspunktet for at Polk tilrådde Kongressen å vedta å sende det avtaleavsluttande notatet.³⁶³ Som me også såg ovanfor,³⁶⁴ anbefalte Polk også at Kongressen skulle vedta utarbeidinga av eit førebels lovverk med det som mål å leggje trygge juridiske rammer rundt dei amerikanske oregoninnbyggjarane fram til tolv månadersperioden

³⁶⁰ For Uavhengigheitsfråsegna i full tekst, sjå: http://avalon.law.yale.edu/18th_century/declare.asp (nedlastingsdato: 1. mai, 2010).

³⁶¹ JHR, 2. des., 1845, s.22-23.

³⁶² JHR, 2. des., 1845, s.23.

³⁶³ Sjø ovanfor, s.36.

³⁶⁴ Som me vart gjort kjende med ovanfor, s.49.

var omme. Presidenten nytta i samband med dette høvet til å gremmast over at dei amerikanske oregoninnbyggjarane, i motsetnad til dei britiske, ikkje hadde noko form for juridisk tryggleik rundt liva sine.³⁶⁵ Til trass for manglande juridisk vern hadde dei patriotiske pionerane som hadde drege ut til Oregons villmark: "multiplied, and their number is rapidly increasing[...]"³⁶⁶, noko som i følge Polk var eit prov på: "the character of our people and institutions."³⁶⁷ Dei hadde på fredsamt vis "fortified themselves in their new homes"; ikkje ved å ty til våpenmakt, men heller: "by the adoption of republican institutions for themselves; furnishing another example of the truth that self-government is inherent in the American breast, and must prevail."³⁶⁸

I merknadane ovanfor, som prisa dei amerikanske utvandraranes verke og veren i Oregon, var allusjonane til Fyrste Mosebok 1:28 i høg grad tilstades. Dette bibelverset består av Guds fyrste bod til menneska og lyder slik: "And God blessed them, and God said unto them, be fruitful and multiply, and replenish the earth, and subdue it; and have dominion over the fish of the sea, and over the fowl in the air, and over every living thing that moveth upon the earth."³⁶⁹ Ut frå merknadane til Polk³⁷⁰ verkar det samfunnet som grydde i Oregon å nettopp vere resultatet av at pionerane i all enkelheit leidde liva sine etter dette bodet: dei bar frukt, vart fleire, etterfylde jorda, la ho under seg og nytta ho til oppretthald av livet. Særleg interessant for oss er Polks framstilling av korleis det var mogleg for pionerane å følge Guds bod og kultivere villmarka "amidst privations and dangers" og "savage tribes inhabiting the vast wilderness"³⁷¹: ikkje ved bruk av våpenmakt, men ved å la republikanske institusjonar danne ei festning rundt dei utsette liva sine. Denne framstillinga av amerikanske utvandrarar utøving av Guds bod og vilje som tett samanbunde med det amerikanske styresettet, trakk

³⁶⁵ Britiske oregoninnbyggjarar hadde i følge Polk "enjoyed the protection of British laws and British judicial tribunals" sidan Parlamentet vedtok "an act for regulating fur-trade, and establishing a criminal and civil jurisdiction within certain parts of North America" i juli 1821. JHR, 2. des., 1845, s.24.

³⁶⁶ JHR, 2. des., 1845, s.24.

³⁶⁷ JHR, 2. des., 1845, s.24.

³⁶⁸ JHR, 2. des., 1845, s.24.

³⁶⁹ Fyrste Mosebok 1:28 (etter King James Version, gjengjeve av John Q. Adams i CG, 9. feb., 1846, s.340). Det er her på sin plass å også nemne ytterlegare kjende bibelstader som Polks multipliseringsvektlegging også skapar assosiasjonar til. Fyrste stad er i forteljinga om Noha. Gud sender syndefloda som straff for menneskas ondskap, men sparar som kjent Noah og familiens hans avdi Noha var ein rettskaffen mann og "walked with God" (Fyrste Mosebok, 6:9). Etter vatnet har trekt seg attende velsignar Gud Noah og sønene hans og seier: "Be fruitful, and many and replenish the earth." (Fyrste Mosebok, 9:1). Same type påbod vert ytra i vers 7: "And you, be ye fruitful, and multiply; bring forth abundantly in the earth, and multiply therein." Andre stadar med same type bodskap finn me i Fyrste Mosebok, 13:14-16, 15:5, 17:2-10, alle saman vers der Gud fortel Abram at det skal opprettast ei pakt mellom dei to. Som følge av dette skal Abrams ætt og bli "exceeding fruitful" og son hans, Isamel, "fruitful". Abram vert gjeve namnet Abraham som på hebraisk spelar på meininga: "ei mengd med folk". Alle bibelstader henta frå King James Version (1611), tilgjengeleg på nettstaden: <http://quod.lib.umich.edu/cgi/k/kjv/kjv-idx?type=DIV1&byte=1477> (nedlastingsdato: 13.05.2010).

³⁷⁰ Sjå gjerne ovanfor s.49, fotnote 128., for ytterlegare kultiveringsallusjon, samt JHR, 2. des., 1845, s. 35-56.

³⁷¹ JHR, 2. des., 1845, s.24.

ytterlegare eit penseldrag over amerikanske ekspansjon som noko som skjedde etter gudgjevne prinsipp.

Det som Polk innleiingsvis omtala som ekstraordinære og totalt uakseptable krav frå britisk side, vart igjen streka under i ein passasje som slo fast at Dei sameinte statane sine rettar til heile Oregon, som Polk meinte var opplagte og bygd oppunder av "irrefragable facts and arguments", måtte: "either be abandoned or firmly maintained," når perioden på tolv månader var omme.³⁷² Vidare påstod Polk følgjande:

That they cannot be abandoned without a sacrifice of both national honor and interest is too clear to admit of doubt. Oregon is part of the North American continent, to which, it is confidently affirmed, the title of the United States is the best now in existence. For the grounds on which that title rests, I refer you to the correspondence of the late and present Secretary of State. The British proposition of compromise, which[...]would leave on the British side two-thirds of the whole Oregon territory, can never, for a moment, be entertained by the United States, without an abandonment of their just and clear territorial right, their own self respect, and their national honor.³⁷³

Her skal me merke oss at til tross for at Polk fleire stader i rapporten viste til Dei sameinte statane sine *rettar* og *krav* til oregonterritoriet som bygd oppunder av argument det ikkje let seg gjere å motseie, vart ikkje dei juridiske aspekta ved saka rørt ved av presidenten sjølv i rapporten. Samstundes som britiske krav og rettar vart omtala som ekstraordinære og urimelege, vart heller dei amerikanske rettane og krava gjentekne gonger vist til som sjølvsgatte, klåre og uimotseielege, utan at det vart konkretisert kva dette innebar. Dei som skulle vere interessert i kva desse udiskutable rettane kvilte på juridisk sett, vart, som me ser av sitatet ovanfor, heller vist til andre hald for finne informasjon om saka. Folkerett³⁷⁴ vart altså ikkje tildelt eit einaste avsnitt i Polk sin gjennomgang av saka.

³⁷² JHR, 2. des., 1845, s.23 og s.25.

³⁷³ JHR, 2. des., 1845, s.25.

³⁷⁴ Spørsmålet om kva folkerettslege prinsipp ein forhaltd seg til på 1840-talet let seg diverre ikkje gjere greie for i djupna i føreliggjande undersøking. Eit par merknader er det likevel rom for. 29. desember 1845, og 3. januar 1846, mottok Senatet opprop frå innbyggjarar frå forskjellige stader i New Hampshire som innhaldsmessig oppmoda Kongressen om å arbeide for å opprette "a congress of nations", for at det slik kunne etablerast ein felles internasjonal plattform for løysing av "international difficulties" (jmf.: CG, s.101 og s.128). Desse to oppropa vitnar om det faktum at det per 1846 ikkje fantes ein *internasjonalt* akseptert folkerettsleg statutt, noko John Quincy Adams peika på i ein av sine merknader i høve til oregonsaka ved å vise til at det som mange viste til som "international law" og "law of nations" meir korrekt burde omtalast som "nothing more than the customs of nations" (jmf., CG, 9. feb., 1846, s.341). Det ein i Dei sameinte statane på 1840-talet viste til som "international law" var såleis ei assortert samling med prinsipp henta frå ei rekkje fortidige autoritetar innafor jusen, som Hugo Grotius sitt verk *De Jure Belli et Pacis* (1625), Samuel von Pufendorfs *De Jure Naturae et Gentium* (1672) og særleg Emer de Vattel's *Le droit des gens, ou Principes de la Loi Naturelle, appliqués à la Conduite et aux Affaires des Nations et des Souverains* (1757). For meir om dette, sjå Antonio Cassese, *International Law*, Oxford University Press: Oxford, New York, 2005 og J.H.W. Verzijl, *Interantional Law in Historical Perspective*, A.W.Sijthoff: Leyden, 1968.

Etter Polk hadde gjort det klart at Storbritannia, med sine irrasjonelle krav, hadde sete det amerikanske folket i ein posisjon der dei *anten* måtte velje å bringe skam over nasjonen, og altså avstå frå å halde retten sin til heile området i hevd, *eller* å stå så hardt mot britiske krav som naudsynt var for å oppretthalde sin eigen rett, starta Polk på ei lengre utgreiing om Dei sameinte statanes relasjon til andre makter. Det var nemleg eit velkjend faktum at Dei sameinte statane aldri hadde blanda seg inn i andre makters affærar, krigar eller alliansar.³⁷⁵ Dei hadde aldri trakta etter andre statars landeområde, aldri blanda seg inn i andre nasjonars interne strider, og, i si overtyding om at det amerikanske styresettet var det beste, hadde dei heller aldri freista å spreie dette aktivt ved bruk av intriger, diplomati eller makt.³⁷⁶ Polk hevda i forlenginga av dette at tida no var inne for å krevje at same type oppførsel vart utvist av europeiske makter i høve til Det nordamerikanske kontinent.³⁷⁷ Han gjorde det difor klart at sjølv om Dei sameinte statane i utgangspunktet ynskte å oppretthalde gode relasjonar til alle verdas land, var dei samstundes førebudde på å motsetje seg europeisk innblanding ”at any and all hazards”.³⁷⁸ ”The American system of government is entirely different from that of Europe[...]. We must ever maintain the principle, that the people of this continent alone have the right to decide their own destiny,” understreka deretter presidenten, før han avslutta denne delen av rapporten med å stadfesta at James Monroes 25 år gamle prinsipp³⁷⁹ på dette tidspunktet kunne reknast for å vere gjeldane ”with greatly increased force” og at tida var inne for å vekkje desse prinsippa til live att.³⁸⁰

På lik linje med mange av dei andre utvalde merknadane frå rapporten, er avsnittet ovanfor eit godt døme på korleis Polk i si postulering av sanningar om Dei sameinte statane verkar å ha eit altomfattande attersyn på amerikansk historie. I dette tilfellet gav dette totale attersynet seg til kjenne i bruken seg av den absolutte negativen ”aldri” i framsetjinga av det me kan kalle Sameiningas ”plettfrie vandel” i høve til andre makter. Her er det også verd å merke seg korleis det i Polks understreking av at det no måtte stillast krav til europeiske makter om å utøve same type ”plettfrie vandel” som Dei sameinte statane, låg ei implisitt skuldning om at nettopp det motsette var realiteten. Også her verka det dermed å ligge eit anten/eller-ultimatum under overflata av Polks merknader: *anten* kunne Dei sameinte statane

³⁷⁵ JHR, 2. des., 1845, s.25.

³⁷⁶ JHR, 2. des., 1845, s.25.

³⁷⁷ JHR, 2. des., 1845, s.25. Her fylgde ein passasje som gjorde tilhøyrarane merksame på at europeiske makter den siste tida hadde freista å etablere eit prinsipp om maktbalanse seg i mellom, og at dei no, i lys av Sameiningas storstilte framgang, også freista å gjere dette prinsippet gjeldande på Det nordamerikanske kontinentet.

³⁷⁸ JHR, 2. des., 1845, s.25.

³⁷⁹ For ei påminning om kva desse prinsippa slo fast, sjå ovanfor, s.49.

³⁸⁰ JHR, 2. des., 1845, s.26.

la europeiske styresmakter, i dette tilfellet Storbritannia, halde fram med å trakte etter landeområde og å spreie sin form for styresett på Det nordamerikanske kontinentet, *eller* dei kunne velje å setje ned foten i høve til europeisk innblanding på deira kontinent ein gong for alle og slik rydde vegen fri for det amerikanske styresettet; eit styresett som Polk ut i frå sitt attersyn på historia til Sameininga fleire stader i rapporten allereie hadde stadfesta var ein del av den amerikanske natur, i tråd med Guds bod og vilje, og dermed også meint å regjere Det nordamerikanske kontinentet.

Om me no skal gjere eit forsøk på å oppsummere budskapet til Polk, meiner eg det er rett å seie at det ut i frå sanningane som vart framsetne i merknadane ovanfor, teikna seg opp særers tronge og veldefinerte rammer for kva som var rett og feil handling i høve til oregonsaka. Særleg gjaldt dette om ein på lik linje med Polk hadde: "to ask for nothing that is not right, and submit to nothing that is wrong" som handlingsmaksime. Om ein med utgangspunkt i Polks rapport skulle gje til kjenne sin truskap overfor Guds bod og vilje, menneskeheitas ufråvikelege rettar, og, i forlenginga av dette, Dei sameinte statane og prinsippa Sameininga var tufta på, teikna det seg berre opp eitt dugeleg alternativ for handling i høve til oregonsaka: nemleg å følgje Polk-administrasjonens linje i saka og innlemme heile Oregon innunder amerikansk jurisdiksjon og styresett. Andre alternativ som impliserte identitetsmarkørane ovanfor, fantes ikkje: for gudfryktige og patriotiske amerikanarar var Polk-administrasjonens linje i oregonspørsmålet det naturlege og einaste rette alternativet.

Den umiddelbare mottakinga av årsrapporten tydde på at det amerikanske folket fylgde både Polk og hans tankegang i høve til å ta stilling til oregonspørsmålet. Det kvite hus vart i dagane etter opplesinga av rapporten besøksmål for ein straum av menneske som ville gratulere presidenten med rapporten, som vart omtala som: "one of the ablest and boldest documents that ever issued from from the Executive Department."³⁸¹ *Washington Union* nytta kvar dag spalteplass til gjengjeving av positiv respons frå pressa landet over til langt ut på nyåret.³⁸² Det var imidlertid ikkje berre avisredaktørar og dei som budde i nærleiken av presidentbustaden som let seg engasjere av årsrapporten. Howell Cobb (D-Ga.) mottok tidleg i januar følgjande rapport frå heimstaten sin:

³⁸¹ Sitat henta frå brev frå Joseph W. Lesesne (D-Ala.), til Franklin H. Elmore, (calhounitt og tidlegare senator frå South Carolina), datert 2. jan., 1846, gjengjeve i Sellers, *James Knox Polk*, s.349. Sjå forøvrig: Quaiife, *The Diary of James Knox Polk During His Presidency, 1845-1849*, s.109-122, 2.-10. desember, for merknadane Polk gjorde seg om den stadige straumen av vitjande som sa seg samde med budskapet og "the doctrines" i årsrapporten. Sjå også gjerne merknaden for søndag 14. desember, s.125, der ein sliten Polk noterte seg at han på grunn av "the excessiv fatigues of the last week", samt ei lei forkjøling, "remained quietly at home" denne dagen og at han dermed ikkje hadde fått delteke i gudstenesta slik han vanlegvis pla gjere på sundagar.

³⁸² Sellers, *James Knox Polk: Continentalist*, s.348.

The President's Message has set all our mountain folks to thinking and talking. Every one understands, or thinks he understands, all about the Oregon question; and I heard a crowd at Christmas, not one of whom knew on which side of the Rocky Mountains Oregon was, swear that they would support and fight for Polk *all over the world*, that he was right, and we would have Oregon and trash the British into the bargain.³⁸³

Franklin H. Elmore og Francis Pickens, begge frå South Carolina og blant Calhouns viktigaste støttespelarar i heimstaten, var, etter rapportens innhald vart gjort kjent, også blant dei som no var overtydde om at den "meisterleg inaktive" linja i høve til Oregon måtte avsluttast. "I Cordially approve with his[presidentens] Sentiments, and such I know is the feeling of 99 of 100 of our people," meddelte Pickens til Calhoun.³⁸⁴ Frå Elmore fekk han høyre at gjeldande status i oregonspørsmålet "leaves us no alternative but to support the Executive firmly in all proper measures for asserting our rights."³⁸⁵ Det fyrste som møtte Calhoun då han nådde fram til Washington 20. desember, var ytterlegare ei melding som tydde på at dagane med "meisterleg inaktivitet" i høve til Oregon var omme. Denne meldinga nådde Calhoun i form av eit kveldsbesøk beståande av Isaac E. Holmes (D-S.C.) og Robert M. T. Hunter (D-Va.) som kom for å oppdatere senatoren i høve til kor Kongressens medlemmer no stod i oregonsaka.³⁸⁶ Begge tolka stoda slik at samtlege av medlemmene i Det demokratiske parti stilte seg einrøystes bak Polks krav om innlemminga av heile Oregon.³⁸⁷

Oppsummering

Innleiingsvis i dette kapittelet gjorde me oss kjende med termen "ethical violence" slik denne vart gjort greie for i Judith Butlers *Giving an Account of Oneself*. Slik me vart kjende med termen samsvara denne med påstanden om at det ligg vald i å hevde det universelle ettersom dette inneberer å oversjå, fornekte eller rett og slett å vere likegyldig overfor det partikulære som vil eksistere innanfor gjenstandsområdet det universelle gjer krav på famne om. Me stifta deretter kjennskap til nokre utvalde passasjar frå Polks rapport over rikets tilstand. Her såg me at presidenten la fram ei rekkje nasjonskonstituerande sanningar om Dei sameinte statane og det amerikanske folket, som han deretter la til grunn for framsetjinga av det einaste rette og ærbare valet av politisk linje i oregonsaka: det fantes såleis "no alternative but to support the Executive firmly in all proper measures". Ved at Polk knyte eit uløyseleg band mellom si linje

³⁸³ Utdrag frå brev frå J.D. Phillips til Howell Cobb, datert 30. des., 1845, gjengjeve i Sellers, *James Knox Polk: Continentalist*, s.349 (Phillips si kursivering).

³⁸⁴ Utdrag frå brev frå Francis Pickens, calhounitt og tidlegare representant, til Calhoun, datert 20. des., 1845, gjengjeve i Sellers, *James Knox Polk: Continentalist*, s.349.

³⁸⁵ Utdrag frå brev frå Elmore til Calhoun, datert 20. des., 1845, gjengjeve i Sellers, *James Knox Polk: Continentalist*, s.349.

³⁸⁶ Wiltse, *John C. Calhoun: Sectionalist*, s.251.

³⁸⁷ Wiltse, *John C. Calhoun: Sectionalist*, s.251.

i oregonsaka og det å gjere det som var moralsk konsistent med den amerikanske ethosen, gjorde Polk seg samstundes skuldig i utøvinga av nettopp "ethical violence".

Kapittel 7

E pluribus plures?

Innleiing

I førre kapittel vart me gjort kjende med inskripsjonen på Dei sameinte statanes rikssegl, *E pluribus unum*. Me såg deretter at president Polk i sin rapport over rikets tilstand framsette Dei sameinte statane og det amerikanske folket for å vere nettopp *eitt*: eitt sameint *unum* eller: éin amerikansk ethos. Med bodskapen frå riksseglet og Polks rapport friskt i minne skal me i dette kapittelet rette merksemda mot ordsiftet kring oregonspørsmålet slik dette fann stad i Kongressens to kammer i etterkant av opplesinga av Polks rapport. Også i dette kapittelet ser eg det som tenleg å innleiingsvis nytte noko tid til Butler og hennar *Giving an Account of Oneself*. Me skal starte der me slapp i førre kapittel med hennar fortolking av Adornos *Problems of Moral Philosophy*, og deretter følgje ho vidare i ei fortolking av nokre av Foucaults formularar kring moral og subjekt frå *Bruken av nytelsene*³⁸⁸ som i vår samanheng skal supplementere Adornos.

Me hugsar frå førre kapittel at etikkens vald fekk si form av ein postulert universalitet som ikkje makta å gje gjensvar til det kulturelt partikulære eller å la seg sjølv vere gjenstand for reformulering i møte med den sosiale og kulturelle diversiteten det gjorde krav på å famne om.³⁸⁹ I samband med dette må det nemnast at etikkens vald ikkje er absolutt i si omfamning. Butler finn dette formulert hos Adorno i følgjande meiningsdrakt:

When a universal precept cannot, for social reasons, be appropriated or when – indeed, for social reasons – it must be refused, *the universal precept itself becomes a site of contest*, a theme and an object for democratic debate. That is to say, it loses its status as a precondition of democratic debate; if it did operate there as a precondition, as a *sine qua non* of participation, it would impose its violence in the form of an exclusionary foreclosure.³⁹⁰

Det finst altså opningar, opningar med opphav i det sosiale, som skaper rom for drøfting av det universelle. Butler forstår Adorno for å finne desse opningane som eit produkt av ein negativ dialektikk; opningar som oppstår når det postulerde kollektive viser seg *ikkje* å vere

³⁸⁸ Michel Foucault, *Bruken av nytelsene. Seksualitetens Historie*, bind II av III, Pax Forlag: Valdres, 2001, Originalutgåve: *L'usage des plaisirs. L'Histoire de la sexualité*, Tome II, Gallimard: Paris, 1984.

³⁸⁹ Jmf.: Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.6.

³⁹⁰ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.8 (mi utheving).

kollektivt gjeldande, likeins, når det universelt postulerte viser seg å *ikkje* vere universelt gjeldande.³⁹¹ Dei vert såleis til ved at det oppstår ein erfart diskrepans mellom det partikulære og det universelle.³⁹² Hos Adorno finn Butler så påstanden om at det er denne forma for diskrepans som individet opplever som "the inaugural experience with morality"³⁹³; ein påstand som finn gjenklang i den som vart lagt til grunn for å forklare sjølv oppstoda av moral som fenomen i førre kapittel.³⁹⁴ Butler meiner vidare at opplevinga av Adornos *diskrepans* vert sagt å skape ein reaksjon, eller ein respons, hos individet, som liknar den Nietzsches *dårlege samvit*³⁹⁵ skaper, i og med at opplevinga av misforholdet mellom det postulerte universelle og det individuelt erfarte opnar opp for individets refleksjon kring seg sjølv og åtferda si: "thus reflexivity is inaugurated".³⁹⁶ I forlenginga av dette stiller imidlertid Butler seg noko spørjande til Adornos diskrepansterm, ettersom han i bruken av denne ikkje stiller spørsmål til at individet beint fram kan reflektere *kring* seg sjølv, som om sjølvet er noko som kan observerast utanfrå og såleis verte gjenstand for refleksjon.³⁹⁷ Nokre sider seinare vender dermed Butler seg til Foucault ettersom ho hos han finn responsen på det Adorno kallar diskrepans formulert som: "not simply "self-awareness" but *self-formation* as an "ethical subject".³⁹⁸ Responsen på opplevd diskrepans inneberer dermed ikkje berre sjølvrefleksjon, men også sjølvkonstituering.

Kva implikasjonar kan dette så få for subjektet som opplever diskrepans mellom det individuelt erfarte og det postulerte universelle? Foucault erkjenner på lik linje med Adorno at slike tilhøve finn stad, og at det såleis finst opningar for kritikk av ein universalitet, eller, for å nytte ein term frå Foucault: "a regime of truth".³⁹⁹ Butler viser imidlertid også at Foucault også fortel oss at å framleggje kritikk i høve til dei sanningsregima som rører ved det moralske, og dermed også utgjer eit referanseapparat for konstituering av sjølvet som etisk

³⁹¹ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.8.

³⁹² Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.8.

³⁹³ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.9.

³⁹⁴ Sjå ovanfor s.89.

³⁹⁵ Butler viser her til Friedrich Nietzsches *On the Genealogy of Morals* der termen dårleg samvit gjer seg gjeldande på følgjande måte: Individet vert interpellert, altså ansvarleggjort, overfor eit system som operer med fenomena rettferd og straff. I opplevinga av misforhold mellom det individuelt erfarte og det postulerte universelle vender individet seg innover i ein sjølvransakande operasjon, i frykt for at eins eigen åtferd samsvarar med det rettferdssystemet ville karakterisere som straffbart. Det dårlege samvitet slår dermed inn som eit åtferdskorrigerande, og såleis disiplinerande, element som hindrar individet i å forfølgje si instinktive vilje. For meir om det dårlege samvitet, sjå: "'Guilt', 'Bad Conscience' and Related Matters" i Friedrich Nietzsche, *On the Genealogy of Morals*, overs. Douglas Smith, Oxford University Press: New York, 1996 (1887) .

³⁹⁶ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.9.

³⁹⁷ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.9.

³⁹⁸ Foucault sitert i Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.18 (mi utheving).

³⁹⁹ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.22.

subjekt, kan verte ei problematisk bedrift ettersom ein ved å setje spørsmålsteikn ved denne typen sanningsregime samstundes set spørsmålsteikn ved:

[...]the regime through which being, and my own ontological status, is allocated. Critique is not merely *of* a given social practice or a certain horizon of intelligibility within which practices and institutions appear, it also implies that I come into question for myself. Self-questioning becomes an ethical consequence of critique for Foucault[...]It also turns out that the self-questioning of this sort involves putting oneself at risk, imperiling the very possibility of being recognized by others, since to question the norms of recognition that govern what I might be, to ask what they leave out, what they might be compelled to accommodate, is, in relation to the present regime, to risk unrecognizability as a subject[...]⁴⁰⁰

For å gjere tankane ovanfor til nytte i analysen av oregondebattantanes innleggspraksis vert det innleiingsvis naudsynt å presisere kva som her skal undersøkjast og kva som skal utelatast. Fyrst og fremst skal me merke oss at målsetjinga med analysen ikkje er å fullt og heilt årsaksforklare debatten og avgjerda som til slutt vart teken i saka. Målsetjinga er heller å peike på, og å skildre, sider ved dei diskursive praksisane som vart nytta i debattens laup for å artikulere og konstituere seg sjølv som eit etisk handlade subjekt i lys av posisjonen ein hadde teke til oregonspørsmålet. Målsetjinga skal verte freista nådd i ein todelt analyse, beståande av ein noko større fyrstedel enn andredel.

Utgangspunktet for analysens fyrste del skal vere følgjande: Polk knyte i sin rapport eit uløyseleg band mellom si linje i oregonsaka og det å gjere det som var moralsk konsistent med den amerikanske ethosen. Implisitt i Polks merknader låg det såleis ei skulding om at det å velje andre linjer i oregonspørsmålet ikkje kunne jamførast med ei patriotisk handling. Me hugsar imidlertid, frå kapittel fire og fem, at administrasjonens oregonlinje vart utfordra frå fleire hald i debattens laup, og at andre oregonlinjer såleis vart lagt fram som alternativ til Polks postulerte einaste rette. Ut i frå dette vert det rimeleg å trekkje ei slutning om at Polks oregonlinje, slik den var lansert ved bruken av etikkens vald, skapte ei oppleving av diskrepans for kongressmedlemmene som hegna om andre alternativ, og dermed også eit behov for desse for å gjere greie for seg sjølv og oregonlinja si som moralsk konsistent med den amerikanske ethos. Med utgangspunkt i Butlers Adorno- og Foucault-fortolking, skulle dette kunne tilseie at det i debatten kring Oregon fanst potensiale for å drøfte og reformulere Polks postulerte universalitet, og sanningsregima som låg til grunn for denne. Dette dannar grunnlaget for spørsmåla som skal liggje til grunn for fyrste del av analysen: kva nasjonskonstituerande sanningsregime vart lagt til grunn for dei ulike grupperinganes framsetjing av sitt val av oregonlinje som etisk konsistent med den amerikanske ethos? Og, i

⁴⁰⁰ Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.23.

kva grad syntes det å vere opning for å drøfte og reformulere desse sanningane? Desse spørsmåla skal lyssetjast i to omgonger: fyrst ved ei generell utgreiing kring dei ulike posisjonanes innleggspraksis, der me skal merke oss likskapar og hovudskilje mellom dei ulike grupperinganes nasjonskonstituerande og moralmarkerande praksisar, og i andre omgong, ved å stifte kjennskap til eit av debattens unntakstilfeller, kva angår postulering av nasjonskonstituerande sanningar.

No var det på ingen måte slik at det berre vart halde innlegg i debatten i favør av oregonlinjer som stod i opposisjon til Polk-administrasjonens. Me hugsar frå kapittel fem at heile 70 av debattens totalt 118 innlegg vart haldne nettopp til støtte for innlemminga av heile området "at any and all hazards", for bruke ei av Polks frasar. Dette til tross for at det også var denne gruppa som i sterkast grad ivra for at debatten måtte verte unnagjort raskast mogleg og at ei avgjerd i saka måtte fattast så snart som råd.⁴⁰¹ Dette dannar utgangspunktet for analysens andre, del der målet skal vere å forfølgje innsiktene som vart vunne i fyrste del vidare, med det som mål å forstå kvifor slikt eit høgt tal av kongressens medlemmer tok ordet i denne saka og dermed forårsaka at ei avgjerd i spørsmålet stadig let vente på seg.

Når eg i dette kapittelet skal peike på generelle tendensar ved dei diskursive praksisane som gav seg tilkjenne gjennom oregondebattens laup, kjenner eg det som viktig å peike på at dei 118 innlegga i oregondebatten var like forskjellige som dei var mange. I vår samanheng betyr dette at det i dei fleste tilfeller der ein konklusjon skal fattast, vil late seg gjere å finne både den eine og den andre kommentaren i det eine og det andre innlegget som strir med det framsette hovudpoenget. Eg skal likevel driste meg ut på generaliseringas balanselinje og heller nytte noteapparatet så godt som råd for å vise at generaliseringane som her vert lagt fram har breidt nedslagsfelt i kjeldemateriale.

Å gjere greie for seg sjølv som moralsk handlande amerikanar

Som me såg i kapittel fem var det slik at posisjonane som vart inntekne i høve til oregonspørsmålet let seg dele inn i tre hovudgrupper. Den fyrste av desse var grupperinga som var for avsending av notat og innlemminga av heile Oregon; den andre bestod av dei som var for notat, men samstundes opne for vidare forhandling samt for å inngå eit kompromiss i saka ved å trekkje ei grense ved 49°; medan den siste bestod av dei som av forskjellige årsaker sette seg imot avsendinga av notatet.⁴⁰² Denne tredelinga er sær s grov og skjuler mange av dei forskjellige innfallsvinklane som let seg ta til spørsmålet innanfor rammene av

⁴⁰¹ Sjå ovanfor, s.55.

⁴⁰² Sjå ovanfor, s.51-52.

klar einiskilde gruppering. Me skal likevel, av praktiske årsaker, halde på ho. Vidare i dette kapittelet skal me trekkje fram nokre fellesnemnarar ved innleggspraksisen til dei tre grupperingane, med det som mål å gjere oss kjende med saksområda dei ulike grupperingane rørte ved for å konstituere sin eigen moral.

Den fyrste hovudgruppa var tilhengjarar av Polk-administrasjonens oregonlinje og gjorde såleis greie for seg sjølv som etiske handlande subjekt med resonans i eit sanningsregime som konstituerte same type amerikansk ethos og same forståing av oregonsaka som den Polk framsette i årsrapporten. Det amerikanske styresettet vart såleis forklart for å vere i tråd med Guds bod og vilje, samt årsaka til nasjonens framgang og lykke. Ein viste i innlegga ofte stor takksemd til forfedrane som hadde sett i gong, og delteke i, revolusjonen som hadde ført til at Sameininga vart oppretta, slik ein også feira den amerikanske pioner, som vart framsett som sjølv spreieren av det amerikanske systemet.⁴⁰³ Gode og tidlege dømer på denne gruppas innleggspraksis finn me allereie i ordsiftet kring Lewis Cass (D-Mich.) sine National-Defence-resolusjonar 15-16. desember i Senatet.

Me hugsar frå merknadane Cass avla i samband med introduksjonen av desse resolusjonane, at den klåre og ufråvikelege retten Dei sameinte statane hadde til Oregon innebar at det einaste valet av oregonlinje som let seg jamføre med opprettholdinga av nasjonens ære, var valet av linje viss mål var å innlemme heile området innunder amerikansk jurisdiksjon.⁴⁰⁴ Me hugsar også at Cass jamførte realiseringa av denne linja med eit krigsutbrot mellom Sameininga og Storbritannia, men at han likevel fastsette at "our duty and our desitiny is onwards" og at administrasjonens oregonlinje dermed måtte etterfølgjast.⁴⁰⁵ Resonnementet som gav seg til kjenne i Cass sine merknader teikna eit illustrerande bilete av denne grupperingas innfallsvinkel til saka.

At det amerikanske folket var forplikta til å følgje Polks oregonlinje kom mellom anna til syne i denne gruppas innlegg ved at britisk nærvær i Oregon vart jamført med britisk nærvær i kolonitida.⁴⁰⁶ Plikta var såleis forankra i det faktum at det britiske styresettet, då som no, var det amerikanske styresettets diametrale motsetnad.⁴⁰⁷ Storbritannia fann si makt og sin

⁴⁰³ Sjå merknadane til Jacob Brinkerhoff (D-Ohio) som feirar den amerikanske pioneren på eksemplarisk vis i ACG 14. jan., 1846, s.101-104; likeins Charles W. Cathcart (D-Ind.) i CG, 6. feb.,1846, s.322-323, David A. Starkweather (D-Ohio) i ACG, 6. feb., 1846, s.389. Sjå gjerne også Isaac E. Morse (D-La.) merknader som viser med ærbødigheit til revolusjonsfedrene og institusjonane dei hadde grunnlagt i CG, 15. jan., 1846, s.211, samt note 411 nedanfor.

⁴⁰⁴ Sjå ovanfor, s.50.

⁴⁰⁵ Sjå ovanfor, s.50.

⁴⁰⁶ Sjå mellom anna merknadane til senator William Allen (D-Ohio) i ACG, 10.-11. feb., 1846, s.839 og James Thompson (D-Pa.) ACG, 26. jan., 1846, s.160.

⁴⁰⁷ Sjå mellom anna merknadane til William Sawyer (D-Ohio) i ACG, 3. feb., 1846, s.228, seinare president Andrew Johnson (D-Tenn.) i ACG, 31. jan., 1846, s.333 og senator Daniel S. Dickinson (D-N.Y.) i ACG, 24.

stordom ved å frårøve mennesket sine ufråviklege og gudgjevne rettar, medan Dei sameinte statane fann si i trygginga av desse: ved å gje menneska fridom, liv og mogleik til å trå etter lykka.⁴⁰⁸ I tråd med dette vart Storbritannia i denne gruppas merknader gjerne omtala i ordelag som "the dictator of the world",⁴⁰⁹ og vart ut i frå sitt stadig veksande kolonivelde skulda for å ha ambisjonar om å leggje under seg så mykje som mogleg av verdas landeområde ved bruk av dei einaste metodane ho kjende: "by force and by fraud[...]by blood and by carnige."⁴¹⁰ Dette var ambisjonar som måtte stoppast og 54°40"-menna hevda difor at "manliness", "national honour" og "love for the graves of our ancestors" kravde at heile Oregon vart lemma inn under amerikansk jurisdiksjon, og at britane vart vist bort frå Oregon "at any and all hazards".⁴¹¹ Subjektet som handla i moralsk akkord med den amerikanske ethos i oregonsaka vart såleis langt på veg konstituert ut i frå ein nærast spontan vilje til krig for det amerikanske styresettet *mot* det som måtte reknast for å vere dets fiende: "54°40" or fight": for nasjonens ære, for Guds bod og vilje og for menneskeheita som heile.⁴¹²

Det store fleirtalet av kongressmedlemmene som let seg plassere i den andre hovudgruppa, ei gruppe me heretter skal vise til under nemninga "49°, forhandling og fred", vekta på liknande vis som Polk og hans tilhengjarar det amerikanske styresettet og dette systemets velgjerande ringverknadar som grunnleggjande premiss for val av linje i oregonsaka. For denne gruppa vart imidlertid den opplevinga av lykke og framgong som dei

feb., 1846, s.327 der han viste til at saka dreidde seg om spreinga av anten "the darkness of the Old World" eller "the sunlight of the New".

⁴⁰⁸ Sjå mellom anna merknadane til senator William Allen (D-Ohio) i ACG, 10.-11. feb., 1846, s.839, og James B. Bowlin (D-Mo.) i ACG, 6. jan., 1846, s.79-80 og Martin Grover (D-N.Y.) i ACG, 26. jan., 1846, s.125.

⁴⁰⁹ Sitat frå merknadane til John A. McClernand (D-Ill.) i ACG, 8. jan., 1846, s.273, same nemning vart nytta hos mellom anna Joseph J. McDowell (D-Ohio), i ACG, 5. jan., 1846, s.74.

⁴¹⁰ Sitat frå merknadane til Hannibal Hamlin (D-Maine) i CG, 12. jan., 1846, s.188, for andre passasjar som framsett Storbritannias grusamheit sjå mellom anna Fredrick P. Stanton (D-Tenn.) i CG, 14. jan., 1846, s.200, John S. Chipman (D-Mich.) i CG, 14. jan., 1846, s.208, senator William Allen i ACG, 10.-11. feb., 1846, s.834-842, senator Edward Hannegan (D.Ind.) i ACG 16. feb., 1846, s.307-310 og senator Sidney Breese (D-Ill.) i ACG, 2. mars, 1846, s.379.

⁴¹¹ Sitat frå merknadane til Joseph J. McDowell (D-Ohio) ACG, 5. jan., 1846, s.77, for andre referansar til revolusjonsfedranes offer sjå: senator Ambrosie Sevier (D-Ark.) i ACG, 25. mars, 1846, s.393, James B. Bowlin (D-Mo.) i ACG, 6. jan., 1846, s.79-80, Andrew Kennedy (D-Ind.) i ACG, 10. jan., 1846, s.210, Robert Smith (D-Ill.) i ACG, 7. feb., 1846, s.231-232, William Sawyer (D-Ohio) i ACG, 3. feb., 1846, s.229, Charles W. Cathcart (D-Ind.) i CG, 6. feb., 1846, 323-324 og Seaborn Jones (D-Ga.) i ACG, 15. jan., 1846, s.178.

⁴¹² For merknader om opprettholdinga av nasjonens ære, sjå: Robert Smith (D-Ill.) i ACG, 7. feb., 1846, s.229-234, legg særleg merke til utsegna på s.232 som peiker på at den som ikkje er villig til ta på seg risiko for å tryggje velferda til sine landsmenn: "does not deserve the name of an American citizen." Sjå også merknadane til Andrew Kennedy (D-Ind.) i ACG, 10. jan., 1846, s.211 der det vert slege fast at krig løyser opp jorda rundt røtene til "the tree of liberty" og får treet såleis "to grow the faster and spread the wider", særleg fordi røtene vert "moistened by the warm blood of the patriot, honestly shed in its defence." Senator Arthur Bagby (D-Ala.) hevda i ACG, 10. april, 1846, 493 at han heller vil sjå kvart einasta born i Sameininga foreldreløst og kvar einaste kone gjort til enkje som følgje av krig, enn å la nasjonens ære verte krenka. For merknader kring sakas ringverknadar sjå gjerne senator Arthur Bagby (D-Ala.) ACG 10. april, 1846, s.495 samt Cornelius Darragh (W-Pa.) i CG, 3. jan., 1846, s.131, William F. Giles (D-Md.) i ACG, 9. jan., 1846, s.80 saka vil få betyding for "every civilized man.", liknande oppfatting viser George Fries (D-Ohio) i ACG, 7. feb., 1846, s.286.

som levde liva sine innanfor det amerikanske styresette no var gjenstand for, framsett som eit resultat av fredens velsigningar. Det amerikanske folkets styresett var nemleg fredens system, godane som følgde av dette hadde sitt opphav i freden og det var i fredens namn systemet skulle spreie seg.⁴¹³ Viljen til fred vart av desse framsett for å vere det som markerte brotet mellom Den gamle og Den nye verda: Å tileigne seg land ved erobringsskrig høyrde Den gamle verda til. Dette var tyranniets, diktaturets og despotiets mest påfallande symptom og kjenneteikn, og hadde gong på gong vist seg å vere aktiviteten som varsla stormakters undergang.⁴¹⁴ Dei sameinte statane var ikkje meint å skulle dele lagnad med Romerriket og Napoleons Frankrike. Ein måtte difor avstå frå handlingar som gjorde ein skuldige i det som var Den gamle verdas brotsverk, noko som innebar å ikkje gjere seg skuldig i framprovosering av krig.⁴¹⁵ Også i denne grupperingars innlegg vart den amerikanske pionerens bedrifter ved "the frontier" feira, i og med at desse førte til spreiainga av sivilisasjonen og det amerikanske styresettet, noko ein også i denne gruppa meinte var i tråd med Guds bod og vilje.⁴¹⁶ I forlenginga av dette var den rådande oppfattinga i denne gruppa at amerikansk jurisdiksjon måtte breiast om dei amerikanske nybyggjarane i Oregon slik at trygge rammer var lagt rundt livsførsla deira. Området opp til 49° måtte dermed gjerast krav på og lemmast inn i Sameininga.⁴¹⁷

At det ikkje fantes amerikanske nybyggjarar i området nord for 49°, såg gruppa som god nok grunn til å hevde at retten til denne delen av Oregon på dette tidspunktet *var* diskutabel og uklår, og at det dermed ikkje kunne forsvarast å la ein krig bryte ut for at dette

⁴¹³ Sjå merknadane til mellom anna: John A. Rockwell (W-Conn.), ACG, 16. jan., 1846, s.127, der det vart hevda at sivilisasjonen skal spreiaast med plogen og øksa, ikkje med kanon. Sjå også senator Walter T. Colquitt (D-Ga.) i ACG, 17. feb., 1846, s.222-223, senator William S. Archer (W-Va.) i ACG, 18. mars., 1846, s.521-524, Joshua F. Bell (W-Ky.) i ACG, 4. feb., 1846, s.271 og senator Walter T. Colquitt (D-Ga.) i ACG, 3. april, 1846, s.219-223.

⁴¹⁴ Her var allusjonane til Romerriket og Napoleons Frankrike mange, sjå mellom anna Charles Goodyear (D-N.Y.), APG, 16. jan., 1846, s.109, John A. Rockwell (W-Conn.), ACG, 16. jan., 1846, James Pollock (D-Pa.) i ACG, 16. jan., 1846, s.121, Columbus Delano (W-Ohio) i CG, 5. feb., 1846, s.317, senator John M. Niles (D-Conn.) i ACG, 19. mars, 1846, s.556 og Bradford R. Wood (D-N.Y.) ACG, 31. jan., 1846, s.217-218.

⁴¹⁵ For merknader kring det farefulle og vanærande ved erobringsskrig og krigshissing sjå mellom anna: senator John A. Niles (D-Conn) i ACG, 19. mars, 1846, s.556, senator Reverdy Johnson (W-Md.) som vektla at "A war should be a product of conflict, not of our selves" i CG, 11. mars, 1846, s.484ff, Bradford R. Wood (D-N.Y.) i ACG 31. jan., 1846, s.218, der han erkjenner Storbritannias verke her på jorda som brot med Guds bod og vilje, men at det ikkje er Dei sameinte statanes oppgåve å hevne desse brota: "God had not made us their avenger 'Vengeance is mine, saith the Lord,'" sjå elles James Pollock (W-Pa.) for merknader om krigens forbannelsar i ACG, 16. jan., 1846, s.123, Washington Hunt (W-N.Y.) i ACG, 6. feb., 1846, s.239 og senator John C. Calhoun (D-S.C.) i ACG, 16. mars, 1846, s.474ff.

⁴¹⁶ Sjå mellom anna merknadane til Truman Smith (W-Conn.) i ACG 7. feb., 1846, s.259-260, Jefferson Davis (D-Miss.) i CG, 6. feb., 1846, s.319, James Pollock (D-Pa.) i ACG, 16. jan., 1846, s.121, William W. Campbell (A-N.Y.) i ACG, 27. jan., 1846, s.158-159 og senator Jacob W. Miller (W-N.J.) i ACG, 26. mars, 1846, s.571

⁴¹⁷ Sjå mellom anna senator John M. Clayton (W-Del.) CG, 12. feb., 1846, s.362 og senator Jacob W. Miller (W-N.J.) i ACG, 26. mars, 1846, s.571.

området skulle leggjast innunder amerikansk jurisdiksjon.⁴¹⁸ For denne gruppa fantes det ikkje vanærande å setje seg ved forhandlingsbordet, eller å inngå ei kompromissgrense langs 49°; dette vart heller rekna for å vere ei handling med gjenklang i sanningsregimet som konstituerte den amerikanske ethos.⁴¹⁹ Eit anna argument for at det ikkje gjekk på æra laus å godta ei grense langs 49°, vart av deler av denne gruppa hevda å vere at denne grensa ikkje sette ein stoppar for utbreiinga av nasjonens styresett. Dei sameinte statanes ”manifest-” eller ”inevitable destiny” let seg nemleg ikkje stoppe av menneskeskapte grenser, ei oppfating som vert illustrert i følgjande utsegn:

How long will it be after we have planted the American flag, and established American institutions along the line of 49th parallel, before the residue of the territory will be given to us by that same inevitable destiny? When it shall be ripe for harvest, the sickle of American institutions can gather it in.⁴²⁰

Når det gjeld kongressmedlemmene som sette seg imot avsendinga av notatet, var desse, som me såg ovanfor, ei særassortert gruppering.⁴²¹ Me skal likevel forsøkje å trekkje fram nokre likskapstrekk og heller undervegs gjere visse nyanserande inndelingar, samt hugse å peike på kven desse trekka ikkje kan seiast å famne om.

Som med 49°-arane kom det også fram av storparten av Mot notat-grupperingas debattinnlegg at Dei sameinte statane var sameinte, lykkelege og framgangsrike og at dette nettopp var ei følgje av fredens velsigningar.⁴²² Det amerikanske styresettet vart såleis også her forstått og framsett som fredens system; eit system som ikkje skulle spreist ved bruk av krigens metodar, men heller ved at folket vart fleire, slik at systemet og sivilisasjonen vart spreidd på naturleg og fredsam vis.⁴²³ Krig vart av desse omtala som eit vonde som bar i seg potensiale til å velte sjølve fundamentet som Sameininga kvilte på. Kringen sette nasjonen i

⁴¹⁸ Noko dei meinte å finne støtte for i Emer de Vattel's *Le droit des gens*, der retten til eit område vert forklart for å vere erverva ved initial oppdaging, men at retten fyrst vert befesta ved opprettinga av permanente bustader. Sjå mellom anna merknadane til senator George McDuffie (D-S.C.) som nytta mykje tid til gjengjeving av Vattel i CG, 4. april, 1846, s.604.

⁴¹⁹ Sjå mellom anna merknadane til senator John Mcpherson Berrien (W-Ga.) i ACG, 17. mars., 1846, s.505-510 der det vart vist til at ”a bloody hand is not the only symbol of honour”.

⁴²⁰ Jmf.: William W. Campell (A-N.Y.), ACG, 27. jan., 1846, s.159, sjå også senator Jacob W. Miller (W-N.J.) i ACG, 26. mars, 1846, s.571 for liknande passasje.

⁴²¹ Sjå ovanfor, note 142.

⁴²² William C. Cocke (W-Tenn.) i ACG, 15. jan., 1846, s.93-95 (særleg s.95), William L. Yancey (W-Ala.) ACG, 7. jan., 1846, s.85, Robert C. Winthrop (W-Mass.) CG, 3. jan., 1846, s.132-136, Robert B. Rhett (D-S.C.) i CG, 5. jan., 1846, s.142-144, Robert M. T. Hunter (D-Va.) i ACG, 10. jan., 1846, s.91, senator George Evans (W-Maine) ACG, 9.-10. mars, 1846, s.578 og senator William S. Archer (W-Va.) i ACG, 18. mars, 1846. s.521-522. Her skil James D. Westcott (D-Fla.) seg ut frå Mot notat-gruppa ettersom han ikkje peikte på oppretthalding av freden som Sameiningas grunnpillars, men til heimstaten sitt manglande forsvarsverk, som grunn for å stemme mot notatet. Sjå Westcott i CG, 14. april, 1846, s.667-668.

⁴²³ Jmf.: Edwin H. Ewing (W-Tenn.) i ACG, 29. jan., 1846, s.191-193, Henry Bedinger (D-Va.) i ACG, 15. jan., 1846, s.118-119, William L. Yancey (W-Ala.) ACG, 7. jan., 1846, s.85 og Robert M. T. Hunter (D-Va.) i ACG, 10. jan., 1846, s.92.

gjeld og tok såleis bort landets fridom ved å knyte det fast med avhengigheitas band.⁴²⁴

Krigen gjorde det naudsynt å setje loven til sides til fordel for ”military rule”.⁴²⁵ Å provosere fram ein krig vart også her rekna for å vere det fyrste og sikraste teiknet på at dei frie, republikanske institusjonane var i ferd med å gå i oppløysing og at tyranniet og despotiet ville ta over.⁴²⁶

Eit høve som delte denne gruppa opp i to var korleis ein forhaldd seg til termen ”manifest destiny”. I denne gruppa fantes det nemleg dei som eksplisitt gav uttrykk for at det å gjere krav på å vite kva skjebne ein sjølv og landet sitt var blitt tildelt, for så å leggje denne same skjebnen til grunn for å gjere krav på eit landeområde, var ein aktivitet som var farleg og beint fram latterleg.⁴²⁷ Det fantes imidlertid også dei i denne gruppa som nytta nettopp nasjonens ”manifest destiny” som eit argument for å la konvensjonen stå. Desse gav uttrykk for å meine at sidan det var forutbestemt at det amerikanske styresettet skulle komme til å dekkje heile Det nordamerikanske kontinent, var det ingen grunn til å aktivt gripe inn i for å tryggje spreinga.⁴²⁸ Sjølv om det innanfor gruppa fann stad ei todeling i høve til korleis ein stilte seg til nasjonens ”manifest destiny”, var dei likevel samde om at det ikkje gagna nasjonen å sende det avtaleavsluttande notatet, og at Oregon på tryggast og sikrast vis ville verte amerikansk eigedom ved utøvinga av fredleg og ”meisterleg inaktivitet”.⁴²⁹ Lord Castlereaghs 20 år gamle utsegn om at Oregon ville verte erobra ”in your bedchambers” vart såleis ofte vist til, og gjerne med ein merknad om at det ikkje kunne reknast som landssvik, eller lite patriotisk, å føretrekkje å erobre Oregon på soverommet framfor slagmarka.⁴³⁰

Før me går vidare skal me stoppe opp og vende merksemda mot to moment som let seg trekkje ut frå avsnitta ovanfor. For det fyrste tykkjer eg me skal merke oss at Dei sameinte statane som vart refererte til i kongressmedlemmenes merknader, uavhengig av kva gruppering medlemmene tilhørde, i all hovudsak verka å vere tufta på dei same

⁴²⁴ Sjå merknadane til senator William S. Archer (W-Va.) i ACG, 18. mars, 1846. s.523 og Robert M. T. Hunter (D-Va.) i ACG, 10. jan., 1846, s.91.

⁴²⁵ Jmf.: Robert Barnwell Rhett (D-S.C.), CG, 5. jan., 1846, s.143, senator William S. Archer (W-Va.) i ACG, 18. mars, 1846. s.524, senator George Evans (W-Maine) ACG, 9.-10. mars, 1846, s.578.

⁴²⁶ Sjå mellom anna Robert Barnwell Rhett (D-S.C.), CG, 5. jan., 1846, s.143, Isaac E. Holmes (D-S.C.) i ACG, 29. jan., 1846, s.165-167, William L. Yancey (D-Ala.) i ACG, 7. jan., 1846, s.85ff og Caleb B. Smith (W-Ind.) i ACG, 7. jan., 1846, s.107.

⁴²⁷ Sjå til dømes merknadane til Charles Robert Winthrop (W-Mass.), CG, 3. jan., 1846, s.134 og Caleb B. Smith (W-Ind.), ACG, 7. jan., 1846, s.104 og Edwin H. Ewing (W-Tenn.), ACG, 29. jan., 1846, s.189ff.

⁴²⁸ Sjå Robert T. M. Hunter (D-Va.) i ACG, 10. jan., 1846, s.92 og William M. Cocke (W-Tenn.), ACG, 15. jan., 1846, s.95.

⁴²⁹ Henry Bedinger (D-Va.) lanserte for sin del ”meisterleg aktivitet” som ein ”ny” oregonstrategi, som skulle sikre Oregon ved å la konvensjonen stå, samstundes som: ”Every possible inducement should be held out to our brave emigrants to go forth and possess the land.” For meir om dei modige amerikanske emigrantane som allereie var i Oregon ”cultivating the soil in peace, causing the wilderness to bloom as a garden”, sjå ACG, 15. jan., 1846, s.118-120.

⁴³⁰ Lord Castlereagh sitert av William L. Yancey (D-Ala.), ACG, 7. jan., 1846, s.88.

nasjonskonstituerte sanningane som Polk framsette i rapporten sin. I det store fleirtalet av debattinnlegga var same type sanningsregime vist til anten eksplisitt eller implisitt, når kongressmedlemmene gjorde greie for posisjonen dei hadde teke til saka. Framsetjinga av det amerikanske folket som lykkeleg og fredsam sameinte innunder dei velsignande rammene som det amerikanske styresettet la rundt liva deira, vart såleis ikkje eit postulat som vart sett spørsmålsteikn ved i innlegget til den jamne oregondebattant. I forlenginga av dette kan det også nemnast at pioneren, i innlegg frå samtlege grupperingar, vart framsett som iverksetjar av Guds bod og vilje ettersom kultivering av villmarka og spreining av sivilisasjonen innebar spreining av det amerikanske styresettet og dei velgjerande godane dette førte med seg: fred, liv og mogleik til å trå etter lykke. Den jamne deltakar i oregondebatten såg dermed i fyrste omgong ikkje ut til å setje spørsmålsteikn ved "the present regime of truth", slik Butler formulerte det ovanfor. Spørsmålsteikna var i det heile så fråverande frå debattantanes merknader at dette sanningsregimet verka å vere tilstades i debatten nærast som "a *sine qua non* of participation", for nytte atter ei av Butlers formuleringar. Den jamne oregondebattant befann seg i så måte trygt innanfor dei diskursive rammene som konstituerte Dei sameinte, lykkelege og framgangsrike amerikanske statane i sin innleggspraksis.

For det andre skal me merke oss at dersom me ser alle oregoninnlegga under eitt, teiknar det seg opp eitt gjennomgåande hovudskilje i høve til kva dei debatterande la vekt på når dei postulerte si oregonlinje som den som var moralsk konsistent med den amerikanske ethos. Dette skiljet gjer det mogleg å dele dei debatterande inn i følgjande to grupperingar: på den eine sida dei som konstituerte det moralske val av oregonlinje ved først og fremst å vise til viljen til krig *for* Oregon og spreinga av det amerikanske styresettet, ei gruppering som let seg jamføre med "54°40" or fight"-gruppa, og på den andre sida, dei som postulerte det moralske val av oregonlinje ved å leggje vekt på viljen til å *unngå* krig, ei gruppering som i det store og det heile famna om både "49°, forhandling og fred"- og Mot notat-gruppa. Dei to diametralt forskjellige moralmarkørane: viljen til krig og viljen til fred, vart altså leidd ut frå *same* nasjonskonstituerande sanningsregime, og kvar for seg fastsett som grunnleggjande moralske premiss for val av vidt forskjellige oregonlinje. Dette momentet skal forfølgjast vidare nedanfor, men fyrst skal me vie merksemd til eit brot med monotonien i høve til kva nasjonskonstituerande sanningsregime som gav seg til kjenne i debattantanes innlegg.

Blant dei 117 innlegga som vart haldne i oregondebatten var det nemleg eitt innlegg som brøyt tvert med den jamne oregondebattants framsetting av Dei sameinte, lykkelege og framgangsrike amerikanske statane, nemleg innlegget til Joshua R. Giddings (W-Ohio). Giddings var, som me hugsar frå ovanfor, blant dei fyrste som talte om oregonspørsmålet som

heilskap, og innlegget hans fann stad som det femte i rekkja under den premature debatten i Representantanes Hus.⁴³¹ Som me også hugsar frå ovanfor, vart han i laupet av taletimen sin forsøkt avbroten og stoppa gjentekne gonger fordi han med innlegget sitt vart sagt å kaste ”a fire-band into the House”.⁴³² Dette var imidlertid ikkje fyrste gong Giddings vart skulda for å vere årsak til uro og ubehaglegheiter i sin karriere som folkevalt. 22. mars 1842, sa han nemleg frå seg setet sitt som representant i Huset fordi det vart retta mistillitsforslag mot han etter han hadde haldt eit innlegg i Creole-saka⁴³³ til støtte for dei rømte slavane. Han var imidlertid berre borte frå Huset nokre få veker ettersom han i suppleringsvalet som vart halde på grunn av hans eigen avskjed, vart einstemming valt til å fylle setet han nettopp hadde forlate.⁴³⁴ Me skal no ta oss tid til å gjere oss betre kjende med innlegget Giddings haldt i oregondebatten og merke oss kva som gjorde at han med desse merknadane igjen vart skulda for å vere ei kjelde til uro.

Joshua Reed Giddings: eit ugjenkjenneleg subjekt

Giddings gjorde det innleiingsvis i merknadane sine klart at han i laupet av dei ni åra han hadde tilbrakt i Kongressen hadde gjort seg erfaringar som tilsa at det låg ”difficulties and dangers in attempting to bring other governments under our jurisdiction.”⁴³⁵ Heilt frå dagen han hadde blitt svoren inn som nytt medlem, hadde han merka seg at det eksisterte sterke motsetningar og ”conflict of interest” mellom dei ulike delane av Sameininga; konflikhtar som hadde vore tilstades sidan Sameininga vart til.⁴³⁶ Å fatte lover på føderalt nivå som skulle ta i vare interessene til samtlege av dei ulike delane av Sameininga var i visse høve ei beint fram umogleg oppgåve som ikkje ville verte lettare med innlemminga av nye område, hevda Giddings.⁴³⁷ Han peika så på det han meinte var dei mest overordna konfliktane: mellom Nord og Sør hadde det alltid funne stad ”a spirited contest of the protective tariff” og mellom

⁴³¹ Sjå ovanfor, s.69.

⁴³² Jmf.: CG, 5. jan., 1846, s.139.

⁴³³ Creole-saka dreidde seg om følgjande: 7. november 1841, gjorde 135 slavar opprøyr om bord på den amerikanske briggen *Creole* som var på veg frå Hampton Roads (Va.) til slavemarknaden i New Orleans der frakta skulle seljast. Slavane tok kontroll over skipet, drap ein av eigarane i prosessen og skifta kurs mot Bahamas, dåverande britisk koloni med forbod mot institusjonalisert slaveri. Britiske styresmakter let samtlege av dei 135 få fridomen sin utan straffefølgjing. Dette førte til store protestar blant slaveeigarar frå Sørstatane som forlanga slavane sendt attende, slik at desse kunne straffast og tapte kostnadar bli gjort opp for. Giddings meinte desse krava var grunnlause ettersom slavane hadde både Guds og naturens rett på si side i dette opprøret sidan dei kun kjempa for å oppnå sin gudgjevne fridom. For meir om saka, sjå mellom anna: Wiltse, *John C. Calhoun: Sectionalist*, s.69-70 og Howe, *What Hath God Wrought*, s.673-674.

⁴³⁴ Wiltse, *John C. Calhoun: Sectionalist*, s.70.

⁴³⁵ Joshua R. Giddings, ACG, 5, jan., 1846, s.72.

⁴³⁶ Joshua R. Giddings, ACG, 5, jan., 1846, s.72.

⁴³⁷ Joshua R. Giddings, ACG, 5, jan., 1846, s.72.

Aust og Vest, ei djup usemd om "the disposition of our public lands".⁴³⁸ Den mest djuptgåande interessekonflikten, som med tida hadde gripe om seg og involvert stadig større delar av det amerikanske samfunnet, var imidlertid den som stod, og alltid hadde stått, mellom slaveeigaranes interesser i sør og fridomsforkjemparanes interesser i nord.⁴³⁹ Giddings såg det slik at dei ulike seksjonane i Sameininga hadde så motstridande interesser at å vere sameinte på føderalt nivå nær på hadde mista sine fordelar og si opphavlege meining: å vere sameinte var for alle partar no å rekne for ei ulempeleg og ulykkeleg ordning: "When these things shall be fully seen and felt by all portions of the Union, a separation will be inevitable[...]", hevda han.⁴⁴⁰

Giddings førespeilte deretter eit anna høve som såg ut til å kunne gjere ei oppløysinga av Sameininga nært føreståande. Dette høvet hadde utspringet sitt i det Giddings hevda var ei forrykking i den politiske maktbalansen på føderalt nivå mellom Nord og Sør. Ved Sameiningas fødsel hadde denne maktbalansen på føderalt nivå hella klårt mot dei frie statane i Nord sin favør, fortalde Giddings. Denne balansen hadde imidlertid sakte, men sikkert, vorte forskuve i Sørs favør, til ein med annekasjonen av Texas var komen i ein situasjon der "the slave States" var blitt den dominante part i Senatet.⁴⁴¹ Avsluttinga av den gjeldande samokkupasjonsavtalen og innlemminga av *heile* Oregon stod for Giddings att som det einaste som kunne gjenopprette balansen Nord og Sør i mellom. Han innsåg at å gjere krav på heile Oregon ville føre til eit krigsutbrot mellom Dei sameinte statane og Storbritannia, men slik han såg det måtte ein anten velje krig med Storbritannia eller å leve under "inglorious submission to the slaveholding power".⁴⁴² Giddings, som hadde tenestegjort i krigen i 1812, nytta så noko tid på å klargjere for tilhøyrarane at han var vel kjend med krigens grusomheiter, men at han likevel føretrakk å leve under desse i mange år, framføre å stilleiande måtte leve livet under slavestatanes kontroll.⁴⁴³ Han ville mykje heller sjå sønene sine døy på slagmarka i krigen enn å måtte vere vitne til:

[...]our people of the North ingloriously surrender their blood-bought privileges, won by the valor of our fathers, to the keeping of men who deny the 'self-evident truths' on which our hopes of freedom is founded; dooming those who shall bear my name[...]to the degradation of living and dying the subjects of a slaveholding tyranny.⁴⁴⁴

⁴³⁸ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.72.

⁴³⁹ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.72.

⁴⁴⁰ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.72.

⁴⁴¹ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.72.

⁴⁴² Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.72.

⁴⁴³ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.72.

⁴⁴⁴ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.73.

At Giddings heller valde krigen framføre fred og sørstatsdominans, skyltes også at det i eit krigsutbrot fanst eit potensiale for oppløysing av slaveriet. Sjølv om det opphavleg hadde vore Sørstatane som hadde initiert ekspansjonspolitikken til Sameininga, og at dei med stor iver hadde gått inn for innlemminga av "Texas and the *whole* of Oregon", måtte ein hugse på at denne politiske linja ikkje lenger var formålstenleg sett med sørstatlege auge ettersom dei no hadde oppnådd det dei i utgangpunktet ville: Med innlemminga av Texas hadde dei sikra seg politisk kontroll over Sameininga og dermed også at slaveriet som institusjon ikkje lenger var truga.⁴⁴⁵ Giddings viste så til at sørstatsmenna i desse dagar verka å vere sær sars opptekne av å forhindre at oregonsaka skulle ende i eit krigsutbrot, noko han forklarte slik:

They have suddenly come to mind the declaration of British statesmen, that 'a war with the United States will be a war of emancipation.' They see in prospect the black regiments of the British West India islands landing among them, and their slaves flocking to their enemy's standard. Servile insurrections torment their imaginations; rapine, blood, and murder dance before their affrighted visions. They are now seen in every part of the Hall, calling on Whigs and Democrats to save them from the dreadful consequences of their own policy. Well, sir, I reply to them, This is *your* policy, nor ours: *You* have forced us into it against our will and our outmost opposition: you have prepared the poisoned chalice, and we will hold it to your lips until you swallow the very dregs[...]. There are hundreds of thousands of honest and patriotic men who 'will laugh at your calamity, and will mock when your fear cometh.' If blood and massacre should mark the struggle for liberty of those who for ages have been oppressed and degraded, my prayer to the God of Heaven shall be, that *justice – stern, unyielding justice –* will be awarded both master and slave.⁴⁴⁶

I tilfelle krig ville slaveriet som institusjon, og dermed også Sørstatane som region, stå på sær sars vaklande bein, meinte Giddings.⁴⁴⁷ Dei svaklege og hjelpelause Sørstatane, som han kalla dei, ville dermed ha stort behov for assistanse frå Nord, både i form av soldatar og økonomiske ressursar. Nordstatane ville så verte tvungne til å sende sine eigne i døden for å beskytte slaveeigaren mot slavane hans som kjempa for sin gudgjevne rett til fridom.⁴⁴⁸

In such a cause who would not be a coward? Our *fathers* fought for inalienable rights of man: our *sons* must face the cannon's mouth in defense of slavery[...]. For the people of the free North to march down to our southern States[...]. and defend them while they[sørstatsmennene] flog their bondmen into submission, will be degradation beyond parallel, except it be found in the quiet submission of our people to the political control of those who buy and sell their fellow-men, and make merchandise of human flesh.⁴⁴⁹

Denne førespeilte krigens grusamheiter ville imidlertid til slutt resultere i gode ting: Nordstatsmennene ville for alvor sjå vondskapen i slaveinstitusjonen. Dei ville endeleg vakne ut av den apatiens dvale "which, for half a century, has held their sensibilities in a torpid

⁴⁴⁵ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.73 (Giddings si kursivering).

⁴⁴⁶ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.73 (Giddings si kursivering).

⁴⁴⁷ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.73.

⁴⁴⁸ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.73.

⁴⁴⁹ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.73-74 Giddings si kursivering).

inactivity toward the oppressed of our land. We should then find means to sever the cords which have so long, unconstitutionally, bound us to the putrescent carcass of slavery,” noko som også ville føre til at slaveriet i seg sjølv ville opphøyre.⁴⁵⁰

Giddings hevda spådommane hans vitna om at han hadde eit noko skarpere klarsyn enn administrasjonen såg ut til å ha. Administrasjonen hadde tydelegvis ikkje tenkt på kva ein krig med Storbritannia ville innebære, og hadde i så måte gjort ein stor blunder då dei lanserte ekspansjonspolitikken sin.⁴⁵¹

They will soon discover their error, and will recede from their position. With the same degree of confidence that I have in my own existence I declare that *they will, before the nation, before the world, back out from their advocated policy, and will surrender up all that portion of Oregon north of 49th parallel of latitude*, or let the subject rest where it is. I wish to place this prediction on record for future reference.⁴⁵²

Giddings starta så på sine avsluttande merknader der han slo fast at Sameininga uansett var dømt til å gå i oppløysing; anten som følgje av slavestatsdominans, eller som følgje av avgrensa ekspansjon. Og, når ”this Republic, like the Roman Empire, shall fall asunder of its own weight, the free States will redeem and purify themselves from the foul disgrace of supporting an institution hated of men and cursed of God,” hevda Giddings som sin siste spådom før han forlot golvet og sette seg ned ved pulten sin att.⁴⁵³

Dei sameinte statane som Giddings framsette i sine merknader verka ikkje å vere heilt dei same som vart skisserte i dei andre kongressmedlemmenes innlegg. Giddings si Sameining var ei Sameining i krise, ei Sameining med djupe indre motsetningar som var så sterke at dei ville føre til nasjonens oppløysing. Her vart ikkje det amerikanske folket framsett som eitt, men som oppdelt i alle himmelens retningar. I det amerikanske folket som Giddings var del av fanst det hundretusenvis som ville komme til å le av og håne slaveeigarane i Sør, heller enn å kome dei til unnsetning, når krigen og det medfølgjande slaveopprøret med alle sine grusamheiter skulle finne stad. Giddings sjølv ville heller sjå sønene sine døy i ein krig for Oregon, enn å la dei og deira etterkomarar leve i ei Sameining viss kontroll var overlete til dei som forneakta ”the self-evident truths”; sanningane nasjonens fedrar hadde gjeve blodet sitt for å forsvare då Dei sameinte statane vart oppretta. Det lykkelege, sameinte og framgangsrike Amerika, med ei befolking som utførte Guds bod og vilje, var såleis ikkje å oppdrive i

⁴⁵⁰ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.74.

⁴⁵¹ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.74.

⁴⁵² Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.74 (Giddings si kursivering).

⁴⁵³ Joshua R. Giddings, ACG, 5. jan., 1846, s.74.

Giddings sine merknader: i den røynda Giddings refererte til og frå, fantes ikkje dette Amerika og ut frå merknadane hans kunne det beint fram verke som om dette Amerika moglegens aldri hadde fantes. Giddings innlegg fortalde om det motsette, eller det andre, Amerika: Det ulykkelege, splitta og dødsdømte Amerika som stod i vegen for at Guds bod og vilje skulle kunne nå fram til alle. Det etisk handlande subjektet vart såleis av Giddings framsett for å vere det som handla ut i frå målsetjinga om å gjere slutt på slaveriet, og dermed også slutt på Dei sameinte statane slik han kjende og opplevde dei.

Sanningsregimet som konstituerte Giddings sitt Amerika sat dermed i aller høgste grad spørsmålsteikn ved regimet Polk og det store fleirtalet i Kongressen la til grunn for sine sameinte statar. Som me hugsar frå gjengjevinga av Butlers Foucault-fortolking ovanfor, vart det der tenkt at å setje spørsmålsteikn ved "the present regime of truth", som respons til erfart diskrepans, også innebar å setje spørsmålsteikn ved sanningsregimet som låg til grunn for eins eigen ontologiske status, med det som risiko at ein gjorde seg sjølv ugjenkjenneleg som subjekt innanfor rammene av det kollektive eller universelle. Eg meiner Giddings i dette innlegget utøvde noko som med hell kan verte forstått som nettopp denne forma for diskursiv risikosport. Det sanningsregimet Giddings la til grunn for sine merknader stod i direkte opposisjon til den kollektive, amerikanske ethos som vart framsett i dei andre kongressmedlemmenes innlegg. Hos Giddings vart heller denne ethosen demontert, motbevist og postulert som ein anakronisme utan reelt nedslagsfelt i det gjenstandsområdet han freista å famne om. Med sine merknader posisjonerte Giddings seg såleis utanfor det amerikanske. Den Giddings som gjorde greie for seg sjølv som etisk handlande subjekt i tilknytning til oregonsaka fann ikkje sitt spegelbilete i det som var den dominante, nasjonskonstituerande diskursen i Den 29. amerikanske kongress: Joshua Reed Giddings var dermed ikkje gjenkjenneleg som subjekt innanfor rammene som konstituerte den amerikanske ethosen og med desse merknadane var han dermed ikkje lenger amerikanar.

Før me forlèt Giddings skal me merke oss at han i debattens laup fleire gonger vist til som "britisk"⁴⁵⁴ og som "Judas"⁴⁵⁵, merkelappar som i denne samanheng viste til svik og forræderi av utilgjeveleg karakter. Ved andre høver vart han nemnt, kun for å verte avskriven som ikkje verd å nemne⁴⁵⁶ og ved eitt høve vart han nekta å ta ordet for å gje svar på spørsmål som i form og innhald var retta direkte mot han, med følgjande beskjed: "Take your seat, sir,

⁴⁵⁴ Sjå mellom anna: Thomas Butler King (W-Ga.) i ACG, 9. feb., 1846, s.467.

⁴⁵⁵ Sjå mellom anna: David S. Raid (D-N.C.) i ACG 7. feb. 1846, s.298.

⁴⁵⁶ William L. Yancey (D-Ala.) i ACG, 7. jan., 1846, s.87.

and keep your seat, sir!”⁴⁵⁷ På kvart sitt vis vitnar desse høva om at Giddings si situering utanfor den kollektive, amerikanske ethos ikkje berre var å finne i hans eigne merknader, men også vart stadfesta i det sosiale rom.

Vald avlar vald og eit behov for å ta ordet

Me starta dette kapittelets analyse ved å ta utgangspunkt i at Polks utøving av ”ethical violence” stilte motstandarane av Polk-administrasjonens oregonlinje moralsk til veggs og gjorde det naudsynt for desse å gjere greie for posisjonen sin som etisk konsistent med den amerikanske ethos. Me såg deretter at dei ulike grupperingane gjorde moralsk greie for sitt val av oregonlinje med utgangspunkt i det same nasjonskonstituerande sanningsregimet. Me merka oss imidlertid at det ut frå dette same regimet let seg utleie diametralt forskjellige premiss for moralsk val av oregonlinje. Denne innsikta skal me no forfølgje vidare.

8. januar, den femte dagen oregonspørsmålet som heilskap vart diskutert, tok nemleg Howell Cobb (D-Ga.) ordet og gjorde salen merksam på at det på ingen måte hadde vore hans intensjon å delta i debatten, men at han no, ”under the peculiar circumstances by which this subject is surrounded”, såg det som naudsynt å leggje fram ei forklaring på kvifor han kom til å stemme slik han ville.⁴⁵⁸ Dette var det fyrste av fleire titals debattinnlegg som vart innleia på dette viset. Med utgangspunkt i desse spesielle omstendene som hadde knytt seg til saka, omstender som forøvrig også var omtala som ”*strange*” og ”*embarrassing*”⁴⁵⁹, innleia ei rekkje av kongressmedlemmene merknadane sine med å gjere det klårt at dei no tok ordet i saka, ikkje fordi dei hadde noko nytt å tilføre debatten eller fordi dei ynskte å diskutere rettighetsaspekta som let seg knyte til ho, men fordi dei frykta at stemma dei kom til avleggje ville verte misforstått av både veljarane og kollegaene deira.⁴⁶⁰ ”A silent vote” var difor ikkje tilstrekkeleg i denne saka dersom ein ville at veljarar og kollegaer skulle vite kva stemma ein avla *eigentleg* betydde.⁴⁶¹ Noko som er interessant å merke seg i denne samanhengen er at det

⁴⁵⁷ Barley Martin (D-Tenn.) i ACG, 6. feb., 1846, s.339.

⁴⁵⁸ Howell Cobb (D-Ga.) i ACG, 8. jan., 1846, s.154.

⁴⁵⁹ Jmf.: George S. Houston (D-Ala.) i ACG, 6. feb., 1846, s.279 (Houston si utheving).

⁴⁶⁰ No skal det seiast at innleiande merknader der den talande ba om årsak for å ha teke ordet i slik ei viktig sak, og gjerne også forsikra salen om at han kjende seg audmjuka av å stå føre ei så imponerende forsamling og delen sine ”humble remarks”, førekom såpass hyppig at denne form for innleiing til ein viss grad verka å vere ein del av kutymen i Kongressen. Eg kjenner det dermed som naudsynt å streke under at det ikkje er denne kutymen eg siktar til ovanfor.

⁴⁶¹ Jmf.: mellom anna merknadane til Robert A. Toombs (W-Ga.) ACG, 12. jan., 1846, s.131, John A. McClernand (D-Ill.) 8. jan., 1846, s.276, Samuel Gordon (D-N.Y.) ACG, 14. jan., 1846, s.115, Frederic P. Stanton (D-Tenn.), CG, 14. jan., 1846, s.199, Jacob Brinkerhoff (D-Ohio), ACG, 14. jan., 1846, s.101, Henry Bedinger (D-Va.) ACG, 15. jan., 1846, s.117, James C. Dobbin (D-N.C.) CG, 15. jan., 1864, s.211, James Pollock (W-Pa.), ACG, 16. jan., 1846, s.120, John S. Pendelton (W-Pa.) ACG, 26. jan., 1846, s.141, Cullen Sawtelle (D-Maine), CG, 26. jan., 1846, s.249, Martin Grover (D-N.Y.) ACG, 26. jan., 1846, s.123, Stephen Strong (D-N.Y.) CG, 3. feb., 1846, s.299, Lucien B. Chase (D-Tenn.) ACG, 4. feb., 1846, s.234, Edmund S.

store fleirtalet av dei som innleidde innlegga sine på dette viset høyrde til ”54°40 or fight”-gruppa. Linja Polk på ”klårt” og ”udiskutabelt” vis framsette for å vere den einaste moralsk rette, viste seg såleis etter kun få dagar med debatt å ikkje vere så udiskutabelt klår og uangripegleg som Polk i sin rapport gav uttrykk for. Dette dannar grunnlaget for innfallsvinkelen me skal ta til debatten i analysens siste del. Spørsmålet me skal stille oss er følgjande: kva diskursive forhold og praksisar let seg peike på i debattens laup som kan seiast å ha skapt eit behov for kongressmedlemmene å gjere greie for kva som *eigentleg* låg bak slutninga om å velje linja dei hadde valt?

For å lyssetje dette spørsmålet skal me minnst på at moralmarkørane som gjorde det mogleg å trekkje opp eit hovudskilje mellom oregondebattantane, viljen til krig og viljen til fred, var, og er, kvarandres absolute motsetnader, kvarandres *andre*. Det dikotomiske forholdet mellom moralmarkørane medførte såleis at framsetjinga av den eine impliserte avvisinga av den andre: å framsette den eine innebar med andre ord å konstituere den andre som umoralsk, som moralsk inkonsistent med den amerikanske ethos. Me såg ovanfor at denne diametrale dikotomiens mekanikk gjorde seg gjeldane allereie i Polks rapport, i og med hans utøving av etikkens vald. Me såg deretter at motsvaret til Polks valdsutøving ikkje rokka ved dei grunnleggjande sanningane om nasjonen, men heller tok sin form ved at moralmarkøren som vart utleidd frå desse sanningane stod i eit absolutt motsetnadsforhold til den som ”54°40” or fight”-gruppa utleidd. Motsvaret fekk såleis sin form i ein diskursiv praksis som i og for seg var av same art som den som me ovanfor såg gjorde Polk skuldig i utøving av etikkens vald. Dette diskursive forholdet er etter mi meining absolutt verdig ei påpeiking i lys av spørsmålet som vart stilt opp ovanfor. I og med dei to moralmarkørane opphav i same sanningsregime, samt deira absolute motsetnadsforhold, vart eit innlegg med utgangspunkt i den eine naudsyntvis eit implisitt angrep på den andre, og naudsyntheita for å gjere greie for seg sjølv som eit etiske handlande subjekt vart såleis påkravd for samtlege partar.

Dei implisitte åtaka på den andre vart i mange høver akkompagnert og underbygd av åtak i meir eksplisitte former. Desse angrepa fekk gjerne si form i skuldingar om at det bakanfor den framsette forklaringa på kvifor den andre hadde vald si respektive oregonlinje låg vikarierende motiv med opphav i seksjonalistiske kjensler og interesser. Særleg vart dette

Dargan (D-Ala.) ACG, 5. feb., 1846, s.144, Geogre S. Houston (D-Ala.) ACG, 6. feb., 1846, s.279, Barclay Martin (D-Tenn.) ACG 6. feb., 1846, s.338, Henry S. Clarke (D-N.C.) ACG, 6. feb., 1846, s. 243, David A. Starkweather (D-Ohio) ACG, 6. feb., 1846, s.387, Washington Hunt (W-N.Y) ACG, 6. feb., 1846, s.238, senator Sidney Breese (D-Ill.) ACG, 2. mars, 1846, s. 378, senator William H. Haywood Jr.(D-N.C.) i ACG, 4.-5. mars, 1846, s.369, senator Jacob W. Miller (W-N.J.), ACG, 26. mars, 1846, s.568.

illustrert i Giddings innlegg. Innlegget inneholdt på den eine sida seksjonalismeskuldingar retta mot dei som no valde andre oregonlinjer enn han sjølv: Austkyststatane vart skulda for å ynskje seg fred på grunn av handelsinteressene som var så sterke i denne regionen. Dei vart med andre ord skulda for å ville unngå ein krig for Oregon av kommersielle, og ikkje filantropiske, grunnar.⁴⁶² Sørstatane vart, som me såg ovanfor, i rikelege monn skulda for å ta avgjerda si i denne saka ut i frå ynskje om å tryggje eksistensen av slaveriet som institusjon, og at dei difor med veten og vilje hadde gått inn for innlemming av Texas og heile Oregon på Baltimore-konvensjonen, berre for å forlate denne linja med ein gong anneksjonen av Texas var eit faktum.⁴⁶³ På den andre sida skapte Giddings sitt innlegg grunnlag for å rette seksjonalismeskuldingar mot dei som hegna om "54°40" or fight"-linja. For, kva motiv låg *eigentleg* bak denne grupperingas val av linje? Var målet med linjevalet å spreie det amerikanske styresettet og sivilisasjonen vestover, og dermed sikre framtidens amerikanarar retten til liv, fridom og mogleiken til å trå etter lykka? Eller, var motivasjonen bak linjevalet å bringe krig, ulykke og øydelegging over Sørstatane og dermed svekke Sør både som region og som politisk maktfaktor på føderalt nivå? Med Giddings sine merknader stod "54°40" or fight"-gruppa som heilskap lagleg til for hogg i form av skuldingar av sistnemnde sort.⁴⁶⁴

⁴⁶² Jmf.: Giddings sine merknader i ACG, 5. jan., 1846, s.73, Barclay Martin (D-Tenn.) i ACG, 6. feb., 1846, s.338-341, senator John M. Niles (D-Conn.) i ACG, 19. mars, 1846, s.553-554 som her hevdar det berre er å innsjå at det alltid vil finnast eit fredsparti på grunn av handelsinteressene dette vil ha, senator Ambrosie Sevier (D-Ark) i ACG, 25. mars, 1846, s.389ff.

⁴⁶³ Jmf.: Giddings sine merknader i ACG, 5. jan., 1846, s.72-74. Me hugsar frå ovanfor at liknande skuldingar allereie vart retta mot Sør rett over nyåret av både Stephen Douglas (D-Ill.) og John.Q. Adams (W-Mass.), sjå ovanfor s.56-57. Sjå også merknadane til Leonard H. Sims (D-Mo.) i ACG, 5. jan., 1846, Columbus Delano (W-Ohio) i CG, 5. feb., 1846, s.317, Hannibal Hamlin (D-Maine) i CG, 12. jan., 1846, s.187-189, John Wentworth (D-Ill.) i CG, 14. jan., 1846, s.205-206, Edward D. Baker (W-Ill.) i ACG, 29. jan., 1846, s.151-152, Joseph P. Hoge (D-Ill.) i ACG, 30. jan., 1846, s.205-206, William W. Wick (D-Ind.) i ACG, 30. jan., 1846, s.199-201, John D. Cummins (D-Ohio) i ACG, 7. feb., 1846, s.441, David Wilmot (D-Pa.) i ACG, 7. feb., 1846, 184ff,

⁴⁶⁴ Robert Barnwell Rhett (D-S.C.) lista på slutten av sitt innlegg 5. jan., 1846, opp ei rekkje interessante rykter som han hevda gjekk i høve til kva den eigentlege motivasjonen "54°40" or fight"-grupperinga hadde for å velje denne linja. I følgje Rhett ryktes det mellom anna at New York var i harnisk over "the defeat of their favourite son in the last election" (altså Henry Clay, som me hugsar tapte presidentembetet til Polk i -44), og at ein no ville hemne seg på "the South by sweeping it with desolation". Rhett peikte også på at det ryktest om at fleire freista å gjere politisk karriere i denne saka, og at det difor var særst mange som allereie hadde erklært seg klære til å ofre liv og lemmer i den unngåelege krigen for nasjonens ære (jmf.: Rhett i CG, s.143). Også William L. Yancy (D-Ala.) sette fram liknande hypotesar i ACG, 7. jan., 1846, s.87, der han hevda at dei einaste målsetnadane som kunne liggje bak denne krigshissande agitasjonen var anten eit mål av same alen som det Giddings hadde presentert, eller det som Preston King (D-N.Y.) hadde lagt fram 3. januar (sjå ovanfor, s.56 for ei påminning). Joseph A. Woodward (D-S.C.) viste i ACG, 29. jan., 1846, s. 188-189 til oregonsaka som ei karrierestige for dei som ropa seg villig til å ofre seg sjølv og landets fredsame lukke til fordel for innlemminga av Oregon. Han viste også her til at ein sporenstreks vart skulda for å vere antiamerikansk om ein ytra seg negativt i høve til avsending av notatet. Sjå også Bradford R. Wood (D-N.Y.) ACG, 31. jan., 1846, s.217-218 som her viste til oppfatting om at ein ikkje kunne bli Sameiningas neste president om ein ikkje "joined in this war-cry and shouted for the whole of Oregon." Når det gjeld "54°40" or fight"-grupperingas forhold til Giddings kan det vere interessant å merke seg at fleire av desse såg det som naudsynt å ta eksplisitt avstand frå merknadane hans og viste såleis til dei som ikkje representative i høve til grupperingas standpunkt. For eit godt døme på dette, sjå David S. Raid (D-N.C.) i ACG 7. feb. 1846, s.298, som her peika på at Giddings merknader

”54°40” or fight”-gruppa vart også hogd eksplisitt etter av motstandarar av denne linja ved at desse viste til at verken Nord, Sør, Aust eller Vest på nokon som helst måte var førebudd på krig mot Storbritannia, og at dei som hevda at ein krig ville gjere ”the tree of liberty” godt, ikkje syntes å vere i stand til å forstå seg på Storbritannias militærstyrkje. Desse skuldingane vart gjerne retta mot ”54°40” or fight”-gruppa i form av samanliknande reknestykke der til dømes talet på britisk troppar, fort og marinefarty vart sett oppimot det tilsvarende talet på amerikansk side.⁴⁶⁵ Slike skuldingar fekk også sin form ved at ein viste til at avstanden til Oregon og manglande logistikk vestover ville gjere det tilnærma umogleg å forsvare territoriet.⁴⁶⁶ Dei som let seg moralsk markere av sin vilje til fred meinte såleis at det såg ut til at ”54°40” or fight”-gruppa oppi all sin vilje til krig oversåg dei reint praktiske forholda som kravdes for vellukka krigføring, og at heile landet kom til å lide stort dersom ”this splutter of patriotic emotion”⁴⁶⁷ skulle få lov til å fastleggje nasjonens framtid.

Desse skuldingane vart av representantar frå ”54°40” or fight”-gruppa parert ved å peike på at desse som var så opptekne av å streke under Storbritannias styrkje, oppi all sin vilje til fred syntes å ha gløymt at dei som kjempa for det amerikanske styresettet, både hær, marine og ”the citizen soliders”, var fylde med den amerikanske fridomens kraft. Ei kraft som hadde ført amerikanarane fram til siger i alle krigane dei hadde delteke i og som for alvor gav innhald til frasa: ”thrice is he armed that hath his quarrel just”.⁴⁶⁸ Ein måtte også hugse på at dei som kjempa for Storbritannia ikkje hadde denne krafta, dei kjempa som slavar under

ikkje gjenspegla hans eiga oppfatting av saka. Raid var imidlertid også oppteken av å streke under at det å ikkje halde seg til 54°40”-linja fordi ein ikkje vil la seg assosiere med Giddings, vart like rart som om læresveinane til Jesus hadde vendt seg bort frå kristendommen fordi dei ikkje ville bli assosiert med Judas.

⁴⁶⁵ Sjå mellom anna innlegget til Thomas H. Bayly (D-Va.) i ACG, 27. jan., 1846, s.138, der ein mellom anna kan lese at Storbritannia hadde mellom 150 dampdrivne krigsfarty medan Sameininga berre hadde eitt. Sjå også Robert M. T. Hunter (D-Va.) ACG, 10. jan., 1846, s.90-91, senator John M. Clayton (W-Del.) CG, 12. feb., 1846, s.360-364 (særleg s.363), senator John C. Calhoun (D-S.C.) i ACG, 16. mars, 1846, s.471-476, Jefferson Davis (D-Tenn.) ACG, 6. feb., 1846, 215-216, Truman Smith (W-Conn.) i ACG 7. feb., 1846, s.260, James Pollock (D-Pa.) i ACG, 16. jan., 1846, s.123, senator William L. Dayton (W-N.J.) i CG, 3. mars, 1846 s.452-453 og Bradford R. Wood (D-N.Y.) i ACG, 31. jan., 1846, s.218, som med utgangspunkt i Sameiningas forsvarsverk jamførte det å gå til krig mot Storbritannia med å skulle kjempe mot eit lokomotiv med ”a cook-stove on wheels.”

⁴⁶⁶ Sjå gjerne merknadane til Henry Bedinger (D-Va.) i ACG, 15. jan., 1846, s.119, i høve til dette. Her viste han til Charles Fremonts rapport over ein nyleg gjennomført ekspedisjon til Oregon og California, der det kom fram at ekspedisjonstroppen ved fleire høver var nær ved å svelte i hel og vart nødt til å ete alt dei hadde av fraktdyr, noko som låg til grunn for at Bedingers påstand om at: ”an army which should be sent there now, would have to subsist on mule and dog[...] – poor food for fighting men.”

⁴⁶⁷ Sitat frå merknadane til senator William S. Archer (W-Va.) under National-Defence-debatten, i CG, 15. des., 1845, s.50.

⁴⁶⁸ Sitat frå merknadane til Seaborn Jones (D-Ga.) i ACG, 15. jan., 1846, s.177. For fleir merknader som strekar under det kraftgevande i å kjempe i og for den amerikanske fridomen, for ikkje å snakke om med Gud på si side, sjå mellom anna merknadane til Isaac E. Morse (D-La.) i CG, 15. jan., 1846, s. 210-212, Jacob Brinkerhoff (D-Ohio) ACG, 14. jan., 1846, s.103, Joseph J. McDowell (D-Ohio) i ACG, 5. jan., 1846, s.76, Leonard H. Simms (D-Mo.) ACG, 5. jan., 1846, s.85, senator Samuel Houston (D-Texas) i ACG, 15. april, 1846, s.638, senator Chester Ashley (D-Ark.) i ACG 3. april, 1846, s.440, senator William Allen (D-Ohio) i ACG 10.-11. feb., 1846, s.834-841.

tyranniets åk og sannsynet for opprør i egne rekkjer ville auke for kvar dag ein krig vara.⁴⁶⁹ Som parerande svar på reknestykka som mellom anna viste til manglande mannskap og farty i marinen, peikte denne gruppa på at landets forsvar fantes i *hjarta* til amerikanaren og eksemplifiserte dette ved å hevde at den som meinte at landet ikkje hadde marine gløynde at det til ei kvar tid fantes nær på 30 000 væpna amerikanarar på kvalfangstskuter klare til å forsvare nasjonen sin når som helst.⁴⁷⁰

Me skal avslutte denne delen av analysen av ordskiftet kring oregonsaka med ein av mange underfundige kommentarar til "54°40" or fight"-gruppas klokkeklåre tru på at Sameiningas handels- og kvalfangsflåte utan stor heft let seg gjere om til ein krigsflåte. Kommentaren kom frå senator John M. Berriens (W-Ga.) i midten av mars og lydde som følger: "I hope we shall not calculate too largely on our own underdeveloped energies – on our capacity to 'extract sunbeams from cucumbers[...]' or, what is equivalent, to make men-of-war out of packet-ships."⁴⁷¹

Oppsummering og konklusjon

Etikkens vald avlar etikkens vald

I dette kapitlet har me sett at dei same nasjonskonstituerande sanningane som låg til grunn for Polks framsetting av si oregonlinje som den einaste som let seg jamføre med den amerikanske ethos og dennes medfølgjande moral, ikkje vart utfordra, reformulert og nyansert, men heller vist til og lagt til grunn for den jamne kongressmedlemmens val av oregonlinje, *uavhengig* av kva linje denne hadde valt. Den jamne kongressmedlem konstituerte seg sjølv som etisk handlande amerikanar ved å leggje fram sine merknader i oregondebatten trygt innfor rammene av sanningsregimet som konstituerte Dei lykkelege og sameinte amerikanske statane. Den jamne oregondebattant var dermed gjenkjenneleg som subjekt innanfor dei diskursive rammene som konstituerte den amerikanske ethosen .

⁴⁶⁹ Sjå Joseph P. Hoge (D-Ill.) i ACG, 30. jan., 1846, s.208, George Fries (D-Ohio) ACG, 7. feb., 1846, s.288 og senator Chester Ashly (D-Ark.) ACG, 3. april, 1846, s.440.

⁴⁷⁰ Ein amerikansk kvalfanger vart forøvrig sagt å vere fint i stand til å yte motstand tilsvarende fire britiske marineoffiserar. Sjå mellom anna George Fries (D-Ohio) ACG 7. feb., 1846, s.288 for merknader om dei patriotiske kvalfangarane. Sjå også merknadane til senator William Allen (D-Ohio) 10.-11. feb., 1846 s.840ff, Joseph P. Hoge (D-Ill.) i ACG, 30. jan., 1846, s.208, David S. Raid (D-N.C.) ACG, 7. feb., 1846, s.299, senator Sidney Breese (D-Ill.) i ACG, 2. mars., 1846, s.386-387 og Leonard H. Sims (D-Mo.) som for sin del kunne melde om at Sameininga også var godt utstyrt på land, ettersom "[w]e of Missouri can fit out ten thousand wagon loads of provision for Oregon at any time, and ten thousand wagon boys to drive them, who, with their wagon whips, can beat and drive off all the British and Indians they find in their way." Jmf.: merknadane til Sims i ACG, 5. jan., 1846, s.84.

⁴⁷¹ Senator John M. Berrien (D-Ga.) i ACG, 17. mars, 1846, s.505, utsegnen om å trekkje solstråler ut av agurkar hadde Berrien henta frå Jonathan Swifts *Gullivers reiser* (1726).

Me såg også at dei to diametralt forskjellige premessa for rett og moralsk val av oregonlinje, viljen til fred og viljen til krig, let seg trekkje ut or dette same sanningsregimet. Det diametrale motsetnadsforholdet mellom moralens markørar medførte at å postulere den eine moralmarkøren som utleidd frå den amerikanske ethos, implisitt avkrefta og undergravde den andres krav om det same. For å gjere greie for seg sjølv som moralsk handlande amerikanar gjorde det store fleirtalet av debattantane seg dermed nytte av ein diskursiv praksis som må seiast å vere i nært slektskap med den som gjorde Polk skuldig i utøvinga av etikkens vald i årsrapporten over rikets tilstand: ved å knytte *sitt* linjeval og *sin* moralmarkør til den amerikanske ethos, hadde ein i kraft av moralmarkørernes motsetnadsforhold samstundes jamført dette valet av linje med det einaste rette, det einaste *amerikanske*, å gjere i denne saka.

Dei lykkelege og sameinte amerikanske statane slår sprekker

Den jamne kongressmedlem viste altså i sine merknader til sanningane som konstituerte Dei lykkelege og sameinte amerikanske statane. Joshua Reed Giddings, derimot, viste i sitt innlegg eksplisitt til sanningar som postulerte den lykkelege sameiningas motsette: nemleg Den ulykkelege og splitta sameininga, viss ufråvikelege skjebne var å verte oppløyst. I og med desse merknadane brøyt Giddings ut or rammeverket som framsette ein kollektiv amerikansk ethos og stilte seg i direkte opposisjon til dette. Han var dermed ikkje lenger gjenkjenneleg som amerikansk subjekt og sette med innlegget sitt eit tydeleg skår i Dei lykkelege og sameinte amerikanske statane.

Ei svale gjer som kjent ingen sumar og eit skår i kanten gjer ikkje koppen lekk, men skåret Giddings sette i Den lykkelege sameininga var imidlertid av så iaugefallande karakter at det for oss vert vanskeleg å oversjå at den lykkelege og sameinte glasuren såg ut til å ha byrja å flake av andre stader også. Med debattens *sine qua non*, altså framsetjinga av eksistensen av Det sameinte og lykkelege amerika, og fråveret av ein opning til å reformulere og nyansere denne, vart den jamne kongressmedlem ståande i ein posisjon der det lettast tilgjengelege middelet som kunne nyttast til underbygging av sitt val som etisk konsistent med den amerikanske ethosen, vart å så tvil om sin andre, i form av skuldingar som framsette motivasjonen bak val av oregonlinje for *eigentleg* å ha opphav i seksjon og ikkje nasjon. Såleis vart Austkystens vilje til fred skulda for å *eigentelg* vere viljen til å verne om sin seksjons handelsinteresser og Sørstatanes, for å vere viljen til å verne om *status quo* i den føderale maktbalansen og dermed også om slaveriet som institusjon. Dei som let sin moral markere av viljen til krig for nasjonens ære og demokratiets siger over tyranniet, vart skulda

for *eigentleg* å ville bringe ulykke og grusamheit over Sør, eller, for å i sin uforstand bruke lovnadar om offer- og kampvilje i ein eventuell krig til å gjere politiske karriere, utan å tenkje på at desse lovnadane ville verte lesne på andre sida av Atlanteren og gjere same lovnadar påkrevd der, og såleis for å føre Sameininga ut i ein krig ho på ingen måte var førebudd på.

Den jamne oregondebattant verka såleis i sin innleggspraksis å vere fanga innafor debattens *sine qua non* og det diametrale motsetnadsforholdet mellom moralmarkørane som let seg utleie frå denne. Desse diskursive forholda vart såleis i sum som eit slags synergisk nav som dreidde debatten rundt og rundt, og som til stadigheit gjorde det naudsynt å for representantar frå begge partar å ta ordet, ikkje fyrst og frems for å diskutere saka, men for å gjere greie for seg sjølv som etisk handlande subjekt ut i frå ein moral som var konsistent med den amerikanske ethos. Resultatet vart at den jamne oregondebattant fann seg i ein posisjon der han i sitt innlegg indirekte avkrefta Dei lykkelege og sameinte amerikanske statane, ved fyrst å vise til desse for å framsetje sin eigen moral, for deretter å vise til sin politiske motstandars umoral ved at denne let seg styre av seksjonalisme, heller enn nasjonalisme. Sameiningas rikssegl med inskripsjonen *E pluribus unum* resonnererte såleis ikkje i den Sameininga som gav seg tilkjenne i ordsiftet kring oregonsaka i Den 29. amerikanske kongress. Den sameininga som tilkjennegjorde seg her let seg betre teikne av med eit rikssegl med inskripsjonen: *E pluribus plures*.

Kapittel 8

Avslutting

Oppsummerande og konkluderande merknader

Denne undersøkinga har hatt som målsetjing å skildre og å peike på ulike forhold og praksisar som ligg til grunn for, og verkar inn på, sakshandsaminga og slutningstakinga som finn stad i ei lovgjevande forsamling. Målsetjinga er blitt forsøkt nådd ved at Den 29. amerikanske kongress si handsaming av oregonspørsmålet er blitt gjenstand for analyse i to omgongar.

I fyrste omgong vart kronologien i sakshandsaminga presentert samstundes som forhold og praksisar som let seg knyte til tanken om lovgjevande maktutøving som ein praktisk syssel fortlaupande vart via merksemd. Den grunnleggjande tesen for denne delen av analysen vart formulert i påstanden om at det i reglementet for Kongressens organisering og prosedyre ville finnast både plastisitet og tilkortkommenheit. Det plastiske og ufullkomne ved reglementet vart så hevda å kunne gje seg til kjenne særleg i høva der dei folkevaldes grad av kjennskap til, og forståing for, organets prosedyre og organisasjon vart ein utslagsgjevande faktor i fremjinga, eller eventuelt også hemminga, av eit lovforslags saksgang. Denne tesen fann gjenklang i fleire av episodane som vart via merksemd i kapittel 5 og 6.

Stephen A. Douglas si vidarereferering av Polks anbefalte lovgjeving i høve til oregonsaka, var nettopp eit slikt høve. Som saksfremjar og 54°40"-mann viste Douglas her manglande forståing for dei mange prosedurale fallgruvane Huset som ei sakshandsamande verksemd kunne by på, og manøveren hans opna opp for ineffektivitet og stillstand i oregonspørsmålets saksgang. Charles J. Ingersolls igangsetjing av den premature debatten er ytterlegare ein episode som finn gjenklang i den ovanfornemnte tesen. Her såg me korleis ei tidlegare hending vart nytta som presedens for det samtidige og at sakshandsaminga såleis fekk følgje ei prosedural linje som ikkje heldt seg innanfor rammene av det gjeldande reglementet. Ingersolls initiativ til prematur debatt kring oregonspørsmålet som heilskap var også ei hending som opna for ufruktbart konsum av kammerets sakshandsamande tid.

Me såg også at det stadig vart stilt spørsmål til, og teke initiativ til diskusjon rundt, formalia og prosedyre i laupet av sakshandsaminga. Slike diskusjonar og spørsmålsrundar vil sjølvsagt til tider vere naudsynte innafor lovgjevande verksemd, men det må også nemnast at

det å stille rett spørsmål til rett tid og dermed la forsamlingas sakshandsamande tid verte konsumert av andre ting enn nettopp sakshandsaming, i dette tilfelle viste seg som eit verkty å nytte seg av for dei som såg seg tente med at oregonspørsmålets saksgang vert bremsa ned. Forsøk på nedbremsing av saksgangen fann også stad ved igangsetjing av andre tidskonsumerande praksisar, der fremjinga av "a call of the House" på Husets avstemningsdag var blant dei mest openbare.

Ved å stifte nærare kjennskap til korleis den regulære debatten kring oregonsaka arta seg i Kongressens to kammer, såg me at det særleg teikna seg opp eit skilje mellom dei to i høve til tidsbruken. Under nær sagt total mangel på avgrensingar i taletid og talerett let det seg gjere for Senatet å nytte dobbelt så lang tid som Representantanes Hus på å fatte ei avgjerd i saka. Behovet for å kjempe om golvet var i så måte ikkje tilstades i Senatet på same måte som i Huset: i Senatet verka den rådande kjensla å vere at her fanst tid nok til alle. Om ein ser debatten og stemmeavgjevinga under eitt, stod Senatet, i kraft av mangelen på tramping, klapping og alliterasjonsutrop, for ikkje å snakke om fysiske kampar om golvet, fram som ei noko meir dempa og avmålt forsamling, enn kva Huset gjorde. Woodrow Wilsons og George Washingtons alludering til Senatet som eit kammer viss funksjon var å verke "avkjølande" på, eller "å føle saktare" enn, Huset, verka såleis å vere treffande skildringar av det reint funksjonelle forholdet som her viste seg å eksistere mellom dei to kammera; det fanst funksjon i sjølve organisasjonen, nærare bestemt i todelinga, av organet som saman forvalta Dei sameinte statanes lovgjevande makt.

Den 29. kongressens handsaming av oregonspørsmålet vart så i andre omgong gjenstand for analyse med det som innfallsvinkel at lovgjevande maktutøving finn stad som diskursiv praksis. Til grunn for analysen låg tesen om at oregonsaka, i kraft av å vere eit utanrikspolitisk spørsmål og eit nasjonalt anliggende, vart tildelt meining og innhald som del og ledd i eit heilskapleg narrativ; ein del av forteljinga, eller diskursen, som konstituerte Dei sameinte statane og det amerikanske folket.

Me gjorde oss innleiingsvis i denne delen av undersøkinga kjend med termen "ethical violence" slik denne vert gjort greie for i Judith Butlers *Giving an Account of Oneself*, før me deretter såg at Polk i sin rapport over rikets tilstand gjorde seg skuldig i utøving av denne type vald. I rapporten la Polk fram ei rekkje sanningar av nasjonskonstituerande art som saman teikna opp biletet av eit sameint, lykkeleg og framgangsrikt Amerika. Einskapspostulatet var sterkt tilstades i merknadane og det amerikanske folket vart i tråd med dette framsett for å vere *eitt*: éin amerikansk ethos. Då tida var komen for å gjere greie for oregonsaka, vart ho

inkorporert som del av dette biletet. I etterklngen frå dei allereie etablerte nasjonskonstituerande sanningane og Polks skildring av Texas-anneksjonen, vart saka tildelt meining som ledd i ekspansjonsprosessen som hadde starta allereie ved sjølv opprettinga av Sameininga. Innlemminga av heile Oregon vart såleis framsett for å vere del av prosjektet som starta då koloniane fridde seg frå britisk overherredøme og oppretta eit styresett tufta på menneskets ufråvikelege og gudgjevne rettar: "the american system of self-government". Oregonsakas meiningsinnhald let seg tilbakeføre til denne hendinga og vart innhaldsmessig redusert ned til å dreie seg om å skape rom og livsgrunnlag for det amerikanske styresettet, samt å setje ein stoppar for det britiske tyranniets tilstadevere på Det amerikanske kontinentet. Å ikkje vere *for* heile Oregon, og Polk-administrasjonens linje i saka, kunne dermed ut frå sanningsregimet som vart framsett i rapporten jamførast med å ikkje vere *for* det amerikanske styresettet og prinsippa dette kvilte på - med andre ord å ikkje vere *for* Amerika. For den som såg seg sjølv for å vere ein patriotisk og gudfryktig amerikanar stod Polks oregonlinje såleis fram som den einaste som let seg velje i denne saka. Med Polks rapport vart subjekta som kunne tenkjast å vere del av gjenstandsområdet den amerikanske ethos famna om, stilte moralsk til veggs som forplikta til å støtte oppom administrasjonens linje. Dette var den røyndoms- og sanningskonstaterande praksisen som gjorde at Polk i vår samanheng vart funnen skuldig i utøvinga av "ethical violence".

Polks valdsutøving danna deretter utgangspunkt for analysen av ordskiftet som fann stad rundt oregonsaka i etterkant av opplesinga av rapporten. Også her via me innleiingsvis merksemd til nokre av Butler sine merknader kring problematikken ved postulering av ein kollektiv ethos, og såg at etikkens vald ikkje trong vere absolutt, eller handlingsdeterminerande, i si omfamning. Hos Adorno fann Butler dette formulert i påstanden om at det vil oppstå høver som opnar for at det postulerte universelle vert rokka ved, reformulert og nyansert ved opplevinga av diskrepans mellom det individuelt erfarte og det universelt postulerte. Opplevinga av dette misforholdet vart hos Adorno sagt å skape grunnlag for sjølvets refleksjon kring seg sjølv og åtferda si. Butler stilte seg imidlertid noko spørjande til tanken om at sjølvet skulle kunne ha mogleik til å reflektere *kring* seg sjølv og ho vendte seg dermed til Foucault der responsen på opplevd diskrepans vart skildra som ein respons som ikkje fyrst og frems innebar refleksjon rundt sjølvet, men heller konstitueringa av sjølvet som eit etisk handlande subjekt. Med denne innfallsvinkelen til opplevinga av diskrepans vart ein del av problematikken som knyte seg til å rette kritikk mot eit gjeldande sanningsregime streka under: ved å rokke ved ein sanningskonstellasjon som konstituerer det moralske, rokkar ein samstundes ved eit sanningsregime som rører ved sjølvets ontologi; ei

bedrift som inneberer risikoen av å konstituere seg sjølv som ugjenkjenneleg som subjekt og gjenstandsområde innanfor rammene av det gjeldande sanningsregimet.

Med vår kjennskap til at Polks oregonlinje ikkje vart valt, men heller utfordra frå fleire hald, let det seg tenkje at fleire av Kongressens medlemmer må ha opplevd diskrepans i møte med Polks linje slik den vart lansert ved bruken av etikkens vald. Denne diskrepansen kan også tenkjast å ha skapt eit behov hos desse for å gjere greie for seg sjølv og sitt val av oregonlinje for å vere i moralsk overinstemming med den amerikanske ethos. Med utgangspunkt i Butlers fortolking av Adorno og Foucault kunne det i forlenginga av dette også tenkjast at ordskiftet kring oregonsaka bar i seg potensialet til å verte nettopp eit av desse høva der eit sanningsregime og dets krav om å vere universelt gjeldande vart gjenstand for reformulering og nyansering.

Ved å stifte nærare kjennskap til oregondebattantanes innleggspraksis vart imidlertid denne siste tanken avkrefta. Det store fleirtalet av Kongressens medlemmer nytta seg nemleg av dei same nasjonskonstituerande sanningane som Polk hadde nytta seg av då dei gjorde greie for seg sjølv og sitt val av linje som moralsk konsistent med den amerikanske ethos, *uavhengig* av kva linje dette var. Sanningsregimet som konstituerte Dei lykkelege og sameinte amerikanske statane vart såleis ikkje utfordra eller reformulert i den jamne oregondebattants merknader, men verka heller å vere nær sagt obligatorisk tilstades som debattens *sine qua non*. Den jamne oregondebattant gjorde såleis greie for seg sjølv som etisk handlande amerikanar på eit vis som også gjorde han lett gjenkjenneleg som subjekt og gjenstandsområde som let seg famne om av den amerikanske ethos.

Det store fleirtalet av Kongressens medlemmer fann støtte for sitt val av oregonlinje i det same nasjonskonstituerande sanningsregimet, noko som innebar at det ut frå dette regimet let seg gjere å leie ut forskjellige premiss for kva som var rett og moralsk val av oregonlinje. Desse premissa, som i innhald kan summerast opp som viljen til krig og viljen til fred, stod i binær opposisjon til kvarandre, og framsetjinga av det eine som overinstemmande med den amerikanske ethos, vart dermed implisitt eit åtak og ei avkrefting av den andres krav om å vere det same. Å gjere greie for seg sjølv som etisk handlande amerikanar inviterte dermed i dette tilfellet til ein diskursiv praksis som innebar å utøve same type vald som Polk gjorde seg skuldig i å utøve i sin rapport over rikets tilstand: ved å knyte band mellom si linjes moralmarkør og den amerikanske ethos, hadde ein i kraft av moralmarkørernes motsetnadsforhold framsett sitt val for å vere det einaste som let seg jamføre med det rette, eller det *amerikanske*, valet i denne saka.

Ein av Kongressens medlemmer stod med sine merknader i eit sær kontrastfylt forhold til det store fleirtalets innleggspraksis. Denne medlemmen lydde namnet Joshua Reed Giddings og viste i sitt innlegg til sanningar av nasjonskonstituerande art som saman konstruerte Dei lykkelege og sameinte amerikanske statane *andre*, nemleg Dei ulykkelege og seksjonaliserte statane, viss indre motsetnader var så djuptgripande at det syntes å vere Sameiningas lodd å før eller seinare gå i oppløysing. Det amerikanske folket vart i Giddings sitt innlegg verken framsett for å vere eitt eller for å vere iverksetjarane av Guds bod og vilje. Folket vart tvert om framsett for å vere fleire; for å vere splitta opp i eit Nord, eit Sør, eit Aust og eit Vest, og når det gjaldt Guds bod og vilje, meinte Giddings at amerikanaren, i og med sin aksept for eksistensen av eit institusjonalisert slaveri innafor Sameininga, stod i vegen for at Gud og hans vilje og bod skulle finne tilhald i det jordiske og nå fram til menneskeheita som heile. Giddings sin sannings- og røyndomsrefererande praksis var dermed av ein art som sette store spørsmålsteikn ved den jamne oregondebattants, og med desse merknadane posisjonerte han seg utanfor rammene av, og i opposisjon til, den kollektive, amerikanske ethos: han var såleis ugjenkjenneleg som amerikanar innanfor den dominante nasjonskonstituerande diskursen.

Giddings var imidlertid å rekne for unntaket som bekrefta regelen, nemleg at den jamne kongressmedlem i sin innleggspraksis konstituerte seg som moralsk handlande amerikanar innanfor rammene av sanningsregimet som konstituerte Det lykkelege og sameinte amerika. Å plassere seg innanfor rammene av dette regimet innebar imidlertid ikkje at ein stod trygt formert og konstituert som etisk handlande amerikansk subjekt. I og med at det store fleirtalet av Den 29. amerikanske kongress sine medlemmer viste til nettopp det *same* sanningsregimet for utleiing av to diametralt forskjellige premisser for moralsk og etisk forsvarleg val av oregonlinje, befann den jamne oregondebattant seg stadig under eit implisitt åtak frå sine politiske motstandarar. Middelet som lettast let seg ty til for å verne seg mot desse åtaka vart å så tvil om sin politiske motstanders *eigentlege* motivasjon for å velje linja han hadde valt. Denne *eigentlege* motivasjonen vart så hevda å ha sitt opphav i seksjonalistiske kjensler i staden for nasjonalistiske. Dermed hadde åtaksforma mellom oregondebattantane også funne sin eksplisitte form.

Denne forma for underbygging av eigen posisjon innebar imidlertid at ein rokka hardt ved berejlkane som haldt konstruksjonen "Dei sameinte og lykkelege amerikanske statane" oppe: Den jamne oregondebattant kunne i eitt og same innlegg stadfeste Sameiningas sameintheit og det amerikanske folkets einskap som reelt eksisterande og for å liggje til grunn for utleiinga av moralsk premisser for sitt eige val av oregonlinje, for straks etter å avkrefte

eksistensen av denne ethosen ved at han skulda sine politiske motstandar for å ha lagt seksjonalisme og ikkje nasjonalisme til grunn for val av oregonlinje. Denne sjølvkonstituerande praksisen gjorde det naudsynt for samtlege partar i oregonsaka å stadig ta ordet for å forsvare posisjonen sin som etisk konsistent med den amerikanske ethos, og verka såleis som eit nav som gjorde det mogleg å stadig drive debatten vidare.

Sett under eitt, teikna ordsiftet som nedfelte seg under Den 29. amerikanske kongress si handsaming av oregonsaka opp biletet av ei Sameining som knaka i samanføyningane. Knirken i samanføyinga gav seg særleg til kjenne ved at Sameiningas indre kompleksitet og seksjonelle motsetnader ikkje fann artikulatorkrom innanfor rammene av det dominante nasjonskonstituerande sanningsregimet. I fråveret av opningar for å diskutere og nyansere den dominante forteljinga, vart Giddings sine merknader ein desto meir markant kontrast i det diskursive landskapet. Med Giddings merknader ruvande i bakgrunnen som ein stadig påminnar om eit motsetnadsfylt Amerika, og den jamne oregondebattants sjølvkonstituerande praksis beståande av undergraving av sin politiske motstadars amerikanskheit i forgrunnen, verka den amerikanske grunnforteljingas sentrale omdreiingspunkt, einskapspostulatet, å mangle reelt nedslagsfelt i Den 29. kongress. Den type einskapspostulat som gjorde seg gjeldande i Den 29. kongress verka såleis å vere av ein art som støttar oppom Adornos mistanke om at den kollektive ethosen er eit sjølvkonserverande konsept som har si uuttømmelege kjelde til liv i eit einskapspostulat som ikkje er, og moglegens aldri har vore, reelt.

Fellesskapet fangar

Kva kan så ha lege til grunn for at det store fleirtalet av Den 29. kongressens medlemmer let vere å setje direkte spørsmålsteikn ved den amerikanske grunnforteljingas budskap om einskap og sameinheit? Ein mogleg innfallsvinkel til byrjinga på eit svar vart funne av Butler i Foucaults påpeiking av det problematiske ved å framleggje kritikk i høve til eit sanningsregime "through which being, and my own ontological status, is allocated".⁴⁷² Å stille seg spørjande eller kritisk til denne forma for sanningskonstellasjon, vart her hevda å bere med seg risiko for å samstundes gjere seg sjølv ugjenkjenneleg som subjekt innfor rammene av den same konstellasjonen. I Den 29. kongress innebar dette at ein ved å setje spørsmålsteikn ved budskapen frå den dominante forteljinga, stod i fare for å konstituere seg sjølv som situert utanfor, og gjerne også i opposisjon til, det amerikanske. Den amerikanske

⁴⁷² Butler, *Giving an Account of Oneself*, s.23.

grunnforteljinga stod dermed i Den 29. kongress fram som ei forsegla, lukka forteljing, som ikkje let seg endre eller omformulere. Ho trakk såleis opp rammene rundt eit rom som ved kvar repetisjon og gjenforteljing vart lukka stadig tettare att. Terskelen for å trå utanfor rammene av dette rommet verka dermed å stadig verte høgare, samstundes som han utgjorde ei stadig tydelegare grense mellom dei som befann seg innanfor og dei som var plasserte utanfor den kollektive, amerikanske ethos. At den einaste som tråkka eksplisitt over denne terskelen, var ein som ikkje lenger svor truskap til Sameininga, men tvert om såg med velvilje på hennar oppløysing, vart ei understreking av forteljingas funksjon og rolle som ein festning rundt det amerikanske prosjektet.

Roland Barthes skriv i sitt klassiske verk *Mytologier* at "[...]når myten smitter hele samfunnet, er det hele folket man må fjerne seg fra dersom man vil avsløre myten."⁴⁷³ Me skal la Barthes si utsegn få slå an den avsluttande tonen i denne undersøkinga. I etterklagen skal me minnast at den amerikanske grunnforteljingas viktigaste komponent og omdreiingspunkt var nettopp folket. Utan eit sameint, amerikansk folk ville forteljinga som konstituerer Dei sameinte statane miste delen som sorterer og organiserer innhaldet i ho til å framstå som ein meningsfylt heilskap. Utan Grunnlovas innleiande ord "We, the people", ville forteljinga verte uendeleg fragmentert, utan føremål og utan retning. Å setje spørsmålsteikn ved grunnforteljingas einskapspostulat bar dermed i seg potensialet til å gjere Sameiningas grunnforteljing som heilskap ugjenkjenneleg, og såleis tappe det amerikanske prosjektet for meining: utan eit amerikansk "oss", inga Sameining.

Undersøkingas plassering i høve til eksisterande forskning og forslag til vegen vidare

Som nemnt innleiingsvis skriv ikkje denne undersøkinga seg inn i éin bestemt historiefagleg forskingstradisjon, men hentar inspirasjon frå mange hald. Resultatet er i tråd med dette blitt at undersøkinga med sitt innhald kan kaste nytt lys i fleire retningar. På eitt nivå er oppgåva eit supplement til den eksisterande litteraturen om oregonspørsmålet. Innanfor rammene av denne litteraturen finn ho eit rom å fylle ved at ho gjev inngåande kjennskap til Den 29. kongressens handsaming av saka. Ho bidreg dermed med å skape eit noko meir balansert tyngdeforhold mellom litteraturen som skildrar oregonspørsmålet som sak for utøvande myndigheiter og det angloamerikanske diplomatiet, og den som skildrar sakas tilstadvere i

⁴⁷³ Roland Barthes, *Mytologier*, Gyldendal, 1999 (1975), s.210. Originalutgåve: *Mythologies*, Éditions du Seuil: Paris, 1957.

den lovgjevande forsamlinga. Undersøkinga utgjer også eit bidrag til den relativt avgrensa litteraturen om Den amerikanske kongressen som historisk objekt. Litteraturen som eksisterer har dessutan i visse høve vist seg å ikkje strekkje heilt til som inngangsport for analyse av Den 29. kongress sitt verke. Funna som er blitt gjort i arbeidet med denne oppgåva viser at det framleis er god grunn til å tru at vidare forskning vil kunne avdekke fleire betydingsfulle forhold i høve til utviklinga av Kongressens prosedurale og organisatoriske praksis.

På eit meir overordna plan rører undersøkinga ved eit av dei mest sentrale problemområda innanfor American studies: førestillinga om eksistensen av eit amerikansk fellesskap. European Association for American Studies sin biennale konferanse vart i 2008 halden i Oslo under følgjande tittel "'E pluribus unum' or 'E pluribus plura'?" Tittelen vitnar om at studien av amerikansk identitet og sjølvforståing med grunnforteljingas einskapspostulat som utgangspunkt, stadig viser seg som ein aktuell og fruktbar tilnæringsmåte. Føreliggjande undersøking støttar opp om denne tanken, og viser at ved å studere førestillinga om det amerikanske "oss" er det mogleg å stadig vinne nye innsikter om kompleksiteten som følgjer ved det å ta del i ein nasjon.

Avslutningsvis vil eg også streke under at prosessane og praksisane som er blitt skildra og peikt på i denne oppgåva, ikkje er unikt gjeldande for Den 29. amerikanske kongress, men også kan tenkjast å finne stad innfor rammene av andre lovgjevande og slutningstakande forsamlingar. Dette opnar for komparative undersøkingar av lovgjevande og slutningstakande organ i internasjonal samanheng, samt for longitudinell tilnærming til eitt og same organ, med same type innfallsvinklar som har lege til grunn for denne undersøkinga.

Bruken av det postulerte fellesskap som politisk maktmiddel er, og har lenge vore, eit vel etablert fagfelt innanfor historiefaget. Særleg vert denne forma for røyndomskonstruksjon eit hyppig undersøkt fenomen ved studien av totalitære regime og ytterleggåande politiske rørsler. Judith Butlers understreking av at det finst makt, kraft og potensiell vald i postuleringa av ein kollektiv ethos, er ei påminning om at diskursive praksisar som konstituerer samhold og fellesskap, samstundes ber i seg potensiale til å fungere som sensurerande og undertrykkjande sanningsregime, *uavhengig* om dei finn stad innanfor eller utanfor demokratiets rammer. Desse innsiktene skapar grunnlag for å tenkje seg at det i det politiske liv aldri vil vere uproblematisk å operere med eit "oss", sjølv innanfor rammene av det mest velfungerande demokratiske system. Dette skaper også grunnlag for å stadig gå demokratiet som system og prosess etter i saumane frå eit historiefagleg perspektiv.

Kjelder og litteratur

Dokumentsamlingar:

Congressional Globe:

Den 26. kongress, fyrste sesjon, 2. des., 1839 – 21. juli, 1840.
Den 27. kongress, fyrste sesjon, 31. mai, 1841 – 13. sep., 1841.
Den 28. kongress, fyrste sesjon, 4. des., 1843 – 14. juni, 1844.
Den 28. kongress, andre sesjon, 2. des., 1844 – 3. mars, 1845.
Den 29. kongress, fyrste sesjon, 1. des., 1845 – 10. aug., 1846.
Den 32. kongress, fyrste sesjon, 1. des., 1851 – 31. aug., 1852.

Appendix to the Congressional Globe:

Den 29. kongress, fyrste sesjon.

Journal of the House of Representatives:

Samtlege sesjonar frå Den fyrste kongress, fyrste sesjon (1789-91), til og med Den 29. Kongress, fyrste sesjon (1945-46).

Journal of the Senate:

Den 29. kongress, fyrste sesjon.

Bills and Resolutions of the House of Representatives:

Den 29. kongress, begge sesjonar.

Bills and Resolutions of the Senate:

Den 29. kongress, begge sesjonar.

Samtlege av dokumentsamlingane ovanfor er tilgjengelege via nettportalen: "A Century of Lawmaking for a New Nation: U.S. Congressional Documents and Debates, 1774-1875" (<http://memory.loc.gov/ammem/amlaw/>(sist oppsøkt 13.05.2010)).

Ymse lovtekstar, reglement, fråsegn og konvensjonar:

Grunnlova i *Constitution of the United States with the Amendments thereto: to which are added Jefferson's Manual of Parliamentary Practice, the Standing Rules and Orders for Conducting Business in the House of Representatives and Senate of the United States, And Barclay's Digest*, Government Printing Office: Washington, 1847.

Jefferson's *Manual of Parliamentary practice i Constitution of the United States with the Amendments thereto: to which are added Jefferson's Manual of Parliamentary Practice, the Standing Rules and Orders for Conducting Business in the House of Representatives and Senate of the United States, And Barclay's Digest*, Government Printing Office: Washington, 1847.

Standing Rules of the House of Representatives i Constitution of the United States with the Amendments thereto: to which are added Jefferson's Manual of Parliamentary Practice, the Standing Rules and Orders for Conducting Business in the House of Representatives and Senate of the United States, And Barclay's Digest, Government Printing Office: Washington, 1847.

Standing Rules of the Senate i Constitution of the United States with the Amendments thereto: to which are added Jefferson's Manual of Parliamentary Practice, the Standing Rules and Orders for Conducting Business in the House of Representatives and Senate of the United States, And Barclay's Digest, Government Printing Office: Washington, 1847.

The Adams-Onís-treaty
(http://avalon.law.yale.edu/19th_century/sp1819.asp (nedlastingsdato: 1.5.2010)).

The Anglo-American Convention of 1818,
(URL: http://avalon.law.yale.edu/19th_century/conv1818.asp (nedlastingsdato 1.5.2010)).

Treaties and Other International Acts of the United States of America, Vol. II, Documents 1-40: 1776-1818, Hunter Miler, red., Government Printing Office: Washington, 1931.

Uavhengingheitsfråsegna
(URL: http://avalon.law.yale.edu/18th_century/declare.asp (nedlastingsdato:1.5.2010)).

Annan litteratur og oppslagsverk

Allen, William C., *History of the United States Capitol: A cronicle of design, construction, and politics*, U.S. Government Printing Office: Washington, 2001.

Barthes, Roland, *Mytologier*, Gyldendal, 1999 (1975), s.210. Originalutgåve: *Mythologies*, Éditions du Seuil: Paris, 1957.

Beard, Charles A. og Mary R. Beard, *The Rise of American Civilization*, i to bind, The Macmillan Company: New York, 1945 (1927).

Bibelen, King James Version (1611):
URL: <http://quod.lib.umich.edu/cgi/k/kjv/kjv-idx?type=DIV1&byte=1477>
(nedlastingsdato: 13.05.2010).

Billington, Ray Allen, *Westward Expansion: A History of the American Frontier*, 3.utg., The Macmillan Company: New York, 1967.

Biographical Dictionary of the United States Congress: 1744 to present, Government Printing Office: Washington, 1950.

Bolling, Richard, *Power in the House: A History of the Leadership of the House of Representatives*, Capricorn Books: New York, 1974.

Bolton, Herbert Eugene, red., *Spanish Exploration in the Southwest 1542-1706*, Barnes & Noble. INC: New York, 1963.

Butler, Judith, *Giving an Account of Oneself*, Fordham University Press: New York, 2005.

Byrd, Robert C., *The Senate 1789-1989: Addresses on the History of the United States Senate*, i to bind, U.S. Governement Printing Office: Washington, 1991.

Cassese, Antonio, *International Law*, Oxford University Press: Oxford, New York, 2005.

Dalzell, Jr., Robert F., *Daniel Webster and the Trail of American Nationalism, 1843-1852*, Houghton Miffling Company: Boston, 1973.

- de Vattel, Emer, *Le droit des gens, ou Principes de la Loi Naturelle, appliqués à la Conduite et aux Affaires des Nations et des Souverains*, oversatt av George D. Gregory, Carnagie Institution of Washington: Washington, 1916 (1757).
- Dietrich, William, *Northwest Passage: The Great Columbia River*, University of Washington Press: Seattle, 1996.
- Dypedahl, Magne, *The Way West: Indian-White Relations on the Oregon Trail through Diverse Sources*, Upublisert hovudfagsoppgåve, UiO, 1991.
- Fisher, David H., *Albion's Seed: Four British Folkways in America*, Oxford University Press: New York, 1989.
- Foucault, Michel, *Bruken av nytelsene. Seksualitetens Historie*, bind II av III, Pax Forlag: Valdres, 2001, Originalutgåve: *L'usage des plaisirs. L'Histoire de la sexualité*, Tome II, Gallimard: Paris, 1984.
- Galloway, George B., *History of the House of Representatives*, Thomas Y. Crowell Company: New York, 1976.
- Garrison, George Pierce, *Westward Extension 1841-1850*, Haskell House Publishers Ltd.: New York, 1968.
- Gilbert, Felix, *To the Farewell Address: Ideas of early American Foreign Policy*, Princeton University Press: Princeton, New Jersey, 1970 (1961).
- Graebner, Norman A., *Empire on the Pacific: A Study in American Continental Expansion*, ABC-Clio, Inc.: California, 1983 (1955).
- Grotius, Hugo, *De Jure Belli et Pacis*, oversatt Francis W. Kelsey, Legal Classic Library: Birmingham, 1984 (1625).
- Hawgood, John A., *The American West*, Eyre and Spottiswoode: London, 1967.
- Herring, George C., *From Colony to Superpower: U.S. Foreign Relations since 1776*, Oxford University Press: Oxford, 2008.
- Hofstadter, Richard, *The American Political Tradition and the Men Who Made It*, Alfred A. Knopf: New York, 1957.
- *The Idea of a Party System: The Rise of Legitimate Opposition in the United States*, University of California Press: Los Angeles, 1969.
- Hoganson, Kristin L., *Fighting for American Manhood: How Gender Politics Provoked the Spanish-American and Phillipine-American Wars*, Yale University Press: New Haven, 1998
- Holt, Michael F., *The Rise and Fall of the American Whig Party: Jacksonian Politics and the Onset of the Civil War*, Oxford University Press, Oxford, 1999.
- Howe, Daniel Walker, *What Hath God Wrought: The Transformation of America, 1815-1848*, Oxford University Press: New York, 2007.
- Jefferson, Thomas, "The life of Captain Lewis" i *History of the Expedition under the Command of Captains Lewis and Clark to the Sources of the Missouri, thence across the Rocky Mountains and down the River Columbia to the Pacific Ocean. Performed during the Years 1804-5-6. Prepared for the Press by Paul Allen, Esquire. In two Volumes*, University Microfilms: Ann Arbor, 1966 (1814).
- Johannsen, Robert W., *Stephen A. Douglas*, Oxford University Press: New York, 1973.
- Johansen, Dorothy O. og Charles M. Gates, *Empire on the Columbia: A History of the Pacific Northwest*, Harper & row, Publishers: New York, 1967.
- Madsen, Deborah L., *American Exceptionalism*, University Press of Mississippi: Jackson, 1998.
- Malone, Michael P. og Rodman W. Paul, red., *Historians and the American West*, University of Nebraska Press: Lincoln, 1983.
- Marbut, F.B., *News from the Capital: the Story of Washington Reporting*, Southern Illinois University Press: Carbondale, Edwardsville, 1971.

- Marshall, Lynn L., "The Strange Stillbirth of the Whig Party", *The American Historical Review*, Vol. 72, No. 2 (Jan., 1967).
- Merk, Frederick, "Albert Gallatin and the Oregon Problem" i Frederick Merk, *The Oregon Question: Essays in Anglo-American Diplomacy and Politics*, The Belknap Press of Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1967.
- "Arbitration only at the Cannons Mouth!" i Frederick Merk, *The Oregon Question: Essays in Anglo-American Diplomacy and Politics*, The Belknap Press of Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1967.
- "Presidential Fevers" i Frederick Merk, *The Oregon Question: Essays in Anglo-American Diplomacy and Politics*, The Belknap Press of Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1967.
- "The Gost River Caledonia in the Oregon Negotiation of 1818" i Frederick Merk, *The Oregon Question: Essays in Anglo-American Diplomacy and Politics*, The Belknap Press of Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1967.
- "The Oregon Pioneers and the Boundary" i Frederick Merk, *The Oregon Question: Essays in Anglo-American Diplomacy and Politics*, The Belknap Press of Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1967.
- "The Oregon Question in the Webster-Ashburton Negotiations" i Frederick Merk, *The Oregon Question: Essays in Anglo-American Diplomacy and Politics*, The Belknap Press of Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1967.
- Milner II, Clyde A., Carol A. O'Connor og Martha A. Sandweiss, red., *The Oxford History of the American West*, Oxford University Press: New York, 1994.
- Nietzsche, Friedrich, *On the Genealogy of Morals: A Polemic – By way of clarification and supplement of my last book: Beyond Good and Evil*, overs. Douglas Smith, Oxford University Press: New York, 1996 (1887).
- Paterson, Thomas G., red., *Major Problems in the American Foreign Policy: Volum I: To 1914*, D.C. Heath and Company: Lexington, Massachusetts, 1989.
- Peterson, Merrill D., *The Great Triumvirate: Webster, Clay, and Calhoun*, Oxford University Press: New York, 1987.
- *The Jefferson Image in the American Mind*, Oxford University Press: New York, 1960.
- Pletcher, David M., *The Diplomacy of Annexation: Texas, Oregon, and the Mexican War*, University of Missouri Press: Columbia, 1973.
- Pratt, Julius W., "The Origin of 'Manifest Destiny'", *The American Historical Review*, Vol.32, Nr.4, 1927, s.795-798.
- Quaife, Milo Milton, *The Diary of James Knox Polk During His Presidency, 1845-1849*, Kraus Reprint Co.: New York, 1970 (1910).
- Ritchie, Donald A., *Press Gallery: Congress and the Washington Correspondents*, Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1991.
- Sellers, Charles, *James Knox Polk: Jacksonian, 1795-1843*, Princeton University Press: Princeton, New Jersey, 1966.
- *James Knox Polk: Continentalist, 1843-1846*, Princeton University Press: Princeton, New Jersey, 1966.
- *The Market Revolution: Jacksonian America 1815-1846*, Oxford University Press: New York, 1991.
- Skinner, Quentin, *Politik og historie: en tekstsamling*, (redigert av Frank Beck Lassen og Mikkel Torup), Hans Reitzels Forlag: København, 2009.
- Slotkin, Richard, *Regeneration Through Violence: The Mythology of the American Frontier, 1600-1800*, Wesleyan University Press: Middeltown, Connecticut, 1974.

- *The Fatal Enviorment: The Myth of the Frontier in the Age of Industrialization, 1800-1890*, Athenum: New York, 1985.
- Smith, Henry Nash, *Virgin Land: The American West as Symbol and Myth*, Harvard University Press: Cambridge, Massachusetts, 1970.
- Stanwood, Edward, *A History of the Presidency from 1788-189*, Houghton Mifflin Company: Boston and New York, 1926 (1892).
- Stephanson, Anders, *Manifest Destiny: American Expansion and the Empire of Right*, Hill and Wang: New York, 1996.
- Swift, Jonathan, *Gullivers reiser*, Gyldendal, 2005 (1726).
- Sydnor, Charles S., *The Development of Southern Sectionalism 1819-1848*, Louisiana State University Press (utgjevingsstad ikkje oppgjeven), 1948.
- Theodor Adorno, *Problems of Moral Philosophy*, overs. Rodney Livingstone, Stanford University Press: Stanford, 2001, originaltittel: *Probleme der Moralphilosophie*, Suhrkamp: Frankfurt am Main, 1997.
- Troy, Gil, *See How They Ran: the Changing Role of the Presidential Candidate*, The Free Press: New York, 1991.
- Verzijl, J.H.W., *Interantional Law in Historical Perspective*, A.W.Sijthoff: Leyden, 1968.
- von Pufendorf, Samuel, *De Jure Naturae et Gentium*, oversatt av Charles Henry Oldfather og William Abbott Oldfather, The Clarendon Press: Oxford, i to bind, 1934 (1672).
- Weinberg, Albert K., *Manifest Destiny: A Study of Nationalist Expansionism in American History*, The John Hopkins Press: Gloucester, Massachusetts, 1958 (1935).
- Wilkes, Charles, "Report on the Territory of Oregon", *Quarterly of the Oregon Historical Society*, Vol. XII, September 1911, s.269-99.
- Wilson, Woodrow T., *Congressional Government: A study in American politics*, Meridian Books: New York, 1956 (1885).
- Wiltse, Charles M., *John C. Calhoun: Nationalist, 1782-1828*, The Bobbs-Merrill Company. INC.: New York, 1944.
- *John C. Calhoun: Nullifier, 1829-1839*, The Bobbs-Merrill Company. INC.: New York 1949.
- *John C. Calhoun: Sectionalist, 1840-1850*, The Bobbs-Merrill Company. INC.: New York 1951.

Nettstader:

http://www.senate.gov/artandhistory/history/common/briefing/Reporters_Debate_Congressional_Record.htm (nedlastingsdato:27.04.2010).

<http://memory.loc.gov/ammem/amlaw/lwr.html> (nedlastingsdato: 27.04.2010).

<http://bioguide.congress.gov/biosearch/biosearch.asp> (nedlastingsdato: 1.5.2010).



Kartet er lisensert under Creative Commons, lasta opp av "Kmusser" til URL: <http://en.wikipedia.org/wiki/File:Oregoncountry2.png#filehistory>